

Herøy kommune

Innkalling

Utval:	Eldrerådet
Møtestad:	Formannskapssalen
Dato:	02.12.2019
Tid:	Kl. 13:00

Gyldig forfall skal snarast meldast til politisk sekretariat på arkiv@heroy.kommune.no, som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.


Saksdokumentata er publiserte på www.innsyn.heroy.kommune.no.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
01/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/14879
02/19	Godkjenning av protokoll	19/14879
03/19	Årsrapport 2018	19/10574
04/19	Kvalitetsstandard for tildeling av helse og omsorgstenester i Herøy kommune	19/14581
05/19	Demensvennleg samfunn	19/14594
06/19	Statleg finansiering av omsorgstenestene	19/14828
07/19	Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 - tredje handsaming	19/12141

Fosnavåg, 27.11.2019

Arve Moltubakk




Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
01/19	Eldrerådet	02.12.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann




Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
02/19	Eldrerådet	02.12.2019

Godkjenning av protokoll

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
03/19	Eldrerådet	02.12.2019
31/19	Komite for næring, kultur og idrett	06.06.2019
14/19	Komite for helse og omsorg	05.06.2019
19/19	Komite for oppvekst	05.06.2019
56/19	Maritim og teknisk komite	17.06.2019
04/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	21.10.2019
80/19	Formannskapet	11.06.2019
67/19	Kommunestyret	20.06.2019

Årsrapport 2018

Samandrag:

«Skriv her»

Kommunestyret 20.06.2019:

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol og kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy møtte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

K- 67/19 Vedtak:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Maritim og teknisk komite 17.06.2019:

Behandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

MTK- 56/19 Vedtak:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Formannskapet 11.06.2019:

Behandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen og kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

F- 80/19 Vedtak:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Komite for næring, kultur og idrett 06.06.2019:

Behandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

KN- 31/19 Vedtak:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Komite for helse og omsorg 05.06.2019:

Behandling:

KHO- 14/19 Vedtak:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Komite for oppvekst 05.06.2019:

Behandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

KO- 19/19 Vedtak:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Rådmannen si tilråding:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.


Vedlegg:
Årsrapport 2018

Saksopplysninger:
«Skriv her»

Vurdering og konklusjon:
Eg rår til at årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Konsekvensar for folkehelsa:
Miljøkonsekvensar:
Økonomiske konsekvensar:
Beredskapsmessige konsekvensar:
Konsekvensar for barn og unge:

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
04/19	Eldrerådet	02.12.2019
09/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18.11.2019
24/19	Komite for helse og omsorg	13.11.2019
132/19	Kommunestyret	21.11.2019
	Kommunestyret	

Kvalitetsstandard for tildeling av helse og omsorgstenester i Herøy kommune

Samandrag:

Sektor for helse og omsorg har utarbeidd ein heilskapleg kvalitetsstandard for helse og omsorgstenester i Herøy kommune. Gjennom denne vil du som innbyggjar få vite kva tenester kommunen kan tilby, kva du kan forvente deg som innbyggjar, og kva kommunen vil forvente av deg. Kvalitetsstandarden vil erstatte tidlegare vedtekne tenesteeerklæringar for institusjon, heimesjukepleie og praktisk bistand.

Kommunestyret 21.11.2019:

Behandling:

Saka vert utsett for handsaming i eldrerådet.

K- 132/19 Vedtak:

Saka vert utsett.

Rådmannen si tilråding:

Kvalitetstandarden for tildeling av helse og omsorgstenester vert vedteken.

Vedlegg:

kvalitetsstandard-for-tildeling-av-helse-og-omsorgstenester redigert

Saksopplysningar:

Herøy kommune arbeidar med kontinuerleg forbetningsarbeid, og har satt i gang ein rekke tiltak for å forbetre kommunen sin forvaltningspraksis.

Å utvikle ein kvalitetsstandard for helse og omsorgstenestene, er eit ledd i dette forbetningsarbeidet. Herøy kommune har over tid erfart at ikkje alle innbyggjarar er klar over kommunen sitt tenestetilbod, når det kjem til helse og omsorgstenester.

Målet for helse og omsorgstenestene i Herøy kommune er å tilby tenester av god kvalitet, på best effektive omsorgsnivå. Kommunen har ansvar for å utforme det lokale tenestetilbodet i samsvar med lokale føresetnader og behov. Det er viktig at innbyggjaren er klar over kva som er av tenestetilbod i Herøy kommune, kva ein kan forvente av kommunen, og kva kommunen forventar av innbyggjaren.

Vurdering og konklusjon:

Den utarbeidde kvalitetsstandard er meint å presisere korleis Herøy kommune ønskjer å tilby sine helse og omsorgstenester. Vi ønskjer å skape ei felles forståing for nivået på tenesteytinga med bakgrunn i lovverk, faglege og juridiske vurderingar, og politiske prioriteringar.

Det er vår intensjon at kvalitetsstandard skal gi både tenestemottakar og tenesteutøvar god informasjon om tenestene, og kva ein kan forvente når ein tek i mot kommunale helse og omsorgstenester.

Kvalitetsstandard må oppdaterast ved lovendringar som fører til endring i tenestetilbodet, eller ved nye politiske prioriteringar lokalt. Rådmannen får mynde til å revidere kvalitetsstandard ved slike endringar.

Konsekvensar for folkehelsa: Standarden kan vere opplysende, i forhold til tidleg innsats.


Miljøkonsekvensar: Nei

Økonomiske konsekvensar: Nei

Beredskapsmessige konsekvensar: Nei

Konsekvensar for barn og unge: Standarden kan vere opplysende, i forhold til tidleg innsats.

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
05/19	Eldrerådet	02.12.2019
08/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18.11.2019
23/19	Komite for helse og omsorg	13.11.2019
133/19	Kommunestyret	21.11.2019
	Kommunestyret	

Demensvennleg samfunn

Samandrag:

Herøy kommune har gjennom ny kommunedelplan for helse og omsorg sagt at Herøy kommune skal bli eit demensvennleg samfunn. Med ganske enkle tiltak i nærmiljøet kan ein gjere det mogeleg for menneske med demens å vere meir aktive og sjølvhjelpete. I åra som kjem, vil stadig fleire få demens, og det er behov for å skape eit meir demensvennleg samfunn.

Nasjonalforeningen for folkehelsen tilbyr kommunane hjelp til dette arbeidet, gjennom eit forpliktande og avtalt samarbeid. Rådmannen rår difor til at Herøy kommune signerer ein slik avtale.

Kommunestyret 21.11.2019:

Behandling:

Saka vert utsett for handsaming i eldrerådet.

K- 133/19 Vedtak:

Saka vert utsett.

Rådmannen si tilråding:

Herøy kommune vil arbeide for å bli eit meir demensvennleg samfunn, og signerer avtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen.

Vedlegg:

Demensvennlig_folder_omkampanjen
Samarbeidsavtale Herøy

Saksopplysningar:

Herøy kommune har i sin kommunedelplan for helse og omsorg som vart vedteke i juni 2019, sagt at Herøy skal bli eit demensvennleg samfunn

Nasjonalforeninga for folkehelse peikar på at over 78 000 menneske i Noreg har demens, og over halvparten av dei bur heime. Mange med demens opplever isolasjon og einsemd, fordi samfunnet rundt ikkje er godt nok tilrettelagt. Med ganske enkle tiltak i nærmiljøet kan ein gjere det mogeleg for menneske med demens å vere meir aktive og sjølvhjelpete. I åra som kjem, vil stadig fleire få demens, og det er behov for å skape eit meir demensvennleg samfunn. Nasjonalforeninga for folkehelse tilbyr kommunane hjelp til dette arbeidet, gjennom eit forpliktande og avtalt samarbeid.

Føremålet med avtalen er å leggje til rette for at Herøy kommune skal kunne bli meir demensvennleg, slik at menneske med demens kan møte forståing, respekt og støtte, bli inkluderte og få høve til å delta i naudsynte kvardagsaktivitetar som det å handle, bruke offentleg transport, delta i kulturaktivitetar eller liknande.

Korleis partane bidrar i samarbeidetNasjonalforeninga for folkehelsen

Nasjonalforeninga for folkehelsen skal sørge for at relevant undervisningsmateriell blir utarbeidd og produsert, og distribuere det til kommunen.

Nasjonalforeninga for folkehelsen hjelper kommunen med mediestrategi og mediarbeid for å skape eit meir demensvennleg samfunn.

Nasjonalforeninga for folkehelsen hjelper kommunen med profileringsmateriell, kommunikasjonstiltak og mobilisering i arbeidet med å skape eit demensvennleg samfunn.

Nasjonalforeninga for folkehelsen har ansvaret for å lage ein nasjonal kampanjeplan.

Nasjonalforeninga for folkehelse bidrar med kunnskap og informasjon om demens, korleis ein kommuniserer med personar som har demens, og korleis ulike yrkesgrupper og andre kan bidra.

Herøy kommune

Kommunen forpliktar seg til føremålet med avtalen, som er å bidra til at menneske med demens opplever å vere inkluderte og involverte i lokalmiljøet og at dei har høve til å delta i naudsynte kvardagsaktivitetar

Kommunen må etablere ei arbeidsgruppe som får ansvar for å utarbeide lokale tiltaksplanar med utgangspunkt i lokale behov og undervisningsmateriell som kommunen får frå Nasjonalforeninga for folkehelsen.

Kommunen skal inkludere menneske med demens og deira pårørande i den lokale arbeidsgruppa. Det vil bidra til å gi planen større legitimitet, og sørge for at fokuset vert retta mot område som er viktige for dei det gjeld lokalt. Andre tilrådde

deltakrar i arbeidsgruppa er representantar for handelsstanden, transportnæringa, den kommunale helse- og omsorgstenesta m.fl.

Arbeidsgruppa skal kartleggje dei lokale nøkkelorganisasjonane og næringane som er viktige i kvardagen til personar med demens, slik at dei kan inkluderast i opplæringa.

Kommunen og arbeidsgruppa skal gjere den lokale innsatsen kjent, mellom anna ved å halde Nasjonalforeninga for folkehelsen informert om arbeidet, slik at begge partar kan bidra til å synleggjere resultatane.

Kommunen skal tilpasse nasjonale kampanjar til lokale forhold, så langt det passar med lokale satsingsområde og planar.


Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune har gjennom ny kommunedelplan for helse og omsorg sagt at Herøy kommune skal bli eit demensvennleg samfunn. Rådmannen rår difor til at Herøy kommune signerer ein forpliktande avtale med nasjonalforeninga for folkehelse.

Konsekvensar for folkehelse: Tiltaket har betydning for folkehelse

Økonomiske konsekvensar: Nei

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
06/19	Eldrerådet	02.12.2019
12/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.12.2019
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Statleg finansiering av omsorgstenestene

Samandrag:

Helse og omsorgsdepartementet har i brev av 12.11.19 sendt ut invitasjon til alle landet sine kommunar om å ta del i forsøk med statleg finansierte omsorgsteneste. Søknadsfrist for deltaking er 01.02.20. Helse og omsorgskomiteen har bedt om ei utgreiing, om Herøy kommune skal søkje om å vere med i forsøket.

Herøy fyl ikkje alle vilkåra for å søkje om statleg finansierte omsorgstenester. Tilpassing av IKT system vil bli kostnads- og ressurskrevjande, og per i dag er det ikkje lagt til rette i pasientjournalssystemet for å kunne hente ut nødvendige rapportar.

Evalueringsrapportar frå forsøksordninga viser også til auke i tenesteproduksjon, til trass for at det ikkje er auke i tal brukarar. Insentivet gjer det gunstig å vedta mange tenester, og forsøket har slik ført til auka kostnadsnivå. Etter to gode år med statleg finansiering kan det bli utfordrandre å ta ned tenestetilbodet når forsøksperioden er over.

Tilskotsmidlar for ei kort periode bør ha ei klar målsetting. Målsetting med forsøket er å sikre god brukarmedverknad og likare tildelingspraksis. Helse og omsorg har hatt fokus på kvalitetsheving i tildeling sidan omorganseringa, no seinast med eigen kvalitetsstandard for tildeling av tenester for heile sektoren. I arbeidet med gode pasientforløp er det utarbeidd gode sjekklister og kartleggingsverktøy for å sikre brukarmedverknad i alle ledd.

Rådmannen si tilråding:

Herøy kommune vil ikkje søkje om å ta del i forsøket med statleg finansierte omsorgsteneste.

Saksopplysningar:

Helse og omsorgsdepartementet har i brev av 12.11.19 sendt ut invitasjon til alle landet sine kommunar om å ta del i forsøk med statleg finansiert omsorgsteneste. Søknadsfrist for deltaking er 01.02.20. Helse og omsorgskomiteen har bedt om ei utgreiing, om kor vidt det er hensiktsmessig å søkje.

Forsøket har pågått sidan 01.05.16 og skal i løpet av 2020 bli utvida med seks nye kommunar. Geografi, tal innbyggjarar, demografi og økonomiskeforhold vil vere viktige faktorar i val av nye kommunar til ordninga.

Målsettinga for forsøksordninga

Overordna målsetting for ordninga er å prøve ut om statleg finansiering og statlege kriterie for tildeling av omsorgstenester vil gi auka likebehandling og ei meir rett behovsdekning av tenester til innbyggjarane.

Forsøksordninga har to fokusområde:

- Brukar sine behov i sentrum
- Lik tildelingsprosess

Kriterie for deltaking

- Kommunestyret må ha vedtatt deltaking i forsøksordninga
- Det vil ikkje være eit krav om at kommunene har en eigen tildelingseining, men kommunene må gi ei tydleg skildring av korleis tildelinga skal skje.
Kommunetilsette som ivaretek oppgåva med tildeling av omsorgstenester bør ha helse- og sosialfagleg kompetanse på høgskolenivå
- Kommunen må ha tilstrekkelig ressursar for å løyse oppgåva
- Kommunen må tilrettelegge for å kunne kjøpe tenester fra andre leverandørar dersom tenesta ikkje kan leverast av kommunen sjølv
- Kommuner i forsøksordninga må legge til rette for nødvendige tilpasningar i pasientjournalssystemet og økonomisystem.
- Deltakande kommunar må frå tidspunkt for beslutning om deltaking kunne inngå i eit tett samarbeid om forsøksordninga med Helsedirektoratet

Forpliktelsar ved aksept av tilskotsbrevet

- Følgje opplærings- og oppfølgingstiltak, rapportering og evaluering
- Innarbeide rutinar som ivaretek krav til rapportering og evaluering
- Etablere prosjektstruktur med prosjektleiar for forsøksperioden
- Revidere alle vedtak om omsorgstenester truffe før oppstart i ordninga
- Implementere gjeldande statlege tildelingskriterie, dokument og rutinar for arbeidsprosessar knytt til tildeling
- Sørgje for tilgong til personell med nødvendig tverrfagleg kompetanse og erfaring

Tilskotsutrekning

Det vil bli gitt eit inntektspåslag til nye kommunar som tilsvarar 4% av utgifter knytt til omsorgstenester, begrensa oppad til 28 mill frå 01.07.20. Kommuner som deltek vil få ordnært rammetilskot for perioden før oppstart.

Forsøket skal kunne avviklast etter 2022. Etter dette trappast inntekspåslaget gradvis ned.

Evalueringsrapport frå forsøksordninga i 2018

Fordelar:

- Kvalitetsheving i høve tildeling
- Styrka brukarmedverknad
- Politikarar, økonomiavd og rådmenn fått betre oversikt over tenestebilete i kommunen på grunn av rett koding av vedtak, tilskotsrapportering og kartlegging av eigne kostnader
- Satsing på heimbaserte tenester
- Likare tildelingspraksis og noko likare i tenesteproduksjon
- Forsøket har gitt auke i økonomisk handlingsrom, og kommunene har difor kunne prioritert tiltak dei elles ikkje ville ha gjort

Ulemper:

- Ressurskrevjande å endre på IKT system
- Ressurskrevjande å endre på tenestedecking i omsorgstrappa
- Auka kostnader til tenester knytt til samtlege brukargrupper
- Auka kostnad knytt til «enhetskostnad» per opphaldsdøgn i institusjon (høgare bemanning, fleire korttids plassar enn langtid, større terskel for å komme inn gir større pleiebehov og auka legetilsyn)
- Etter at forsøksperioden er over skal tenestene tilbakeførast ordinær finansiering

Vurdering:

Herøy fyl fleire av kriteria for deltaking. Helse og omsorg har arbeidsprosessar som i stor grad liknar prosessane som er skildra i forsøksordninga. Sektoren har også utarbeida kvalitetsstandard for tildeling, lik «kriterier for tildeling av omsorgstenester» i den statleg finansierte ordninga. Standarden i statleg ordning er noko rausare enn den kommunale, elles er mykje likt. Det kjem ikkje fram av den statlege rettleiaren korleis dei tenkjer tildeling i høve tryggleiksalarm og velferdsteknologi, men skildrar at dette vert vurdert som del av helsetenester i heimen. Dette kan gi nokre utfordringar i høve inntekter i form av eigenandel.

Herøy har alt rutiner for årleg revurdering av dei fleste vedtak. Forvaltningsrevisjon som nyleg er gjort, viser at Herøy kommune har god praksis på tildeling og oppfølging av tenester. Ved god planlegging skal det vere mogleg å legge til rette for å revurdering av alle vedtak innan gitt tidsrom, og implementere kriterie og rutinar. Dette vil dog kunne føre til nedsett kapasitet til andre oppgåver i perioden.

Helse og omsorg har nødvendig fagleg kompetanse for å ivareta oppgåvene som vert skildra. Utan å kjenne til alle detaljane i høve arbeidprosessar, tildeling og rapportering, er det grunn til å tru at sektoren har tilstrekkeleg med ressursar for å løyse oppgåva.

Utfordring i høve kriterie for deltaking er tilpassing av IKT-system. Herøy har felles journalsystem og økonomisystem med Sjustjerna. Dersom det vert krevd mange endringar i Herøy for å tilpasse seg, får det konsekvensar for dei andre seks kommunene i Søre Sunnmøre IKT.

1. Dersom Herøy søker om- og blir tildelt dette prosjektet- vil det bli stilt krav om omfattande endringar i kodeverket i journalsystemet, fordi det skal rapporterast svært nøye i underkategoriar. Dette vert også utfordrande for alle sikkerheitsprofilane som i

dag er felles. Herøy må ha egne sikkerhetsprofilar som passar til det nye kodeverket.

2. Alle aktive vedtak frå 01.07.20 må skrivast på nytt, knytt til nytt kodeverk og klassering, slik at alt er klart til korrekt rapportering på mellom 80-100 ulike tenestekoder, med prissetting frå 1.januar 2021. Det vil bli krav om å bruke nytt søknandsskjema, innarbeide malar for kartleggingsrutinar, samt spesifikke lovheimlar/ kriterier pr dei ulike tenestekodene. Dette vil føre til oppgåver som er langt utover «vanleg support/ bistand» frå SSIKT.
3. Herøy kommune har sidan 2012 hatt felles løysing og felles drift med sjustjernekommunane. Dersom Herøy kommune vert med i forsøket, må Herøy vurdere eigen database med systemansvar for teknisk oppsett og vedlikehald sjølve. Då går ein bort frå eit prinsipp våre kommunar har hatt i lang tid om å spare tekniske ressursar og få mest mulig ut av dei datasystema vi alt har. Det vil også bli ein vesentleg kostnad både i personell og i beløp til leverandør.
4. Journalsystemet som Herøy kommune nyttar kan per i dag ikkje levere dei nødvendige tala for å levere rapportane som ordninga krev. Dersom kommunen skal etablere eigen database for Gerica, vil det bli lisensutgifter til alle modular, som ei ny kommune, nytt oppsett for Gerica mobil pleie og liknande. Kommunene må også ha egne fagpersonar for å handtere det tekniske her, eventuelt kjøpe ressursar frå SSIKT og leverandør.
5. Etter utrullingsplanen for Helseplattforma skal alle kommunar i Møre og Romsdal ta ny løysing i bruk frå oktober 2022. Det er under føresetnad av at alle sju kommunar løyser ut sin opsjon seinast september 2021. Dette ligg utanfor den enkelte kommune sin råderett, men er lagt opp til at rådmenn og dei politiske miljøa på søre Sunnmøre går i takt. Dersom det blir bestemt at våre sju kommunar skal svare ut sin opsjon og følgje framdriftstakta, kan ikkje Herøy vere med i dette forsøket, då det forutset å bruke dagens journalsystem ut 2022. Prosjektleiaren hos Helsedirektoratet svarar at det blir omfattande endringar i kodeverket i Gerica for kommunar som blir med i prosjektet.
6. Prosjektleiaren hos helsedirektoratet viser til at økonomirapporteringa vert meir detaljert, og vil krevje god kontroll og oppfølging.

Evalueringsrapportar frå forsøksordninga viser også til auke i tenesteproduksjon, til trass for at det ikkje er auke i tal brukarar. Insentivet gjer det gunstig å vedta mange tenester, og forsøket har slik ført til auka kostnadsnivå. Etter to gode år med statleg finansiering kan det bli utfordrandre å ta ned tenestetilbodet når forsøksperioden er over.

Tilskotsmidlar for ei kort periode bør ha ei klar målsetting. Målsetting med forsøket er å sikre god brukarmedverknad og likare tildelingspraksis. Helse og omsorg har hatt fokus på kvalitetsheving i tildeling sidan omorganseringa, no seinast med eigen kvalitetsstandard for tildeling av tenester for heile sektoren. I arbeidet med gode pasientforløp er det utarbeidd gode sjekklister og kartleggingsverktøy for å sikre brukarmedverknad i alle ledd.

Konklusjon:

Herøy fyl ikkje alle vilkåra for å søkje om statleg finansierte omsorgstenester.

Tilpasing av IKT system vil bli kostnads- og ressurskrevjande, og per i dag er det ikkje lagt til rette i pasientjournalssystemet for å kunne hente ut nødvendige rapportar.

Evalueringsrapportar frå forsøksordninga viser også til auke i tenesteproduksjon, til trass for at det ikkje er auke i tal brukarar. Incentivet gjer det gunstig å vedta mange tenester, og forsøket har slik ført til auka kostnadsnivå. Etter to gode år med statleg finansiering kan det bli utfordrandre å ta ned tenestetilbodet når forsøksperioden er over.

Tilskotsmidlar for ei kort periode bør ha ei klar målsetting. Målsetting med forsøket er å sikre god brukarmedverknad og likare tildelingspraksis. Helse og omsorg har hatt fokus på kvalitetsheving i tildeling sidan omorganseringa i 2017, no seinast med eigen kvalitetsstandard for tildeling av tenester for heile sektoren. I arbeidet med gode pasientforløp er det utarbeidd gode sjekklister og kartleggingsverktøy for å sikre brukarmedverknad i alle ledd.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:


Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
174/19	Formannskapet	26.11.2019
17/19	Arbeidsmiljøutvalet	25.11.2019
13/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.12.2019
07/19	Eldrerådet	02.12.2019
	Maritim og teknisk utval	
	Utval for helse og omsorg	
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Oppvekstutval	

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 - tredje handsaming

Samandrag:

I formannskapsmøtet 5 november fekk formannskapet ei orientering om budsjettsituasjonen for 2020. »

1. **Rådmannen** **si** **tilråding:**
Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2020 (runda av til næraste kr 5.000,-).

	2019	2020
POLITISK LEIING	4.150	3.840
ADMINISTRATIV LEIING	1.835	1.870
STAB	46.780	49.130
Servicetorg	3.245	3.280
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	4.135	4.310
Økonomiavdeling	5.375	5.670
Personal- og org.avdeling	7.355	8.010
IKT	7.430	9.180
Eigedom - Rammeinnsparing	19.240	20.680 -2.000
OPPVEKST	186.620	189.350
Barnehageavdeling	71.370	72.750
Grunnskuleavdeling	110.100	113.840
Kvalifiseringssenteret	- 2.860	- 640
PPT	4.130	4.320
Kulturskulen	3.870	4.080
- Rammeinnsparing		-5.000

HELSE OG OMSORG	219.695	225.070
Administrasjon helse og omsorg	1.335	1.400
Barn, familie, helse (ink NAV og Barnevern)	56.950	61.140
Pleie- og omsorgsavd	112.600	119.590
Bu- og habiliteringsavd	40.070	44.140
Tenestekoordinerer - Rammeinnsparing	8.740	8.800 -10.000
SAMFUNNSUTVIKLING	34.820	34.570
Kulturavdelinga	8.990	9.540
Utviklingsavdelinga, ink Landbruk	8.360	9.480
Brannvernsavdelinga	8.300	8.770
Anleggs- og driftsavdelinga - Rammeinnsparing	9.170	9.780 -3.000
OVERFØRINGSKAPITTELET	13.220	15.580
SUM	507.120	519.410

(Fordleinga mellom Stab og Samfunnsutvikling kan bli endra, men totalt er summen 5,0 mill kr. Innsparinga på dette området gjeld også politisk og administrativ leing)

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskatteøre for år 2020
 3. Kommunale avgifter, betalingsssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.
 4. Det vert vedteke slike endringar i betalingsssatsane:
 - a. Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2020.
- Kr 3.135,- for heil plass + matpengar kr 370,- frå 1 januar 2020.
- Alle husstandar med ei samla skattbar inntekt på under kr 574.759,- vil ha rett til reduksjon i foreldrebetalinga frå 1 januar 2020. Gratis kjernetid 20 timar per veke for barn frå familier med lav inntekt. Inntektsgrense kr 548.500,- frå 01.08.2019. Denne aukar til kr 556.100,- frå 01.08.2020.
- b. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
 - c. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader (uendra frå 2019).
 - d. Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
 - Timepris: kr 390,- (kr 380,- i 2019)
 - 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2019)
 - 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2019)
 - 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2019)
 - Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2019)

- e. Leige tryggleiksalarmar kr 350,- per måned (Uendra frå 2019)
- f. Korttidsopphald institusjon kr 165,- pr døgn (kr 155,- i 2019)

Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

- g. Dagplass ved institusjon kr 85,- pr dag (Kr 80,- i 2019).

Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

- h. Sal av middag ved institusjonane kr 100,- pr middag (kr 90,- i 2019)
- i. Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)
- j. Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 120,- per dag.
- k. Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til

kr 2.300,- (kr 2.150,- per døgn i 2019).

- l. Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.700,- (kr 3.600,-) gjeldande Leige av instrument og utstyr blir kr 460,- per år. Alle endringane gjeld frå 01.08.2020.
- m. Eigenbetaling for SFO-plass pr mnd. Gruppe 3 Full plass kr 2.786,- (kr 2.705,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.292,- (2.225,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.623,- (kr 1.576,-). Ferie sats SFO kr 1.337,- per veke og kr 320,- per dag. Matpengar vert auka med 3%. Alt gjeldande frå 01.08.2020.
- n. Eigenbetaling for norskopplæring for vaksne: Kr 160,- per gong på dagtid (4 timar) og kr 180,- per gong på kveldstid (3 timar). Prisane gjeld frå 01.01.2020.
- o. Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2020 gjennom egne vedtak i kommunestyret.
- p. Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling aukar med 3% frå 2019 til 2020
- q. Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nemnt over aukar med 3,0%

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

1. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2019, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2019.
2. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.
3. Måltal: Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter og kommunens driftsfond skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2023.
4. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
5. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggest fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).

6. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
7. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 81,76 mill for 2020 + 10,0 mill i vidareutlån i Husbanken. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.
8. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.
9. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansiering i budsjettåret 2020. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
10. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
11. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2020 og økonomiplanen for perioden 2021-2023 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

Vedlegg: Budsjettdokument retta versjon per 11.11.2019

Vedlegg:

Budsjettdokument retta versjon per 14.11 og retta per 8 november (L)(21115)

Saksopplysningar:

Rådmannen har justert budsjettdokumentet noko og endringane er i det vesentlege knytt til starten av kapittel 10 der underkapittelet «Stramt kommuneopplegg for 2020» er nytt. I tillegg er det gjort nokre endringar i den første tabellen der ein har lagt inn inntekter som følge av nye utleigebustadar Vågsholmen og ei netto inntekt som følge av utleige av tilbygget til rådhuset frå 2021.

Under tabellen på side 44 har vi lagt til ei ny tekst som omhandlar verknadane av at lærarreforma frå 2020 går inn i kommunen sine frie inntekter (rammetilskottet)

Signala frå formannskapet i møtet 5 november var at gruppene skulle gå gjennom rådmannens budsjettforslag til møtet 19 november og der legge fram sine tilrådingar.

Vurdering og konklusjon:

Det er kort tid til formannskapet skal sende si tilråding til kommunestyret. I og med at kommunestyret har møte 12. desember må tilrådinga seinast vere på plass 26. november då budsjett- og økonomiplanforslaget må ligge ute til offentleg ettersyn i minimum 14 dagar.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:


Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann




Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
01/19	Eldrerådet	02.12.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann




Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
02/19	Eldrerådet	02.12.2019

Godkjenning av protokoll

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
03/19	Eldrerådet	02.12.2019
31/19	Komite for næring, kultur og idrett	06.06.2019
14/19	Komite for helse og omsorg	05.06.2019
19/19	Komite for oppvekst	05.06.2019
56/19	Maritim og teknisk komite	17.06.2019
04/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	21.10.2019
80/19	Formannskapet	11.06.2019
67/19	Kommunestyret	20.06.2019

Årsrapport 2018

Samandrag:

«Skriv her»

Kommunestyret 20.06.2019:

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol og kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy møtte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

K- 67/19 Vedtak:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Maritim og teknisk komite 17.06.2019:

Behandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

MTK- 56/19 Vedtak:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Formannskapet 11.06.2019:

Behandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen og kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

F- 80/19 Vedtak:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Komite for næring, kultur og idrett 06.06.2019:

Behandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

KN- 31/19 Vedtak:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Komite for helse og omsorg 05.06.2019:

Behandling:

KHO- 14/19 Vedtak:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Komite for oppvekst 05.06.2019:

Behandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

KO- 19/19 Vedtak:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Rådmannen si tilråding:

Årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Vedlegg:
Årsrapport 2018

Saksopplysninger:
«Skriv her»

Vurdering og konklusjon:
Eg rår til at årsrapporten for 2018 vert vedteken.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Konsekvensar for folkehelsa:
Miljøkonsekvensar:
Økonomiske konsekvensar:
Beredskapsmessige konsekvensar:
Konsekvensar for barn og unge:

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



HERØY KOMMUNE



Årsrapport 2018

Herøy kommune

Olaus-Jon Kopperstad
29.04.2019

Innhald

1. Rådmannen sine kommentarar	3
2. Om Herøy	4
2.1 Slik står det til i kommunen	4
2.2 Kommunal økonomi	5
2.3 Organisering	5
3. Framtidsutsikter	7
3.1 Vurdering av framtidsutsikter	7
4. Styring og kontroll	9
4.1 Styring og kontroll av verksemda	9
4.2 Revisjonsordning	9
4.3 Rekneskapsrevisjon	9
4.4 Forvaltningsrevisjon	9
4.5 Tilsyn	9
4.6 Organisering	9
4.7 Mål- og resultatstyring	9
4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring	10
4.9 Risikostyring og internkontroll	10
4.10 Selskapskontroll	10
4.11 Tryggleik og beredskap	10
4.12 Etisk standard	11
4.13 Utfordringar og planar	11
4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen)	11
4.15 Verdigrunnlag	11
4.16 Heilskapleg system	11
4.17 Plansystemet	13
4.18 Styringssystemet	15
4.19 Organisering, arbeidsprosessar og ressursbruk	16
5. Fokusområde samfunnsutvikling	18
5.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel.	19
5.2 Innbyggjarundersøkinga 2017:	21
5.3 Lokaldemokratiundersøking 2017	21
6. Fokusområde Organisasjon	22
6.1 Organisasjonsutvikling	24
6.2 Personalpolitikk og opplæring	25
7. Fokusområde Tenester	37
7.1 Kommunebarometeret	37
7.2 Brukarundersøkingar 2017:	40
7.3 Tilsyn og klagesaker	41

7.4	Årsrapport sektor Stab.....	41
7.5	Årsrapport sektor Oppvekst	48
7.6	Årsrapport sektor Helse og omsorg.....	51
7.7	Årsrapport sektor Samfunnsutvikling	57
8.	Fokusområde Økonomi	62
8.1	Nøkkeltal	62
8.2	Hovudtal drift	66
8.3	Rekneskapsprinsipp.....	70
8.4	Rammevilkår/resultat	71
8.5	Hovudtalsanalyse	72
8.6	Hovudoversikt	81
9	Resultatvurdering og endringsbehov.....	86
9.1	Endringsbehov.....	86
9.2	Andre forhold	86
9.3	Prioritering	86

Forsidefoto: Sunnmørsjekta ved Herøy Gard av Øyvind Sunde.

1.Rådmannen sine kommentarar

Økonomisk resultat

Netto driftsutgifter for 2018 var på -0,5 %. Det gjennomsnittlege netto driftsresultatet dei siste 4 åra har vore på om lag 2,0 %. Det er litt over bransjenorma på 1,75 prosent. Men det er berre 2016 som har gitt eit betre netto driftsresultat enn 1,75 prosent.

Herøy har iflg KOSTRA eit disposisjonsfond på 6,0 %. Det er eit lågt resultat på landsbasis og det er svakt i høve til kommunegruppa. Det gledelege er at vi ikkje trengde å bruke av disposisjonsfondet i 2018 slik vi budsjetterte med. No er ikkje KOSTRA tala heilt rette for Herøy sin del. Vi har om lag 49,5 mill. i disp. fond noko som utgjer om lag 7,4% av driftsinntektene. Gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 er 10,1 prosent. Meir om dette i kapittel 8.

Tenestekvalitet

Herøy kommune hamnar på ein 70. plass i Kommunebarometeret frå Kommunal Rapport i 2019. Då er det korrigert med omsyn til økonomiske rammevilkår. Dette er opp 52 plassar frå 2018 då kommunen hamna på ein 132. plass. Herøy kommune har i 2019 den beste plasseringa sidan målinga starta i 2010. Det er gjort nærare greie for dette i kap. 7.1.

Forvaltningspraksis

Evalueringa av Herøy kommune etter Kommunekompasset viser at resultatata no ligg godt over gjennomsnittet for kommunar mellom 5000-10000 innbyggjarar. Herøy kommune skårar totalt 435 poeng. Gruppensnittet ligg på 355 poeng og gjennomsnittet for alle norske kommunar ligg på 364 poeng. Det kan vere at kommunen framleis har ein gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon. Sjå elles kap. 6.1.

Folketalet

Folketalsveksten har stoppa opp siste 4 åra, samtidig har skatteveksten også stoppa opp, talet på arbeidsledige har vore høgt og utbetalingane til økonomisk sosialhjelp har auka mykje i 2018. Dette har konsekvensar for den kommunale økonomien og gir store prioriteringsutfordringar.

Tilbakemeldingane frå innbyggjarundersøkinga og lokaldemokratiundersøkinga var grunnlaget for vedtaket om kjerneverdiane **Tillit, Respekt og Samhandling** og utarbeidinga av **Serviceplakaten**.

Olaus-Jon Kopperstad

2. Om Herøy

2.1 Slik står det til i kommunen

Folketalsutvikling og sysselsetjing

Folketalsveksten har stoppa opp siste 4 åra, samtidig har talet på arbeidsledige vore høgt (rundt 5 %).

Innbyggjarundersøkinga 2017

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgde med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgde med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgde med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om **møte med kommunen** (3,7) og **tillit** (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultatane samsvarar også med resultatane for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet.

Lokaldemokratiundersøking 2017

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

Brukarundersøkingar 2017

Kommunen scorar om lag på snittet for ulike brukarundersøkingar.

Medarbeidarundersøking (10-faktor)

Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste faktorane. I forhold til landssnittet kjem kommunen best ut når det gjeld oppgåvemotivasjon og fleksibilitetsvilje.

Kommunekompasset

Evalueringa av Herøy kommune etter Kommunekompasset viser at resultatane no ligg godt over gjennomsnittet for kommunar mellom 5000-10000 innbyggjarar. Det kan vere at kommunen framleis har ein gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

Kommunebarometeret

Herøy kommune hamnar på ein 70. plass i Kommunebarometeret frå Kommunal Rapport for 2019. Då er det korrigert med omsyn til økonomiske rammevilkår. Dette er opp 52 plassar frå 2017 då kommunen hamna på ein 132. plass. Herøy kommune har i 2018 den beste plasseringa sidan målinga starta i 2010.

Føremålet med barometeret er å gje eit lettforståeleg bilete av korleis kommunen presterer/kor gode tenestene er målt mot resten av Kommune-Noreg.

Det vert spesielt framheva at målt mot folketalet er det ikkje mange kommunar som har færre tilsette enn Herøy som er registrert med vidareutdanning innan psykisk helsearbeid.

2.2 Kommunal økonomi

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond:

	Lånegjeld	Disp fond
2018	866.861.000	39.648.000
2017	840.732.000	39.642.000
2016	840.261.000	19.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

Disposisjonsfondet kan auke til om lag kr 50.838.000,- om rekneskapen for 2018 vert godkjent slik rådmannen tilrår.

Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Netto driftsresultat i kommunekonsernet utgjorde -0,5 prosent av driftsinntektene i Herøy i 2018. Det er under bransjenorma på 2 prosent. 2017 og 2016 er dei beste åra kommunane har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat.

2.3 Organisering

Ny politisk struktur blei vedteken 07.05.2012.

Kommunestyret har 33 medlemmer og er kommunen sitt øvste politiske organ. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov og delegeringsvedtak.

Formannskapet har 9 medlemmer og er kommunen sitt nest øvste politiske organ. Formannskapet handsamar og avgjer ei rekkje saker som er delegert av kommunestyret. I tillegg handsamar formannskapet forslag til budsjett og økonomiplan, og gir innstilling i ei rekkje andre saker som skal til kommunestyret.

Kommunen har fire **komitear**, alle med 7 medlemmer. Komiteane førebur og innstiller i saker som vert handsama av kommunestyret. Formannskapet, kontrollutvalet og administrasjonsutvalet (likestillingsutvalet) og arbeidsmiljøutvalet er lovpålagde organ. Det same er eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Administrativ leiding

Ny administrativ leiding vart vedtatt av kommunestyret 29.09.2016. Kommunen gjekk over til ein **kommunalsjefmodell** med 4 kommunalsjefar under rådmannen med slike ansvarsområde:

Helse og omsorg

Omfattar dagens avdelingar for pleie og omsorg, bu og habilitering, barn, familie og helse og tenestekoordinering.

Oppvekst

Omfattar dagens avdelingar for grunnskule, PPT, kulturskule, vaksenopplæring og barnehage.

Samfunnsutvikling

Omfattar dagens avdelingar for utvikling og kultur med tillegg av folkehelse og brann og beredskap.

Stab

Omfattar dagens avdelingar for :

- Personal
- Økonomi
- Innkjøp
- Dokumentsenter/politisk sekretariat
- IKT
- Servicetorg
- Eigedom

3. Framtidsutsikter

3.1 Vurdering av framtidsutsikter

Vi har utfordringar framfor oss, men gode føresetnader for å lukkast. Kompetansen, motivasjonen og omstillingsevna som finst i Herøy, vil vere avgjerande.

Samfunn

Som samfunnsaktør har Herøy kommune ei viktig rolle. I Herøy samarbeider politikk, administrasjon, kultur og næringsliv godt gjennom mange uformelle arenaer for felles nytte.

Kommunen kan vere ein pådrivar for å motverke effektane ein lågare aktivitet i næringslivet skaper. Kommunen sin økonomiske status vil sette grenser for tiltak for å stimulere næringsaktivitet. I så måte hastar det å forbetre økonomien vår.

Framskriving av folketalet

SSB presenterte nye befolkningsframskrivingar i 2016. Framskrivingane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivinga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg elles middels nasjonal vekst.

	Eldre + 80	Born 0-5	Born 6-15
2016	461	605	1153
2020	473	599	1156
2021	470	598	1138
2022	488	604	1125
2023	496	606	1126
2024	512	610	1104
2025	533	608	1100
2030	665	597	1098
2035	791	581	1102
2040	893	576	1087

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskriving av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040. Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande åra.

Medverknad

Det er mange i Herøy som ynskjer å bidra til lokalsamfunnet, og kommunen må vere ein koordinerande, konstruktiv og positiv samarbeidspart. Medverknad frå innbyggjarane er vitalt for å lukkast som kommune i framtida. Her har Herøy gode føresetnader.

Medarbeidarar

Motivasjon og kompetanse er viktig for alle kunnskapsbedrifter. Herøy kommune tar dette på alvor og har gjennomført mange kompetanseprogram innanfor fagområda. I tillegg har vi prioritert å fokusere på leiing som eit eige fag.

Læring og fornying

Medan læring dei siste åra i hovudsak har føregått på individnivå, vil vi i framtida sjå meir på den organisatoriske læringa. Omorganisering kom på plass i løpet av 2017. Vi skal evaluere endringane opp mot tidlegare praksis over dei neste åra. Målet er å få full gevinstrealisering av desse endringane.

Økonomi

Når det gjeld resultatet er kommunen i balanse, men vi treng mindreforbruk over tid for å skaffe oss det handlingsromet vi treng for å møte nye utfordringar og ta ein meir aktiv del i samfunnsutviklinga.

4. Styring og kontroll

God kommunal eigenkontroll skal bidra til å gi innbyggjarane tillit til at kommunen utøver mynde og leverer tenester på ein trygg måte. Eigenkontroll er ein viktig del av styringssystemet og skal bidra til å unngå kritikkverdige hendingar. I tillegg til eigenkontroll, fører mange statlege organ tilsyn med kommunen.

Kommunestyret har tilsyns- og kontrollansvar for kommunen si verksemd. Selskapskontroll inngår som ein del av kontrollansvaret. Kontrollutvalet fører kontinuerleg tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og ser til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kommunen sin revisor gjennomfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og revisjon av rådmannen sin internkontroll så langt det følgjer av god kommunal revisjonsskikk.

Rådmannen er ansvarleg for at kommunen har eit føremålstenleg og heilskapleg system for styring og kontroll og at det vert utøvd internkontroll i verksemda.

4.1 Styring og kontroll av verksemda

Styringsdialogen mellom kontrollutvalet og kommunestyret har vore open og gir retning for vidare utvikling av verksemda.

4.2 Revisjonsordning

Herøy kommune er med i interkommunal revisjonsordning saman med seks andre kommunar.

4.3 Rekneskapsrevisjon

Revisjonsmeldinga for rekneskapsåret ligge føre når rekneskap og årsrapport er kontrollerte.

4.4 Forvaltningsrevisjon

Kommunerevisjonen gjennomfører forvaltningsrevisjon retta mot økonomi og økonomirapportering. Framdrifta og kvaliteten på oppfølginga er avhengig av saksmengda og personalressursane.

4.5 Tilsyn

Kommunen hadde løpet av 2017 23 tilsyn med 60 avvik.

4.6 Organisering

Vi fullførte organisasjonsendringane i 2017. Denne omstruktureringa skal saman med nye linjeleiarar og endringar i administrativ leiing, levere forsvarlege tenester og robust økonomi i tida framover.

4.7 Mål- og resultatstyring

Målekort vert nytta som kommunen sitt administrative system for oppfølging når det gjeld vedtekne mål- og resultatkrav i budsjett og økonomiplan. Det er gjennomført ei vidareutvikling av innhaldet i korta på bakgrunn av erfaringane gjennom åra.

Mål- og resultatstyring inngår i kommunen sine årsplanar. Resultatkrava er fylgd opp gjennom medarbeidersamtalar med den enkelte leiaren. Ein felles leiingspraksis er under utarbeiding og arbeidet vil bli vidareført i 2019..

4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring

Det har vore god oppfølging og kontroll på prosjekt gjennom året.

Formannskapet får månadsrapportar om status på økonomi og sjukefråvær, kommunestyret får tertialrapportar. Resultat i forhold til overordna mål i kommuneplanen, samt resultatkrav knytt til målekorta, er rapportert i årsrapporten.

4.9 Risikostyring og internkontroll

Kommunen har eit overordna kvalitetssystem og eige sak- og arkivsystem som skal sikre oppfølging av lovverk, politiske vedtak og interne rutinar.

Det elektronisk kvalitetssystemet skal ivareta-dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalyser (ROS) samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

Revisjon av kommunen sitt økonomireglement vart gjennomført i 2017.

4.10 Selskapskontroll

Ny rutine for lovpålagt eigarskapskontroll var vedteke i K-sak 76/16 den 25.05.2016. Omgrepet eigarskapskontroll vert no nytta i staden for selskapskontroll.

Kommunestyret handsama saka om eigarskapskontrollen for 2017 i møte 25.10.2018.

4.11 Tryggleik og beredskap

Beredskapsplanen for Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016.

Fylkesmannen konkluderte slik i tilsyn med kommunal beredskapsplikt 11.04.18:

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2015 og moden for ein revisjon. Analysen er forankra i kommunestyret, men oppfyller ikkje alle minimumskrava i forskrifta. Analysen er i stor grad basert på kommunen si grovanalyse frå 2013, og manglar konkrete vurderingar på sannsyn og konsekvensar på dei hendingane som er med i analysen. I tillegg manglar ei vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde drift ved uønskte hendingar. Det går ikkje fram av ROS-analysen i kva grad relevante offentlege og private aktørar har vore invitert med/tatt del i arbeidet.

Kommunen har skildra mål og strategiar for arbeid med samfunnstryggleik i kommuneplanens samfunnsdel. Mål og strategiar for oppfølging av arbeidet med samfunns-tryggleik og beredskap bør forankrast tydelegare med bakgrunn i heilskapleg ROS. Vi saknar ein prioritert handlingsplan med tiltak for oppfølging av funna i ROS-analysen.

Organisering av Herøy brann og redning skal gjennomgåast i 2018.

4.12 Etisk standard

Revisjon av Etiske prinsipp for tilsette og folkevalde i Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016. Etisk standard vert fylgd opp og sikra gjennom kommunen sitt kvalitetssystem.

4.13 Utfordringar og planar

I planperioden er målet å etablere eit heilskapleg system som sørgjer for at vi har styring og kontroll i ein organisasjon som er effektiv og framtidsretta. Kommunen sitt planverk må vere fokusert, målretta og skal fungere som eit referansedokument for den operative gjennomføringa av planar. 4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen).

4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen)

Bruken av systemet har vore aukande. Graden av aktivitet varierer mellom tenesteområda. Mangelfull opplæring og oppfølging kan vere hovudårsaka til variasjonane.

4.15 Verdigrunnlag


Verdigrunnlaget er revider i 2018. Dei kommunale kjerneverdiane er:

- Tillit
- Respekt
- Samhandling

4.16 Heilskapleg system

Plan- og styringssystemet i kommunen omfattar ei rekkje plan- og styringsprosessar som går fram av figuren under. Gjennom god leiing og gode plan- og styringsprosessar skal kommunen ivareta rolla som tenesteytar, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

PUFF (PUKK) – Forbettringssirkel



Kommunen arbeider etter elementa i forbettringssirkelen. Gjennom plan- og styringsprosessane vert det planlagt og utført aktivitetar som skal sikre kvalitet i tenestene og forvaltninga. Resultata frå aktivitetane vert fylgd opp i forhold til dei måla og krava som er sett, og vert nytta til å iverksette tiltak for kontinuerleg å betre tenestene og forvaltninga. Alle plan- og styringsprosessar skal gjennomførast med bakgrunn i kommunen sitt verdigrunnlag, og verdiane skal vere retningsgivande for den enkelte si åtfærd.

Plansystem

Plansystemet er kommunen sitt overordna og politisk vedtekne planverk som skal sikre gjennomføring av politiske mål og prioriteringar.

Styringssystem

Styringssystemet er rådmannen sitt verktøy for å setje i verk og følgje opp politiske vedtak, mål og prioriteringar.

Leiing

Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for all leiaraktivitet knytt til kommunen sitt plan- og styringssystem. Gode plan- og styringsprosessar har som føresetnad eit leiarskap som gir retning, utnyttar handlingsrommet og er resultatorientert. Samstundes skal leiarane legge til rette for ein arbeidskultur som fremjar læring og forbetring i heile organisasjonen. Forslag til innovative løysingar vil verte følgde opp. Det vert utarbeidd årsplanar. I årsplanane konkretiserer rådmannen krav til resultat og utvikling for den enkelte leiar. I løpet av året vert det gjennomført dialog om status og evaluering av oppnådde resultat i «ein til ein»- møte. I tillegg utøver rådmann styringsdialog gjennom fellesmøte.

Utfordringar og planar

Rådmannen vil vidareutvikle grunntanken om at godt partssamarbeid skal bidra til ei omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommune til beste for innbyggjarane og våre tilsette.

Rådmannen er oppteken av å legge til rette for at leiarane kan bruke mindre tid til administrasjon og meir tid til tenesteutvikling og leiing. Auka fokus på digitalisering, samhandling og samordning skal bidra til dette.

Rådmannen vil arbeide vidare med å utvikle og profesjonalisere kommunen. I alle styringsformer skal kommunen oppfattast som ein profesjonell part og agere deretter.

4.17 Plansystemet

Kommunen sine oppgåver følgjer av kommunelova, plan- og bygningslova, andre lover og føreskrifter, nasjonale føringar og politiske vedtak. Mange av oppgåvene blir operasjonalisert og implementert gjennom planar som inngår i kommunen sitt plansystem. Alle kommunen sine overordna planar vert vedtekne av kommunestyret. Det skal vere konsistens i kommunen sine styringsdokument ved at styringsdokument på eit lågare nivå skal vere ei operasjonalisering av dokument på eit høgare nivå.

Planstrategi

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode (fireårsperioden), og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Gjeldande planstrategi for Herøy kommune 2016 – 2020 vart vedteken i kommunestyret 24.11.2016.

Føremålet med planstrategien er å vurdere kva for planar som skal utarbeidast og reviderast i valperioden. For å vurdere planbehovet skal planstrategien drøfte kommunen sine strategiske val for samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og tenesteområda sine utfordringar. Det skal i tillegg vurderast om det er behov for å revidere heile eller delar av kommuneplanen.

Kommuneplanen

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna strategiske styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser. I forkant av kommuneplanarbeidet vert det utarbeidd eit planprogram. Planprogrammet omtalar kva for tema som vert planlagt revidert i kommuneplanen, utgreiingsbehov og medverknads-prosesser.

Samfunnsdelen konkretiserer mål, strategiar og ønska utvikling for Herøysamfunnet og kommuneorganisasjonen.


Arealdelen viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, der avveging mellom vern og utbygging er viktig. Planen er juridisk bindande.

Kommuneplanen vert utarbeidd for ein periode på 12 år og vert revidert kvart fjerde år. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel (økonomiplan) som seier korleis planen skal fylgjast opp i fireårsperioden. I Herøy kommune bør kommuneplanen sin handlingsdel i større grad innarbeidast i økonomiplanen.

Kommuneplanen har **seks gjennomgåande perspektiv:**

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Likestilling
- Verdiskaping
- Miljø og klima

Årshjul



Figuren illustrerer dei overordna strategiske prosessane knytt til kommuneplanen (4-årshjulet) og handlingsprogrammet (1-årshjulet).

Handlingsprogrammet

Kommunen sitt årsbudsjett og økonomiplan utgjer handlingsprogrammet. Årsbudsjettet og økonomiplanen vert utarbeidd gjennom ein felles prosess og vert integrert i same dokument.

Økonomiplanen har eit 4. årsperspektiv med årsbudsjettet som første år. Planen vert rullert årleg.

Årsbudsjettet er kommunen sitt dokument der det vert gitt løyvingar til ulike føremål. Det vil seie at vedteke budsjett gir kva for rammer kommunestyret har løyvd til kommunen si verksemd det komande året – rammene er bindande for rammeområda.

Gjennom handlingsprogrammet skal kommunen realisere målsetjingar fastsett i kommuneplanen sin langsiktige del, planlegge nye tiltak og føre kontroll med kommunen sin ressurstilgang og ressursbruk. Dei økonomiske rammene bygger på rammefaktorar i kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Økonomiske konsekvensar knytt til mål og tiltak i kommunen sine temaplanar, jamfør planstrategien, skal også innarbeidast i handlingsprogrammet for oppfølging. I tillegg kjem ei rekkje måleindikatorar basert på kommunen si mål- og resultatstyring.

Handlingsplanar

Mål og tiltak frå handlingsprogrammet, felles gjennomgåande planar og anna relevant planverk som fylgjer av planstrategien, vert vidareført og fylgd opp i ulike handlingsplanar. Handlingsplanen er eit administrativt dokument som skal sikre samanheng mellom organisasjonen sine mål, tiltak og resultat, samt oppfylging av politiske vedtak, lover og forskrifter.

Felles gjennomgåande planar

Kommunen har fleire gjennomgåande planar som gjeld for heile organisasjonen. Desse vert revidert normalt kvart fjerde år.

Utfordringar og planar

Rådmannen vil heve kvaliteten på kommunen sine plandokument. Dette skal resultere i eit meir gjennomgåande planverk som både er smalare, med betre tverrfagleg koordinering, og meir målretta.

4.18 Styringsystemet

Verksemdsstyring femner all leiingsaktivitet, styring og kontroll som skal bidra til å iverksette politiske vedtak, prioriteringar og mål, og å skape best mogleg resultat og kvalitet i tenestene. Verksemdsstyring omfattar fullmaktsnivåa i kommunen og sikrar at styringa skjer likt og samordna mellom, og innan tenesteområda.

Prinsipp for verksemdsstyring

Verksemdsstyring skal:

- baserast på mål- og resultatstyring som overordna styringsprinsipp.
- sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak.
- sikre etterleving av lover og forskrifter.
- integrere risikostyring og internkontroll
- sikre ei tenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og rett ressursbruk.
- sikre læring, forbetring og innovasjon.

Mål- og resultatstyring

Dette medfører at kommunen skal planleggje, setje mål, og at resultatata skal målast og fylgjast opp for å avdekke avvik. Ein skal også kontinuerleg forbetre og vidareutvikle tenestene. Mål- og resultatstyring skal i tillegg sikre læring i organisasjonen.

Mål- og resultatstyring skjer manuelt ved hjelp av målekort.

Det er definert fire fokusområde. Innanfor kvart hovudmål er det utarbeidd ulike måleindikatorar. Fokusområda har gjennomgåande delmål for heile kommunen. I tillegg er det utarbeidd unike delmål for tenesteområda som skal sikre nødvendig styring og oppfylging av tenestene.

Gjennomføring av politiske vedtak

Kommunen skal ha system som sikrar at politiske vedtak blir fylgd opp og sett i verk.

Vedtaksoppfylging skjer elektronisk i kommunen sitt saks- og arkivsystem ePhorte.

Eigne rapportar viser kva for saker som skal fylgjast opp og kva for saker som er ferdig effektuerte.

Iverksetting av politiske vedtak vert sikra gjennom årsplanar og ulike handlingsplanar. Dette omfattar også gjennomføring av politiske vedtak som vert fatta utanom handlingsprogrammet.

Alle leiarar skal halde seg orienterte om dei vedtaka som direkte gjeld eige ansvarsområde, samt forhold som vedkjem heile kommunen.

Etterleving av lover og forskrifter

Dette medfører rett sakshandsaming og tenesteutøving, samt å ivareta kommunen sine juridiske interesser som forvaltningsmynde, tenesteprodusent og eigar.

Sakshandsaminga skjer elektronisk i kommunen sitt saks- og arkivsystem ePhorte.

Tenesteutøving skjer etter gjeldande fullmakter og aktuelt lov- og regelverk som har betyding for oppgåva.

Risikostyring og internkontroll

Kravet til internkontroll går fram av kommunelova. I tillegg er det innanfor fleire område av kommunen si verksemd særlege lovpålagde krav til internkontroll. Internkontroll er ein del av kommunen si daglege leiing og styring innan og mellom fullmaktsnivåa.

Risikostyring og internkontroll skjer elektronisk i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo (KvalitetsLosen).

Systemet tek hand om dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalysar samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Verktøyet sikrar at daglege arbeidsoppgåver blir utført, styrt og forbetra i samsvar med krava i lova.

4.19 Organisering, arbeidsprosessar og ressursbruk

Ei føremålstenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane får ta imot tenester av rett kvalitet og til rett tid, samstundes som organisasjonen sine ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafør vedtekne økonomiske rammer.

Føremålstenleg organisering skjer ut frå omsynet til samordning, effektiv oppgåveløysing og kvalitet for brukarane.

Effektive arbeidsprosessar skjer gjennom optimalisering av prosessar og betre samhandling i tillegg til ei digitalisering av kommunen sine system. Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for utforminga av dei enkelte arbeidsprosessane.

God ressursbruk skal skje innafør dei mål og budsjettammer som kvart år vert vedteke av kommunestyret.

Læring, forbetring og innovasjon


Organisasjonen skal sikre kontinuerleg utvikling av innhaldet i tenestene sine og medarbeidarane sin kompetanse.

Vi skal jobbe med målsetjinga om å bli ein moderne og lærande organisasjon som fremjar utvikling gjennom involvering, styringsdialog og resultatfokus.

Kommunen sin forvaltningspraksis vert evaluert eksternt gjennom Kommunekompasset. Evalueringa gir eit samandrag av kommunen sin styrke, svake sider og utfordringar og dannar grunnlag for vidare utvikling. I tillegg vert det gjennomført tilsyn og forvaltningsrevisjon innafør ulike områder.

Årshjul

Kvart år vert det gjennomført ei rekkje styringsprosessar. Desse er sett inn i eit overordna årshjul som viser korleis arbeidet med ulike dokument og prosessar vert fasa inn i forhold til kvarandre politisk og administrativt. I tillegg til det overordna årshjulet, har kommunen detaljerte årshjul for enkeltstående prosessar/aktivitetar.



Utfordringar og planar

Det er ei målsetjing at verksemdsstyringa skal forenklast og bli meir effektiv. Samstundes skal organisasjonen si forståing på området styrkast.

Rådmannen vil arbeide for at kommunen skal levere gode tenester ut frå dei rammevilkåra som vert vedtekne. Gjennom mål- og resultatstyring skal det arbeidast systematisk med å sikre rette og effektive tenester til brukarane. I tillegg til generelle og gjennomgåande mål, skal spesifikke mål innafør alle rammeområda sikre rett utvikling av dei enkelte tenestene. Rådmannen vil ha fokus på å hente ut samordningsgevinstar mellom einingar og sektorområde.

Rådmannen vil ha fokus på vidareutvikling av styringsdata, slik at ein kan fylgje utviklinga gjennom året og ved behov iverksette førebyggjande tiltak.

5. Fokusområde samfunnsutvikling

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013 – 2025 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Fylgjande mål er nedfelte i budsjett og økonomiplan 2017 – 2020:

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking	Innbyggjarundersøking
Status 2018	8 965 innbyggjarar.	Innbyggjarundersøking 2017	Innbyggjarundersøking 2017
Ambisjon 2022	9 200 innbyggjarar	Positiv utvikling	Positiv utvikling
Resultatmål 2019	9 000 innbyggjarar	Positiv utvikling	Positiv utvikling

Kommune-NM

NHO lagar årleg eit kommune-NM der kommunane vert rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Kunnskapsbasen gir indikasjonar på utviklinga for den enkelte kommune, men også den relative utviklinga i samanlikning med dei andre kommunane.

Kommune	TOTAL		Næringsliv		Arbeids- marknad		Demografi		Kompetanse		Kommune- økonomi	
	2016	2018	2016	2018	2016	2018	2016	2018	2016	2018	2016	2018
Herøy	135	108	20	14	315	212	189	211	222	240	129	126

Tabellen viser at Herøy ligg ganske bra an i forhold til andre kommunar når det gjeld attraktivitet og vekstkraft. Kommunen har hatt ein framgang totalt sett frå 2016 til 2018.

<https://www.nho.no/Politikk-og-analyse/Offentlig-sektor-og-naringslivet/kommunenm/>

Samhandling mellom kommune, næringsliv, lag og organisasjonar

Kommunen har gjennomført fleire partnerskapsprosjekt med næringsliv, lag og organisasjonar. Mellom anna med/om: Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, Fosnavåg konserthus, parkeringshus, idrettsanlegg, flytebrygger m.m.

Folketalsutviklinga

Utvikling av folketalet pr. 01.01:

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Folketal	8383	8533	8727	8847	8847	8934	8972	8957	8965

Herøy kommune har ein uttalt ambisjon om å auke folketalet.

Folkehelse

Folkehelseinstituttet har utarbeidd folkehelseprofilar for kommunane.

Profilane er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden, og faktorar som påverkar denne:

- Det er færre barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt enn landsnivået.
- Ungdomskuleelevane som oppgjev å vere nøgde med lokalmiljøet, er likt med landsnivået.
- Antibiotikabruken i Herøy er høgare enn landsnivået.

<http://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1515&sp=2&PDFaar=2017>

Samhandling mellom kommune, næringsliv, lag og organisasjonar

Kommunen har gjennomført fleire partnerskapsprosjekt med næringsliv, lag og organisasjonar. Mellom anna med/om: Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, Fosnavåg konserthus, parkeringshus, idrettsanlegg, flytebryggjer m.m.

5.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel.

Visjonen

Herøy – ei båtlengd føre

Kommunen skal gjere medvitne val om kvar vi skal vere i forkant, og kvar andre kan drage utviklinga vidare.

Kommunen skal vere nyskapande og attraktiv med lokal identitet og regional slagkraft. Vi skal vidareutvikle kommunen innafor havbasert verdiskaping.

Misjonen (oppdraget)

Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Kommunen skal vere ein attraktiv kommune å busetje seg i gjennom:

- eit attraktivt og definert sentrum, attraktive bygder og bustadområde.
- ein interessant og mangfaldig arbeidsmarknad.
- eit framifrå kultur- og idrettsmiljø.

Innbyggjarane skal oppleve gode tenester av høg kvalitet. Kommunen skal vektleggje og gi eit heilskapleg, likeverdig og tverrfagleg tilbod til alle innbyggjarane.

Ny teknologi og andre og smartare måtar å arbeide på, skal takast i bruk innafor dei ulike tenesteområda.

Reiselivet i kommunen har stort potensial som kan gi positive ringverknader i ei samordna satsing.

Styringsprinsipp

I samfunnsdelen av kommuneplanen er det formulert fylgjande styringsprinsipp:

- samhandling
- kommunikasjon
- medverknad
- nytenking

Kommunen skal vise evne til **samhandling** mellom ulike nivå, eksternt og internt.

Kommunen skal vere tydeleg i **kommunikasjonen** sin, eksternt og internt.

Kommunen skal gjennom **medverknad** vere open for dialog med ulike aktørar for å kome fram til løysingar som fremjar samfunnsutviklinga på lang sikt.

Kommunen skal ha mot til å **tenkje nytt** slik at vi kan finne løysingar som betre samsvarar med innbyggjarane sine behov. Det kan handle om nye funksjonar, problemløysing, service og utvikling.

Satsingsområde

I samfunnsdelen i **Kommuneplan for Herøy 2013-2025** er det peika ut fem satsingsområde:

- **Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling**

Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde. For at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengige av eit sentrum som utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurde. Sentrumsutvikling og samfunnsutvikling er såleis to sider av same sak.

- **Infrastruktur**

Med infrastruktur meiner vi strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere. Døme: vegsystemet til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele-/fibernet.

- **Kompetanse og næringsutvikling**

Herøy kommune har prosentvis færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning enn fylket og landet. Nye arbeidsplassar vert stadig meir kompetanseintensive.

- **Rekruttering, busetjing og inkludering**

Herøy kommune har hatt positiv folketalsutvikling siste åra og det er mykje på grunn av utanlandsk innvandring. Sentrums- og samfunnsutviklinga er avhengig av folketalsvekst.

- **Barn, unge og identitetsbygging**

Barn og unge som satsingsområde, tek utgangspunkt i at trivsel i oppveksten aukar sjansen for tilbakeflytting seinare.

I kommuneplanen er det utarbeidd målsetjingar og strategiar for kvart satsingsområde. Det er også utarbeidd ein **handlingsdel** til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste strategiske verktøyet for å sikre at kommunen arbeidar mot målsetjingane som er sett i samfunnsdelen. Handlingsdelen skal konkretisere tiltak knytt til visjonen og målsetjingane i planen.

Planstrategi

Planstrategi for Herøy kommune 2016-2020 vart sist revidert 07.12.2016.

5.2 Innbyggjarundersøkinga 2017:

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om **møte med kommunen** (3,7) og **tillit** (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultatane samsvarar også med resultatane for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet.

Når det gjeld frie kommentarar, vert hotell, konserthus, kino, badeland og turstiar trekte fram av mange som område der kommunen har lukkast. Når det gjeld område kommunen ikkje har lukkast, er Skarabakken, Fosnavåg hamn, pumpehuset på Almenningen, bruene, NAV og vedlikehald av vegar gjengangarar.

5.3 Lokaldemokratiundersøking 2017

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

<http://www.bedrekommune.no/bedrekommune.no/bk/lokaldemokrati/>

6. Fokusområde Organisasjon

Kommunen gjennomførte Kommunekompasset i 2018 og fekk ein skår på 435 av 800 moglege. Resultata er jamt over gode. Herøy kommune skårar nest høgast av kommunane med mellom 5000 og 10000 innbyggjarar.

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast med økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi. Til dømes: digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommunekompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommunekompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråværstatistikk.	Statistikk.
Status 2018	435 poeng	Ikkje undersøkt.	8,3 %	65 år = 67% 67 år = 45%
Ambisjon 2022	500 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	65 år = 90% 67 år = 50%
Resultatmål 2019	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	65 år = 90% 67 år = 50%


Tiltak 2018				
Alle sektorar	Gjennomføre Kommunekompasset	Medarbeidardag	Implementering av nytt HMS-regime i heile organisasjonen, med dei oppgåver som ligg til det.	
Status:	Gjennomført	Gjennomført	Gjennomført	

Stab	Gjennomføre samarbeidsprosjekt med Vanylven/Sande kommune.	Obligatorisk HMS-opplæring av leiarar, tillitsvalde og verneombod.	Rapporter på sjukefråvær kvart tertial.	Revidere og oppfølging av medarbeidarar i tråd med seniorpolitikken og senioravtale.
Status:	Gjennomført:	Gjennomført	Gjennomført	- Pågår
	Opplæring av leiarar i løn- og personalarbeid.	Framleis arbeid med revidering av arbeidsgjevarpolitikk og personalrutinar m.m.	Gjennomføre regelmessige IA-møter.	
Status:	Pågår:	Pågår:	Gjennomført	
	Korrigere og vedlikehalde system (Compilo og tidBANK m.m.) i høve ny organisering.			
Status:	- Pågår			
	Konkludere på organisasjonsform (KF) og behov for delegeringar m.m. for Eigedomsavdelinga. Politisk vedtak.			
Status:	Gjennomført			
	Kartlegging og samla oversyn over fagsystem.			
Status:	Gjennomført:			

6.1 Organisasjonsutvikling

Evalueringa av Herøy kommune etter Kommunekompasset viser at resultatene no ligg godt over gjennomsnittet for kommunar mellom 5000-10000 innbyggjarar. Herøy kommune skårar totalt 435 poeng. Gruppensnittet ligg på 355 poeng og gjennomsnittet for alle norske kommunar ligg på 364 poeng. Det kan vere at kommunen framleis har ein gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

KS-K rår til at kommunen systematiserer styringsinformasjonen som allereie finst, med fokus på resultat og indikatorstyring. I tillegg bør ein hente inn og systematisere brukarperspektivet, innbyggjarperspektivet og medarbeidarperspektivet. Konsulenten rår til at denne styringsinformasjonen vert sett inn i ei årshjultenking for oppfølging, dialog, evaluering og utvikling basert på brukar-, medarbeidar- og innbyggjarundersøkingar kombinert med objektiv informasjon om kvalitet og økonomi. Dette for at kommunen får utvikle seg i eit heilskapleg styrings- og utviklingsperspektiv. På denne måten kan ein få lagt eit godt grunnlag for både å utvikle dialogen og samspelet med innbyggjarane, men også ein god prosess saman med politikarane med planarbeid og tilbakerapportering på korleis kommunen jobbar, kva ein prioriterer og kva som vert levert av resultat. Dermed ser ein ikkje berre på mengda, men også kvaliteten på dei tenestene som vert leverte.



Alle områda vil vere viktig for utviklingsarbeidet i Herøy kommune, men i perioden denne utviklingsstrategien fokuserer på (2018-2020), så ynskjer vi å ha særleg fokus på områda vedtekne i K-sak 104/18 :

- Område 2 Tilgjengeleg, innbyggjar- og brukarorientering
- Område 4 Leiarskap, ansvar og delegasjon
- Område 5 Resultatfokus og effektivitet
- Område 6 Kommunen som arbeidsgjevar
- Område 7 Utviklingsstrategi og lærande organisasjon

Dette arbeidet vert fylgd opp i 2019.

6.2 Personalpolitikk og opplæring

Dei tilsette i Herøy kommune er vår viktigaste ressurs og difor er arbeidet med oppfølging, opplæring og arbeid i grupper sentrale verkemiddel. Arbeidet med 10-faktor har halde fram i 2018, der avdelingane har arbeida med valde faktorar for å utvikle eigne aktivitetar og mål i høve til måleindikatorane i 10-faktor. Den enkelte avdeling har nytta sine avdelingsvise resultat, til å jobbe med dei faktorene som avdelinga/seksjonen sjølve meiner er viktig for å oppnå gode resultat. Dette med utgangspunkt i dei resultatata som låg føre i 2017. I 2019 vil det på nytt verte gjennomført medarbeidarundersøking i tråd med planen om å gjennomføre undersøkinga anna kvart år. 10-faktor dannar difor grunnlag for ein kontinuerleg prosess.

I forlenging av arbeidet med medarbeidarundersøkinga 10-faktor, har alle avdelingar jobba med risikovurdering og tiltak med handlingsplanar for dette.

Tabell 1

Viktige aktivitetar og tiltak i 2018
1. Etablert HMS-grupper for dei ulike HMS områder
2. HMS-kurs for leiarar, verneombod og tillitsvalde i samarbeid med dei andre kommunane i Sjustjerna
3. Vidareføring av arbeidet med 10 faktor, HMS, ROS og verdiforankring kjerneverdier og serviceplakat
4. Førebudd grunnlag for opplæring av leiarar knytt til HR og løn
5. Kurs i sjukefråværsoppfølging og sjukefråværsforebygging for leiarar
6. Kurs i ergonomi i regi av bedriftshelsetenesta Stamina. Eit kurs som kom i stand etter arbeid med 10-faktor for dei ulike grupper av tilsette på rådhuset.

Sjukefråvær

Målet for sjukefråværet for 2018 var 7,5% eller lågare. Det vil sei eit nærvær på 92,5% eller høgare.

Det totale sjukefråværet for 2018 enda på 8,71%. Dette er ein auke på 0,41% frå 2017. Målet på 92,5 % nærvær (7,5 % sjukefråvær) er såleis ikkje nådd for 2018. Sjå tabell 2.

Av tertialmålingane ser vi at sjukefråværet 1. tertial var monaleg mykje høgare enn 2. og 3. tertial, sjå tabell 3 og 4. Dette syner seg vere eit fast mønster frå eine året til det andre, og har naturlege forklaringar.

Oversyn over utvikling sjukefråvær:

Tabell 2

Sjukefråvær	Korttid	Langtid	Totalt
2002	3,0	7,6	10,6
2003	3,0	6,9	9,9
2004	2,8	5,9	8,7
2005	3,4	5,7	9,1
2006	2,8	6,1	8,8
2007	2,0	7,3	9,7
2008	2,0	6,3	8,6
2009 ¹	-	-	9,0
2010	1,7	8,0	9,7
2011	2,1	6,3	8,4
2012	1,9	6,4	8,3
2013	1,9	5,6	7,5
2014	1,85	6,13	7,98
2015	2	6,42	8,42
2016	1,97	5,22	7,19
2017	1,85	6,45	8,3
2018	1,99	6,72	8,71

Tabell 3

Sjukefråvær i prosent 2009-2018 – Mål for 2018 7,5% eller lågare				
År / Kvartal	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal
2009 ²	-	9,8	8,1	9,5
2010	10,9	10	8,6	9,4
2011	10,1	8,7	6,5	8,1
2012	9,7	7,8	6,2	8,9
2013	9,7	8,6	5,2	5,64
2014	7,78	7,85	7,28	7,52
2015 ³	10,53	7,25	7,52	8,42
2016	8,61	5,57	7,39	7,19
2017	9,05	6,83	9,32	8,3
2018	11,51	8,13	6,3	8,15


Sjukefråværstala gir ein statusrapport om nærværet i Herøy kommune, samtidig gir det eit uttrykk for dei utfordringane som vi må løyse. Sjukefråværet medfører ei meirbelastning for dei som til ei kvar tid er på jobb og skal utføre arbeidet, samtidig som det utgjer ein meirkostnad. Storleiken på sjukefråværet kan også nyttast som ein indikator for motivasjon og trivsel på arbeidsplassen, utan at vi har eit empirisk belegg for dette.

¹ Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.

² Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.

³ Frå og med 2015 er det rapportert per tertial, slik at ein rapporterar like intervallar i tertialrapportar og til AMU.

Tabell 4



Med utgangspunkt i å finne indikatorar for kva som hemmar og fremjar trivsel og motivasjon på arbeidsplassen, vil det såleis vere spanande når vi våren 2019 gjennomfører medarbeidarundersøkinga 10-faktor og får eit samanlikningsgrunnlag frå 2017 for korleis arbeidsmiljøet vert oppfatta to år etter den første undersøkinga.

Herøy kommune har avtale med Stamina Helse om leveransar av bedriftshelsetenester, og Stamina har i 2018 ytt bistand og tenester til 18 ulike avdelingar eller arbeidsplassar i Herøy kommune. Stamina har ytt bistand innan systematisk HMS-arbeid, livsstil, arbeidshelse, helsekontrollar, arbeidsmiljø og yrkeshygiene. I dette arbeidet ligg mellom anna kartlegging av arbeidsmiljø, opplæring, rettleiing, gjennomføring av obligatoriske prøver og testar knytt til sertifisering og lovpålagde aktivitetar. Herøy kommune har valt å sette inn ressursane frå bedriftshelsetenesta der vi har sett at behovet har vore størst, men også satsa på den førebyggjande delen som til dømes kurs og rettleiing i ergonomi og kurs i risikovurdering knytt til tema innan vald og trugsel om vald. Dette ut i frå ei risikovurdering og innspel om behov ute i organisasjonen.

Gjennom forslag til Arbeidsmiljøprisen for 2018 og gjennom den dialog som Personal- og organisasjonsavdelinga har med dei ulike sektorar, avdelingar og seksjonar i løpet av året er det mykje godt engasjement og arbeidsglede ute i organisasjonen. Dette både for å løyse utfordringar og til å bli betre på ulike felt. Det er likevel utfordringar som har behov for kontinuerleg arbeid for at Herøy kommune skal lukkast med høgare nærværspersent, og der vi kan sjå av resultata i 10-faktor at tilsette trivest og er motiverte i arbeidet. I ein kompleks organisasjon med mange ulike tenester og samansette oppgåver, vil det alltid vere ulike utfordringar og grader av utfordringar. Med stadige endringar i organisasjon og tilsette, må Herøy kommune vere omstillingsdyktige samtidig som tilsette skal trivast og vere motiverte.

Inkluderande arbeidsliv (IA)

Herøy kommune har vore inkluderande arbeidslivsverksemd sidan juli 2003. I juni 2014 vart IA-avtalen resignerte. Herøy kommune kan syne til systematisk og kontinuerleg IA-arbeid, gjennom bl.a. faste møter i IA-utvalet og deltaking på kurs og seminar i regi av NAV Arbeidslivsenteret.

Delmål 1) Sjukefråvær

Målet er nærværsprosent på 92,5 % for 2018

- Med eit nærvær på 91,29 % er målet for 2018 ikkje nådd.
- Vi registrerer òg at sjukefråværet fyl det historiske sjukefråværmønsteret i løpet av året

Gravide skal gjennomsnittleg stå i arbeid til veke 30

- Med eit snittmål på 26 veker er målet ikkje nådd i 2018, men likevel ei positiv utvikling frå 2017. Sjå tabell 5

Det er vanskeleg å gje ei presis forklaring på årsakene til at talet på nærvær hos gravide varierer frå år til år, men det er likevel grunn til å tru at arbeidsoppgåver og kva avdeling den enkelte høyrer til vil vere med å påverke sjukmeldingsfrekvensen. Eit anna element som er verd å merke seg når ein les statistikken, er at tala ikkje tek høgde for grad av sjukmelding. Personane som skjuler seg bak statistikken kan vere delvis sjukmeld t.d.. i 20% av 100% stilling.

I enkelte avdelingar/seksjonar vil gravide tilsette ikkje kunne utføre arbeidet i den stillinga dei er tilsett, og dersom arbeidsgjevar ikkje har høve til å tilby desse anna arbeid, vil dei gå ut i sjukmelding.

Tabell 5

Gravide i arbeid						
Målepunkt i % og veker / År	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Ikkje sjukmeld før fødselspermisjon	7,1%	30%	0%	18%	8%	24%
Sjukmeld før veke 30	21,4%	50%	78,94%	68%	77%	47%
Sjukmeld etter veke 30	71,5%	20%	21,06%	14%	15%	29%
Snitt veker i arbeid (mål veke 30)	Veke 30	Veke 22	Veke 22	Veke 25	Veke 22	Veke 26

Delmål 2) Personar med redusert funksjonsevne:

Det vert sett i gang tiltak for personar med redusert funksjonsevne, der vurderingar og aktivitetar knytt til aktivitet og aktivitetsmål vert dokumentert.

- Organisasjonen fylgjer i all hovudsak NAV sine retningslinjer for oppfølgingsplan, aktivitetskrav og dialogmøte
- Gjennomføring av dialogmøte er systematisert og organisasjonen har høve til å nytte fagkompetanse frå Personal- og organisasjonsavdelinga
- Det er lagt til rette for å nytte bedriftshelsetenesta i einskildsaker
- Arbeidsavklaringsutval (AAU), som er eit rådgjevande organ. Det skal medverke til å leggje til rette arbeidet slik at arbeidstakar, som er blitt hemma i sitt yrke på grunn av sjukdom eller skade, skal kunne fortsette i arbeid så langt som det er mogleg

Ta imot 28 personar frå NAV (inkludert praksis / tiltaksplassar)

- Herøy kommune har stilt plassar til disposisjon, so langt det har vore mogleg sett i lys av ressursar og tenesteleveranse m.m.
- Herøy kommune er ei kunnskapsverksemd, der det vert stilt krav til spesifikk kunnskap. Administrasjonen registrere at førespurnader om praksisplassar ofte er knytt opp til merkantile- og sakshandsamaroppgåver. Førespurnadane kjem difor somme tider i konflikt med det ansvaret Herøy kommune har for å legge til rette for eigne medarbeidarar, som også ynskjer slike stillingar. Dette er ei kjent problemstilling, og er kommunisert til NAV
- Det er difor slik at ikkje alle plassane har blitt nytta, men somme plassar har blitt nytta fleire gongar

Delmål 3: Avgangsalder

Aktivitetmålet er at flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år, sjå tabell 6. Dette måler vi ved å samanlikne tal på medarbeidarar som var 63 år to år før rapportåret, med tal på medarbeidarar som var 65 år på rapportåret.

- I 2016 var 18 medarbeidarar på 63 år i arbeid, og av desse var 7 framleis i arbeid i 2018 ved 65 år
- I 2016 var 12 medarbeidarar 64 år, og av desse var 11 framleis i arbeid i 2018 Ved 66 år

Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år, sjå tabell 6. Dette måler vi ved å samanlikne tal på medarbeidarar som var 65 år to år før rapportåret, med tal på medarbeidarar som var 67 år på rapportåret.

- I 2016 var 6 medarbeidarar i arbeid ved 65 år, av desse var 2 framleis i arbeid ved 67 år

Måltala for avgang i seniorperioden er ikkje eintydige og dette skuldast både at utgangspunktet for målingane og tala som har vore nytta frå år til år ikkje er like. I tillegg er føresetnadane for å arbeide etter 65 år endra seg, og dette påverkar vala om uttak av pensjon eller AFP. Nokre vel å arbeide i tillegg til uttak av full pensjon. Dei gruppene som har sær-aldersgrense, kan ta ut alderspensjon og samtidig jobbe fullt ved sida av, på pensjonistløn. Tala for 2018 som går fram av tabell 6, viser kor mange prosent av dei som var 65 år i 2016 som framleis er i arbeid i 2018.

Tabell 6

Målepunkt i % / År	2009 ⁴	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017 ⁵	2018 ⁷
I arbeid ved 65 år	84,6	94,7	89,8	92,9	90,9	77,6	67,7	-	50	38,88
I arbeid ved 67 år	68,8	38,9	68,8	81,8	88,2	40,0	45,5	-	33,33	33,33

Likestilling

I den vedtekne arbeidsgjevarepolitikken er det utarbeidd mål og verkemiddel for auka likestilling mellom kjønna. Likestilling i høve, etnisk tilhøyrslø og personar med nedsett funksjonsevne er og innbakt i arbeidsgjevarepolitikken. Administrasjonsutvalet er likestillingsutval. I medarbeidarundersøkinga frå 2010, var der mellom anna spørsmål om arbeidsplassen er integrerande når det gjeld kjønn, etnisk tilhøyrslø,

⁴ Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.

⁵ Tala er manuelt innsamla, då Herøy kommune ikkje har eit personalsystem gjer dette. Tala er difor usikre.

religion osv. Svaret er 4,95 på ein skala frå 1 til 6, der 6 var beste indikator og 1 var dårlegast. Herøy kommune har dei siste 4 åra tilsett personar frå mellom 15-20 ulike land.

Kjønnsbalanse

Den kjønnsmessige fordelinga på stillingar har endra seg lite over tid, sjølv om der er noko variasjonar frå år til år. Framleis er det slik at det er stor kvinneleg dominans i dei tradisjonelle pleie- og omsorgsyrka og blant reinhaldarane. Det er mannleg dominans innan dei tekniske faga og i brannvernet. Vi registrerer likevel at fleire menn enn tidlegare søker stillingar knytt til stab- og støttefunksjonar. Sjå meir i tabell 7 nedanfor.

Tabell 7

Målepunkt	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009 ⁶	Snitt
Talet på årsverk *	545,7	541,2	532,3	520	527,2	524	525	589	597	642	554,3
Talet på tilsette **	779	831	728	815	835	760	735	714	854	1225	827,6
Talet på kvinner **	660	699	607	678	679	624	582	575	685	956	674,5
% del kvinner	84,7	84,11	83,4	83,2	81,3	82,1	79,6	80,5	80,2	78,0	81,7
Talet på menn **	119	132	121	137	156	136	153	139	169	269	153,1
% del menn	15,28	15,89	16,6	16,8	18,7	17,9	20,4	19,5	19,8	22,0	18,3
Talet på kvinner i høgare stillingar	37	35	35	35	33	34	33	30	29	28	32,9
% del kvinner i høgare stillingar	72,5	70	71,4	63,6	66	70,8	66	63,8	61,7	60,9	66,7
Talet på menn i høgare stillingar	14	15	14	20	17	14	17	17	18	18	16,4
% del menn i høgare stillingar	27,5	30	28,6	36,3	34	29,2	34	36,2	38,3	39,1	33,3
Tal på tilsette i deltidstillingar	514	564	453	562	584	516	487	464	622	-	529,6

⁶ Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.

⁷ Tala er manuelt innsamla, då Herøy kommune ikkje har eit personaldatasystem som gjer dette.

Tal på kvinner i deltidsstillingar	465	497	408	499	511	456	419	411	537	-	467
% del kvinner i deltidsstillingar	90,5	88,12	90,1	88,8	87,5	88,4	86	88,5	86,3	-	88,24
Tal på menn i deltidsstillingar	49	67	45	63	73	59	68	53	85	-	62
% del menn i deltidsstillingar	9,5	11,88	9,9	11,2	12,5	11,6	14	11,4	13,7	-	11,7
Undervisningspersonell ***	118	148	147	137	151	151	147	144	155	269	156,7
Turnuspersonell	308	292	273	299	290	275	253	260	278	607	313,5
Anna personell	353	391	308	379	394	334	335	310	421	349	357,4

* Årsverk pr. 31.12.2018
** Tilsette pr. 31.12.2018
*** Undervisningspersonell i grunn- og kulturskule

Når det gjeld leiande stillingar ser ein at menn har vore underrepresentert, både i rådmannen si leiargruppe og blant mellomleiarane, sjå tabell 8 og 9. I 2018 er fordelinga mellom menn og kvinner i rådmannen si leiargruppe lik mellom kvinner og menn.

Samanliknar ein desse tala med fordeling av tilsette samla sett i Herøy kommune, er det prosentvis fleire menn som har leiande stillingar enn kvinner, samanlikn tabell 7, 8 og 9.

Tabell 8

Utvikling i kjønnsballansen på leiarnivå	Kvinner 2015	Menn 2015	Kvinner 2016	Menn 2016	Kvinner 2017	Menn 2017	Kvinner 2018	Menn 2018
Leiarar i rådmannen si leiargruppe	7 av 12	5 av 12	6 av 10	4 av 10	2 av 4	2 av 4	2 av 4	2 av 4
Mellomleiarar	26 av 36	10 av 36	29 av 38	9 av 38	33 av 46	13 av 46	32 av 45	13 av 45

Tabell 9

Utvikling i kjønnsballansen på leiarnivå i %	Kvinner 2015	Menn 2015	Kvinner 2016	Menn 2016	Kvinner 2017	Menn 2017	Kvinner 2018	Menn 2018
Leiarar i rådmannen si leiargruppe	57,1	42,9	60	40	50	50	50	50
Mellomleiarar	72,2	27,8	76,3	23,7	71,74	28,26	71,1	28,9

Likelønn

Det vart gjennomført lokalt lønsoppgjer for tilsette i kapittel 3 og 5 i 2018 etter HTV. Oppgjeret i 2018 ynskja partane å vidareføre det langsiktige arbeidet med likelønn. I tillegg hadde partane fokus på rekruttering, behalde kompetanse og at utdanning skal løne seg.

Vi ser at lønsskilnadane mellom kvinner og menn har endra seg frå 2017 til 2018. Avstanden har auka mellom kvinner og menn, og det i favør av mennene. Dette gjeld særleg mellomleiarar og fagarbeidarar. Den største skilnaden i 2018 finn vi hos fagarbeidarane på 5,2% og for mellomleiarane er avstanden 2,8%. Dette er ein auke på høvesvis 1,7% og 1,1%. Rådmannen si leiargruppa har ei endring på 0,1% , og det er også her vi ser den minste avstanden mellom kvinner og menn. Når det gjeld gruppa fagarbeidar er det verd å understreka at dei ikkje var med i det lokale lønsoppgjeret, då dei sorterer under kapittel 4 i HTA.

Tabell 10

Gjennomsnittslønn	2015			2016 ⁷			2017 ⁸		
	Menn	Kvinner	Diff. i favør menn i %	Menn	Kvinner	Diff. i favør menn i %	Menn	Kvinner	Diff. i favør menn i %
Rådmannen si leiargruppe	652 920	644 500	1,3	674 250	676 167	-0,3	791 950	779 150	1,6
Mellomleiarane	588 940	568 642	3,6	597 200	585 003	2,1	621 130	610 476	1,7
Fagarbeidarstillingar	415 729	421 674	-1,4	415 889	397 943	4,5	427 965	413 131	3,5
Høgskule	470 420	436 141	7,9	494 954	450 767	9,8	492 747	481 892	2,2
Undervisningspersonell	485 083	485 484	-0,1	491 152	490 320	0,2	-	-	-
Utvikling samla sett i snitt			2,3			3,3			2,3

⁷ Tala i rådmannen si leiargruppe er utrekna utan løna til rådmannen, og utan løna til assisterande rådmann. Løna til assisterande rådmann er òg teke ut av høgskulegruppa sidan ein i 2015 og 2016 ikkje har hatt assisterande rådmann.

⁷ Tala i rådmannen si leiargruppe er utrekna utan løna til rådmannen, og utan løna til assisterande rådmann. Løna til assisterande rådmann er òg teke ut av høgskulegruppa sidan ein i 2015 og 2016 ikkje har hatt assisterande rådmann.

⁸ Undervisningspersonell er i felles gruppe med høgskuleutdanna.

2018			
Gjennomsnittslønn	Menn	Kvinner	Diff. i favør menn i %
Rådmannen si leiargruppe	835000	822500	1,5
Mellomleiarane	654125	635784	2,8
Fagarbeidarstillingar	436675	413785	5,2
Høgskule	518239	491622	5,1
Undervisningpersonell	-	-	-
Utvikling samla sett i snitt			3,7

Arbeidstid

Tilsette som ikkje har ynskja deltid kan variere frå eit år til eit anna, alt etter samansettinga av personalgruppa. Ønska stillingsstorleik er også livsfaseorientert.

Herøy kommune fører tilsyn med ønske om auka stilling, og kartlegging av slikt ønske vert sendt til Personal- og organisasjonsavdelinga frå dei ulike sektorane. Herøy kommune sette seg eit mål om at alle tilsette innan 01.01.17 minimum skulle ha ei stilling på 60%. Omsynet til målet om minimum 60% stilling vert og teken med i rekrutteringsprosessane. Unntaket for 60%-målet er rekrutterings- og helgestillingar, samt stillingar i brannvernet. Herøy kommune har enno ikkje innfridd målet, men jobbar både bevist og kontinuerleg med dette arbeidet.

Herøy kommune har dei siste 5 år redusert «ikkje ynskja deltid» med heile 63% blant kvinner og menn, frå 62 i 2014 til 23 i 2018. Av dei som er definert under uønskt deltid var det ein mann i 2018, slik tabell 11 viser. Dette er eit svært godt resultat, og syner at heile organisasjonen tek dette arbeidet på alvor.

Tabell 11

Ikkje ynskja deltid pr. avdeling	Menn 2015	Menn 2016	Menn 2017	Menn 2018	Kvinner 2015	Kvinner 2016	Kvinner 2017	Kvinner 2018
Skuleavd. lærarar	0	0	0	0	0	0	0	0
Skuleavd. assistentar	0	0	0	0	4	4	4	3
Eigedomsavdelinga, reinhald	0	0	0	0	5	3	1	1
Pleie og omsorgs-	1	0	0	0	7	4	4	4

avdelinga, sjukepleiarar								
Pleie og omsorgs-avdelinga, fagarbeidar	1	1	0	1	19	16	12	8
Bu- og habiliterings-avdelinga	1	1	0	0	9	8	4	5
Administra-sjon og andre avdelinga	0	0	0	0	3	0	0	1
Totalt	3	2	0	1	47	37	25	22

Tabell 12

Ikkje ynskja deltid totalt sett i heile organisasjonen	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
	82	78	62	50	39	25	23

Foreldrefråvær

Statistikken viser prosent av dei tilsette fordelt på kjønn som er heime med sjukt barn. Fråværet er rekna ut i frå tal på menn og kvinner som jobbar i organisasjonen. I høve tilsette menn og kvinner har kvinner tradisjonelt meir fråvær enn menn p.g.a. sjukt born, slik også i 2018, sjå tabell 13 og 14.

Tabell 13

Kjønn / År	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K
	2014	2014	2015	2015	2016	2016	2017	2017	2018	2018
Tal på tilsette som har hatt fråvær p.g.a. sjuke born	21	114	27	122	21	131	25	157	18	124

Tabell 14

Kjønn / År	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K
	2014	2014	2015	2015	2016	2016	2017	2017	2018	2018
Fråvær i % p.g.a. sjuke born	13,5	16,8	19,7	18,0	17,4	21,6	20,5	25,8	15,1	18,8

Helse, miljø og tryggleik (HMS)

Hovudmålet for HMS- arbeidet er at dei tilsette skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Gjennom ei slik målsetjing vil ein oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette, og i sin tur betre kvalitet på tenestene som kommunen leverer til innbygarane.

Herøy kommune har eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta (BHT) og hovudverneombod (HVO). I 2018 har HVO vore tilsett i 50% stilling. Dette har gjeve ytterlegare styrke inn mot det overordna HMS-arbeidet i organisasjonen. Gjennom blant anna etablering av ny versjon av overordna HMS-plan (HMS-handbok),

handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta, målretta arbeidshelseundersøkingar, kurs og samlingar arbeider vi aktivt og systematisk med arbeidsmiljøet i organisasjonen. Avvik vert rapportert og følgt opp i avdelingane.

Herøy kommune har eit Arbeidsmiljøutval (AMU) som arbeider for eit fullt ut forsvarleg arbeidsmiljø i organisasjonen. AMU tek del i planlegging og oppfølginga av verne- og HMS-arbeidet i organisasjonen. Arbeidsavklaringsutvalet er eit underutval av AMU.

I tillegg til det som omfattar lovpålagt HMS-arbeid har Herøy kommune som målsetting å ha fokus på folkehelse i «alt ein gjer». Fokus er heile mennesket gjennom desse delområda: biologi (fysisk helse), kultur (ånd, skjel og psykisk helse) og politikk (samhaldet og fordeling av godane).

Tillitsvalde

Føremålet i Hovudavtalen er å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane på alle nivå. Hovudavtalen skal være eit verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet vert basert på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike rollar.

Det er avgjerande for eit godt resultat at dei tilsette og deira organisasjon vert involvert så tidleg som mogleg når omstilling og reform skal gjennomførast. Tenester av god kvalitet som er tilpassa brukaren sitt behov, føreset gode prosessar og medverknad. Hovudavtalen skal gjennom ordninga med tillitsvalde gje arbeidstakarane reell innflytelse på korleis arbeidsplassen skal organiserast og korleis arbeidsmetodane skal utviklast. Slik innflytelse bidreg til ein fleksibel og brukarvenleg tenesteyting.

I Herøy møtes dei tillitsvalte og kommuneadministrasjonen ein gong i månaden i Kontaktutvalet. Det vert òg sett ned partsamansette arbeidsgrupper ved behov, t.d. under omorganisering og revideringsarbeidet av personalpolitiske tiltak. I 2015 byrja Kontaktutvalet eigenevaluering, sjå tabell 15.

Tabell 15

EVALUERING AV KONTAKUTVALET				
Spørsmålsstillingar/målepunkt	Resultat 2015	Resultat 2016	Resultat 2017	Resultat 2018
Innkallingsmåte	8,9	8,8	8,8	8,2
Agenda	7,1	8,8	7,9	7,8
Oppmøte og deltaking	4,6	6,1	6,1	6,5
Gjennomføring av sjølv møte	8,1	7,9	7,8	7,1
Ansvarsfordeling	6,9	8	7,5	6,8
Samhandling mellom partane	6	8,1	7,6	7,2
Referat	8,6	9	8	8,3
Oppfølging av det som vert bestemt	7,3	6,7	7,1	7,1
Er Kontaktmøte føremålstenleg?	9	9,3	9,2	9
Snitt resultat per år	7,4	8,1	7,8	7,6
Respondentar	8	12	12	12

Etter ei samla vurdering konkluderte Kontaktutvalet med at utvalet fungerer godt etter sitt føremål. Det vart vidare konkludert med at det ikkje var naudsynt å gjere store endringar.

I Herøy kommune er det tillitsvalte/kontaktpersonar i 16 ulike arbeidstakarorganisasjonar. I organisasjonen er det 5 personar frå 4 arbeidstakarorganisasjonar som er kjøpt fri, heilt eller delvis, for å drive med tillitsvaldarbeid. Frikjøpet er berekna ut frå berekningsnøkkel jamfør Hovudavtalen.

Arbeidstakarorganisasjonar som har frikjøp er:
Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Sjukepleiarforbundet og Delta

Arbeidsgjevar og tillitsvalde har gjensidig plikt for å skape og oppretthalde eit godt samarbeid. Arbeidsgjevar har både informasjons- og drøftingsplikt med dei tillitsvalde, og det er i samarbeid oppretta gode rutinar for å innfri dette. Nokre avdelingar involverer tillitsvalte meir bevisst enn andre, men stadig fleire avdelingar ser nytten av eit nært og godt samarbeid mellom leiar og tillitsvalt.

Ein har òg eit IA-utval der bedriftshelsetenesta, NAV Arbeidslivssenter og NAV Herøy, arbeidsgjevar og tilsette er representert. Hovudfokuset er å arbeide med tiltak og oppfylging av delmåla i IA-avtalen.

Partane er samde om at det er viktig å arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv (IA) til beste for den enkelte arbeidstakar, arbeidsplass og samfunnet elles. Målet er redusert sjukefråvær og reduserte tal på dei som fell ut av arbeidslivet/blir ståande utanfor arbeidslivet.

Arbeidsgjevarpolitikk

«Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune» presenterer grunnlaget for ein felles organisasjonskultur. Verdiane til kommunen som organisasjon er nedfelt i denne. I denne er det også nedfelt forventingar til leiarar og medarbeidarar.

Arbeidsgjevarpolitikken synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp retta mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Den er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunkt for planar og prosedyrar på neste nivå. Arbeidsgjevarpolitikken har eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen.

Ei partssamansett arbeidsgruppe byrja i 2016 med å utarbeide ny arbeidsgjevarpolitikk for Herøy kommune. Forslaget til arbeidsgjevarpolitikk skal handsamast og godkjennast av Kommunestyret.

Seniorpolitikk

Målsetting for Herøy kommune er at 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Minimum 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

Målet med seniorpolitikken er å auke den gjennomsnittlege avgangsalderen. Å jobbe for økt avgangsalder er i samsvar med IA-avtale og kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk. At folk står lenger i arbeid er gunstig i forhold til å bevare opparbeidd kompetanse lengst mogleg i organisasjonen, noko som er økonomisk gunstig for arbeidsgjevar. Vi har tru på at ein god, raus og samla arbeidsgjevarpolitikk legg til rette for og motiverer vår medarbeidarar til å stå lenger i arbeid.

7. Fokusområde Tenester

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løypande utvikling i tenesteytinga
- Leverer tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Det er formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene**.

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2018	Positiv utvikling.	2017: 23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2022	Betre enn landsgjennomsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2019	Betre enn landsgjennomsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt

7.1 Kommunebarometeret

Herøy kommune hamnar på ein 70. plass i Kommunebarometeret frå Kommunal Rapport for 2019. Då er det korrigert med omsyn til økonomiske rammevilkår. Dette er opp 52 plassar frå 2018 då kommunen hamna på ein 132. plass. Herøy kommune har i 2019 den beste plasseringa sidan målinga starta i 2010. Det er viktig å hugse på at det kan finnast gode forklaringar bak ei svak tabellplassering og ei god plassering kan skuldast flaks eller tilfeldige forhold. Det er også naturleg at ein kommune har nokre gode og nokre dårlege plasseringar.

Føremålet med barometeret er å gje eit lettfatteleg bilete av korleis kommunen presterer/kor gode tenestene er målt mot resten av Kommune-Noreg, for å bidra til ein meir opplyst lokaldemokratisk diskusjon

Kommunebarometeret er ei årleg rangering av alle kommunar gjennomført av Kommunal Rapport på grunnlag av offentleg tilgjengeleg data frå offisielle kjelder. 2018-barometeret inkluderer 151 ulike nøkkeltal innan 12 forskjellige kategoriar.

Kommunebarometeret er inga vurdering av om innbyggjarane får gode **nok** tenester, men om det ser ut til at kommunen har noko å lære av andre – basert på kor nær kommunen sine målbare resultat er kommunane med best resultat. Barometeret er heller ikkje ein konkurranse i å drive billigast, utan omsyn til tenestene. Viktigare enn

tabellplasseringa er om kommunen har fått betre eller dårlegare nøkkeltal det siste året.

Utvikling over tid (sammenliknbar serie)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Nøkkeltallene alene	141	196	168	206	137	228	318	215	257	189
Totaltabellen - justert for økonomiske forutsetninger	141	133	110	195	121	188	251	159	122	70
Grunnskole				81	97	122	231	236	152	199
Pleie og omsorg	263	276	235	203	308	292	334	283	269	307
Barnevern					172	137	199	245	130	82
Barnehage						269	299	221	321	112
Helse	227	381	402	419	253	390	381	295	381	317
Sosial	58		77	73	138	178	92	75	123	160
Kultur	272	365	346	328	331	290	232	279	268	270
Miljø og ressurser	282	235	201	98	14	283	205	215	170	190
Saksbehandling	181	285		88	55	40	76	30	77	90
Vann og avløp							138	134	125	189
Økonomi	146	180	269	272	291	293	361	255	356	309
Kostnadsnivå					55	84	83	17	64	69
Nøkkeltall i bruk i barometeret	47	69	110	116	127	123	126	141	152	151
Antall kommuner rangert totalt	429	429	429	429	428	428	428	426	423	422

Plasseringene i denne tabellen er oppdatert med nøkkeltallene som er brukt i 2019-barometeret. Plasseringene vil derfor avvike fra det som ble rapportert for ett eller flere år siden. På den annen side er tidsserien så sammenliknbar som det er mulig å få den.

Vær oppmerksom på at det for noen nøkkeltall som er i bruk nå, ikke finnes ti års historikk. Denne tabellen er derfor aller mest relevant for de siste fire-fem årene.

Eg tek med fylgjande frå hovudanalysen:

«Herøy havner på en 70. plass i den foreløpige utgaven av Kommunebarometeret 2019 fra Kommunal Rapport. Da har vi justert plasseringen med hensyn til økonomiske rammebetingelser. Nøkkeltallene er mye bedre enn hva økonomiske forutsetninger skulle tilsi. Ser vi bare på nøkkeltallene og ignorerer økonomiske forutsetninger, er kommunen på en 189. plass. Samlet sett er nøkkeltallene til Herøy ørlite bedre enn normalen i Kommune-Norge.

Andelen lærere som oppfyller kompetansekravene i norsk, engelsk og matematikk har økt nasjonalt de siste årene. 78 prosent av norsklærerne, 69 prosent av matematikklærerne og 57 prosent av engelsklærerne oppfylte i 2018 kompetansekravene. En del lærere i barneskolen som underviser i norsk, engelsk og matematikk i kommunen mangler fordypning ifølge statistikken. De beste kommunene ligger på 97 prosent. På ungdomsskolen oppfyller de aller fleste lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning.

I pleie og omsorg er det en rekke data som ikke er oppdatert for 2018. Rangeringen i denne sektoren er derfor langt mer usikker enn normalt. Ifølge Statistisk sentralbyrå blir resten av dataene publisert 15. juni. 9 av 19 nøkkeltall mangler 2018- data i denne målingen. I disse tilfellene har vi benyttet 2017-tall for å gi et bredest mulig bilde for øyeblikket.

Av dem som bor på sykehjem, har 80,3 prosent omfattende pleiebehov landet sett under ett, per 2017. Andelen øker klart over tid. Det indikerer at innsatsen fortsatt dreies over mot hjemmebasert omsorg, og at man må være mer pleietrengende enn før for å få sykehjems plass. Forutsatt at kommunen har gode tilbud på lavere trinn i omsorgstrappa, bør de fleste som bor på sykehjem ha omfattende bistandsbehov. I Herøy er det 80 prosent som er i denne kategorien.

Det er anslått nasjonalt at fire av fem over 80 år på sykehjem har en grad av demens. Antallet skjermede plasser for demente på sykehjem nasjonalt ligger på omtrent halvparten av dette nivået. Snittet per 2017 ligger på 37,4 prosent. Målt mot hvor mange over 80 som faktisk bor på sykehjem, har kommunen noen flere skjermede plasser enn gjennomsnittet. I Herøy tilsvarer antall plasser i skjermet enhet for demente 52 prosent av antallet over 80 som faktisk bor på sykehjem. Denne dekningsgraden er omtrent som for ett år siden.

Fra 2020 vil kommunene få en lovpålagt plikt til å ha et dagaktivitetstilbud for hjemmeboende med demens. Mange kommuner har dette for en større eller mindre andel av målgruppa. Bare 155 kommuner har rapportert tall for dette til Helsedirektoratet. I disse kommunene er det i snitt hver fjerde hjemmeboende med demens, som har vedtak om dagtilbud. Ingen av de hjemmeboende med demens i Herøy har vedtak om dagaktivitetstilbud. Her må det skje noe for å oppfylle nye lovkraft fra neste år.

Nasjonalt har andelen saker i barnevernet som tar mer enn 3 måneder å behandle, gått litt ned også i fjor. I snitt overholder kommunene nå den normale saksbehandlingsfristen i lovverket i 88 prosent av sakene. Andelen fristbrudd er halvert på noen få år, og har aldri vært lavere. I Herøy ble 91 prosent av sakene behandlet innen den vanlige tremånedersfristen. Sett de fire siste årene under ett, er statistikken middels.

Bemanningen i de kommunale barnehagene i Herøy er klart lavere enn i de beste kommunene. Som regel er bemanningen lavere jo større kommunen blir. Ifølge tall fra Statistisk sentralbyrå ble bemanningen -6,35 prosent dårligere i fjor. Var det et planlagt kutt eller mer tilfeldige variasjoner?

Andelen av barn med minoritetsbakgrunn som går i barnehage, fortsetter å øke nasjonalt. Snittet er nå 85,3 prosent. Det er den høyeste andelen som er målt. I Herøy går 90 prosent av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølge tallene. Det er midt på treet målt mot resten av landet. Ulike telletidspunkt for barn i barnehage og antall minoritetsspråklige barn er en marginal feilkilde. I årets kommunebarometer har vi tre nøkkeltall for utslipp av klimagasser. Tallene viser at utslippene i alle tre kategorier har gått tydelig tilbake de siste årene. Herøy slipper ut 9694 kilo klimagasser per innbygger (målt i CO₂-ekvivalenter). Kommunens utslipp er litt høyere enn de fleste i KommuneNorge.

Kommunal Rapport korrigerer netto driftsresultat for å vurdere driftsøkonomien. Nytt av året er at en del kommuner får inntekter fra Havbruksfondet. Denne utbetalingen er trukket fra, for å gi et bedre bilde av den langsiktige, løpende driftssituasjonen.

Nasjonalt ble korrigert netto driftsresultat på 1,6 prosent i 2018. For dette nøkkeltallet kan det være viktigere å se på kommunens eget resultat, enn hvordan man klarer seg mot resten av landet.

Korrigert netto driftsresultat var -1,5 prosent i fjor. Teknisk beregningsutvalg anbefaler en pluss på 1,75. Målt over de siste fire årene har driften gått i pluss. Herøy har litt penger på 'bok' i form av disposisjonsfond, men det bør nok bli større for å kunne være en solid buffer i regnskapet. Har kommunestyret vedtatt et mål for hvor stort disposisjonsfondet bør være? Netto renteeksponert gjeld i kommunen er mer enn dobbelt så høy som landsgjennomsnittet. Investeringsnivået har vært ganske lavt i Herøy de fire siste årene.»

7.2 Brukarundersøkingar 2017:

- **Barnehage**

Gjennomsnittresultatet ved dei to førre målingane var 5,3. (1 er dårlegast, 6 er best) Gjennomsnittresultatet i landet i 2017 er 5,2. I Herøy er gjennomsnittresultatet 5,4.

- **Legeteneste**

Brukarundersøking er gjennomført ved den private legetenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjenge og informasjon.

- **Fysioterapi**

Brukarundersøking er gjennomført ved den private fysioterapitenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjenge.

- **PU**

Herøy kommune får ein poengscore på 4,4 poeng, mot landet som har 4,6 poeng.

På kategorien trivsel, som er kategorien Herøy kommune scorar desidert lågast på samanlikna med landet, gjeld dette tilbakemeldingar på jobb/dagaktivitet, fritid og ferietilbod. Det er særskilt på ferietilbod vi kjem dårleg ut, med ein score på 2,9 poeng mot landet som har 4,1 poeng på dette spørsmålet. Trivselen i bustaden er derimot høg, med ein score på 5,1.

Når det gjeld brukarmedverknad, som er den kategorien med lågast poengscore totalt sett både i Herøy og i landet, kjem vi betre ut enn landet på spørsmål om brukaren er med å bestemme innhaldet i individuell plan og om brukaren veit kven som er koordinator. Det spørsmålet vi kjem dårlegast ut på i Herøy, er om brukarmedverknad vert ivaretatt på annan måte enn gjennom individuell plan. Her får vi ein score på 3,6 medan snittet i landet er 4,4.

- **Institusjon (sjukeheim)**

Resultat frå brukarundersøking våren 2017. I denne kartlegginga er det næraste pårørande som har svart på vegne av bebuar på institusjon. Herøy kommune kjem totalt sett betre ut enn landssnittet.

- **Ungdata**

Ungdata er eitt av fleire verktøy som gir oss informasjon om status i oppvekstmiljøet. Vi har i tillegg andre både kvantitative og kvalitative verktøy som vi må nytte når vi skal oppsummere status som grunnlag for strategiar og tiltak.

Resultata frå Ungdata vil bli brukt vidare både på leiarnivå i den enkelte fagavdeling, samt i det tverrfaglege arbeidet, med analyse og vurdering av årsaker og tiltak. I dette arbeidet vil den rapporten som vert kalla Trendrapport Herøy 2017 vere nyttig. Denne viser ei samanlikning mellom svara i 2014 og 2017, og viser dermed positiv og negativ utvikling.

- **Innbyggjarundersøkinga**

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultata samsvarar også med resultata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet

7.3 Tilsyn og klagesaker

I 2017 vart det gjennomført 23 tilsyn med til saman 60 avvik. 19 tilsyn har gått på bygningar, 1 på skatt, 1 på sentraladministrasjon og 1 på ROP (rus/psykiatri).

Det ligg ikkje føre ein samla oversikt over klagesaker i 2018.

7.4 Årsrapport sektor Stab

Tenester og oppgåver i sektoren

Sektor Stab omfatta Dokumentsenter og politisk sekretariat, innkjøp, Servicetorget, Personal- og organisasjonsavdelinga, Økonomiavdelinga, Egedomsavdelinga. IKT-avdelinga vart ved årsskifte 2018 overført til SSIKT. Kommunalsjef Stab er leiar for sektoren og har eiga leiargruppe.

Sektor Stab har som primæroppgåve å syte for interne tenester i organisasjonen innanfor ulike fagfelt. For å levere gode tenester må Stab samhandlar og samarbeider på ulike organisatoriske nivå, med leiarar, medarbeidarar, tillitsvalde og politisk leiing.

Dokumentsenter, politisk sekretariat, innkjøp og leiing:

Dokumentsenter og politisk sekretariat skal yte merkantil internservice til driftseiningane, dei andre stab- og støttefunksjonane, ordføraren, andre folkevald og politiske utval. Dokumentsenter og politisk sekretariat er primært eit internt serviceorgan. Eksterne tenester dreier seg stort sett om utskrifter frå postlista på nett, status for innsende dokument og spørsmål om politiske vedtak.

Dokumentsenter og politisk sekretariat er sekretariat for politisk utval medrekna valstyret og har ansvar for gjennomføringa av kommune- og stortingsvala.

Kommunen har sentralarkiv og all post til sak/arkivsystemet vert skanna, journalført og arkivert. Avdelinga har også ansvar for møteinnkallingar, trykking og distribuering av saklister og møtebøker til dei politiske utvala.

Servicetorget:

Servicetorget har bl.a. ansvar for publikumsmottaket, intern og ekstern informasjonsarbeid. Avdelinga syt for oppdateringar både på Herøy kommune si nettside, intranettside, Facebook, Twitter, Instagram og infoskjerm. Dei skriv nyhendeartiklar, lager annonser for aviser og nettsider, lagar videosnuttar og informasjonsmateriale. Det meste av arbeidstida er knytt til rettleiing, registreringar og sakshandsaming for dei andre avdelingane.

Personal- og organisasjonsavdelinga:

Personal- og organisasjonsavdelinga har stab og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane. Avdelinga har ansvar for lønnsutbetaling, søknad om tenestepensjon frå Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) samt innkrevjing av refusjon sjukepengar. Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråværsoppfølging, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKA arbeid og HMS i organisasjonen. Ei viktig oppgåve er og å gi leiarane støtte og hjelp i personalfaglege spørsmål og i utøvinga av leiarane sitt personalansvar, samt å være kontaktledd mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

Økonomiavdelinga:

Avdelinga fører rekneskapen for Herøy kommune, Opplæringskontoret, Herøy kyrkjelege fellestråd, Ytre Herøy sokn, Indre Herøy sokn og Leikanger sokn og Sande kyrkjelege fellestråd.

Avdelinga syter for utsending av kommunale krav (fakturaer) og innfordring av desse. Skatterekneskapen inklusiv kontroll og innfordring (særnamsmannskompetanse). Avdelinga har også ansvar for sakshandsaming, finans (lån og plasseringar) og opplæring innan økonomiområdet.

Eigedomsavdelinga:

Avdelinga er tildelt ansvaret for forvaltning, drift, vedlikehald og vidare utvikling av kommunale bygg. Ansvarsområdet omfattar om lag 64 000 m² BTA bygningsmasse, fordelt på om lag 54 000 m² formålsbygg og 10 000 m² utleigebustadar.

Forvaltning

Forvaltning omfattar personal- og økonomiforvaltning, inn- og utleige av formålsbygg og næringsbygg, utarbeiding av forsikringsavtalar og oppfølging av forsikrings saker innanfor tingsområdet, utarbeiding og revisjon av kommunedelplan for bustadpolitikk og kommunedelplan for klima og energi, oppfølging av offentlege tilsyn og pålegg og strategisk vidareutvikling av kommunale bygg.

Byggdrift

Byggdrift omfattar alle oppgåver som er naudsynte for at kommunale formålsbygg og utleigebustadar fungerer som tiltenkt i det daglege.

Bustadforvaltning, startlån og tilskot:

Bustadforvaltning omfattar inn- og utleige av kommunale utleigebustadar og handsaming av søknadar om startlån og tilskot til etablering og/eller tilpassing.

Reinhold

Reinhold omfattar dagleg og periodisk reinhold samt hovudreingjering i kommunale formålsbygg og einskilde kommunale utleigebustadar.

Kantinedrift

Kantinedrift ved Herøy rådhus.

Prosjekt

Prosjekt omfattar planlegging og gjennomføring av større vedlikeholdstiltak, byggeprosjekt (nybygg, tilbygg og totalrehabilitering av kommunale bygg) og andre mindre investeringstiltak i tilknytning til kommunale bygg.

IKT - SSIKT

Det vert syn til lokal prosjekttiltaksplan 2018.

Årsverk

Stillingsheimlar inklusiv vakanse	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Personal- og organisasjonsavdelinga	4,0	4,5	5,0	5,0	5,1	5,3	4,7	4,45
Økonomiavdelinga	7,0	7,0	7,0	7,3	8,3	-	-	-
Servicetorget	5,5	5,5	5,5	5,5	5,5	-	-	-
Eigedomsavdelinga	30,1	30,1	30,1	30,1	30,1	-	-	-
Dokumentsenter og politisk sekretariat	2,5	2,5	2,5	2,5	2,5	-	-	-
Innkjøp	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	-	-	-
Kommunalsjef stab	1,0	0,5	-	-	-	-	-	-
IKT-avdelinga	-	3,0	3,0	3,0	4,0	-	-	-
Totalt	51,1	54,1	54,1	54,4	56,5	-	-	-

Sektoren har hatt 2,4 stillingsheimlar vakant i 2018:

- Servicetorget 1,0 stilling
- Økonomiavdelinga 0,8 stilling
- Dokumentsenteret 0,6 stilling

Frå 1.1.2019 er det bestemt å redusere med 1,4 stillingsheimlar:

- Servicetorget 1,0 stilling
- Økonomiavdelinga 0,3 stilling
- Dokumentsenteret 0,1 stilling

Dokumentsenteret nyttar 0,5 stilling ved tilsetning av avdelingsleiar og Økonomistillinga har 0,5 stilling vakant.

Tenestene:

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar, Kommunebarometeret.	Avvik og klager. Tilsyn.
Status 2017		23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2021	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2018	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Tiltak 2018		
Alle sektorar		Sektorvis oppfølging og rapportering av avvik i Compilo kvart tertial.
Status:		Gjennomført: - Totalt 9 avvik er rapport til Stab
		Implementering av nytt personvernreglement, med dei oppgåvene som ligg til det. Samarbeid med SSIKT.
Status:		Gjennomført:
Stab	Betre digital plattform for publikum, tilpassa mobil og nettbrett.	Kontinuerleg oppdatering av nettside som gir betre søk og informasjon. T.d. ved: - Samle alt planverk på ei side - Samle resultat av brukarundersøkingar på ei side
Status:	Gjennomført:	Gjennomført
	Digitalisering og kvalitetssikring av reinhaldsplan for kommunale bygg. Dette betyr: - digitalisering av planteikningar - revisjon av romnummerering - kvalitetssikring av reinhaldsnivå og standard.	Kassasjon og arkivering hos IKA (fjernarkiv).
Status:	Gjennomført	Pågår, og vil halde fram i 2019

	Intern brukarundersøking for Stabs- tenestene.	Arbeide med å auke del EHF-faktura frå 62% i 2017 til 75% i 2018.
Status:	Gjennomført:	Pågår, oppnådd 73%. Vil halde fram i 2019
	Etablere forslagskasse for innbyggjarane til politikarane.	Oppretting av avvikskanal for innbyggjarar.
Status:	Gjennomført	Gjennomført
		Eablering av rutinar og handsaming av kommunal borgarleg vigsel.
Status:		Gjennomført

Prosjektplanar Eigedom og IKT:

Prosjekt som går over lokalt investeringsbudsjett i Herøy kommune er påført estimert kostnad. Økonomiske rammer IKT-investeringar i Herøy 2018 er på 1 500 000, i tillegg til 500 000 som er øymerka velferdsteknologi.

Investeringstiltak lokalt IKT:

Infrastruktur	Tal	Kroner	Status
Kabling velferdsteknologi eRom Myrvåg omsorgssenter		250 000	Gjennomført
Kabling velferdsteknologi og utbygging av trådlusdekning PO/BuHab		250 000	Gjennomført, held fram i 2019
Utbygging av trådlusdekning skule		250 000	Gjennomført
Utbygging 10G nettverk mellom kommunale bygg		200 000	Gjennomført
Maskinrullering			
Herøy legesenter	25	250 000	Gjennomført
Myrvåg Legekontor	13	130 000	Gjennomført
Herøy og Sande legevakt	3	30 000	Gjennomført
Herøy kyrkjelege fellesråd	14	140 000	Gjennomført
Stokksund skule klassesett	30	200 000	Gjennomført
Tynnklientar administrasjon		100 000	Gjennomført
Lånepc/kurstralle rhu og po	25	200 000	Gjennomført

Andre prosjekt			
Meiroke/sjølvetent bibliotek		Felle/eige budsjett	Gjennomført
Nytt skuleadministrativt system		SSIKT	Gjennomført
Oppdatering Agresso, elektronisk reiserekning		SSIKT	Køyrer pilot i Vanylven kommune og SSIKT
Totalt	110	2000 000	

Investeringsiltak Egedomsavdelinga:

Generelle postar	Aktivitet	Status
Asbestsanering	1. Kartlegging av asbest.	Gjennomført
	2. Sanering av asbest	Pågår
	3. Naudsynte fylgjetiltak	Pågår
Asfaltering	Asfaltering av uteområde.	Pågår
Brannsikring	Prioritering mellom meldte avvik	Pågår
	Gjennomføring av tiltak	Pågår
Desentralisert ventilasjon	Etablering av desentralisert vent.	Pågår
EPC	Ferdigstilling av analysefase.	Avslutta
Leikeplassar	Oppgradering av uteområde.	Pågår

Stab	Aktivitet	Status
Herøy rådhus	1. Ombygging av hovudinggang	Utført
	2. Bygging av rullestolrampe	Utført
	3. Sanering av trappeheis	Utført
	4. Nye ytterdører og skalsikring.	Utført
	5. Nye branndører og soneinndeling	Utført
Nedre Dragsund 2	Tilrettelegging for vidare utleige.	Pågår
Oppvekst	Aktivitet	Status
Bergsøy skule Borga	1. Klargjering for asbestsanering	Ikkje påbegynt

	2. Asbestsanering	Ikkje påbegynt
	3. Etablering av desentralisert ventilasjon	Pågår
	4. Rehabilitering fasade sør-aust	Ikkje påbegynt
	5. Ombygging av varmesystem	Ikkje påbegynt
Bergsøy skule Blåhaugen	1. Utarbeiding av skisseprosjekt	Utført
	2. Utarbeiding av kostnadskalkyle	Utført
Einedalen skule	Fleirbrukshall	Pågår
Leikanger skule og grendahus	1. Asfaltering	Utført
	2. Økonomisk avslutning	Pågår
Moltu skule	Solskjerming	Ikkje påbegynt.
Stokksund skule	Nye vindauge - byggetrinn 1	Ikkje påbegynt
Helse og omsorg	Aktivitet	Status
Herøy omsorgssenter – blå	Bygging av uteplass ved Dagsenteret. Finansiert med private midlar	Utført
Herøy omsorgssenter – gul	Miljøkartlegging	Utført
	Miljøsanering og riving	Utført
Herøy omsorgssenter - raud/grøn	Prosjektering av fullsprinkling	Utført
Myrvåg omsorgssenter	Planlegging av ombygging	Utsett
Sjukeheimsvegen 14	1. Nytt yttertak	Utsett
	2. Nye ytterdører	Utsett
	3. Nytt verandarekkverk	Utsett
Storenesvegen 30-36	1. Nytt yttertak	Utsett
	2. Ny fasadekledning	Utsett
Samfunnsutvikling	Aktivitet	Status
Herøy kulturhus og idrettshall	1. Nye ytterdører og skalsikring.	Utført
	2. Nye branndører og soneinndeling	Utført
	3. Fasaderehabilitering	Påbegynt
	4. Rehabilitering av publikumstoalett	Utsett
	5. Andre naudsynte tiltak	Utsett
Herøy gard	Prosjektering av brannsikring	Pågår
Herøy brannstasjon	Kjøp av tomt	Utgår
	Klargjering av tomt	Påbegynt.
	Nybygg	Påbegynt.

7.5 Årsrapport sektor Oppvekst

Tenester og oppgåver i sektoren

Sektor Oppvekst omfattar barnehage, grunnskule, kulturskule, pedagogisk- psykologisk tenestekontor og Internasjonal skule.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Kommunen har 4 kommunale og 5 private barnehagar.

Grunnskulen arbeider etter nasjonale styringsdokument som opplæringslova m/forskrifter, læreplanverket, ulike stortingsmeldingar og rundskriv.

Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggande ferdigheiter og oppleve meistringar og utfordringar i skulen. Grunnskulen bygger på prinsippet om likeverdig og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande fellesskule.

Målet for dei vaksne på Internasjonal skule, er å hjelpe den enkelte til eit meir meningsfylt liv i det norske samfunnet. Dei skal få tilstrekkeleg norskopplæring og kunnskap om det norske samfunnet til å styrkje grunnlaget for sjølvstendig innsats og samarbeid med andre i yrke og samfunnsliv.

Alle kommunar skal ha eit kulturskuletilbod til barn og unge, i tråd med opplæringslova. Kulturskulen i Herøy er mellom dei største i fylket, med undervisning i fleire musikkuttrykk, dans og drama.

PPT skal hjelpe skular og barnehagar i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Tenesta skal i tillegg vere eit sakkunnig organ.

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet. Oppstarta satsingar skal fullførast	Kvalitet i tenestene. Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis måle?	Nasjonale prøver Elevundersøkinga Avgangseksamen Profesjonelt skjønn	Avvik og klager. Tilsyn.
Tiltak 2018		
	Revidere strategi- og handlingsplanar.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming
	Kompetansebygging i barnehagane, fokus på	

	kvalitet, vaksenrolla, læring og utvikling.	
	Tiltak for å inkludere, samt meistring i barnehagar og skular	
	Beredskapsteam og innsatsteam for trygge elev- og læringsmiljø	
	Tiltaksplan for auka leseferdigheiter	
	Implementere nytt digitalt adm. program	Kvalitetssikre malar og prosedyrar
Resultat 2018		
	Alle tiltak er gjennomførde, med godt resultat og vidare oppfølging. Unntaket er felles tiltaksplan for auka leseferdigheiter, som er under vurdering.	Tiltak gjennomført. Har hatt 1 tilsyn frå Fylkesmannen, med merknader om punkt som skal rettast. Gjennomført og godkjent.

Nøkkeltal	2016	2017	2018
Kommunale barnehagar	4	4	4
Barneskular	5	5	5
Kombinerte skular (1-10)	1	1	1
Ungdomsskular	1	1	1
Barn i kommunale barnehagar	121	116	119
Andel barn med barnehageplass	95,3%	92,6%	-
Elevar barnetrinn	749	739	726
Elevar ungdomstrinn	303	322	311
Elevar i SFO	299	271	238
Elevplassar musikkundervisning	301	242*	227*
Elevplassar andre kulturuttrykk	302	299	279

* I tillegg: Prosjekt "Korps i barnehage og skule", der barn får opplæring i messingblåseinstrument og samspel. Dette er eit samarbeid mellom grunnskule, kulturskule og lokale korps.

	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
Tal på elevar	1052	1059	1061	1037
Tal på årsverk lærarar	99,7	100	98,5	96,5
Tal på lærarar	113	113	115	114
Tal på elevar pr. årsverk til undervisning	12,4	12,2	12,3	12,1
Årsverk ass/fagarb. i undervisning	12	12	13	14
Årsverk ass/fagarb. SFO	9	11	13	13,6
Lærartettleik 1.-7.trinn	12,9	12,6	12,6	12,3
Lærartettleik 8.-10.trinn	14,9	15,3	15,8	16,1
Undervisningstimar totalt pr. elev	58	58	58	59
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	98,4	97	98,6	99,3
Årsverk pedagogar i barnehage	12,9	11,2	13,8***	16,7%***
Årsverk assistentar/fagarb. i barnehage	11,7	13,3	12,1	13,8****
Årsverk tilsette PPT	5,05	5,05	5,05	5,05
Årsverk tilsette kulturskulen	8,76	8,68	8,19	
Årsverk tilsette Vaksenopplæring (norsk, samfunnsfag)	4,0	7,5*	4,0	4,0
Årsverk stab Oppvekst, Inkl. kommunalsjef	3,0	3,0	4,0 **	4,0

*Pga. mindreårige asylsøkjjarar, avd EMA

** Pga. omorganisering, og tidl. barnehageleiar inn i stab oppvekst

*** Inklusiv styrarar, samt spesial- og støttepedagogar (4) felles for alle barnehagar

**** 5 årsverk ekstra assistent til funksjonshemma barn i kommunale og private bhg.

Nokre samanlikningar for 2018 (skuleåret 2018/19)

	Herøy	Nasjonalt
Tal på elevar pr. årsverk til undervisning	12,1	12,0
Lærartettleik 1.-7.trinn	12,3	12,8
Lærartettleik 8.-10.trinn	16,1	14,3
Undervisningstimar totalt pr. elev	59	60
Andel årstimar gitt av godkjent personale (prosent)	99,3	95,8

Nasjonale kvalitetsindikatorar grunnskule

Prøvetype Nasjonale prøver	Herøy kommune	Nasjonalt
Lesing 5. kl.	47	50
Rekning 5.kl	48	50
Engelsk 5. kl.	48	50

Prøvetype Nasjonale prøver	Herøy kommune	Nasjonalt
Lesing 8.trinn	46	50
Lesing 9.trinn	49	53
Rekning 8.trinn	47	50
Rekning 9.trinn	52	54
Engelsk 8.trinn	48	50

Fag Eksamen	Herøy	Nasjonalt
Norsk hovudmål skriftleg eksamen	3,1	3,5
Norsk Munnleg eksamen	4,4	4,5
Matematikk skriftleg eksamen	3,3	3,6
Engelsk Skriftleg eksamen	3,6	3,7
Engelsk Munnleg eksamen	3,9	4,5

	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Grunnskolepoeng gjennomsnitt	39,9	42,1	39,1	41,6	40,6

For resultat elles, viser ein til Tilstandsrapporten for grunnskulen 2018.

Viser også til revidert Strategi for skuleutvikling, med kvalitetsmål og handlingsplanar for 2018-22.

7.6 Årsrapport sektor Helse og omsorg

Tenester og oppgåver i helse og omsorg

Sektor helse og omsorg omfattar avdelingane pleie og omsorg, barn, familie og helse, bu og habilitering og tenestekoordinerer.

Gjennom helse og omsorg skal kommunen

- sikre at alle som har behov for helse- og omsorgstenester vert gitt tryggleik for nødvendige og individuelt tilpassa tenester.
- sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod som tek i vare kontinuiteten i tenesta.
- bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meningsfullt tilvære i fellesskap med andre.
- sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren.
- fremje innbyggjarane si velferd ved mellom anna å fokusere på folkehelse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, søkje og førebyggje og behandle sjukdom, skade eller lyte innan dei områda avdelinga har ansvar for.
- særleg sikre at innbyggjarar som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid, samt bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår.
- spreie opplysning om, og auke interessa for, kva den enkelte sjølv og allmenta kan gjere for å fremje sin eigen trivsel og helse.

Standard for heimehjelp, heimesjukepleie og institusjonsomsorg er fastsette i tenesteerklæringar som er vedtekne av kommunestyret.

Mål og måloppnåing tenester

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar, Kommunebarometeret.	Avvik og klager. Tilsyn.
Status 2017		23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2021	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2018	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Tiltak 2018		
Alle sektorar		Sektorvis oppfølging og rapportering av avvik i Compilo kvart tertial.
Status helse og omsorg		Gjennomført
		Implementering av nytt personvern-reglement, med dei oppgåvene som ligg til det. Samarbeid med SSIKT.
Status helse og omsorg		GDPR-protokoll er på plass
Helse og omsorg	Gjere undersøkingar så tilgjengeleg (brukarvenleg) som mogleg, og betre annonseringa i forkant, for å auke deltakingsprosenten	Kompetanseheving for alle sakshandsamarar, med fokus på heilskapleg og lik sakshandsaming i heile sektoren
Status:	Under arbeid	Gjennomført
	Deltaking i læringsnettverket, heilskaplege pasientforløp, men tanke på å auke i kvalitet og koordinering	Gjennomgang av praksis for å sikre at «like tilfelle handsamast likt»
Status:	Gjennomført	Under arbeid
	Deltaking i velferdsteknologiens ABC. Ulike velferdsteknologiske tiltak vil kunne gi auka oppleving av kvalitet og dermed bidra til betre resultat på brukarundersøking eller resultatmålingar.	Utvikling og oppdatering av prosedyrar i Compilo. Prioritere særleg prosedyrar kor ulike fagfolk har ulike roller men må samarbeide for å utvikle ei god teneste overfor den einskilde brukar
Status:	Under arbeid	Under arbeid

	Enda større fokus på fagleg utvikling og samhandling mellom ulike fagområde til beste for den enkelte brukar	Klarspråksatsing – brukarvenleg søknadsskjema med enkel brosjyre, i tillegg til oppdatert nettside om helse og omsorgstenester med folkeleg språk
Status:	Under arbeid	Gjennomført
	Rullering av ny kommunedelplan for helse og omsorg	
Status:	Under arbeid	

Pleie og omsorg og bu og habilitering

Nøkkelinformasjon	2016	2017	2018
Tal på omsorgsbustad helse og omsorg	109	109	150
Ressurskrevjande brukarar	11	12	13
Tal på sjukeheimplassar	101	91	91
Øyeblikkeleg hjelp – senger	2	2	2
Dagplassar institusjon	16	16	16
Døgnbot til HF for utskrivingsklar	0	1	14
Tal på innbyggjarar som har hatt matombering	76	126	103
Tal på innbyggjarar som har hatt tryggleiksalarm	198	208	215
Tal på innbyggjarar som har hatt omsorgsstønad	23	30	31
Tal på innbyggjarar som har hatt støttekontakt	107	145	124
Vedtak om brukarstyrt personleg assistent	1	1	3
Tal på innbyggjarar som har hatt vedtak om familiestøtte	-	-	0
Tal på innbyggjarar som har hatt heimeteneste	337	377	397
Tal på innbyggjarar som har hatt praktisk bistand	220	240	247
Tal på vedtak i helse og omsorg	1583	1764	1713
Tal på personar som har fått vedtak	557	564	583
Avslag	24	44	57
Tal på klage	3	9	8

Merknad:

I 2018 vart tildeling av alle kommunale bustadar samla til Helse og omsorg, avdeling for tenestekoordinering. Tidlegare var omsorgsbustadar tildelt frå pleie og omsorg og bu og habiliteringsavdelinga, og gjennomgangsbustadar tildelt frå eigeomsavdelinga.

Rapport er tatt ut ifrå rolle systembrukar-liggedøgn i Gericca, slik at vi får med folk som har avslutta i løpet av året. Rapport som er brukt på vedtak og avslag er rapport 53.

Rapport som er brukt på tal på folk som har vore innom tenestene i 2018 er rapport 115.

- Avslag gjeld i hovudsak bustadtildeling
- 2 klagesaker vederlag – ikkje handsama hjå Fylkesmannen
- 3 klagesaker kommunal klagenemnd – 1 klagar fekk medhald
- 3 klagesaker Fylkesmannen – kommunen fekk medhald

Tala frå 2016 er samanslåtte tal frå rapportar i pleie og omsorg, og bu og habilitering.

Liggedøgn institusjon:

Herøy helse og omsorgssenter, 56 senger fordelt slik:

Grøn avd 20 senger

Raud avd 20 senger

Blå avd 16 senger

Samla liggedøgn i perioden: 20 521 liggedøgn/365 dagar utgjer 56,22 pas i gjennomsnitt kvar dag av 56 senger (100,39%). I tillegg nyttar vi oss av eit ekstra rom på Blå avdeling i periodar.

Myrvåg omsorgssenter, 35 senger fordelt slik:

Avd A 17 senger

Avd B 18 senger

Samla liggedøgn i perioden: 12 299 liggedøgn/365 dagar utgjer 33,69 pas i gjennomsnitt kvar dag av 35 senger (96,26%).

Til saman: 32 820 liggedøgn/365 dagar er 89,91 pas av 91 senger.

Beleggsprosenten i perioden samla: 98,8%. I 2017 var beleggsprosenten 99,6%.

Øyeblikkeleg hjelp, 2 senger.

150/365 dagar er 0,41 pas i gjennomsnitt, fordelt på 2 senger. Beleggsprosenten i perioden: 20,5% (basert på tall i Gericca). I 2017 var beleggsprosenten 15,3% (basert på tall i Gericca).

Tal på nye brukarar som har fått opphald i institusjon:

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Langtid	56	47	37	53	50	57	45	42	55	36
Korttid	60	57	54	90	87	82	103	99	118	145
Avlastning	0	2	0	3	2	0	2	1	0	3
Sum	116	106	91	146	139	139	165	142	173	184

Pasienttalet har auka etter samhandlingsreforma, og er over dobla sidan 2011. Merk særskilt auken i korttidsopphald.

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog

Det vart ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2018, men avdelingane melder om gjennomgåande god dialog og tilbakemelding frå brukarane, og talet på klager er stabilt. Ny undersøking er planlagt i 2019 for heimetenesta i pleie og omsorg.

Barnevern:

Nøkkelinformasjon	2014	2015	2016	2017	2018
Melding	67	53	94	78	64
Tal på undersøkingar	36	50	76	66	61
Avslutta undersøkingar	46	42	62	62	69
Barn under omsorg	9	8	9	12	11
Barn på midlertidig tiltak (4-6,2). Beredskapsheim	2	0	0	0	0
Barn med hjelpetiltak pr. 31.12.	58	68	81	61	66
Barn i fosterheim	8	8	9	10	10
Barn i ungdomsheim Barn i barneverninstitusjon	1	1	1	2	1
Barn i ettervern (etter fylte 18 år) pr. 31.12.	6	10	9	8	7

Merknad:

Statistikken viser at barnevernet i løpet av 2018 har arbeidd med 64 nye meldingar/barn. Av desse vart det oppretta undersøkingssaker på 61 av desse. Barn under omsorg og i løypande hjelpetiltak kjem i tillegg. Barn som går ut av omsorg ved fylte 18 år og som ynskjer å bli fylgt opp med ettervernstiltak blir prioritert. Barnevernet har tilsyn med 13 fosterbarn som er plassert i Herøy frå andre kommunar. Brukarundersøking vart gjennomført hausten 2018, med resultat over landssnittet.

Fristar for barnevernsundersøkingar:

Første halvår 2017: 3 fristoverskridingar

Andre halvår 2017: 0 fristoverskridingar

Fyrste halvår 2018: 0 fristoverskridingar

Andre halvår 2018: 1 fristoverskridingar

Helsestasjon og skulehelsetenesta:

Aktuelt	2014	2015	2016	2017	2018
Born fødde	102	92	92	99	93
Heimebesøk til nyfødde	72	88	92	86	82
Foreldreførebuande kurs	25 par	21	23	22	
2 -årskonsultasjonar	Tilbod til 100% - Tilnærma 100% oppslutning	81	90	81	74

4 -årskonsultasjonar	Tilbod til 100% - Mellom 95 - 100% oppslutning	98	88	79	80
HFU konsultasjonar (ope 1dag/2t i veka)	78	113	64	147	193
Vaksinasjonsprogrammet	95-100%	95% men SYSVAK melder om 85%	95%	96%	95,5%
Reisevaksiner	258	668	695	673	680

Organisasjon

Årsverk sektor helse og omsorg: 263,1 årsverk

Årsverk kommunalsjef: 1,0

Årsverk:	2017	2018
Talet på årsverk	1	1
Adm årsverk, KOSTRA funksjon 120	1	1

Årsverk pleie og omsorg: 147,7

Årsverk:	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Talet på årsverk	143,24	141,73	142,23	143,9	143,182	136,2	147,7
Adm årsverk, KOSTRA funksjon 120	5,3	5,3	5,3	5,3	4,5	1,0	0
Fagressurs teneste	137,94	136,43	136,93	138,6	138,6	135,2	147,7

Årsverk bu og habilitering: 60,5

Årsverk	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Talet på årsverk	58,2	58,8	59,4	62,4	62,4	61,4	60,5
Adm årsverk, KOSTRA funksjon 120	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	0
Fagressurs teneste	57,2	57,8	58,4	61,4	61,4	60,4	60,5

Årsverk barn, familie og helse: 46,4

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Talet på årsverk	6+32,2	38,2	38,7	38,7	47,4	46,4	46,4
Adm. årsverk KOSTRA, funksjon 120	1,7	1,7	1,2	1,2	1,7	1,7	0,2
Fagressurs teneste	6+26,96	32,96	33,46	33,46	41,5	40,5	46,2

Årsverk tenestekoordinering: 7,5

Årsverk:	2017	2018
Talet på årsverk	7	7,5
Adm årsverk, KOSTRA funksjon 120	0,2	0
Fagressurs teneste	6,8	7,5

7.7 Årsrapport sektor Samfunnsutvikling

Tenester og oppgaver i sektoren

Å legge til rette for at Herøy kommune er ein god plass å bu, arbeide og besøkje, skal vere gjennomgåande for den aktiviteten som avdelinga styrer etter. Frå 01.01.2017 vart kulturavdelinga ein del av sektor samfunnsutvikling. Frå 01.01.2018 vart sektoren utvida med ei landbruksavdeling. Søre Sunnmøre Landbrukskontor vart omorganisert frå å vere eit interkommunalt selskap til vere organisert i ei vertskommuneavtale om felles landbrukskontor. Herøy kommune vidareførte samarbeidet med kommunane Hareid og Ulstein, og vart vertskommunen i samarbeidet. Avtalen med Sande kommune om sal av kommunale skogtenester held fram.

Avdelinga sitt arbeid omfattar eit vidt spekter av oppgåver som planlegging, byggesak, geodata, gjennomføring av anleggsprosjekt, teknisk drift av infrastruktur, VAR- område, naturforvaltning, friluftsliv, museum, idrettsanlegg, kulturmidlar, førebyggjandearbeid barn og unge, kulturproduksjon, folkebibliotek, frivilligsentral, rettleiing, lov- og tilskotsforvaltning innafor jordbruk, skogbruk og viltområdet m.m.

Utfordringane varierer frå tenesteområde til tenesteområde, men ein skal oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda. Sektoren skal vere kjend for å:

- Sikre god brukarmedverknad og løypande utvikling i tenesteytinga
- Leverer tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Felles mål

Planlagde driftstiltak	Gjennomføring
Forankre serviceplakat, etiske retningslinjer, kommunikasjonsplan og kjerneverdier	Arbeidet har starta og vil bli vidareført i 2019
Gjennomføre samarbeidsprosjekt på tvers avdelingar i sektoren, minimum 3 prosjekt.	AD og Utvikling har hatt samarbeidsprosjekt knytt til Byutvikling. UTV og Kultur har hatt samarbeidsprosjektet Adventsparken. AD og Kultur har hatt samarbeid opp mot NAV prosjektet.
Gjennomføre brukarundersøking på utvalde tenester i alle avdelingar i sektoren. Minimum 1 brukarundersøking pr. avdeling	Ifm. innføringa av GDPR-regelverket knytte det seg usikkerheit kring kva som var lov å nytte av gjeldande telefonnummer/e-postadresse for utsending av brukarundersøkingar. Grunna dette vart det fyrst gjennomført ei (1) elektronisk brukarundersøking på slutten av året, då som eit testprosjekt i regi av utviklingsavdelinga på vegne av heile sektoren.

Utviklingsavdelinga

Planlagde driftstiltak	Gjennomføring
Etterslepet av ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker (bygge-, dele- og dispensasjonssaker) skal vere så lavt som råd.	I løpet av 2018 er det registrert inn 169 nye saker medan det vart produsert 169 vedtak. Avdelinga ser ein nedgang av innkomne saker, men kompleksiteten aukar.
Saksbehandlingstida for oppmålings-forretningar skal vere kortare enn lands-gjennomsnittet og kurante saker skal ha ei maks. behandlingstid på 12 veker (frå behandla delesak til tinglyst matrikkelbrev).	I 2018 vart det oppretta 107 grunneigedomar. 50 eigarseksjonar. 7 jordsameige. Ein ser ein klar nedgang i saksmengder innanfor dette ansvarsområdet knytt til frådelingar.

Anlegg og driftsavdelinga

Planlagde driftstiltak og investeringar	Gjennomføring
Bru til Vågsholmen	Prosjekteringsfasen
Infrastruktur Nørvågen	Prosjekteringsfasen
Almenningen	Delvis ferdigstilt.
Myrabakken bustadfelt på Moltu	Ferdigstilt
Solparken	Avklaringsfasen
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar.	Løpande
Lisjevatnet i Dragsund	Ferdigstilt
Infrastruktur Bø / Arhaug	Avklaringsfasen
Telenor basestasjon Runde	Ferdigstilt.
Trafikktryggingstiltak	Løpande
Mjølstadneset etappevis utbygging	Løpande
Leine hamn, heving av industriveg m.m.	Ikkje oppstarta
Avlaupsplanen	Løpande
Byutvikling	Løpande
Grøft for overvatn Huldalsvegen	Avklaringsfasen
Oppgradering av veg Kleppeåsen	Ikkje oppstarta

Brann og redning

Brann	Måleindikator	Mål 2018	Resultat 2018
Feiing og tilsyn	Feiing av pipe og tilsyn av eldstad	Halde same frekvens som i 2017.	Feia piper: 1032 Tal på tilsyn: Tilsyn vart ikkje gjennomført i 2018 pga. foreldrepermisjon og nytilsetting av feiar. Tilsyn er i gang i 2019.
Utrykkingar – brann og redningsoppdrag	Rapportar frå 110-sentralen, BRIS og egne tal.	Ikkje fleire utrykkingar enn i 2017.	2017 – 144 utrykkingar 2018 -127 utrykkingar
Beredskap - Trygg og sikker innsats	Måleindikatorar hentast ut frå adaptit, BRIS og egne tal.	0-skadde under innsats	0-skadde under innsats
FØREBYGGANDE			
Tverrfagleg kartlegging av risikogrupper	Rapportering gjennom samarbeid	Kartlegge alle risikogrupper	Vanskeleg å etablere samarbeid. Enkeltstående tiltak utført.
Bekymringsmeldingar	Utføre tilsyn når ein mottek bekymringsmeldingar	100%	Enkeltstående tiltak utført. Manglande rutinar for varsling av kritikkverdige tilhøve.
Nasjonale kampanjar	Ein skal følgje opp nasjonale kampanjar knytt til ansvarsområdet	3 kampanjar	3 kampanjar
Samordna tilsyn. Arb.tilsyn, Fylke, el-tilsyn.	Samordna «felles» tilsyn kor andre etatar er tilsynsleiar.	Delta i alle tilsyn kor vi er inviterte.	3-4 tilsyn
Informasjon og motivasjonsretta tiltak.	Målt opp mot effekt av ordinære tilsyn.	Gjennomføre tiltak retta mot personell i institusjonar, skule, barnehage mm.	Ca 120-150 pers.
Ordinære tilsyn	Risikovurderingar/behov	Systemrevisjon komm. formålsbygg	Utført. Ikkje lukka/ferdigstilt.

Kulturavdelinga

Planlagde driftstiltak	Gjennomføring
Aktiv satsing på kulturtiltak	<p>Barn og unge: Vellukka gjennomføring av UKM (Ung Kultur Møtes) og UNG-festivalen</p> <p>Kulturproduksjon: Det vart tildelt øving og treningstider til alle (100 %) som søkte om dette på kulturhuset og idrettshallen. Kr. 200 000 i tilskot frå kulturrådet til akustisk programserie på konserthuset. Vellukka samarbeid med Thon Hotel Fosnavåg ifm. særskilt satsing på programsamansetning i førjulstida.</p>
Vidareføre kultursatsing i kommunen	<p>Barn og unge: Rusfritt tilbod for born, unge og funksjonshemma på fritidsklubben har vore stabilt og godt besøkt. Opplæring av nye medlemmer til ungdomsrådet.</p> <p>Frivilligsentralen: Oppretthaldt gjeldande aktivitetar og søkt nye samarbeid som m.a. har resultert i samarbeid med Flyktningetjenesten. Det har vore ein tydleg auke i utlån av lokala etter flytting til kulturhuset. Det er særleg to forhold som står i vegen for at sentralen kunne vore enno meir besøkt og brukt og det er at bussen ikkje køyrer via kulturhuset, og at tilrettelagt parkering og tilkomst for rørslehemma frå p-plassen er så tungvindt at målgruppa vegrar seg for å nytte tilboda på kulturhuset.</p> <p>Biblioteket: Utlånet har auka litt på alle område med unntak av musikk. Besøk: 27 525 på biblioteket i 2018, Det er gjennomført fylgjande førebudde arrangement i biblioteklokala i regi av biblioteket og/eller andre: 15 for skular/klassebesøk, 22 for barnehagar, 18 for vaksne og 4 i regi av andre aktørar.</p> <p>Kulturproduksjon: Kino: Selte billetter: 25 618 (25 856 i 2017) Tal framsyningar: 1 095 (1 217 i 2017)</p> <p>Konserthus: Selte billetter: 15 938 (14 157 i 2017) Tal arrangement: 69 (70 i 2017)</p>

Landbruksavdelinga

Planlagde driftstiltak	Gjennomføring																				
Etterslepet av ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker skal vere så lavt som råd. Gjeld tilskot til miljøtiltak i jordbruket og til drenering, planering av dyrka mark, jordlov-, skoglov og konsesjonslovssaker. Uttale om tilskot frå Innovasjon Norge og viltsaker.	I løpet av 2018 er det registrert 161 saker som er under arbeid fordelt på Herøy – 69 saker, Ulstein – 57, Hareid – 34 og Sande 1. Det er produsert 140 vedtak i sakene. Det er ein svak nedgang i tal saker frå tidlegare år.																				
Rettleiing til gardbrukarar om tilskotsordningane i landbruket. Handsaming av utbetaling av tilskot til gardbrukarane over jordbruksavtalen: produksjons- og avløysartilskot (PT) og regionalt miljøtilskot (RMP).	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>Herøy</th> <th>Ulstein</th> <th>Hareid</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>PT kr.</td> <td>6.118.794</td> <td>4.927.588</td> <td>2.295.179</td> </tr> <tr> <td>PT tal</td> <td>68</td> <td>34</td> <td>19</td> </tr> <tr> <td>RMP kr.</td> <td>367.584</td> <td>58.044</td> <td>111.320</td> </tr> <tr> <td>PMP tal</td> <td>19</td> <td>6</td> <td>5</td> </tr> </tbody> </table>		Herøy	Ulstein	Hareid	PT kr.	6.118.794	4.927.588	2.295.179	PT tal	68	34	19	RMP kr.	367.584	58.044	111.320	PMP tal	19	6	5
	Herøy	Ulstein	Hareid																		
PT kr.	6.118.794	4.927.588	2.295.179																		
PT tal	68	34	19																		
RMP kr.	367.584	58.044	111.320																		
PMP tal	19	6	5																		

Årsverk

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Talet på årsverk - Utvikling	8,0	8,0	5,0	6,0	7,0	7,0	7,0	7,0	6,9	6,8
Talet på årsverk - Anlegg og drift	9,5	9,5	9,5	12,8	12,8	12,0	12,0	10,3	-	-
Talet på årsverk (og teneste)- Brann og Redning	3,1	3,1	3,1	3,0	3,0	3,0				
Talet på årsverk - Kultur	10,69*	10,69*	10,54	11,19	11,39	9,09	9,4	8,9	-	-
Talet på årsverk – Landbruk	3,5									
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 120	0,5	0,5	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4

**Timetilsette ved fritidsklubben er ikkje medrekna.*

8. Fokusområde Økonomi

Kommunen har teke i bruk ein slik økonomisk HANDLINGSREGEL:

- Netto dr. res. 1,75 % av samla driftsinntekter (om lag 11,65 mill.)
- Driftsfond 5 % av samla driftsinntekter (om lag 33,29 mill.)
- 20 % eigenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:

- Driftsutgiftene er høge i høve til inntektene.
- Lave frie inntekter (vi har ikkje eigedomsskatt)
- Lånegjelda er høg.

Mål 2018	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2020.	Driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2018	-0,05%	39.824.000 (5,98%)
Ambisjon 2020	1,75 %	66.500.000 (10,0%)
Resultatmål 2019	0,5 %	43.100.000 (6,5%)


8.1 Nøkkeltal

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond:

	Lånegjeld	Disp fond
2018	866.861.000	39.648.000
2017	840.732.000	39.642.000
2016	840.261.000	19.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

Disposisjonsfondet kan auke til om lag kr 50.832.000,- om rekneskapen for 2018 vert godkjent slik rådmannen tilrår.

Netto driftsutgifter



	Herøy (M. og R.)	Ulstein	Volda	Ørsta	Sula	Songdalen	Kostragruppe 08
Pleie og omsorg	19 206	13 434	20 796	21 823	19 213	13 971	16 261
Grunnskole	14 654	16 049	16 635	14 370	15 226	18 876	15 106
Barnehage	7 805	9 332	8 135	9 485	11 037	9 468	9 075
Adm, styring og fellesutgifter	4 408	5 162	5 634	4 681	4 172	6 356	4 494
Sosiale tjenester	2 630	1 984	1 781	1 757	875	2 441	2 481
Kommunehelse	3 060	2 365	2 925	2 349	2 458	2 589	2 813
Barnevern	1 516	2 008	2 709	1 360	2 457	1 850	2 366
Kultur og idrett	2 394	2 847	1 282	1 445	1 305	1 861	2 141
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	727	528	1 011	660	830	736	720
Andre områder	3 871	3 737	2 721	2 748	2 187	2 816	2 600
Totalt	60 271	57 446	63 629	60 678	59 760	60 964	58 057

Netto driftsutgifter i Herøy i 2018 var kr 60.271,- per innbyggjar. Grafen viser netto utgift per innbyggjar og tenesteområde. Av samanlikningskommunane har vi ei billigare drift per innbyggjar enn Volda, Ørsta og Songdalen, men dyrare enn Ulstein og Sula og Kostragruppe 8 som vi høyrer til. Herøy kommune driv dyrt innan sektorane sosiale tenester, kommunehelseteneste, kyrkje og idrett og kultur, medan vi driv rimeleg innan barnevern og adm. styring og fellesutgifter. Samanliknar ein tala med 2017 så er auken per innbyggjar om lag kr 3.672,-. Den største veksten i kroner finn vi innan pleie- og omsorgssektoren med kr 2.122,- per innbyggjar, men prosentvis er auken størst innan sosiale tenester og plan, kulturminne, natur og nærmiljø som har hatt ein utgiftsvekst per innbyggjar på i overkant av 20%. Totalt 4 av områda har hatt ein utgiftsreduksjon per innbyggjar frå 2017 til 2018. Administrativ styring og fellesutgifter står for den største reduksjonen med vel 4,0%.

Oversikt innsparingsmoglegheit ift sammanlikningskommuner (mill. kr)




Figuren over syner ulikskapar i kostnadar mellom Herøy og andre kommunar i million kroner. Vi ser kor mykje Herøy kan spare ved å drive med same kostnadsnivå som dei andre kommunane. Samla behovskorrigerte netto driftsutgifter i Herøy var 19,4 mill. kr høgare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2018 (i 2017 var talet 21,9 mill. kr og i 2016 var differansen 24,0 mill. kr). Figuren viser også kva tenester som er «dyre og billige» i Herøy, samanlikna med Kommunegruppe 8 og dei andre kommunane. I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på desse tenestene: Pleie- og omsorg (8,9 mill.), Sosiale tenester (4,1 mill.), kommunehelse (0,8 mill.), kultur og idrett (2,3 mill.) og andre tenester 11,3 mill. (brann og ulykkesvern, kommunale bustadar, samferdsle, næringsforvaltning og kyrkje). Utgiftene er lågare innafor grunnskole (1,8 mill.), administrasjon, styring og fellesutgifter (2,2 mill.) og barnevern (4,2 mill.). Når det gjeld barnehagar og plan, kulturminne, natur og nærmiljø er vi om lag på same driftsnivå som kommunegruppa.

Når det gjeld dei kommunane vi har samanlikna oss med er ulikskapane svært store mellom dei ulike tenestene. Vi driv pleie og omsorg betydeleg dyrare enn Ulstein og kostragruppa, men mykje billigare enn Volda og Ørsta.


Vi driv dyrast innan Sosiale tenester, kommunehelse og andre områder (brann og ulykkesvern, kommunale bustadar, samferdsle, næringsforvaltning og kyrkje) og det er kanskje her ein må vurdere ei endring av tenestene gitt at funksjonsbruken i rekneskapen er rett i Herøy kommune og i dei andre kommunane.

Utgiftsbehov



Kommunale rekneskap må korrigerast for ulikskap i utgiftsbehov før samanlikning. I denne tabellen utarbeidd av Framsikt analyse brukar ein behovsberekninga i statsbudsjettet (utgiftsutjamninga). Utgiftsbehovet gjeld ulikskapar i demografi, geografi og sosiale forhold. KMD har berekna Herøy sitt behov til 100,07 % av landsgjennomsnittet per innbyggjar. Herøy har fire tenester med behov over 100% (landsgjennomsnittet). Det er grunnskule, PO, helse og administrasjon (sjå figuren over). Ein meiner at behovet er nokon lunde likt i alle kommunar når det gjeld tekniske tenester og kultur/kyrkje. Herøy sitt utgiftsbehov er om lag på same nivå som Ulstein kommune og kommunegruppe 8, men lavare enn dei andre kommunane i samanlikningsgrunnlaget.

Ressursbruk




Ressursbruk er høve mellom kommunen sine egne utgifter på tenesteområdet og landsgjennomsnittet korrigert for kommunens eige utgiftsbehov. Er ressursbruken høgare enn 100% så bruker kommunen meir pengar enn landsgjennomsnittet korrigert for kommunen sitt utgiftsbehov. Vi ser at det er tilfelle innan sosiale tenester og kommunehelse. Når det gjeld Barnevern og også Barnehage er ressursbruken lavare enn landsgjennomsnittet. Elles ser ein at vi er ulike samanlikningskommunane på den måten at der vi driv «dyrt» driv dei «billig» og vise versa.

8.2 Hovudtal drift

Godt driftsresultat, mykje driftsreservar og låg netto lånegjeld er viktige teikn på sunne kommunale finansar. Herøy har ikkje spesielt gode finansar. Finansane er dårlegare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2018. Netto driftsresultat er negativt, reservane (disposisjonsfondet) er små og kommunen har ei relativ stor netto lånegjeld.

Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter




For Herøy sin del et tala inkludert RDA midlane for 2015-2016. I 2017 har vi ført RDA i investeringsrekneskapan slik at den ikkje influerer på økonomiske nøkkeltal. Korrigert for RDA midlane hadde vårt netto driftsresultat i 2015 vore 1,1% og i 2016 omlag 3,8%.

Herøy kommune har ikkje eigedomsskatt, slik samanlikningskommunene (unntatt Sula) har. Det er den største grunnen til at vi har eit driftsresultat som er dårlegare enn Kostragruppe 8.

Det gjennomsnittlege netto driftsresultatet dei siste 4 åra har vore på om lag 2,0 %. Det er litt over bransjenormen på 1,75 prosent. Men det er berre 2016 som har gitt eit betre netto driftsresultat enn 1,75 prosent.

Økonomi - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter




	2015	2016	2017	2018
Herøy (M. og R.)	1,3 %	2,6 %	6,1 %	6,0 %
Ulstein	3,7 %	5,4 %	5,6 %	6,2 %
Volda	4,9 %	7,9 %	10,3 %	12,8 %
Ørsta	3,8 %	7,2 %	7,9 %	8,3 %
Sula	11,8 %	12,8 %	12,3 %	11,8 %
Songdalen	9,1 %	10,7 %	13,9 %	14,8 %
Kostragruppe 08	5,8 %	7,8 %	9,1 %	10,1 %

Disposisjonsfondet er kommunen sine reserver for å dekke uføresette utgifter og sviktende inntekter. Det bør utgjøre 10 % av driftsinntektene.

Herøy har ifølge KOSTRA eit disposisjonsfond på 6,0 %. Det er eit lågt resultat på landsbasis og det er svakt i høve til kommunegruppa. Det gledelege er at vi ikkje trengde å bruke av disposisjonsfondet i 2018 slik vi budsjetterte med. No er ikkje KOSTRA tala heilt rette for Herøy sin del. Vi har om lag 49,5 mill. i disp. fond noko som utgjør om lag 7,4% av driftsinntektene. Gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 er 10,1 prosent

Nokon meiner at disposisjonsfondet må sjåast i samanheng med premieavviket. Dette utgjør om lag 27,1 mill. kr slik at reelt sett har vi eit disp. fond på 22,4 mill. kr eller 3,36%.


Økonomi - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



Netto lånegjeld bør holdast under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med låge renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50 % av årlege driftsinntekter.

Herøy har stor lånegjeld. Netto lånegjeld i konsernet er om lag 115,5% av driftsinntektene i 2018. Det er 15,9 prosentpoeng meir enn gjennomsnittet i kommunegruppa og midt på treet blant samanlikningskommunane. Lånegjelda (gjeldsgraden) har auka dei siste fire åra. Frå 2016 til 2017 auka Herøy kommune si gjeld med i underkant av 1,0 mill. kr. Likevel ser vi av tabellen og grafen over at Herøy kommune si lånegjeld har auka med 3,3% i høve brutto driftsinntekter. Grunnen til dette er at RDA inntektene (øyremerka statstilskot) var med i driftsrekneskapan i 2016. desse utgjorde vel 34,0 mill. kr og gjorde at våre brutto driftsinntekter i 2016 var betydeleg høgare enn i 2017. I 2018 auka gjelda med ytterlegare 26 mill. kr og var per 31.12.2018 på om lag 866,9 mill. kr.

Frie inntekter i kr per innbygger



Tidlegare var vi ei skattesterk kommune, men dei siste åra har vi gradvis nærma oss snittet. Frå å ligge på vel 105% av landsgjennomsnittet i 2015 har vi i 2017 og 2018 ei skatteinntekt på 98% av landsgjennomsnittet.

Vi ser vidare av tabellen at det ikkje er så stor skilnad når det gjeld frie inntekter (skatt og rammetilskott) per innbygger mellom Herøy kommune og samanlikningskommunane. Det vi imidlertid ser er at Herøy kommune (saman med Ulstein kommune) har ei svakare utvikling i desse inntektene i 4 års perioden enn Volda, Ørsta og Sula. Vår vekst på om lag 7,5% har på langt nær vore nok til å dekke løns- og prisveksten i denne perioden.

8.3 Rekneskapsprinsipp

Herøy kommune fører rekneskapa sin etter dei kommunale rekneskapsprinsippa nedfelt i Kommunelova § 48 og rekneskapsføreskriftene § 7. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og tilseier at tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd, skal gå fram av driftsrekneskapa eller investeringsrekneskapa. Driftsrekneskapa syner driftsutgifter og driftsinntekter i kommunen og resultat for året. Investeringsrekneskapa syner kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån med meir, samt korleis desse er finansiert.

Kommunen sin driftsrekneskap syner årlege avskrivningar som er årlege kostnader som følgje av forbruk av driftsmidlar. Avskrivningane har betydning for kommunen sitt brutto driftsresultat, men blir utnulla slik at netto driftsresultat ikkje er påverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med årets avdrag som er den utgifta som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Grunnen til at avskrivningane blir vist i rekneskapen er blant anna at dei som tek avgjerder, (adm. leiarar og politikarar) og dei som brukar rekneskapen, skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den i høve til kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter.

I 2017 vart RDA midlane for første gang ført i investeringsrekneskapen. Det gjer at nøkkeltala for perioden 2014-2016 og 2017 og 2018 ikkje er samanliknbare for Herøy kommune sin del. Fordelen med omlegginga er at vi no er samanliknbare med andre kommunar når det gjeld økonomiske nøkkeltal.

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det tyder at det ikkje er gjort frådrag i inntekter for tilhøyrande utgifter og heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette tyder at aktiviteten i kommunen kjem fram med rett sum.

8.4 Rammevilkår/resultat

Både brutto- og netto driftsresultat er negative for Herøy kommune i 2018. I 2018 var brutto driftsresultatet negativt med om lag 9,8 mill. kr (-1,47% av sum driftsinntekter). Netto driftsresultatet var negativt med nær 0,7 mill. kr (nær -0,16% av sum driftsinntekter medan målet er positivt med 1,75% eller 11,65 mill. kr). Netto driftsresultat for 2018 er med det 1,76 % eller nær 12,35 mill. kr lavare enn målsetjinga

Alle tal i 1.000 kr

År	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Brutto driftsres.	(45.577)	(43.265)	(2.161)	31.014	(2.080)	(9.816)
Netto driftsres.	(35.245)	(43.405)	1.150	41.783	9.533	(675)
Brutto driftsres. eks RDA	2.490	(9.132)	3.876	14.282	(2.080)	(9.816)
Netto driftsres. eks RDA	19.249	(6.373)	6.845	24.582	9.533	(675)

Som ein ser av tabellen over har RDA-midlane stor betydning når det gjeld brutto- og netto driftsresultatet for perioden 2013-2016.

I rekneskapen per 31.12.2018 utgjer kommunen sine disposisjonsfond like i overkant av 39,6 mill. kroner. Dette er om lag uendra sett i høve til 2017. I budsjett 2018 vart det budsjettert med bruk av disposisjonsfond på i alt 11,36 mill. kr. Sidan meirforbruket i drifta vart mykje lavare enn budsjettert kan om lag 11,18 mill. kr av dette førast tilbake til disposisjonsfondet gjennom godkjenninga av rekneskapen for 2018 slik at det samla utgjer nær 50,83 mill. kr.

Herøy kommune har dei siste åra hatt bra samsvar mellom budsjett og rekneskap for det som gjeld drifta. I 2018 fekk vi imidlertid ein del større avvik i avdelingane enn det som har vore vanleg tidlegare. Ser ein på kommunen samla så har ein bra budsjettstyring innan lønsområdet, medan avvika i 2018 har vore større innan andre utgifts- og inntektspostar. Kommunen har for mange bundne driftsfond sett i høve til

nabokommunane og sjølv om vi gjorde ein innsats og fekk avvikla nokre av desse i 2018 så er det framleis mange igjen.

Når det gjeld kommunen sitt rekneskapsmessige resultat varierer det mykje frå år til år. Faktorar som har spelt ei avgjerande rolle her dei siste åra (både positive og negative) er finansavkastninga, svingande skatteinntekter og i perioden 2010-2016 også RDA-midlar (sjå ovanfor). Drifta av kommunen er på eit nøkternt nivå, men investeringane har tidvis vore store og det gjer at gjeldsbyrda er stor. Auka finanskostnadar framover vil ha som konsekvens at drifta må reduserast på einiske område.

8.5 Hovudtalsanalyse


Den kommunale rekneskapa er delt i tre:

1. Driftsrekneskapa
2. Investeringsrekneskapa
3. Balansen

Driftsinntekter

- Skatteinntekter (formues- og inntektsskatt)
- Rammetilskott frå staten
- Andre statstilskott (også øymerka)
- Andre driftsinntekter som bl.a. vert inntektsført direkte på avdelingane som t.d. refusjonar, brukarbetalingar osv.

Fordelinga av inntektene kan ein setje opp slik (mill. kr):



Skatt er den største inntektsposten. I 2018 utgjorde denne inntekta nær 40,6% av dei samla kommunale driftsinntektene eks. finans. I 2016 utgjorde dei nær 39,8 % av inntektene. Skatt og rammetilskott samla utgjorde vel 73,0% av kommunen sine inntekter i 2018.

Skatteinntekter

Skatteoppkrevjaren i Herøy fekk i 2018 kommunale skatteinntekter på om lag 270,1 mill. kr. Det er ein auke i høve til 2017 på om lag 8,6 mill. kr.

Skatteinntektene i Herøy kommune var (i mill. kroner) slik:

	Rekneskap 2018	Justert Budsjett 2018
Inntekt	270,1	265,5
% av landsgjennomsnittet per innbyggjar	98,0	
Inntektsutjamning (netto) i mill. kr	-0,3 mill. kr	


Herøy kommune sine skatteinntekter (forskotspliktige) er vanskelege å budsjettere og har variert mykje få år til år. Tendensen er likevel klar. Vi har gått frå å vere ei skattesterk kommune til å bli ei normalkommune når det gjeld skatteinntektene. 2017 var det første året Herøy har hatt skatteinntekter under landsgjennomsnittet (98%). Det same vart tilfelle for 2018 (98%). Går vi tilbake til 2012 var skatteinntektene våre heile 115,7% og i 2015 om lag 105,4% av landsgjennomsnittet.

Driftsutgifter

Herøy kommune sine driftsutgifter (eksklusive interne overføringar) består av:

- Lønn- og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester som inngår i produksjonen
- Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjonen
- Andre utgifter som t.d. tilskott, overføringar, bidrag
- Finans (renter, avdrag, kurstap etc.)

Fordelinga (kr) eks finanskostnadane kan ein setje opp slik:



Driftsutgiftene auka med om lag 24,7 mill. kr frå 2017 til 2018 (3,8 %). Løn og sosiale kostnader auka med nær 22,8 mill. kroner (5,7 %) frå 2016 til 2017. Tek ein omsyn til refusjon sjukeløn var auken på nær 20,8 mill. kr.

Lønn og sosiale utgifter utgjorde om lag 63,9 % av totale driftsutgifter (eks finans) for 2018. Dette er ein reduksjon på om lag 0,4% sett i høve til 2017. Dei siste to åra har lønsrelaterte kostnader auka mykje i kroner sett i høve til andre driftsutgifter. Det kan tyde på at avdelingane har vore flinke til å kutte i andre driftsutgifter desse åra. I 2018 vart Pleie- og omsorgsavdelinga tilgodesett med 9,5 årsverk i nye stillingar noko som kan forklare 5,6 mill. kr av lønsveksten i 2018.

Nøkkeltal	2018	2017	2016
Sum driftsinntekter	-665.758	-648.776	-687.849
Sum driftsutgifter	675.574	650.856	656.835
Brutto driftsresultat	9.816	2.080	-31.014
Finansinntekter	-10.688	-11.672	-12.356
Finansutgifter	39.273	36.180	36.712
Motpost avskrivningar	-37.728	-36.121	-35.126
Netto driftsresultat	674	-9.533	-41.783
Bruk av avsetnader	-26.950	-28.088	-13.966
Avsetnader	15.092	27.652	33.257
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	-11.184	-10.060	-22.493
Brutto driftsresultat i % av driftsinntekter	-1,47	-0,32	4,51
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	-0,10	1,47	6,07

Netto driftsresultatet i 2018 vart negativt med nær 0,7 mill. kr. Dette vart nær 8,7 mill. kr betre enn justert budsjett. I oversikta over har vi tatt med budsjettert bruk av disp. fond i 2018 og «inntektsførst den» Det medfører eit rekneskapsmessig mindreforbruk på nær 11,2 mill. kr, men om vi tek vekk bruk av disposisjonsfond sit vi att med eit «reelt» rekneskapsmessig meirforbruk på nær 0,2 mill. kr. Vi ser at sidan 2016 har netto driftsresultatet blitt redusert med om lag 42,4 mill. kr.

Brutto driftsresultat i 2018 vart negativt med i overkant av 9,8 mill. kr. Sidan 2003 er det berre 2006 og 2009, 2010, 2011, 2012 og 2016 som har gitt eit positivt brutto driftsresultat.

Kommunen må gjennomføre pliktige avsetnader og bruk av eksterne midlar som til dømes næringsfond, øyremerka statstilskott (bundne fond) og liknande.

Resultatet etter desse transaksjonane vert kalla rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk. I 2018 fekk vi eit rekneskapsmessig mindreforbruk på om lag 11,18 mill. kroner. Det gir oss slike tal:

	2018	2017	2016
Netto driftsresultat (i 1.000 kr)	674	-9.533	-41.783
Pluss			
Bruk av tidlegare års mindreforbruk.	-10.418	-22.493	-7.406
Bruk av disposisjonsfond	-11.362	-715	-579
Bruk av bundne fond	-5.170	-4.880	-5.981
Sum bruk av avsetnader	-26.950	-28.088	-13.966
Minus			
Overført til investeringsrekn.			
Avsett til tidl. års meirforbruk			
Avsetnader til disp. fond	10.418	22.493	10.456
Avsetnader til bundne fond	4.674	5.069	22.801
Sum avsetnader	15.092	27.562	33.257
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-11.184	-10.060	-22.493
Rekneskapsmessig meirforbruk			

Det rekneskapsmessige resultatet svingar mykje frå år til år. I 2018 hadde avdelingane eit samla meirforbruk på 3,86 mill. kr. Aktiv forvaltning synte ein inntektssvikt på 3,7 mill. kr og i tillegg hadde kommunen budsjettert med bruk av dispfond på om lag 11,36 mill. kr. Når kommunen til slutt gjekk med eit lite mindreforbruk skuldast det i første rekke at skatteinntektene og rammetilskotet (samla) vart om lag 6,2 mill. kr høgare enn budsjettert. Dette skuldast i det vesentlegaste at den prosentvise skatteveksten på landsbasis var høgare enn i Herøy. Vi fekk utbetalt om lag 4,5 mill. kr frå Havbruksfondet som vi ikkje hadde budsjettert med og i tillegg vart ordinære rente- og avdragskostnadar om lag 0,8 mill. kr lavare enn budsjettert og pensjonskostnadane/pensjonsavviket nær 6,4 mill. betre enn budsjettert.

Arbeidskapital

Dette er differansen mellom omlaupsmidlar (ex premieavvik) og kortsiktig gjeld. Ved utgangen av 2018 var arbeidskapitalen 25,6% av brutto driftsinntekter (171,3 mill. kr). Dette er ein auke i høve til 2017 då arbeidskapitalen utgjorde 18,5% av brutto driftsinntekter (117,7 mill. kr).

Likviditet

Kommunen sin likviditet var god i 2018. Per 31.12.2018 hadde kommunen om lag 217,0 mill. kr plassert i bankinnskott, aksjar notert på Oslo Børs, sertifikatinnskott og obligasjonar. Dette er ein auke i høve til 2017 på om lag 42,5 mill. kr.

- Likviditetsgrad 1 måler tilhøvet mellom omlaupsmidlar (eks. premieavvik) og kortsiktig gjeld. Det vil seie at den måler kommunen si evne til å dekke sine betalingsplikter etter kvart som dei forfell. Likviditetsgrad 1 bør vere over 2 og i Herøy kommune var den på 2,18 i 2018. Dette er om lag på nivå med 2017 tala. I 2016 og 2015 var den på hhv 1,9 og 2,1.
- Likviditetsgrad 3 seier noko om tilhøvet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Dei mest likvide midlane i dette tilfellet er reine bankinnskott. Likviditetsgrad 3 bør vere på minst 0,33 for å vere tilfredsstillande, og i Herøy kommune synte nøkkeltalet 0,92 i 2018. I 2017, 2016 og 2015 var den på hhv 0,96, 1,06 og 0,97. Den har såleis vore stabil dei siste åra.

Vi må tilbake til 2014 for å finne sist kommunen måtte nytte trekkretten i Danske Bank ASA.

Finanspostar i driftsrekneskapen

Ifølgje rekneskapen var netto finanskostnadar i 2018 på nær 28,6 mill. kr. Dette er ein auke i høve til 2017 på om lag 4,1 mill. kr. I 2016 utgjorde netto finanskostnadane 24,4 mill. kr og i 2015, 2014, 2013, 2012 og 2011 var den på hhv 29,8 mill. kr, 29,6 mill. kr, 14,2 mill. kr, 21,6 mill. kr og 28,9 mill. kr. Det syner at finansinntektene og finanskostnadane kan endre seg mykje i løpet av kort tid. Grunnen til dette finn ein i det vesentlege i dei plasseringane kommunen har i aksje- og obligasjonsmarknaden. I 2018 hadde vi eit nettovinst på nær 0,3 mill. kr. I 2017 hadde vi eit netto vinst på 4,7 mill. kr. I 2016 var netto vinst 3,7 mill. kr. I 2015 hadde vi eit netto tap på 1,2 mill. kr, i 2014 var gevinsten på beskjedne 0,65 mill. kr medan den i 2013 var på heile 8,1 mill. kr.

I tillegg til dette kjem aksjeutbyttet frå Tussa AS som i 2018 var på om lag 5,64 mill. kr – opp om lag 1,5 mill. kr sett i høve til 2017.

Rentenivået har synt ein fallande tendens i fleire år. Det har ført til at rentekostnadane har vore nærast uendra trass i ei auka lånegjeld. I 2018 auka avdragskostnadane med 1,7 mill. kr. I perioden 2016-2018 er auken på heile 3,3 mill. kr. Dette skuldast i første rekke auka avskrivingsgrunnlag i balansen. På grunn av ny kommunelov som vil gjelde frå 2020 kan Herøy kommune rekne med ein endå større auke i avdragskostnadane frå og med rekneskapsåret 2020.

Tal i mill. kroner

	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Renteinntekter/utbytte	10,7	11,7	12,3
Av dette:			
Aksjeutbytte Tussa AS	5,6	4,1	3,2
Kursvinst/utbytte andre aksjar	1,5	5,5	5,1
Andre renteinntekter	3,6	2,1	4,0

Herøy kommune si lånegjeld auka med om lag 26,1 mill. kr 2018. Dei totale rentekostnadane vart imidlertid redusert med 0,7 mill. kr sett i høve til 2017. Trass i at Norges Bank har sett opp styringsrenta og trass i at gjelda har auka har likevel rentekostnadane blitt redusert. Dette skuldast eit tett og godt samarbeid med Bergen Capital Management. Vi har vi vore aktive i marknaden og fått gode rentevilkår med bankar og finansinstitusjonar. Trass i at gjelda vår har auka monaleg dei siste åra har vi ikkje hatt lavare rentekostnadar på 10 år enn det vi hadde i 2018.

Dei totale finanskostnadane kan ein sette opp i ein slik tabell:

Tal i mill. kroner.

	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Renteutgifter	13,2	13,9	14,4
Tap/verdireduksjon aksjar og obligasjonar	2,6	0,5	2,0
Avdragsutgifter	23,5	21,8	20,3

Aktiv forvaltning

Herøy kommune budsjetterte med ei netto avkastning på aktiv forvaltning i 2018 på 3,94 mill. kr. Resultatet vart nær 0,3 mill. kr. Det vil seie ei total mindreakstning på i overkant av 3,6 mill. kr. Ein av grunnane til dette negative budsjettavviket fekk vi desember då aksjemarknaden falt mykje både i Norge og internasjonalt. Totalt sett vart renteinntektene på obligasjonsporteføljen og pengemarknadsfonda om lag 0,3 mill. lavare enn budsjettert. Den resterande delen av budsjettavviket skuldast aksje- og aksjefondsplasseringane.

Langsiktig gjeld og pensjon

Kommunane er pålagde å føre pensjonane etter liknande reglar som det bedrifter som følgjer rekneskapslova gjer. Dette fører til at kommunane må skaffe til veie ei aktuarberekning ved årsskiftet der det etter nærare fastsette reglar vert berekna kva som er kommunen si utgift dersom drifta skulle opphøyre per 31.12. Dette stiller ein opp mot midlane ein finn i fonda (hjá oss KLP og SPK). Tala syner ei teoretisk over- eller underdekning i ordningane.

Ingen av ordningane syner dekning i og med at AFP-krava (forpliktingane) ikkje kan **forsikrast, men i det teoretiske tilfellet vil dei vere eit krav. Litt grovt kan ein seie at** skilnaden mellom berekna krav (forplikting) og pensjonsmidlar syner noverdien av AFP-krava (forpliktingane).

Fordeling av brutto og netto driftsutgifter per sektor

Kommunestyret i Herøy gav gjennom budsjettvedtaket for 2018 ei netto driftsramme til i alt 18 ulike sektorar/avdelingar. Utviklingsavdelinga si netto ramme var ei summering av dei gamle ansvarsområda Utviklingsavdelinga, Anleggs- og driftsavdelinga og Brannvern og feiing. Netto ramme i budsjettvedtaket for desse 3 var samla på 21,93 mill. kr, men dette vart gjennom budsjettendringar korrigert til 24,28 mill. kr (tiltaksapakken). Rekneskapen synte netto brukte midlar på 25,55 mill. kr.

Oversikt over brutto og netto utgifter og inntekter fordelt på ansvarsområde slik det er oppsett i budsjettvedtaket				
Avdeling	Rekneskap	Rev. Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Sektor STAB				
Utgifter	4 256 967	4 260 755	3 788	
Inntekter	-1 342 093	-1 088 186	253 907	
Serviceforretning	2 914 874	3 172 569	257 695	8,12
Mindreforbruk på kr 257.695,-				
Utgifter	4 045 953	4 338 686	292 733	
Inntekter	-628 214	-412 757	215 457	
Dokumentasjon og politisk sekretariat	3 417 739	3 925 929	508 190	12,94
Mindreforbruk på kr 508.190,-				
Utgifter	5 788 307	6 299 729	511 422	
Inntekter	-1 025 471	-609 596	415 875	
Økonomiavdeling	4 762 836	5 690 133	927 297	16,30
Mindreforbruk på kr 927.297,-				
Utgifter	10 176 469	9 662 965	-513 504	
Inntekter	-3 987 299	-2 236 981	1 750 318	
Personal- og organisasjonsavdelinga	6 189 170	7 425 984	1 236 814	16,66
Mindreforbruk på kr 1.236.814,-				
Utgifter	11 223 855	7 067 445	-4 156 410	
Inntekter	-5 169 385	-455 764	4 713 621	
Informasjonsteknologi	6 054 470	6 611 681	557 211	8,43
Mindreforbruk på kr 557.211,-				
Utgifter	48 083 073	37 056 303	-11 026 770	
Inntekter	-26 225 357	-17 900 522	8 324 835	
Eigedomsavdelinga	21 857 716	19 155 781	-2 701 935	-14,10
Meirforbruk på kr -2.701.936,-				
SUM STAB (netto)	45 196 805	45 982 077	785 272	1,71
Mindreforbruk Stab på kr 785.272,-				
Sektor OPPVEKST				
Utgifter	76 151 068	73 421 545	-2 729 523	
Inntekter	-8 038 797	-5 100 927	2 937 870	
Barnehagar	68 112 271	68 320 618	208 347	0,30
Mindreforbruk på kr 208.347,-				
Utgifter	142 160 240	143 003 730	843 490	
Inntekter	-26 147 591	-27 778 774	-1 631 183	
Grunnskular, PPT, Kulturskolen m.m.	116 012 649	115 224 956	-787 693	-0,69
Meirforbruk på kr -787.693,-				
SUM OPPVEKST (netto)	184 124 920	183 545 574	-579 346	-0,32
Meirforbruk Oppvekst på kr -579.346,-				
Sektor HELSE OMSORG				
Utgifter	1 640 849	1 356 790	-284 059	

Inntekter	-225 984	-52 473	173 511	
Helse og omsorg leing	1 414 865	1 304 317	-110 548	-8,48
	Meirforbruk på kr -110.548,-			
Utgifter	42 371 443	36 760 232	-5 611 211	
Inntekter	-14 352 695	-10 568 236	3 784 459	
Barn, familie og helse	28 018 748	26 191 996	-1 826 752	-6,97
	Meirforbruk på kr-1.826.752,-			
Utgifter	142 110 435	135 276 775	-6 833 660	
Inntekter	-30 843 001	-26 960 818	3 882 183	
Pleie og omsorgsavdelinga	111 267 434	108 315 957	-2 951 477	-2,72
	Meirforbruk på kr -2.951.477,-			
Utgifter	59 279 686	55 589 742	-3 689 944	
Inntekter	-19 441 992	-15 733 760	3 708 232	
Bu- og habiliteringsavdelinga	39 837 694	39 855 982	18 288	0,05
	Mindreforbruk på kr 18.288,-			
Utgifter	14 916 259	14 733 850	-182 409	
Inntekter	-1 949 811	-859 169	1 090 642	
Barnevernsavdelinga	12 966 448	13 874 681	908 233	6,55
	Mindreforbruk på kr 908.233,-			
Utgifter	10 606 517	9 292 351	-1 314 166	
Inntekter	-3 029 185	-712 348	2 316 837	
Tenestekoordinerer	7 577 332	8 580 003	1 002 671	11,69
	Mindreforbruk på kr 1.002.671,-			
Utgifter	25 278 781	20 504 380	-4 774 401	
Inntekter	-13 430 359	-12 913 786	516 573	
Sosial og flyktning	11 848 422	7 590 594	-4 257 828	-56,09
	Meirforbruk på kr -4.257.828,-			
SUM HELSE OG OMSORG (netto)	212 930 943	205 713 530	-7 217 413	3,51
	Meirforbruk Helse og Omsorg kr -7.217.413,-			
Sektor SAMFUNNSUTVIKLING				
Utgifter	21 845 000	19 439 092	-2 405 908	
Inntekter	-12 930 176	-10 863 809	2 066 367	
Kulturavdelinga	8 914 824	8 575 283	-339 541	-3,96
	Meirforbruk på kr -339.541,-			
Utgifter	14 509 823	12 972 801	-1 537 022	
Inntekter	-8 662 147	-5 278 651	3 383 496	
Utviklingsavdelinga	5 847 676	7 694 150	1 846 474	24,00
	Mindreforbruk på kr 1.846.474,-			
Utgifter	33 336 654	29 872 303	-3 464 351	
Inntekter	-25 602 328	-21 665 096	3 937 232	
Anleggs- og driftsavdelinga	7 734 326	8 207 207	472 881	5,76
	Mindreforbruk på kr 472.881,-			
Utgifter	10 656 271	10 080 779	-575 492	
Inntekter	-1 743 409	-1 280 471	462 938	
Brannvern og feing	8 912 862	8 800 308	-112 554	-1,28

	Meirforbruk på kr -112.554,-			
SUM SAMFUNNSUTVIKLING (netto)	31 409 688	33 276 948	1 867 260	5,61
	Mindreforbruk Samfunnsutvikling på kr 1.867.260,-			
Andre OMRÅDER				
Utgifter	3 227 524	4 126 986	899 462	
Inntekter	-54 979	-45 259	9 720	
Folkevalde	3 172 545	4 081 727	909 182	22,27
	Mindreforbruk på kr 909.182,-			
Utgifter	1 999 528	1 835 982	-163 546	
Inntekter	-284 403	-41 138	243 265	
Administrativ leing	1 715 125	1 794 844	79 719	4,44
	Mindreforbruk på kr 79.720,-			
Utgifter	13 803 548	13 867 573	64 025	
Inntekter	-1 650 443	-1 334 515	315 928	
Overføringer	12 153 105	12 533 058	379 953	3,03
	Mindreforbruk på kr 379.953,-			
Utgifter	87 570	0	-87 570	
Inntekter	-5 529	0	5 529	
Kommunesamarbeid m.m.	82 041	0	-82 041	
	Meirforbruk på kr 82.041,-			
SUM ANDRE OMRÅDER	17 122 816	18 409 629	1 286 813	6,99
	Mindreforbruk andre områder på kr 1.286.813,-			

Utgifter	71 887 225	53 533 274	-18 353 951	
Inntekter	-562 672 398	-540 461 032	22 211 366	
Skatt, ramme, finans, tilskot	-490 785 173	-486 927 758	3 857 415	0,79

Totalt var det 9 avdelingar som hadde meirforbruk i 2018 (7 i 2017) på i alt 13,17 mill. kr, medan 14 (13 i 2017) avdelingar hadde eit mindreforbruk på i alt 9,31 mill. kr. Totalt netto mindreforbruk i høve regulert budsjett var såleis på om lag 3,86 mill. kr noko som seier at avdelingane samla sett har synt god budsjett disiplin.

8.6 Hovudoversikt

Hovudoversikt drift

Økonomisk oversikt - Drift				
Tall i 1000 kroner	Regnskap 2018	Regulert budsjett 2018	Opprinneleg budsjett 2018	Regnskap 2017
DRIFTSINNTEKTER				
Brukarbetalingar	-27 945	-26 743	-26 743	-28 393
Andre sals- og leigeinntekter	-53 477	-48 429	-48 163	-47 014
Overføringar med krav til motyting	-46 733	-46 287	-30 085	-49 908
Rammetilskot	-215 942	-214 300	-214 300	-214 703
Andre statlege overføringar	-49 477	-37 933	-37 933	-46 323
Andre overføringar	-2 066	-65	-65	-931
Inntekts- og formuesskatt	-270 116	-265 500	-265 500	-261 503
Eigedomsskatt verk og bruk	0	0	0	0
Eigedomsskatt annan fast eigendom	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skattar	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	-665 758	-639 257	-622 789	-648 776
DRIFTSUTGIFTER				
Lønnsutgifter	342 512	335 534	323 091	331 119
Sosiale utgifter	89 393	98 345	93 145	87 970
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. Tjen.prod.	102 251	76 991	76 416	87 795
Kjøp av tenester som erstattar komm. tjensteprod.	93 085	91 714	93 036	89 069
Overføringar	38 926	26 312	26 194	34 530
Avskrivningar	37 728	33 812	33 812	36 121
Fordelte utgifter	-28 320	-6 671	-6 126	-15 747
Sum driftsutgifter	675 574	656 037	639 569	650 856
Brutto driftsresultat	9 816	16 867	16 780	2 080
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	-8 215	-8 553	-8 553	-6 163
Gevinst finansielle instrumenter	-2 472	-4 100	-4 100	-5 483
Mottatte avdrag på lån	-1	-202	-202	-27
Sum eksterne finansinntekter	-10 688	-12 855	-12 855	-11 672
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter og låneomkostningar	13 192	15 200	15 200	13 856
Tap finansielle instrumenter	2 570	200	200	492
Avdrag på lån	23 528	23 630	23 630	21 832
Utlån	-17	250	250	0
Sum eksterne finansutgifter	39 273	39 280	39 280	36 180
Resultat eksterne finanstransaksjonar	28 586	26 425	26 425	24 508
Motpost avskrivningar	-37 728	-33 830	-33 830	-36 121
Netto driftsresultat	674	9 462	9 375	-9 533
BRUK AV AVSETNINGER				
Bruk av tidlegare års regnskapsmessige mindreforb.	-10 418	-10 418	0	-22 493
Bruk av disposisjonsfond	-11 362	-11 362	-11 275	-715

Bruk av bundne fond	-5 170	-467	-467	-4 880
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum bruk av avsetningar	-26 950	-22 247	-11 742	-28 088
AVSETNINGER				
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0
Avsett til dekning av tidlegare års r.messige meirforbruk	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	10 418	10 629	211	22 493
Avsett til bundne fond	4 674	2 156	2 156	5 069
Avsett til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetningar	15 092	12 785	2 367	27 562
Regnskapsmessig meir-/mindreforbruk	-11 184	0	0	-10 060

Ser ein på hovudpostane (sum inntekter, sum utgifter, sum finansinntekter etc.) er avvika på om lag 4%. Det er eit større avvik enn det vi har hatt tidlegare år. Det ser vi på skatt, rammetilskott og også andre statlege overføringer. For den siste posten sin del skuldast differansen øyremerka tilskott ressurskrevjande brukarar.

På utgiftssida ser ein at lønskostnadane (inkl. sosiale utgifter) har eit positivt avvik på om lag 2,0 mill. kr sett i høve til regulert budsjett. Sjølve lønskostnadane vart imidlertid om lag 7,0 mill. høgare enn budsjettet.

Brutto lønskostnadar i 2018 er nær 3,0% høgare enn i 2017. Dette er noko høgare enn lønsveksten dette året.

Hovudoversikt Investering

I investeringsrekneskapen fører ein kjøp med ein verdi som er høgare enn kr 100.000,- og som har ei levetid på minimum 3 år. Vidare skal ein her føre inntekter ein berre får ein gong og utgifter av spesiell karakter.

Økonomisk oversikt - Investering				
Tall i 1000 kroner	Regnskap 2018	Regulert budsjett 2018	Opprinneleg budsjett 2018	Regnskap 2017
INNTEKTER				
Salg driftsmidlar og fast eigendom	-638	-5 000	-5 000	-1 651
Andre salsinntekter	0	0	0	0
Overføringar med krav til motyting	-5 865	-25 554	-14 606	-8 036
Moms-kompensasjon	0	0	0	0
Statlege overføringar	-19 330	0	0	-20 645
Andre overføringar	-11 853	-1 038	0	-1 277
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-389	0	0	-322
Sum inntekter	-38 075	-31 592	-19 606	-31 931
UTGIFTER				
Lønnsutgifter	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	39 037	134 197	64 625	42 642
Kjøp av tenester som erstattar komm. tjenesteprod.	1 055	2 564	1 800	828
Overføringar	10 608	25 454	14 606	20 198
Renteutgifter og omkostningar	0	0	0	0
Fordelte utgifter	-68	0	0	0
Sum utgifter	50 632	162 215	81 031	63 669
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER				
Avdrag på lån	3 363	0	0	3 368
Utlån	7 220	5 000	5 000	17 047
Kjøp av aksjar og andelar	1 959	1 350	1 350	1 788
Dekning av tidlegare års udekka meirforbruk	0	0	0	0
Avsett til ubundne investeringsfond	376	0	0	703
Avsett til bundne fond	760	0	0	7 820
Avsett til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjonar	13 678	6 350	6 350	30 726
Finansieringsbehov	26 236	136 973	67 775	62 463
FINANSIERING				
Bruk av lån	8 074	-135 041	-66 425	-57 919
Sal av aksjar og andelar	0	0	0	0
Bruk av tidlegare års udisponerte mindreforbruk	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-29 001	0	0	-1 949
Overført frå driftsregnskapet	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	-178
Bruk av ubundne investeringsfond	-246	-1 932	-1 350	-2 418
Bruk av bundne fond	-5 061	0	0	0
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum finansiering	-26 236	-136 973	-67 775	-62 463

Udekket / Udisponert	0	0	0	0
----------------------	---	---	---	---

Herøy kommune investerte for om lag 52,5 mill. kr i 2018 inkludert kjøp av aksjar og andelar (eigenkapitalinnskott i KLP) på 1,96 mill. kr. I 2018 vart det oppstarta ei mengd mindre prosjekt. Vi fekk tilbakebetalt forskottingar på i alt om lag 26,2 mill. kr (Frøystad undergang, Sunnmørsbadet og Bergsøy stadion) og i tillegg mottok vi om lag 14,3 mill. kr frå staden form av investeringstilskott Eggesbøtun.

Balanserekneskapan

Balansen syner eigedelar som likvidar, fordringar, anleggsmidlar og korleis desse er finansiert. Finansieringa i balansen vert delt i 3 – kortsiktig gjeld, langsiktig gjeld og eigenkapital.

Balanseregnskapet		
Tall i 1000 kroner	Regnskap 2018	Regnskap 2017
EIENDELER		
ANLEGGSMIDLER		
Faste eigendomar og anlegg	902 031	895 637
Utstyr, maskiner og transportmidlar	36 086	37 314
Utlån	76 301	96 666
Aksjar og andeler	91 188	90 791
Pensjonsmidlar	767 237	718 597
Sum anleggsmidlar	1 872 842	1 839 003
OMLØPSMIDLER		
Kortsiktige fordringar	99 820	35 695
Premieavvik	30 681	27 545
Aksjar og inndeler	82 612	82 587
Sertifikat	0	0
Obligasjonar	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskott	134 585	91 879
Sum omløpsmidlar	347 698	237 705
Sum eigedelar	2 220 540	2 076 708
EGENKAPITAL OG GJELD		
EGENKAPITAL		
Disposisjonsfond	-39 648	-39 642
Bundne driftsfond	-41 000	-46 460
Ubundne investeringsfond	-7 155	-7 025
Bundne investeringsfond	-3 037	-2 277
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-11 184	-10 060
Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0
Udisponert i investeringsregnskapet	0	0
Udekket i investeringsregnskapet	0	0
Likviditetsreserve	0	0
Kapitalkonto	-206 387	-143 356
Endring rekneskapsprinsipp AK (drift)	-8 454	-8 454
Endring rekneskapsprinsipp AK (investering)	0	0
Sum eigenkapital	-316 866	-257 274
GJELD		
LANGSIKTIG GJELD		

Pensjonsforpliktelsar	-888 174	-883 165
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	-866 864	-840 732
Sum langsiktig gjeld	-1 755 038	-1 723 897
KORTSIKTIG GJELD		
Kassekredittlån	0	0
Annan kortsiktig gjeld	-145 070	-92 405
Premieavvik	-3 567	-3 132
Sum kortsiktig gjeld	-148 636	-95 537
Sum egenkapital og gjeld	-2 220 540	-2 076 708
Ubrukte lånemidlar	100 954	40 709
Andre memoriakonti	68	68
Motkonto for memoriakontiene	-101 022	-40 777
Sum memoriakonti	0	0

Omlaupsmidlane auka med om lag 110 mill. kr i 2018. Av dette utgjorde bankinnskotta om lag 42,7 mill. kr. I tillegg auka dei kortsiktige fordringa mykje. Kommunen sine driftsfond har ikkje endra seg vesentleg, men kan auke frå om lag 39,6 til om lag 50,8 mill. kr når rekneskapen vert vedteken i kommunestyret. Dei bundne driftsfonda utgjorde 41,0 mill. kr per 31.12.18. Ein stor del av dette (vel 26,0 mill. kr) gjeld RDA midlane.

Den langsiktige gjelda auka med om lag 26,1 mill. kr i 2018 til i alt 866,9 mill. kr. Per innbyggjar utgjer dette om lag kr 96.800,- per innbyggjar.

Av gjelda på 866,9 mill. kr utgjer vidareutlåna (Husbanken) om lag 70,7 mill. kr, lån finansiert over VAR området om lag 98,6 mill. kr og dei rentekompenserte låna om lag 82,6 mill. kr. Det vil seie at den ordinære kommunale drifta forsvarer ei lånegjeld på om lag 615,0 mill. kr eller om lag kr 68.670,- per innbyggjar.

9 Resultatvurdering og endringsbehov

9.1 Endringsbehov

2017 og 2016 er dei beste åra kommunen har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat. Kommunen har heller ikkje hatt eit så stort disposisjonsfond som vi har i dag.

Resultatet i Herøy er svakare enn tilrådd i 2018.

I økonomiplanen for 2018-2021 er det lagt til grunn at kommunen skal bruke ca. 28,3 millionar kroner for å balansere budsjettet i tillegg 10,0 mill. kr i innsparing og 7,45 mill. kr i rammeinnsparing.

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i K-sak 102/18:

«Kommunestyret meiner at kommunen heller bør ta sikte på å auke disposisjonsfondet i økonomiplanperioden 2019-2022 enn å tappe det for ca. 28,3 mill. kr slik det går fram av økonomiplanen for 2018-2021.

Kommunestyret ber difor om at det i samband med budsjettarbeidet vert gjort innsparingar utover innsparinga i K-sak 57/18, m.a. basert på det som kjem fram i denne saka om forbruket på ulike tenesteområde der kommunen har høgare utgifter enn gjennomsnittet for kommunegruppe 8.»

9.2 Andre forhold

- **Interkommunalt samarbeid**

Vanylven kommune har teke initiativ til interkommunalt samarbeid med Herøy på fleire tenesteområde. Rådmannen legg til grunn at samarbeid med andre kommunar skal gje ei innsparing.

- **Bygningsmessige tiltak**

Kommunen har store utfordringar når det gjeld standard på dei kommunale bygningane.

- **Organisasjonsutvikling**


Kommunekompasset, Innbyggerundersøkinga, lokaldemokratiundersøkinga, brukarundersøkingane og medarbeidarundersøkinga (10-faktor) har peika på område der kommunen har eit utviklingspotensial. Dette skal fylgjast opp på ein systematisk måte i heile organisasjonen.

9.3 Prioritering

Herøy kommune har ein ambisjon om å vere «ei båt lengd føre» og vere «ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i». Kommunestyret har vidare vedteke

ein strategi for utvikling av lokalsamfunnet og organisasjonsutvikling gjennom Samfunnsdelen av Kommuneplanen og Kommunekompasset.

Det er krevjande å finne ein balanse mellom stramme, men fagleg forsvarlege rammer for tenestetilbodet, og investeringsrammer som legg til rette for utvikling, busetjing, næringsetablering og sikrar ein forsvarleg standard på bygningsmassen. Rådmannen vil difor rå til at det vert gjort ein ny gjennomgang av drifta med sikte på å finne tiltak som kan skape meir permanent balanse mellom inntekter og utgifter. Her må alle tiltak som **driftsreduksjonar, strukturendringar og interkommunale samarbeidsordningar** vurderast. Slike tiltak bør gjennomførast så raskt det er praktisk mogleg.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
04/19	Eldrerådet	02.12.2019
09/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18.11.2019
24/19	Komite for helse og omsorg	13.11.2019
132/19	Kommunestyret	21.11.2019
	Kommunestyret	

Kvalitetsstandard for tildeling av helse og omsorgstenester i Herøy kommune

Samandrag:

Sektor for helse og omsorg har utarbeidd ein heilskapleg kvalitetsstandard for helse og omsorgstenester i Herøy kommune. Gjennom denne vil du som innbyggjar få vite kva tenester kommunen kan tilby, kva du kan forvente deg som innbyggjar, og kva kommunen vil forvente av deg. Kvalitetsstandarden vil erstatte tidlegare vedtekne tenesteeerklæringar for institusjon, heimesjukepleie og praktisk bistand.

Kommunestyret 21.11.2019:

Behandling:

Saka vert utsett for handsaming i eldrerådet.

K- 132/19 Vedtak:

Saka vert utsett.

Rådmannen si tilråding:

Kvalitetstandarden for tildeling av helse og omsorgstenester vert vedteken.

Vedlegg:

kvalitetsstandard-for-tildeling-av-helse-og-omsorgstenester redigert

Saksopplysningar:

Herøy kommune arbeidar med kontinuerleg forbetningsarbeid, og har satt i gang ein rekke tiltak for å forbetre kommunen sin forvaltningspraksis.

Å utvikle ein kvalitetsstandard for helse og omsorgstenestene, er eit ledd i dette forbetningsarbeidet. Herøy kommune har over tid erfart at ikkje alle innbyggjarar er klar over kommunen sitt tenestetilbod, når det kjem til helse og omsorgstenester.

Målet for helse og omsorgstenestene i Herøy kommune er å tilby tenester av god kvalitet, på best effektive omsorgsnivå. Kommunen har ansvar for å utforme det lokale tenestetilbodet i samsvar med lokale føresetnader og behov. Det er viktig at innbyggjaren er klar over kva som er av tenestetilbod i Herøy kommune, kva ein kan forvente av kommunen, og kva kommunen forventar av innbyggjaren.

Vurdering og konklusjon:

Den utarbeidde kvalitetsstandarden er meint å presisere korleis Herøy kommune ønskjer å tilby sine helse og omsorgstenester. Vi ønskjer å skape ei felles forståing for nivået på tenesteytinga med bakgrunn i lovverk, faglege og juridiske vurderingar, og politiske prioriteringar.

Det er vår intensjon at kvalitetsstandarden skal gi både tenestemottakar og tenesteutøvar god informasjon om tenestene, og kva ein kan forvente når ein tek i mot kommunale helse og omsorgstenester.

Kvalitetsstandarden må oppdaterast ved lovendringar som fører til endring i tenestetilbodet, eller ved nye politiske prioriteringar lokalt. Rådmannen får mynde til å revidere kvalitetsstandarden ved slike endringar.

Konsekvensar for folkehelsa: Standarden kan vere opplysende, i forhold til tidleg innsats.


Miljøkonsekvensar: Nei

Økonomiske konsekvensar: Nei


Beredskapsmessige konsekvensar: Nei

Konsekvensar for barn og unge: Standarden kan vere opplysende, i forhold til tidleg innsats.

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE




Kvalitetsstandard for tildeling av helse- og omsorgstenester i Herøy kommune

SAMMENDRAG

Dette er ei serviceerklæring for helse og omsorg i Herøy kommune. Her får du vite kva tenester som er i kommunen, kva du kan forvente deg som innbyggjar, og kva vi forventar av deg.


Helse og omsorg

Vedtatt i kommunestyret xx.xx.xxxx




Innhold


1 Innleiing	7
1.1 Søknad	7
1.2 Grunnleggjande prinsipp ved sakshandsaming:.....	8
1.3 Kva du kan forvente av kommunen ved tildeling av tenester og.....	9
tenesteyting:.....	9
1.4 Kva vi forventar av deg som innbyggjar	9
1.5 Rettleiing	10
1.6 Klage	10
2 Tenestetilbod.....	10
2.1 Tryggleiksalarm og andre velferdsteknologiske hjelpemiddel	10
2.1.1 Lovheimel:	10
2.1.2 Om tenesta	11
2.1.3 Målsetting.....	11
2.1.4 Vilkår for å få tenesta	11
2.1.5 Kva kan du som innbyggjar forvente av tenesteytar:.....	11
2.1.6 Våre forventningar til deg som innbyggjar:.....	11
2.1.7 Praktiske spørsmål:	11
2.2 Matombering.....	12
2.2.1 Lovheimel:	12
2.2.2 Om tenesta	12
2.2.3 Målsetting.....	12
2.2.4 Vilkår for å få tenesta	12
2.2.5 Kva kan du som innbyggjar forvente av tenesteytar:.....	12
2.2.6 Våre forventningar til deg som innbyggjar:.....	12
2.2.7 Praktiske spørsmål:	13
2.3 Transportteneste for funksjonshemma (TT)	13
2.3.1 Lovheimel:	13
2.3.2 Om tenesta	13
2.3.3 Målsetting.....	13
2.3.4 Vilkår for å få tenesta	13
2.3.5 Våre forventningar til deg som innbyggjar:.....	14
2.3.6 Praktiske spørsmål:	14




2.4 Følgjekort.....	14
2.4.1 Lovheimel:	14
2.4.2 Om tenesta	14
2.4.3 Målsetting.....	14
2.4.4 Vilkår for å få tenesta	14
2.4.5 Kva kan du som innbyggjar forvente:.....	15
2.4.6 Våre forventningar til deg som innbyggjar:.....	15
2.4.6 Praktiske opplysningar:	15
2.5 Dagopphald i institusjon.....	15
2.5.1 Lovheimel:	15
2.5.2 Om tenesta	15
2.5.3 Målsetting.....	16
2.5.4 Vilkår for å få tenesta	16
2.5.5 Våre forventningar til deg som innbyggjar:.....	16
2.5.6 Praktiske opplysningar:	16
2.6 Dagaktivitetstilbod utanfor institusjon	16
2.6.1 Lovheimel:	16
2.6.2 Om tenesta og målsetting	17
2.6.2.2 Dagaktivitetstilbod/sysseletting til personar med utviklingshemming	17
2.6.2.3 Dagaktivitetstilbod til personar med psykisk helse - og/eller rusutfordring.....	17
2.6.3 Vilkår for å få tenesta	18
2.6.4 Våre forventningar til deg som innbyggjar:.....	18
2.6.5 Praktiske opplysningar:	18
2.7 Kommunal bustad/omsorgsbustad	18
2.7.1 Lovheimel:	18
2.7.2 Om tenesta	19
2.7.3 Målsetting.....	19
2.7.4 Vilkår for å få tenesta	19
2.7.5 Praktiske spørsmål:	19
2.8 Personlig assistanse- praktisk bistand, opplæring og støttekontakt.....	20
2.8.1 Lovheimel:	20
2.8.2 Særskilt for Praktisk bistand til daglege gjeremål (heimehjelp).....	20
2.8.2.1 Om tenesta	20




2.8.2.2 Målsetting.....	20
2.8.2.3 Vilkår for å få tenesta	20
2.8.2.4 Tenesta omfattar:.....	21
2.8.2.5 Oppgåver som ikkje inngår i tenesta:.....	21
2.8.2.6 Kva du som innbyggjar kan forvente av tenesteytar:.....	22
2.8.2.7 Våre forventningar til deg som innbyggjar.....	22
2.8.2.8 Praktiske spørsmål:	23
2.8.3 Særskilt om praktisk bistand opplæring og målretta miljøarbeid.....	23
2.8.3.1 Målsetting:.....	23
2.8.3.2 Vilkår for å få tenesta	23
2.8.3.3 Eigenbetaling:.....	24
2.8.4 Særskilt for Brukarstyrt personleg assistent (BPA)	24
2.8.4.1 Om tenesta	24
2.8.4.2 Målsetting.....	24
2.8.4.3 Vilkår for å få tenesta	24
2.8.4.4 Kva kan du som innbyggjar forvente av Herøy kommune:	25
2.8.4.5 Våre forventningar til innbyggjar/arbeidsleiar:.....	25
2.8.4.6 Praktiske spørsmål.....	25
2.8.5 Særskilt for støttekontakt	26
2.8.5.1 Om tenesta	26
2.8.5.2 Målsetting.....	26
2.8.5.3 Vilkår for å få tenesta	26
2.8.5.4 Våre forventningar til deg som innbyggjar:.....	26
2.8.5.5 Praktiske spørsmål:	27
2.9 Helsetenester i heimen	27
2.9.1 Lovheimel:	27
2.9.2 Om tenesta heimesjukepleie.....	27
2.9.2.1 Målsetting.....	27
2.9.2.2 Vilkår for å få tenesta	28
2.9.2.3 Kva du som innbyggjar kan forvente av tenesteytar:.....	28
2.9.2.4 Våre forventningar til deg som innbyggjar:.....	28
2.9.2.5 Praktiske spørsmål:	29
2.9.3 Om tenesta psykisk helse og rus	29




2.9.3.1 Målsetting:.....	29
2.9.3.2 Vilkår for å få tenesta	29
2.9.3.3 Praktiske spørsmål.....	29
2.9.4 Om Demens- og psykiatriteamet	29
2.9.4.1 Målsetting.....	30
2.9.4.2 Vilkår for å få tenesta	30
2.9.4.3 Praktiske spørsmål.....	30
2.9.5 Om familiestøtte	30
2.9.5.1 Målsetting.....	30
2.9.5.2 Vilkår for å få tenesta	30
2.9.5.3 Praktiske spørsmål.....	30
2.9.6 Om kreftkoordinator	30
2.9.6.1 Målsetting.....	30
2.9.6.2 Vilkår for å få tenesta	31
2.9.6.3. Praktiske spørsmål.....	31
2.10 Avlastning	31
2.10.1 Lovheimel:	31
2.10.2 Om tenesta	31
2.10.2.1 Avlastingsheimar	31
2.10.2.2 Avlasting i eigen heim.....	31
2.10.2.3 Avlastingsopphald i institusjon.....	31
2.10.2.4 Avlasting i form av tilpassa dagtilbod.....	31
2.10.3 Målsetting.....	32
2.10.4 Vilkår for å få tenesta	32
2.10.5 Kva du som innbyggjar kan forvente av tenesteytar:.....	32
2.10.6 Våre forventningar til brukar:.....	32
2.10.7 Praktiske opplysningar:	32
2.11 Omsorgstønad	32
2.11.1 Lovheimel:	32
2.11.2 Om tenesta	33
2.11.3 Målsetting.....	33
2.11.4 Vilkår for å få tenesta	33
2.11.5 Våre forventningar til deg som innbyggjar:.....	34



2.11.6 Praktiske opplysningar	34
2.12 Korttidsopphald.....	34
2.12.1 Lovheimel:	34
2.12.2 Om tenesta	34
2.12.3 Målsetting.....	34
2.12.4 Vilkår for å få tenesta	34
2.12.4.1 Kva kan du som innbyggjar forvente av tenesteytar:.....	35
2.12.4.2 Våre forventningar til deg som innbyggjar:.....	35
2.12.4.3 Praktiske spørsmål:	35
2.13 Omsorgsbustad med heildøgntilsyn	35
2.13.1 Lovheimel:	35
2.13.2 Om tenesta	35
2.13.3 Målsetting.....	36
2.13.4 Vilkår for å få tenesta	36
2.13.5 Våre forventningar til brukar:.....	36
2.13.6 Praktiske spørsmål:	36
2.14 Midlertidig opphald i møblert omsorgsbustad med delvis eller heildøgntilsyn.....	36
2.14.1 Om tenesta	36
2.14.2 Vilkår.....	36
2.14.3 Praktiske spørsmål.....	36
2.15 Kvardagsrehabilitering	37
2.15.1 Lovheimel:	37
2.15.2 Om tenesta	37
2.15.3 Målsetting.....	37
2.15.4 Vilkår for å få tenesta	37
2.15.5 Kva kan du som innbyggjar forvente av tenesteytar:.....	38
2.15.6 Våre forventningar til deg som innbyggjar:.....	38
2.15.7 Praktiske spørsmål:	38
2.16 Langtidsopphald	38
2.16.1 Lovheimel:	38
2.16.2 Om tenesta	38
2.16.3 Målsetting.....	39
2.16.4 Vilkår for å få tenesta	39



2.16.5 Kva kan du som innbyggjar forvente av tenesteytar:.....	39
2.16.6 Våre forventningar til deg som innbyggjar:.....	39
2.16.7 Praktiske spørsmål:	40
2.17 Individuell plan og koordinator	40
2.17.1 Lovheimel	40
2.17.2 Om tenesta	40
2.17.3 Målsetting.....	40
2.17.4 Vilkår for å få tenesta	40
2.17.5 Kva kan du som innbyggjar forvente	40
2.17.6 Våre forventningar til deg som innbyggjar.....	41
2.17.7 Praktiske opplysningar	41



1 Innleiing

Dette dokumentet er meint å presisere korleis Herøy kommune ynskjer å tilby sine helse- og omsorgstenester. Vi ynskjer å skape ei felles forståing for nivået på tenesteytinga med bakgrunn i lovverk, faglege og juridiske vurderingar, og politiske prioriteringar. Vi ynskjer at kvalitetsstandarden skal gi både tenestemottakar og tenesteutøvar god informasjon om tenestene og kva ein kan forvente når ein tek i mot kommunale helse- og omsorgstenester.

Målet for helse- og omsorgstenesta i Herøy kommune er å tilby tenester av god kvalitet på best effektive omsorgsnivå (BEON-prinsippet). Kommunane har ansvar for å utforme det lokale tenestetilbodet i samsvar med lokale føresetnader og behov. Til grunn for organisering og tildelinga vår, har vi ei rekke krav frå styresmaktene, og blant dei viktigaste er:


- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(Helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)
- [Lov om pasient og brukerrettigheter](#)
- [Lov om helsepersonell m.v. \(Helsepersonelloven\)](#)
- [Lov om behandlingmåten i forvaltningssaker](#)
- [Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene \(kvalitetsforskriften\)](#)
- [Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstenesten](#)
- [Forskrift om en verdig eldreomsorg \(verdighetsgarantien\)](#)

Kommunane har etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1, ansvar for å sørge for nødvendige helse- og omsorgstenester til alle som oppheld seg i kommunen. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, både personar med fysiske helseproblem/sjukdom, psykisk lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Lova gir ikkje brukar rett til ei bestemt teneste, som til dømes opphald i sjukeheim. Det er opp til kvar enkelt kommune å vurdere kva hjelp som er nødvendig og i Herøy kommune vil tildeling skje etter BEON-prinsippet.

1.1 Søknad

Tildeling av helse- og omsorgstenester skjer som regel etter skriftleg søknad. I akutte tilfelle kan tildeling av tenester skje etter munnleg førespurnad til tenesteapparatet.

Enkeltvedtak blir da fatta etter at tenesta er sett i gang. Herøy kommune sitt [søknadsskjema](#)



skal nyttast.

Avdeling for tenestekoordinering i Herøy kommune vil behandle søknaden i tråd med forvaltningslova, saman med tenesta det er søkt om. Før søknaden kan handsamast blir det gjennomført ei kartlegging av brukaren sine eigne ressursar og behov for hjelp.


Kartleggingssamtale skal som hovudregel bli utført innan 14. dagar etter at søknaden er motteken. Pårørande kan delta om ynskjeleg.

Kommunen pliktar å nytte kartleggingsverktøyet IPLOS, som er eit nasjonalt statistikkregister som viser pasienten sine ressursar, behov og tenestenivå. I tillegg til heimebesøk har vi i enkelte høve behov for å innhente opplysningar frå andre instansar, som til dømes fastlege. For at vi skal kunne foreta ei heilskapleg vurdering i saka, må det føreligge skriftleg samtykke til å innhente opplysningar frå relevante partar. Dette samtykker ein til på baksida av søknadsskjemaet.

Det blir gitt skriftleg svar på søknaden og det blir som regel fatta enkeltvedtak på alle tenester. Unntaket er «lavterskeltilbod». Dette er tenester der du kan ta direkte kontakt med tenesta, der vanlege sakshandsamingsreglar ikkje vert nytta. Døme på dette er oppfølging av kreftkoordinator og psykologtenesta.

1.2 Grunnleggande prinsipp ved sakshandsaming:

- Vi fylgjer forvaltningslova i all sakshandsaming
- Tildeling av tenester skjer etter tverrfagleg, individuell og skjønsmessig vurdering, utifrå gjeldande lovverk og vedtekne standardar
- Det blir lagt stor vekt på brukarmedverknad i tilrettelegging av tenestene. Du skal bli spurt kva som er viktig for deg.
- Herøy kommune sikrar at saka er tilstrekkeleg opplyst ved behandling av søknaden
- Etter kartlegging og registrering av IPLOS blir det gjort ei vurdering av søkjar sitt behov for helsehjelp
- All tenesteyting tek utgangspunkt i brukaren sine eigne ressursar og legg til rette for å oppretthalde eller vinne att funksjonsnivå/ eigenmeistring.
- Brukar får ei grunngjeving for avgjersla i enkeltvedtaket.



1.3 Kva du kan forvente av kommunen ved tildeling av tenester og


tenesteyting:

- Opplysningar frå søknad og tenesteyting blir handsama konfidensielt
- Informert samtykke ligg til grunn for all tenesteyting
- Stor grad av brukarmedverknad ved utforming av tenestetilbod
- Pasient/brukar og pårørande opplever respekt og tryggleik i tenestetilbodet. I tillegg til at det er føreseieleg.
- Tenestene er koordinerte, av god kvalitet og fagleg forsvarlege
- Tenestene sikrar pasienten ein verdig livssituasjon
- Vurdering av behov for helsehjelp og tenestetilbod blir fortløpande vurdert. Vedtaket vert jamleg revurdert og endra i samsvar med endring i hjelpebehov
- Tenestetilbodet er utforma slik at brukaren skal få bu heime lengst mogleg
- Pasientar med langvarige og samansette behov skal få tilbod om Individuell plan
- Tenesta vert utført i samsvar med vedtaket
- Eventuelle klager blir teke på alvor
- Vi overheld vår rettleiings- og informasjonsplikt. Vi skal gi relevant informasjon om tenester innan sektor for helse og omsorg i Herøy kommune. Vidare skal vi ved behov gi rettleiing ved søknad og klage på tildeling av tenester

1.4 Kva vi forventar av deg som innbyggjar

Dette er generelle forventningar, som er felles for alle tenester. Meir spesifikke forventningar kan stå i enkeltvedtaket.

- Du bidreg til at saka blir tilstrekkeleg opplyst. Dette inneber blant anna at du gir fullmakt til å innhente nødvendige opplysningar frå andre, eksempelvis fastlege og NAV, der det er nødvendig for å få utført tenesta
- Du gjer deg kjent med innhaldet i enkeltvedtaket
- Du gir beskjed til tenesteyter eller avdeling for tenestekoordinering ved endring av behov
- Du samarbeider ved tilrettelegging av hjelpemiddel i heimen, for å ivareta god helsehjelp og for å ivareta arbeidsmiljøet til tenesteytar



- Vegen til bustaden er brøytt og/eller strødd vinterstid og inngangspartiet skal vere godt opplyst
- Du røykjer ikkje inne når tenesteytar oppheld seg i heimen, og det blir utlufta godt før medarbeidarane våre kjem
- Du som har husdyr, ser til at dette ikkje er til sjenanse for tenesteytar
- Tenesteytar blir ikkje kontakta på fritida
- Du og/eller pårørande tek kontakt med aktuell tenesteleiar eller avdeling for tenestekoordinering om det er misnøye med noko, eller det er behov for informasjon, råd eller rettleiing. Fortell det gjerne til alle du møter om du er fornøgd!

1.5 Rettleiing

Personar som vil søkje eller har spørsmål om ei teneste kan vende seg til avdeling for tenestekoordinering.

1.6 Klage

Alle enkeltvedtak kan klagast på innan ei viss frist, dette blir det informert om i enkeltvedtaket. Dersom det er behov for hjelp til å skrive klagen kan avdeling for tenestekoordinering bidra med dette. Klaga skal vere skriftleg og det må kome fram av klagen kva ein klagar på. Klagen sendast avdeling for tenestekoordinering. Om vedtaket ikkje blir endra blir klaga vidare sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for overprøving.


Unntak er tildeling av kommunal bustad, transportteneste (TT) og følgjebevis for funksjonshemma, der klaga vil bli overprøvd av Herøy kommune si klagenemnd. Klage på sjølve utføring av tenesta, kvalitet eller helsepersonell skal gå til tenesteleiar.

2 Tenestetilbod

2.1 Tryggleiksalarm og andre velferdsteknologiske hjelpemiddel

2.1.1 Lovheimel:

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tryggleiksalarm kan bli innvilga som ei nødvendig helseteneste etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-1, til dømes som erstatning for tilsyn



frå heimesjukepleia.

2.1.2 Om tenesta

Tryggleiksalarm er ei ordning der du kan kome i kontakt med heimetenesta i ein akutt situasjon der du treng hjelp, men ikkje kan nytte telefon.

Andre velferdsteknologiske hjelpemiddel kan bli innvilga etter vurdering.

2.1.3 Målsetting

Tryggleiksalarmen skal medverke til at du føler deg trygg, og kan bu heime lenger.

2.1.4 Vilkår for å få tenesta

Heimebuande eldre og funksjonshemma kan bli tildelt tryggleiksalarm ut i frå desse kriteria:

- Du kjenner deg utrygg grunna sjukdom eller funksjonshemming
- Du forstår bruken av alarm
- Du har lett for å falle, problem med å bevege deg
- Du bur aleine og/eller har lite sosialt nettverk
- Du bur i ueigna bustad

2.1.5 Kva kan du som innbyggjar forvente av tenesteytar:


- Tenesta er ikkje lovpålagt og alarm vil bli montert så snart vi har kapasitet.
- Etter at heimetenesta har motteke alarm frå deg, vil dei ta kontakt på telefon, eller kome på heimebesøk. Heimetenesta kjem så fort dei kan, og har som mål å vere der innan 30 minuttar.

2.1.6 Våre forventningar til deg som innbyggjar:

- Det må monterast nøkkelboks ved inngangsdøra
- Alarmen må vere på deg heile døgnet
- Alarmen vert nytta ved akutte behov for hjelp
- Alarmen må erstattast av deg dersom du mister den eller øydelegg den med vilje

2.1.7 Praktiske spørsmål:

Det blir kravd eigenbetaling for tryggleiksalarm der det er vurdert at det ikkje er ei *nødvendig*



helseteneste. Sats blir justert årleg av Kommunestyret. Tryggleiksalarmen er kopla opp mot heimetenesta eller andre, til dømes pårørande etter avtale.

2.2 Matombering

2.2.1 Lovheimel:

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Matombering kan bli innvilga som praktisk bistand etter helse- og omsorgstenestelova § 3-6, punkt b.

2.2.2 Om tenesta

Eldre og personar med nedsett funksjonsnivå som ikkje greier å lage middag sjølve, kan få tilbod om varm mat frå omsorgssentra.

I utgangspunktet kan heimebuande få levert middag fire dagar per veke gjennom heile året. Utkøyring skjer ved hjelp av Frivilligsentralen og heimetenesta. I bemanna bustadar der personale kan hente middagen, kan det leverast mat kvar dag. Maten blir levert varm, i vakuumerte porsjonspakkar. Tilbodet blir gitt i korte eller lengre periodar.

2.2.3 Målsetting

Matombering skal medverke til at heimebuande som ikkje er i stand til å lage middag sjølve får tilstrekkeleg ernæring, slik dei kan bu i eigen bustad lengst mogleg.

2.2.4 Vilkår for å få tenesta


Heimebuande som ikkje er i stand til å ivareta sitt ernæringsbehov på grunn av fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemming.

2.2.5 Kva kan du som innbyggjar forvente av tenesteytar:

Får levert mat ut i frå behov, til dømes allergi, diabetes eller findelt mat ved tannhelseproblem. Det er ikkje høve til å reservere seg for ulike typar middagar, til dømes at du berre ønskjer middag når det er fiskemat.

2.2.6 Våre forventningar til deg som innbyggjar:

- Du gir beskjed om behov for spesialkost, allergi, diabetes og eventuelt andre omsyn.



- Dersom du ikkje kan ta imot middag på dei dagane du har vedtak om, må du varsle kjøkkenet seinast kl 12 dagen før.

2.2.7 Praktiske spørsmål:

Det er eigenbetaling for matombering og satsen står i enkeltvedtaket. Sats blir justert årleg og vedteke av kommunestyret.

2.3 Transportteneste for funksjonshemma (TT)

2.3.1 Lovheimel:

Tenesta er ikkje lovheimla. Møre og Romsdal fylkeskommune har overordna ansvar og har utarbeidd egne [retningsliner](#) for ordninga. Herøy kommune har delegert ansvar for tildeling av tenesta.

2.3.2 Om tenesta


Transporttenesta er eit tilbod om dør til dør-transport med drosje til deg som grunna ei funksjonshemming har vanskar med å reise kollektivt. TT- ordninga er meint å dekkje fritidsreiser. TT- ordninga er ikkje meint for reiser til lege/sjukehus, der du kan søkje refusjon frå HELFO.

2.3.3 Målsetting

Ordninga skal bidra til at personar med funksjonshemming skal kunne leve eit så aktivt liv som mogleg.

2.3.4 Vilkår for å få tenesta

- Du har på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming store vanskar med å nytte offentleg transportmiddel
- Funksjonshemminga di er varig og må ha vore slik i minst 1 år for at du skal kunne godkjennast
- Det er graden av funksjonshemming som leggst til grunn, ikkje type funksjonshemming eller alder
- Transporttenesta er ikkje meint å vere ei erstatning for eventuelt manglande busstilbod eller til dømes lang veg til haldeplass eller avsidesliggjande bustad



- Barn som ikkje treng transport med spesielt tilrettelagt bil er ikkje aktuelle å godkjenne før dei er i ein alder der dei som funksjonsfriske ville kunne reise kollektivt på eiga hand. Retningsgjevande alder er 10 år

2.3.5 Våre forventningar til deg som innbyggjar:

- Du tek vare på brukarkortet og erstattar det om det skulle bli borte eller skadd.
- Reiser blir bestilt i god tid, og du er reiseklar når transporten kjem og betalar gebyr ved for sein avbestilling.

2.3.6 Praktiske spørsmål:

- Du må legge ved erklæring frå lege som fortel kvifor du har behov for transporttenesta. TT-ordninga skal berre nyttast til lokale fritidsreiser, og ikkje til sjuketransport, legebepøk, reise til fysioterapi eller andre reiser som blir dekt av folketrygda.
- Ordninga blir administrert av servicetorget i Herøy kommune

2.4 Følgjekort

2.4.1 Lovheimel:

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste.

2.4.2 Om tenesta


Har du nedsett funksjonsevne og har behov for følgje på ulike arrangement, kollektivreiser og/eller fritidsaktiviteter kan du få følgjekort.

2.4.3 Målsetting

Ordninga er eit ledd i ei kjede av tiltak for å førebygge isolasjon og gi auka livskvalitet til enkeltpersonar med nedsett funksjonsevne.

2.4.4 Vilkår for å få tenesta

- Du må ha ei varig funksjonshemming, minimum 2 år
- Du må ha fylt 8 år. Tildeling av følgjebevis til personar under 8 år skjer etter særskild vurdering



2.4.5 Kva kan du som innbyggjar forvente:

Har du følgjekort vil personen du har med få fri tilgang til offentlege kultur- og fritidsarrangement og offentlege transportmiddel som du ikkje kan delta på utan følge. Enkelte private aktørar for ulike arrangement aksepterer også ordninga.

2.4.6 Våre forventningar til deg som innbyggjar:

- Du må samtykke til at kommunen kan innhente nødvendige opplysningar for å få behandla saken, til dømes frå fastlegen
- Du må legge ved passfoto i søknaden. Du kan også sende eit bilete på epost eller møte opp i servicetorget slik at die kan ta bilete av deg der.
- Du må ha bustadadresse i Herøy kommune for å søkje om tenesta.

2.4.6 Praktiske opplysningar:

- Det er ingen eigenbetaling.
- Tenesta vert administrert av servicekontoret i Herøy kommune.

2.5 Dagopphald i institusjon

2.5.1 Lovheimel:


Dagopphald i institusjon blir tildelt med heimel i Helse og omsorgstenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav c –plass i institusjon, herunder sjukeheim.

2.5.2 Om tenesta

Dagopphald i institusjon er eit tilbod for heimebuande eldre som av helsegrunnar ikkje kan nytte seg av andre aktivitetstilbod i kommunen. Du får tilbod om transport til og frå dagopphaldet.

Under dagopphaldet får du servert frukost, middag og kaffemat, i sosialt fellesskap med andre. I tillegg får du tilbod om å delta på ulike sosiale aktivitetar.

Tenesta kan også vere eit tilbod til personar som treng avlastning, som nemnt i 2.11.



2.5.3 Målsetting

Dagopphald skal bidra til at eldre som bur heime får ein meningsfull kvardag, og kan bu heime lengst mogleg. Det kan i enkelte tilfelle vere eit viktig tilbod for å førebyggje funksjonssvikt.

2.5.4 Vilkår for å få tenesta

- Du har fysisk eller psykisk funksjonssvikt som gjer at du ikkje kan delta på andre aktivitetstilbod i kommunen
- Du har behov for hjelp til å komme deg ut av heimen for å få ein meningsfull kvardag, aktivisering og fellesskap
- Du treng dagtilbod på grunn av at pårørande er i arbeid eller har behov for avlastning
- Innbyggjarar med langtidsopphold i institusjon vil som regel ikkje bli prioritert

Særskilt om dagtilbod til deg med demens:

- Du må ha ein viss fysisk funksjon og vere vurdert av demensteamet i kommunen
- Du har ei demensdiagnose, eller er under utredning for demens

2.5.5 Våre forventningar til deg som innbyggjar:

- Du gir beskjed så snart som råd om du ikkje kan delta på dagtilbodet.
- Du tek med deg nødvendig medisin og hjelpemiddel


2.5.6 Praktiske opplysningar:

Det er eigenbetaling for dagopphald og satsen står i enkeltvedtaket. Satsane blir justert årleg i Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.

2.6 Dagaktivitetstilbod utanfor institusjon

2.6.1 Lovheimel:

Dagaktivitetstilbod er ikkje ei lovpålagt teneste, men kan bli tildelt med heimel i Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 5 som omhandlar sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering, eller Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav d avlastningstiltak.



2.6.2 Om tenesta og målsetting

Herøy kommune har dagaktivitetstilbod utanfor institusjon til heimebuande som har utviklingshemming eller som har psykiske helseutfordringar.

- Dagaktivitetstilboda si målsetting er å bidra til at du får ein aktiv og meningsfull kvardag i samvær med andre
- Dagaktivitetstilbod kan bidra til å utsette opphald i institusjon.
- Dagaktivitetstilbod kan bidra til å avlaste omsorgsytar.

2.6.2.2 Dagaktivitetstilbod/sysseletting til personar med utviklingshemming

Tenesta er eit tilbod til personar over 18 år som har medfødde eller erverva skade – frå lettare grad til multifunksjonshemming.

Herøy kommune har eit aktivitetssenter som har fokus på sosiale aktivitetar som song, spel, og hobbyaktivitetar. I tillegg har vi sysselettingsbedrifta Herøy produksjon. Herøy produksjon leverer blant anna trevareprodukt til både næringsliv og den private marknaden. I tillegg til dette har dei utstyr til å digitalisere filmar og bilete.

Tilboda skal leggje til rette og gjennomføre aktivitetar i samarbeid med brukaren, utifrå individuelle ressursar, behov og interesser. I tillegg skal tilbodet gi rom for utvikling og meistring, og medverke til tryggleik og ein verdig livssituasjon.


Dagaktivitetstilbod/sysseletting kan bli innvilga inntil fem dagar i veka.

Dagaktivitetstilbodet kan og omfatte «Inn på tunet». Dette er eit samarbeid mellom kommunen og ein lokal gardbrukarar, og omfattar aktivitetar basert på garden og gardbrukar sine ressursar.

2.6.2.3 Dagaktivitetstilbod til personar med psykisk helse - og/eller rusutfordring

Tenesta er eit tilbod til deg som bur i Herøy og er mellom 18 og 67 år.

Ein veit at aktivitet er positivt for både den fysiske og den psykiske helse vår, og at det å vere saman med andre er positivt for mange. Siste åra har det blitt eit større fokus også på fysisk aktivitet og kreativitet i behandlinga av rus og psykisk lidning.



Aktiviseringstilbudet skal bidra med motivasjon, hjelp og støtte til å meistre utfordringar i kvardagen gjennom å etablere sosiale fellesskap og utvikle tryggleik i samvær med andre.

Aktivitetstilbudet i teneste for psykisk helse og rus består av mange ulike aktivitetar, og du kan ta direkte kontakt med seksjonsleiar dersom du ønskjer vere med. Det kan til dømes vere kreativgruppe på Solheim dagsenter, kreativ aktivitet, bading på Sunnmørsbadet, friluftsgruppe, samtalegruppe, musikkgruppe, dagkino og så vidare.

2.6.3 Vilkår for å få tenesta

Det vil bli gjort ei individuell vurdering av kva teneste som er fagleg forsvarleg og best egna i samråd med deg. Det er ikkje rettskrav på dagaktivitetstilbod utanfor institusjon og kommunen vil i vurderinga legge til grunn tilgjengelege ressursar. Innbyggjarar med langtidsopphold i institusjon vil som regel ikkje bli prioritert ved tildeling av dagtilbod utanfor institusjon.

Dagaktivitetstilbod til deg med utviklingshemming:

- Du har behov for å auke evne til eigenomsorg - fysisk, psykisk eller sosialt
- Du har behov for rettleiing/trening/aktivisering og vedlikehald av ferdigheiter
- Du har pårørende som har behov for avlastning

Dagaktivitetstilbod til deg med rus- og/eller psykisk helseutfordringar:

- Tenesta er eit lågterskeltilbod, og du kan ta kontakt direkte med tenesta dersom du tenkjer dette er eit aktuelt tilbod for deg.

2.6.4 Våre forventningar til deg som innbyggjar:

- Du gir beskjed så snart som råd dersom du ikkje kan delta på dagtilbodet
- Du tek med deg nødvendig medisin og hjelpemiddel


2.6.5 Praktiske opplysningar:

Du må sjølv betale for transport til og frå dagaktivitetstilbodet.

2.7 Kommunal bustad/omsorgsbustad

2.7.1 Lovheimel:

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste, men i helse- og omsorgstenestelova §3-7 står det:



Kommunen skal medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemning eller av andre årsaker.

2.7.2 Om tenesta

Kommunal bustad er i utgangspunktet eit midlertidig tilbod om å leige ein bustad som Herøy kommune eig. Bustadane er eit av fleire tilbod vi har, for å hjelpe deg som har problem med å skaffe deg bustad sjølv. Herøy har fleire typar bustadar lokalisert på ulike stadar i kommunen. Vi har også særskilt tilrettelagde bustadar der det er personale til stades delar av, eller heile døgnet.

Kommunal bustad inneber tilbod om bustad med husleigekontrakt og du får ikkje automatisk tilgang til andre tenester. Tildeling av tenester skjer på bakgrunn av individuell vurdering og enkeltvedtak. Du må søkje om tenester på vanleg måte.

2.7.3 Målsetting

Den kommunale bustaden skal hjelpe det til å vere mest mogleg sjølvstendig, bidra til at du kjenner deg trygg og at offentleg teneste skal vere lett tilgjengeleg.


2.7.4 Vilkår for å få tenesta

Tilbodet er for deg som treng særskilt tilrettelagt bustad, som er utan bustad, og ikkje er i stand til å skaffe deg bustad sjølv, eller med hjelp frå andre. Det må vere anten økonomiske, helsemessige eller sosiale forhold som gjer at du får tilbod om bustad gjennom kommunen.

2.7.5 Praktiske spørsmål:

Om du takkar nei til tildelt bustad vil du ikkje få nytt tilbod, men saka blir avslutta og du må søkje på nytt. Du har ikkje høve til å søkje på ein bestemt bustad etter lokalisering, men kommunen tildeler den bustad som er ledig og best eigna. Kommunen har retningslinjer for tildeling som vurderingane vert gjort utifrå. Eigedomsavdelinga i Herøy kommune har ansvar for utsending av husleigekontrakt og leigeforholdet elles.

Du har rett til å søkje om **bustøtte**, som er ei behovsprøvd statleg støtteordning for personar med låg inntekt og høge bukostnader. Husbanken og NAV samarbeider om bustøtteordninga. Husbanken fattar vedtaka, men det er NAV som behandlar søknadene og har all kontakt med søkjar. Ta kontakt med NAV, telefon 55 55 33 33



for hjelp og rettleiing.

2.8 Personlig assistanse- praktisk bistand, opplæring og støttekontakt

2.8.1 Lovheimel:

I Helse- og omsorgstenestelova § 3–2 nr. 6 bokstav b, står det at kommunen skal tilby personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt.

Herøy kommune organiserer praktisk bistand og opplæring på ulike måter og dette blir presisert i vedtaket.

Det vanlige er:

- Praktisk bistand til daglige gjeremål- heimehjelp
- Opplæring i daglige gjeremål / målretta miljøarbeid
- Tenester organisert som brukarstyrt personlig assistanse (BPA)
- Støttekontakt

2.8.2 Særskilt for Praktisk bistand til daglege gjeremål (heimehjelp)

2.8.2.1 Om tenesta


Praktisk bistand er ei teneste til personar som har behov for hjelp til dagliglivets gjeremål, til dømes husarbeid.

2.8.2.2 Målsetting

Praktisk bistand skal bidra til at personar med nedsett funksjonsevne skal få hjelp til daglege gjeremål, slik dei skal kunne bu heime så lenge som mogleg.

2.8.2.3 Vilkår for å få tenesta

- Du må ha behov for praktisk hjelp på grunn av sjukdom, funksjonshemming, høg alder eller andre årsaker for å få tildelt praktisk bistand
- Det må ikkje bu andre i husstanden som kan utføre husarbeidet
- Tenesta vert utført kvardagar mellom 08 og 16



2.8.2.4 Tenesta omfattar:

Tenesta vert utført i høve enkeltvedtak og reingjering vert vanlegvis utført 1-2 timar annakvar veke.

Nødvendig reinhald:

- Vanleg reinhald av rom som er i dagleg bruk, støvtørk, golvvask, støvsuging og vask av bad/wc
- Innvendig reinhald av kjøleskap og mikrobølgeovn ved behov
- Skifte sengekle
- Oppvask av kjøkkenutstyr
- Bistand til vask av kle i vaskemaskin
- Bistand til vask av vindauge innanfor tildelt tidsramme, inntil to gongar per år. Utvendig vask av vindauge blir gitt inntil ein gong i året. Brukar må i tilfelle prioritere bort andre oppgåver den aktuelle veka

Ernæring:


- Tilpassa og individuell hjelp og tid til å ete.
- Tilrettelegging av tre måltid pr. døgn, inkl. tørrmat, eventuelt i samarbeid med heimesjukepleia
- Eit varmt måltid pr. døgn. Dette gjeld ferdigproduserte middagar eller tildelt matombering

Barnepass:

- Bistand til foreldre med mindreårige barn på grunn av barnet eller foreldre sin sjukdom eller funksjonshemming

2.8.2.5 Oppgåver som ikkje inngår i tenesta:

- Storreingjering (må ordnast privat)
- Vask av vindauge utover to gongar pr. år
- Risting av mange, eller store og tunge golvteppe
- Kjellar- og loftsrydding/vasking
- Husarbeid/reingjering av rom som ikkje er i dagleg bruk
- Førebuing til besøk eller opprydding/oppvask etter gjester




- Reingjering av trapper, gangar eller andre fellesareal i burettslag eller blokker
- Tøyvask for hand
- Stryking av tøy i større omfang
- Pussing av sølv, kopar og messing
- Hagearbeid
- Baking
- Følgje til lege, fotpleiar, frisør etc.
- Klargjering av søppelsekker for avhenting, dersom dette kan utførast av pårørande
- Snømåking
- Husdyrhald
- Flytting
- Økonomiske tenester
- Vedlikehald, t.d. reparasjonar av tøy

2.8.2.6 Kva du som innbyggjar kan forvente av tenesteytar:

- Tenesteytar må følgje krav til HMS- reglar i heimen. Det er til dømes ikkje høve til å bruke stige/krakk eller anna for å vaske vindauge eller støvtørk. Kommunen tørkar støv og vaskar flater som er lett tilgjengelig
- Du får beskjed i rimeleg tid, dersom avtalar vert utsett eller avlyst. Du skal ikkje betale for tenester som ikkje vert utført
- Tenesteytar vil gjere ei fortløpande vurdering av hjelpebehov og vedtaket blir endra i takt med dette

2.8.2.7 Våre forventningar til deg som innbyggjar

- Du har utstyret det er behov for, til dømes vaskemiddel, klutar, støvsugar og liknande
- Du bidreg sjølv så langt det er råd og fagleg forsvarleg.
- Du eller pårørande er til stades når arbeidet vert utført
- Du gir beskjed snarast mogleg om det skulle oppstå akutte situasjonar som gjer at du ikkje kan ta i mot hjelpa, seinast dagen før kl. 12
- Du samarbeider ved tilrettelegging av hjelpemiddel i heimen for å ivareta god helsehjelp og for å ivareta arbeidsmiljøet til tenesteytar.
- Tenestemottakars heim er heimehjelpar sin arbeidsplass. Det er difor viktig at
 - Tenestemottakar og tenesteytar har gjensidig respekt for kvarandre



- Heimen er godt utlufta dersom du røykjer, og at det ikkje vert røykt når det vert ytt tenester
- Husdyr er ute av bustaden eller i andre rom når teneste vert ytt
- Tenestemottakar tillet tilpassingar av hjelpemiddel til bruk i heimen
- Tenestemottakar respekterer at heimehjelpar ikkje kan take i mot gåver eller pengar
- Tenestemottakar respekterer at heimehjelpar har teieplikt

2.8.2.8 Praktiske spørsmål:

Eigenbetaling i samsvar til «Forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstjenester», skjer med bakgrunn i inntektsberekning av den samla nettoinntekta til husstanden før særfrådrag. Til husstanden regnast berre ektefeller eller sambuarar, men i tillegg barn under 18 år, dersom hjelpa blir gitt på grunnlag av barnet sitt omsorgs- eller pleiebehov. Inntektsgrensa blir justert etter grunnbeløpet i folketrygda, og vedteke av kommunestyret kvart år.

2.8.3 Særskilt om praktisk bistand opplæring og målretta miljøarbeid

Dersom du har behov for tilrettelegging eller opplæring i dagliglivets gjeremål kan du få innvilga praktisk bistand opplæring, herunder målretta miljøarbeid. Tenesta er for deg som treng opplæring og/eller tilrettelegging i å ivareta dei daglege gjeremåla, eller som treng hjelp med å organisere kvardagen.

Målretta miljøarbeid er ei metode for å gjere deg i stand til å ivareta dagleglivets aktivitetar, og for å trene på å bli i betre stand til å ivareta dette sjølv.


Omfang, formål og tidsavgrensing blir presisert i vedtaket. Det vil bli gjort ei evaluering i løpet av perioden om du har tileigna deg opplæring og rettleiing frå personalet. Dersom det ikkje er slik, vil tenesta blir endra til praktisk bistand med eigenbetaling.

2.8.3.1 Målsetting:

Målsetting er at du i stor grad skal kunne mestre eigne oppgåver og halde ved like funksjonar, og/eller tileigne seg ny kunnskap med opplæring og tilrettelegging.

2.8.3.2 Vilkår for å få tenesta

Det vil bli lagt stor vekt på om du evnar å tileigne deg kunnskapen eller om du har behov



for vedlikeholdstrening.

2.8.3.3 Eigenbetaling:

Praktisk bistand opplæring er vederlagsfri i den perioden det blir gitt opplæring og rettleiing. Når det endrar seg til å bli assistanse i å utføre daglege gjeremål er det eigenbetaling etter reglar i «Forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstjenester».

2.8.4 Særskilt for Brukarstyrt personleg assistent (BPA)

2.8.4.1 Om tenesta

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp for funksjonshemma med stort behov for bistand i dagleglivet. Dersom du fyl vilkåra i pasient- og brukarrettighetsloven § 2-1 bokstav d har du krav på å få tenestene organisert som BPA.

Ordninga er ein alternativ måte å organisere tenester du har vedtak om, og er meint for deg som har langvarig og stort behov for hjelp i kvardagen. Du må vere under 67 år, og ha behov for hjelp meir enn 25 timar per veke. BPA byggjer på prinsippet om brukarstyring. Formålet og omfang av tenesta vil bli presisert i enkeltvedtaket.


- Det skal leggjast stor vekt på kven brukar ynskjer som personleg assistent.
- Brukaren skal kunna organisere teneste ut i frå egne behov, og ha færre tilsette å halde seg til.
- Tenesta kan vera praktisk bistand og opplæring, hjelp til personleg hygiene, trening og/eller sosial aktivisering.

2.8.4.2 Målsetting

Målet med ordninga er å medverke til at personar med sterk funksjonshemming eller som har eit stort hjelpebehov får eit aktivt og mest mogleg uavhengig liv.

2.8.4.3 Vilkår for å få tenesta

- Du oppfyller vilkår i pasient- og brukarrettighetsloven § 2-1 d



- Funksjonssvikt og hjelpebehov må vere av ein slik art at det er mest hensiktsmessig å organisere tenesta som BPA og ikkje meir tradisjonelle tenester, som til dømes praktisk bistand og opplæring
- Du har samansette og omfattande behov for tenester, uavhengig av diagnose eller alder. Tenestebehovet er langvarig
- Du evner å ivareta arbeidsleiarrolla. Alternativt at du har ein person som kan fungere som medarbeidsleiar
- Dersom det inngår element av helsehjelp i ordninga stillast det krav til dokumentasjon og forsvarleg bistand frå heimetenesta

2.8.4.4 Kva kan du som innbyggjar forvente av Herøy kommune:

- At hjelpebehovet blir fortløpande vurdert og vedtaket blir endra i takt med dette. Tenesta skal revurderast minimum ein gong per år.
- Herøy kommune har konsesjonsavtale med private leverandører. Du skal få informasjon og bistand til å skaffe BPA frå ønska leverandør.

2.8.4.5 Våre forventningar til innbyggjar/arbeidsleiar:


- Arbeidsleiar signerer avtale med kommune og leverandør om ansvarsfordeling og oppgåver
- Arbeidsleiar disponerer tildelte timar i tråd med rammer i vedtak og lova sitt formål
- Du er til stades når assistent kjem. Dersom den som skal ta imot hjelp ikkje blir heime på avtala tid, må assistent varslast så snart som mogleg
- Heimen er tilrettelagt for at assistenten får eit godt arbeidsmiljø, og eventuelt tek initiativ til eller tek i mot hjelp til utbetring av bustad

2.8.4.6 Praktiske spørsmål

Det er eigenbetaling for den delen som omhandlar praktisk bistand til daglege gjeremål.

Dette vil bli spesifisert i enkeltvedtaket.

Om du blir lagt inn på sjukehus eller institusjon blir tenesta, BPA, normalt sett på midlertidig opphør umiddelbart. Det er ikkje høve til å samle opp timar ved midlertidig opphør.



2.8.5 Særskilt for støttekontakt

2.8.5.1 Om tenesta

Tenesta blir tildelt personar som har behov for støttekontakt på grunn av funksjonshemming, psykiske lidningar, rusproblem, alder eller sosiale problem.

Tenesta skal:

- Stimulere til sosial aktivitet
- Medverke til nettverksbygging
- Skape glede gjennom samhandling
- Auke fysisk og psykisk livskvalitet
- Være følgje eller hjelp til praktiske gjeremål som til dømes handling ein gong per veke

2.8.5.2 Målsetting


Støttekontaktordninga er ei teneste som skal medverke til å auke brukaren si oppleving av livskvalitet gjennom samvær med andre og bidra til å få ei meningsfull fritid. Tenesta skal fungere som «personleg assistanse» og det skal vere stor grad av brukarmedverknad og brukarstyring.

2.8.5.3 Vilkår for å få tenesta

- Innbyggjar i Herøy kommune
- Lite, eller ikkje eksisterande nettverk i form av familie og annan omgangskrets
- Lite mobil på eigenhand, kan til dømes ikkje køyre bil og bur avsides
- Treng følgje til butikk, bank og liknande
- Behovet for støttekontakt må innebere ei form for aktivisering
- Støttekontakt kan også bli gitt som behandling av sjukdom, til dømes psykiske lidningar
- Bebuar med heildøgnsbemanning/institusjonsopphald blir ikkje prioritert ved tildeling av støttekontakt

2.8.5.4 Våre forventningar til deg som innbyggjar:

- Du gir beskjed snarast mogleg om det skulle oppstå akutte situasjonar som gjer at du ikkje kan ta i mot støttekontakta
- Du er til stades når støttekontakt kjem
- Køyregodtgjersle etter kommunalt vedtak



- Køyning utover tildelt køyregodtgjersle betalar du sjølv. Herøy kommune tilrår at du betalar kilometergodtgjersle etter staten sine satsar.

2.8.5.5 Praktiske spørsmål:

- Den som får støttekontakt skal berre betale for bilkøyning under tenesteytinga
- Ved midlertidig opphør utover ei veke, til dømes ved sjukehusopphald eller ferie, vil tildelte timar falle bort. Du har ikkje høve til å samle opp tildelte timar, kun etter avtale med tenesta eller der det er spesifisert i vedtaket

2.9 Helsetenester i heimen

2.9.1 Lovheimel:

I Helse- og omsorgstenestelova § 3–2 nr. 6 bokstav a, står det at kommunen pliktar å tilby helsetenester som blir gitt i heimen. Det skjer i form av heimesjukepleie eller tenester frå psykisk helse og rus.


2.9.2 Om tenesta heimesjukepleie

Heimesjukepleie er ei døgnteneste som blir gitt til akutt og kronisk sjuke, utan omsyn til alder og økonomi, som bur eller har mellombels opphald i kommunen. Dei utfører dei oppgåvene som brukar ikkje klarer sjølv, til dømes:

- Hjelp til personleg hygiene og ernæring
- Legemiddelhandtering
- Tilsyn, rådgjeving og tilrettelegging i forhold til sjukdom og førebygging
- Opplæring og vedlikehald av ferdigheit for å ivareta eiga helse
- Pleie av alvorleg sjuke og døyande
- Der brukar ikkje kan oppsøke helsesenteret kan heimesjukepleia også gi anna hjelp, til dømes sårbehandling, injeksjon og blodprøver

2.9.2.1 Målsetting

Heimesjukepleia skal ved hjelp av sine tenester førebygge, behandle og legge til rette for mestring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne.



2.9.2.2 Vilkår for å få tenesta


- Tenesta blir tildelt personar som bur eller oppheld seg i kommunen og som oppfyller kriteria for å få nødvendig helsehjelp
- Du må heilt eller delvis ha behov for hjelp til å ivareta eiga helse på ein fagleg forsvarleg måte

2.9.2.3 Kva du som innbyggjar kan forvente av tenesteytar:

- Tenesteytar gir beskjed så snart som råd om avtalar må endrast
- Tilrettelegging av tre måltid pr. døgn, inkl. tørrmat, eventuelt i samarbeid med heimehjelp/miljøarbeidar
- Tilrettelegging av eit varmt måltid pr. døgn. Dette gjeld ferdigproduserte middagar eller tildelt matombering
- Hovudtyngda av bistand til morgonstell og hjelp til å stå opp er definert mellom kl. 0800 og 1100
- Hovudtyngda av bistand til hjelp til kveldsstell og legge seg er definert mellom kl. 1900 og 2200
- Hjelp til å ivareta personleg hygiene og dusj minimum ein gong annakvar veke
- Hjelp til å kome på toalettet ved behov
- Alle som har behov for helsetenester i heimen i 3 månader eller meir, har rett til gratis, nødvendig tannbehandling, i samsvar med lov om tannhelsetenester. Heimesjukepleia pliktar å informere brukar om dette
- Tenestemottakar og pårørande sine ynskje for livsavslutninga skal imøtekomast så langt som råd er. Av kapasitetsomsyn kan det bli nødvendig å tilby institusjonsopphald
- Tenesta er så langt som råd utforma i samråd med deg, og individuelt tilrettelagt

2.9.2.4 Våre forventningar til deg som innbyggjar:

- Du er til stades når tenesteytar kjem
- Du deltek i den grad du greier det sjølv
- Dersom den som skal ta imot hjelp ikkje blir heime på avtala tid, må heimetenesta varslast så snart som mogleg
- At du samarbeider ved tilrettelegging av hjelpemiddel i heimen for å ivareta god helsehjelp og for å ivareta arbeidsmiljøet til tenesteytar



2.9.2.5 Praktiske spørsmål:

Tenesta er gratis.

2.9.3 Om tenesta psykisk helse og rus

Tenesta for psykisk helse og rus skal tilby tenester til menneske med psykiske- og/eller rusutfordringar, menneske i krise og sorg, og til pårørande. Tenesta skal bidra med støtte og hjelp til pasientar som har varig eller midlertidig nedsett evne til eigenomsorg i hovudsak for aldersgruppa 18-67 år.

- Tenesta kan bli gitt i eller utanfor heimen, i form av samtaler eller som aktivitetstilbod
- Tenesta kan vere individuell eller i gruppe
- Tenesta arbeider førebyggjande, behandlande , oppsøkjande og kan bidra med oppfølging etter vedtak og individuelle behov.
- Tenesta har kommunepsykolog

2.9.3.1 Målsetting:

Tenesta for psykisk helse og rus arbeider for at innbyggjarar i kommunen med psykisk helse og-/eller rusutfordringar skal best mogleg oppleve å meistre eige liv. For å oppnå dette, skal tenesta bidra til eit gjensidig samarbeid med utgangspunkt i innbyggjaren sine ressursar.

Tenesta skal tenke familie og nettverk, og ha lav terskel for samarbeid med fastlegane, NAV, helsestasjonen, 2.linjetenesta og andre aktuelle samarbeidsaktørar.

2.9.3.2 Vilkår for å få tenesta


Denne tenesta tildelast etter individuell vurdering, etter søknad eller tilvising frå lege, sjukehuset eller andre. Seksjon for psykisk helse og rus har faste inntaksmøter, og oppfølging vert gitt etter avtale som skildra i enkeltvedtak.

2.9.3.3 Praktiske spørsmål

- Tenesta er gratis

2.9.4 Om Demens- og psykiatriteamet

Demens- og psykiatriteamet er ei form for heimeteneste, særskilt tilpassa dei med demenssjukdom og personar med psykisk helse- og/eller rusutfordringar over 67 år. Tenesta tilbyr oppfølging, kartlegging og/eller samtaletid. Dei kan også gi råd og rettleiing til pårørande.



2.9.4.1 Målsetting

Målsetting med tenesta er at du skal oppleve å få ein betre kvardag med auka livskvalitet.

2.9.4.2 Vilkår for å få tenesta

Du må vere over 67 år, og ha utfordringar knytt til demens, psykisk helse eller rus.

2.9.4.3 Praktiske spørsmål

Tenesta er gratis.

2.9.5 Om familiestøtte

Familjestøtte er eit servicetilbod til småbarnsfamiliar med spesielle og akutte behov.

2.9.5.1 Målsetting

Målsetting for tenesta er hjelp til å meistre kvardagen i eigen heim. Det kan vere hjelp til den daglege ivaretakinga av små born, i tillegg til reinhald og matlaging.

2.9.5.2 Vilkår for å få tenesta

Tilbodet er meint til familiar som har særlege behov for hjelp i ein akutt situasjon, som for eksempel dødsfall, akutt sjukdom eller spesielt krevjande familiesituasjon. Ein kan få hjelpa i inntil to månadar, kvardagar mellom 08-16.

Dersom behovet varer lenger enn 2 månadar skal behovet løysast ved dei ordinære tenestene til kommunen.

2.9.5.3 Praktiske spørsmål


Du kan ta direkte kontakt med avdeling for tenestekoordinerer, fagleiar i bu- og habilitering seksjon A, eller melde behovet via ein annan tilsett i kommunen.

2.9.6 Om kreftkoordinator

Herøy kommune har eigen kreftkoordinator som tilbyr hjelp og støtte til krefttramma og deira pårørande. Kreftkoordinatoren samarbeider tett med fastlegar og sjukehus.

2.9.6.1 Målsetting

Koordinatoren gir råd, rettleiing og samtalar, og er med på å sikre ei trygg og heilskapleg omsorg i heimkommunen.



2.9.6.2 Vilkår for å få tenesta

Du kan ta kontakt med kreftkoordinator i alle fasar av sjukdomsutviklinga. Tilbodet gjeld både pasient, pårørande, helsepersonell og andre aktuelle.

2.9.6.3. Praktiske spørsmål

Du kan ta direkte kontakt med kreftsjukepleiar på telefon eller e-post.

Tenesta er gratis.

2.10 Avlastning

2.10.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenestelova § 3–2 nr. 6 bokstav d.

2.10.2 Om tenesta

Vi gir avlastning til personar og familiar som har ei særleg tyngande omsorgsoppgåve for eldre, funksjonshemma eller andre pleietrengande. Avlastning kan bli gitt i eller utanfor heimen. Tenesta er tidsavgrensa og omfang blir spesifisert i enkeltvedtaket.

2.10.2.1 Avlastingsheimar

Tenesta kan bli gitt til familiar med hjelpetrengande barn som bur heime, ved at barnet får opphald i tilrettelagt kommunal avlastningsbustad i avtalt tidsrom, eller at barnet får opphald i annan familie, til dømes i helger.

2.10.2.2 Avlastning i eigen heim


Avlastning kan bli gitt heime hjå den hjelpetrengande. Omfang og type teneste blir innvilga etter individuell vurdering og vil bli spesifisert i enkeltvedtaket.

2.10.2.3 Avlastingsopphald i institusjon

Tenesta omfattar tidsavgrensa opphald for den som er hjelpetrengande, og inneheld pleie og omsorg – ikkje utredning, behandling og rehabilitering.

2.10.2.4 Avlastning i form av tilpassa dagtilbod

Avlastning kan bli gitt som dagtilbod, som til dømes ved Blåtunet dagaktivitetssenter. Sjå meir omtale under punkt 2.5.



2.10.3 Målsetting

Omsorgsyttar skal få avlastning frå sine daglege omsorgsoppgåver for å unngå å bli utslitt og for å klare å halde fram med omsorgsoppgåva. Avlastning tek også sikte på å sikre nødvendig kvile, ferie og fritid for pårørande med omfattande omsorgsoppgåver.

2.10.4 Vilkår for å få tenesta

- Særleg tyngande helse- og omsorgsoppgåver over tid
- Omsorgsbehovet er slik at den hjelpetrengande ikkje kan vere aleine heile eller deler av døgnet, og som gir omsorgsyttar avgrensa moglegheit for nødvendig og regelmessig ferie og fritid

2.10.5 Kva du som innbyggjar kan forvente av tenesteyttar:

- Tildeling skjer etter kartlegging av funksjonsnivå og individuell vurdering
- Enkeltvedtak oppgir tidspunkt for når avlastning skal skje
- For avlastning i privat heim: kommunen inngår avtale med avlastar og er ansvarleg for betaling av godtgjersle

2.10.6 Våre forventningar til brukar:

At den omsorgstrengande har med seg nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpemiddel som blir nytta dagleg, ved opphald i institusjon


2.10.7 Praktiske opplysningar:

- Det er ingen eigenbetaling for avlastning
- Du må sjølv betale for transport til og frå avlastingsopphaldet, med unntak av avlastning i institusjon
- Under opphald i institusjon er det ikkje tilbod om legetilsyn
- Eigenandel til transport mellom kommune og spesialisthelseteneste betalar innbyggjar sjølv, opp til beløpet for frikortordninga

2.11 Omsorgsstønad

2.11.1 Lovheimel:

I Helse- og omsorgstjenestelova § 3–6, står det at kommunen skal ha tilbod om omsorgslønn til personar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid for eldre, sjuke eller



funksjonshemma personar. Kommunen pliktar å ha eit tilbod og å avsette midlar i budsjettet til ordninga, men det er ikkje eit individuelt rettskrav for innbyggjarane.

2.11.2 Om tenesta

Omsorgsstønad er ei økonomisk godtgjersle til den som yter omsorg til nære pårørande eller andre. Omsorgsstønad blir innvilga der kommunen ser at privat omsorg er best eigna. Kommunen kan tilby anna hjelp dersom det er vurdert som ei betre løysing for brukaren. Omsorgsstønad er ikkje ei teneste ein automatisk har krav på, men blir fastsett etter kartlegging og heilskapleg, individuell vurdering.


Omsorgsstønad tek ikkje sikte på å godtgjere den som yt omsorg time for time, men er ein kompensasjon for meirarbeidet som vert gjort.

2.11.3 Målsetting

Ordninga med omsorgsstønad skal medverke til best mogleg omsorg for dei som treng hjelp i dagleglivet og å gjera det mogleg for private omsorgsytarar å halde fram med omsorgsarbeidet.

2.11.4 Vilkår for å få tenesta

- Særleg tyngande omsorgsoppgåver over tid, som er meir fysisk eller psykisk belastande enn det vi antek er normalt
- Omsorgsarbeidet gjeld nødvendige omsorgsoppgåve, og etter ei totalvurdering er det beste for den omsorgstrengande
- Omsorgsarbeidet gjeld eit stort tall timer pr. månad, og om det skjer i periodar eller heile tida
- Omsorgsarbeidet inneber mykje nattarbeid eller avbrote nattesøvn
- Omsorgsarbeidet har ført til sosial isolasjon og mangel på ferie og fritid
- Foreldre har omsorgsplikt for mindreårige barn. Det kan vere aktuelt med omsorgsstønad dersom det er tydeleg at omsorga overskrid vanleg omsorg for barn på same alder
- Du har omsorg for meir enn ein person
- Innteksttap er ikkje vilkår for tildeling av omsorgsstønad.



2.11.5 Våre forventningar til deg som innbyggjar:

Du søker om hjelpstønad frå NAV samtidig som du søker om omsorgsstønad. Denne satsen trekkjast i frå omsorgsstønaden, og skal helst ligge føre før søknad om omsorgsstønad vert handsama.

2.11.6 Praktiske opplysningar

Omsorgsstønad tek slutt med ein gong og utan skriftleg varsel når behovet til omsorgsmottakar blir borte. Du vil ikkje få utbetalt omsorgsstønad om omsorgsmottakar har opphald i sjukehus eller institusjon. Mottakar av omsorgsstønad pliktar å informere kommunen om slike forhold og melde ifrå dersom hjelpebehovet blir endra.

2.12 Korttidsopphald

2.12.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenestelova § 3–2 nr. 6 bokstav c.

2.12.2 Om tenesta

Korttidsopphald er eit teneste for personar som treng døgntinuerleg medisinsk tilsyn og omsorg for ei kortare periode.


2.12.3 Målsetting

- Medisinsk utgreiing, behandling og rehabilitering
- Oppretthalde, eventuelt auke funksjonsnivå
- Førebygge og lindre fysiske og psykiske symptom
- Bu sjølvstendig i eigen heim lengst mogleg

2.12.4 Vilkår for å få tenesta

Tildeling skjer etter kartlegging og individuell vurdering med bakgrunn i:

- Om du er utskriven frå sjukehus, men treng eit opphald i sjukeheim før heimreise
- Om du har behov for medisinsk utredning, behandling og rehabilitering
- Om du har eit tidsavgrensa, omfattande hjelpebehov der ein ikkje kan gje fagleg forsvarlig helsehjelp i heimen
- Om du har behov for kartlegging og vurdering av hjelpebehov for å planlegge vidare behov for teneste
- Sosialmedisinske forhold



- Om du treng terminalpleie og palliativ behandling

2.12.4.1 Kva kan du som innbyggjar forvente av tenesteytar:

- Det blir sendt ut skriftleg enkeltvedtak for opphaldet, med målsetting for opphaldet og omfang

2.12.4.2 Våre forventningar til deg som innbyggjar:

- Du tek ansvar for personlege verdisaker under opphaldet
- Du har merka private klede
- Det vert tatt omsyn til andre bebuarar under opphaldet

2.12.4.3 Praktiske spørsmål:

Du betalar ein døgnpris og satsen står i enkeltvedtaket. Satsane blir justert årleg i Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet. Når eit korttidsopphald varer over 60 døgn vert betalinga som ved langtidsopphald. Sjå punkt 2.16.7.

Eigenandel til transport mellom kommune og spesialisthelseteneste betalar innbyggjar sjølv, opp til beløpet for frikortordninga

2.13 Omsorgsbustad med heildøgnsstilsyn


2.13.1 Lovheimel:

I helse- og omsorgstenestelova §3-2a står det:

«Kommunen skal tilby opphold i sykehjem eller tilsvarende bolig særskilt tilrettelagt for heildøgns tjenester dersom dette etter en helse- og omsorgsfaglig vurdering er det eneste tilbudet som kan sikre pasienten eller brukeren nødvendige og forsvarlige helse- og omsorgstjenester.»

2.13.2 Om tenesta

Tenesta er eit tilbod til personar over 18 år som grunna psykisk, fysisk eller sosial funksjonshemming treng heildøgns tilsyn eller omsorg. Omsorgsbustad inneber tilbod om bustad med husleigekontrakt og innbyggjar får tilgang til personalressursen i bustaden. Tildeling av tenester utover dette skjer på bakgrunn av individuell vurdering og enkeltvedtak.



2.13.3 Målsetting

Personar som har behov for heildøgns tilsyn eller omsorg skal kunne ha eit mest mogleg sjølvstendig liv ved å bu i omsorgsbustad med bemanning tilgjengeleg heile døgnet.

2.13.4 Vilkår for å få tenesta

Personar med fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemming som treng døgnskcontinuerleg tilsyn eller omsorg. Tenester i heimen bør vere forsøkt.

2.13.5 Våre forventningar til brukar:

- Du deltek i dagleglivet sine gjeremål i den grad du greier
- Du søker om tenester i bustaden, som til dømes fullkost og praktisk bistand
- Du skriv under husleigekontrakt og seier opp bustad ved opphøyr
- Du har ansvar for nedvask ved utflytting

2.13.6 Praktiske spørsmål:

- Husleigesats etter gjeldande satsar, årleg vedteke av kommunestyret
- Tryggleiksalarm og grunnleggande reinhald er inkludert i husleiga
- Du kan søkje om bustøtte. Ta kontakt med NAV.

2.14 Midlertidig opphald i møblert omsorgsbustad med delvis eller heildøgns tilsyn

2.14.1 Om tenesta


Dette er eit tilbod til personar med akutt og kortvarig behov for bustad med tilsyn, og som ikkje har behov for oppfølging i institusjon. Personalet ved omsorgsbustaden skal leggje til rette for at brukaren så raskt som mogleg blir i stand til å mestre kvardagen og kan reise heim. Behov for helse- og omsorgstenester blir vurdert individuelt.

2.14.2 Vilkår

Opphald i møblert bustad er eit tilbod til personar som opplev ein uventa og vanskelig situasjon. Opphald kan også bli gitt som avlastingstilbod.

2.14.3 Praktiske spørsmål

- Eigenbetalingsatsen varierer for dei ulike bustadane, og vert opplyst om i vedtaket
- Tilbodet blir gitt for ei kort periode, og kan etter individuell vurdering bli forlenga



- Du søker om tenester i bustaden, som til dømes mat og praktisk bistand
- Eigenandel til transport mellom kommune og spesialisthelseteneste betalar innbyggjar sjølv, opp til beløpet for frikortordninga

2.15 Kvardagsrehabilitering

2.15.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2, 5.ledd: «sosial, psykososial, og medisinsk habilitering og rehabilitering.»

2.15.2 Om tenesta

Kvardagsrehabilitering er intensiv og tidsavgrensa trening i daglege gjeremål i eigen heim. Den enkelte sine ressursar, interesser og mål står sentralt.


Eit tverrfagleg team med ergoterapeut, fysioterapeut og sjukepleiar gjer ei systematisk kartlegging, og det blir i samarbeid med deg utarbeida mål som du synes er viktige å meistre i din kvardag. Teamet og heimetenesta vil ilag med deg samarbeide om å nå disse måla.

2.15.3 Målsetting

Målet er auka livskvalitet og meistring i eige liv. Ein jobbar for at du skal vinne att og behalde ditt funksjonsnivå, meistre kvardagen og delta i fellesskapet.

2.15.4 Vilkår for å få tenesta

- Du ynskjer å vere aktiv og bu heime
- Du opplever ein reduksjon i funksjonsnivå, eller har risiko for å miste funksjon
- Du søker helse- og omsorgstenester for fyrste gong, eller søker om meir teneste
- Du opplever utfordringar i kvardagen etter sjukdom/skade
- Du er motivert til å gjere noko med eigen situasjon og kan aktivt ta del i å utforme mål for rehabiliteringsperioden
- Du kan følgje instruksjon og sjølvstendig følgje opp tilpassa eigentreningsprogram
- Trening må kunne utførast i heimen og/eller nærmiljøet
- Det er tverrfagleg vurdert at du har rehabiliteringspotensiale



2.15.5 Kva kan du som innbyggjar forvente av tenesteytar:

Vi kjem heim til deg og vil saman med deg trene på det du synest er viktig å meistre i kvardagen. For å oppnå dette jobbar vi intensivt saman med deg i ei avtalt tidsperiode. Evaluering av framgang og justering av mål vil skje undervegs. Tenesta skal ytast med respekt for din livssituasjon og heim.

2.15.6 Våre forventningar til deg som innbyggjar:

Du er motivert til å gjere ein innsats for å vinne att aktivitetar du tidlegare meistra, slik at du i størst mogleg grad kan fortsette å vere aktiv i eige liv - i eigen heim.

2.15.7 Praktiske spørsmål:

Tenesta er gratis.

2.16 Langtidsopphald

2.16.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 6 bokstav c, og § 3-2 a.


Herøy kommune har frå 01.07.17 gjeldande lokal forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester, kriterie og ventelister.

2.16.2 Om tenesta

Du har rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester, dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikre deg naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Langtidsopphald i sjukeheim inneber

- Eit døgnskcontinuerleg pleie- og omsorgstilbod som ikkje er tidsavgrensa
- Regelmessig tilsyn av tilsynslege og etter behov
- Kontakt med spesialisthelseteneste og tannhelseteneste etter behov
- Tilbod om fysio- og ergoterapeutteneste etter fagleg vurdering



2.16.3 Målsetting

Gjennom tildelt langtidsopphald vil du få personleg og praktisk hjelp i tillegg til medisinsk behandling og pleie i samband med sjukdomsutvikling. Opphaldet skal sikre eit verdig, trygt og meningsfylt liv.

2.16.4 Vilkår for å få tenesta

Langtidsopphald i sjukeheim skal vurderast ut frå ei helse- og omsorgsfagleg heilskapsvurdering.

I det faglege skjønnet skal kommunen mellom anna vurdere hjelpebehov, meistringsnivå og tryggleik. I vurderingane for tildeling av tenesta skal desse tilhøva leggjast vekt på:


- Kva type helse- og omsorgsteneste det er behov for og kor omfattande og varig behovet vil vere
- Du har høve eller evne til å tilkalle hjelp ved behov
- Hjelpemiddel eller ulike tilretteleggingar kan gjere tilpassingar som fremjar meistring i eigen heim
- Alternativ til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgntenester er prøvd ut og vurdert å ikkje vere tenleg eller forsvarleg
- Om du er samtykkekompetent og har kognitive evner som ikkje medfører alvorleg risiko for liv og helse
- Kva konsekvensar eit avslag på heildøgntilbod i sjukeheim eller bustad kan gi
- Ved vurdering av hjelpebehov skal LEON-prinsippet (lågaste effektive omsorgsnivå) og omsorgstrappa aktivt verte nytta for å tilby rett omsorgsnivå

2.16.5 Kva kan du som innbyggjar forvente av tenesteytar:

- Alle med langtidsopphald i sjukeheim har rett til gratis, nødvendig tannbehandling, i samsvar med lov om tannhelsetenester
- Sjukeheimen blir drifta etter gjeldande lovverk
- Tilbodet vert revurdert ved endring av funksjonsnivå

2.16.6 Våre forventningar til deg som innbyggjar:

- Du gir nødvendig opplysningar i samband med vederlagsberekning
- Du tek ansvar for personlege verdisaker i sjukeheimen
- Du har merka private klede



- Du forstår at vedtaket kan bli endra ved betring av funksjon, og der behov for heildøgns pleie og omsorg ikkje lenger er til stades

2.16.7 Praktiske spørsmål:

Du betalar vederlag i samsvar med forskrift om vederlag i institusjon. Vederlag for opphaldet skal omfatte kost, losji, nødvendig tannbehandling, medisin med meir, samt helsetenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1.

Tenester som kommunen ikkje har ansvar for, som behandling i spesialisthelsetenesta, inklusive reise til og frå, må du betale eigenandel for.

2.17 Individuell plan og koordinator

2.17.1 Lovheimel

Helse og omsorgstenestelova §§ 7-1 og 7-2.

I lova står det at dersom du har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester, har du rett til å få utarbeida ein individuell plan og ein koordinator.

2.17.2 Om tenesta

Dersom du har behov for langvarige og koordinerte tenester skal koordinerande eining i kommunen tilby koordinator. Koordinatoren skal sørge for nødvendig oppfølging i tillegg til å sikre samordning av tenestetilbodet og framdrift i arbeidet med individuell plan.

Kommunen skal samarbeide med andre tenesteytarar om planen for å bidra til et heilskapleg tilbod for den einskilde innbyggjar.

2.17.3 Målsetting


Målsettinga med individuell plan og koordinator er at du skal oppleve tenestetilbodet som meir samordna, og at du har ein fast kontaktperson i hjelpeapparatet.

2.17.4 Vilkår for å få tenesta

- Du bur i Herøy kommune
- Du har langvarige og koordinerte tenester

2.17.5 Kva kan du som innbyggjar forvente

- Vedtak om individuell plan, med informasjon om kven som er koordinator
- Koordinator hjelper deg med å samordne tenestene du har vedtak om




- Koordinator arrangerer ansvarsgruppemøter ved behov, i samråd med deg

2.17.6 Våre forventningar til deg som innbyggjar

- Du gir nødvendige opplysningar til å handsame søknaden
- Du medverkar til val av koordinator
- Du deltek på ansvarsgruppemøter og samarbeidsmøter saman med koordinator

2.17.7 Praktiske opplysningar

Ein individuell plan er eit samarbeidsdokument som kan bidra til eit meir heilskapleg tenestetilbod. Herøy kommune har laga eigen mal for individuell plan, som du og koordinator kan nytte i arbeidet med å utforme planen.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
05/19	Eldrerådet	02.12.2019
08/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18.11.2019
23/19	Komite for helse og omsorg	13.11.2019
133/19	Kommunestyret	21.11.2019
	Kommunestyret	

Demensvennleg samfunn

Samandrag:

Herøy kommune har gjennom ny kommunedelplan for helse og omsorg sagt at Herøy kommune skal bli eit demensvennleg samfunn. Med ganske enkle tiltak i nærmiljøet kan ein gjere det mogeleg for menneske med demens å vere meir aktive og sjølvhjelpete. I åra som kjem, vil stadig fleire få demens, og det er behov for å skape eit meir demensvennleg samfunn.

Nasjonalforeningen for folkehelsen tilbyr kommunane hjelp til dette arbeidet, gjennom eit forpliktande og avtalt samarbeid. Rådmannen rår difor til at Herøy kommune signerer ein slik avtale.

Kommunestyret 21.11.2019:

Behandling:

Saka vert utsett for handsaming i eldrerådet.

K- 133/19 Vedtak:

Saka vert utsett.

Rådmannen si tilråding:

Herøy kommune vil arbeide for å bli eit meir demensvennleg samfunn, og signerer avtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen.

Vedlegg:

Demensvennlig_folder_omkampanjen
Samarbeidsavtale Herøy

Saksopplysningar:

Herøy kommune har i sin kommunedelplan for helse og omsorg som vart vedteke i juni 2019, sagt at Herøy skal bli eit demensvennleg samfunn

Nasjonalforeninga for folkehelse peikar på at over 78 000 menneske i Noreg har demens, og over halvparten av dei bur heime. Mange med demens opplever isolasjon og einsemd, fordi samfunnet rundt ikkje er godt nok tilrettelagt. Med ganske enkle tiltak i nærmiljøet kan ein gjere det mogeleg for menneske med demens å vere meir aktive og sjølvhjelpete. I åra som kjem, vil stadig fleire få demens, og det er behov for å skape eit meir demensvennleg samfunn. Nasjonalforeninga for folkehelse tilbyr kommunane hjelp til dette arbeidet, gjennom eit forpliktande og avtalt samarbeid.

Føremålet med avtalen er å leggje til rette for at Herøy kommune skal kunne bli meir demensvennleg, slik at menneske med demens kan møte forståing, respekt og støtte, bli inkluderte og få høve til å delta i naudsynte kvardagsaktivitetar som det å handle, bruke offentleg transport, delta i kulturaktivitetar eller liknande.

Korleis partane bidrar i samarbeidetNasjonalforeninga for folkehelsen

Nasjonalforeninga for folkehelsen skal sørge for at relevant undervisningsmateriell blir utarbeidd og produsert, og distribuere det til kommunen.

Nasjonalforeninga for folkehelsen hjelper kommunen med mediestrategi og mediearbeid for å skape eit meir demensvennleg samfunn.

Nasjonalforeninga for folkehelsen hjelper kommunen med profileringsmateriell, kommunikasjonstiltak og mobilisering i arbeidet med å skape eit demensvennleg samfunn.

Nasjonalforeninga for folkehelsen har ansvaret for å lage ein nasjonal kampanjeplan.

Nasjonalforeninga for folkehelse bidrar med kunnskap og informasjon om demens, korleis ein kommuniserer med personar som har demens, og korleis ulike yrkesgrupper og andre kan bidra.

Herøy kommune

Kommunen forpliktar seg til føremålet med avtalen, som er å bidra til at menneske med demens opplever å vere inkluderte og involverte i lokalmiljøet og at dei har høve til å delta i naudsynte kvardagsaktivitetar

Kommunen må etablere ei arbeidsgruppe som får ansvar for å utarbeide lokale tiltaksplanar med utgangspunkt i lokale behov og undervisningsmateriell som kommunen får frå Nasjonalforeninga for folkehelsen.

Kommunen skal inkludere menneske med demens og deira pårørande i den lokale arbeidsgruppa. Det vil bidra til å gi planen større legitimitet, og sørge for at fokuset vert retta mot område som er viktige for dei det gjeld lokalt. Andre tilrådde

deltakarar i arbeidsgruppa er representantar for handelsstanden, transportnæringa, den kommunale helse- og omsorgstenesta m.fl.

Arbeidsgruppa skal kartleggje dei lokale nøkkelorganisasjonane og næringane som er viktige i kvardagen til personar med demens, slik at dei kan inkluderast i opplæringa.

Kommunen og arbeidsgruppa skal gjere den lokale innsatsen kjent, mellom anna ved å halde Nasjonalforeningen for folkehelsen informert om arbeidet, slik at begge partar kan bidra til å synleggjere resultatata.

Kommunen skal tilpasse nasjonale kampanjar til lokale forhold, så langt det passar med lokale satsingsområde og planar.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune har gjennom ny kommunedelplan for helse og omsorg sagt at Herøy kommune skal bli eit demensvennleg samfunn. Rådmannen rår difor til at Herøy kommune signerer ein forpliktande avtale med nasjonalforeninga for folkehelse.

Konsekvensar for folkehelsa: Tiltaket har betydning for folkehelse

Økonomiske konsekvensar: Nei

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



Med midler fra TV-aksjonen 2013 inviterer
Nasjonalforeningen for folkehelsen din
kommune til å være med på å bidra til et mer
demensvennlig samfunn.

Nasjonalforeningen for folkehelsen er en frivillig, humanitær organisasjon med helselag og demensforeninger over hele landet. Vårt mål er å bekjempe hjerte- og karsykdommer og demens. Det gjør vi med forskning, informasjon, forebyggende tiltak og helsepolitisk arbeid. Nasjonalforeningen for folkehelsen er interesseorganisasjon for personer med demens og deres pårørende. Vår innsats finansieres med innsamlede midler og gaver.



Oscars gate 36A | Postboks 7139 Majorstua | 0307 Oslo
Telefon 23 12 00 00 | E-post: post@nasjonalforeningen.no

nasjonalforeningen.no

Følg oss:  facebook  twitter  blogg





Bedre kunnskap, forståelse og åpenhet rundt demens

Over 70 000 mennesker i Norge har demens og minst 40 000 bor i sine egne hjem. Mange med demens opplever isolasjon og ensomhet. De ville hatt muligheter til å være mer aktive og selvhjulpne, dersom samfunnet hadde vært bedre tilrettelagt for dem. I årene som kommer vil stadig flere få demens, og det vil bli et behov for å legge bedre til rette slik at personer med demens lettere kan fortsette å delta i lokalmiljøet.

Målet med vår landsomfattende kampanje for et mer demensvennlig samfunn, er at mennesker med demens skal møte forståelse, respekt og støtte fra de gruppene i befolkningen som de trenger hjelp fra. Det vil gjøre det mulig for dem å utføre vanlige hverdagsaktiviteter, som for eksempel:

- Å handle, bruke offentlig transport og kommunisere med offentlige myndigheter.
- Delta i foreningsliv, være i fysisk aktivitet, bruke kulturaktiviteter som for eksempel bibliotek, kino og konserter.

Nasjonalforeningen for folkehelsen ønsker at personell i offentlig og privat servicenæring, som for eksempel bibliotekarere, butikkmedarbeidere, kioskmedarbeidere, servitører, bussjåfører og medarbeidere på kommunens servicetorg, skal få opplæring i hvordan de best mulig kan møte mennesker med demens.

Hva kan din kommune gjøre?

Nasjonalforeningen for folkehelsen samarbeider med norske kommuner om et mer demensvennlig samfunn. Nå inviterer vi din kommune til å bli med i samarbeidet og skape gode holdninger i lokalsamfunnet.

Trinn i lokale planer for et mer demensvennlig samfunn

1. Vedta å støtte opp om formålet med kampanjen, som er å bidra til at mennesker med demens opplever å være inkludert og involvert i nærmiljøet.
2. Etablere en arbeidsgruppe, som får ansvaret for å utarbeide en lokal plan for tiltak. Gruppen bør inkludere personer med demens og deres pårørende, i tillegg til personer fra handelsstanden, transportnæring og andre som yter service i nærmiljøet.
3. Sammen kartlegger arbeidsgruppen nøkkelorganisasjoner og næringer i lokalsamfunnet som har betydning for hverdagslivet til personer med demens. Disse får tilbud om én times opplæring, i hvordan yte god service til personer med demens. Foredragsholder finner gruppen fram til lokalt, og undervisningsmaterieell blir levert av Nasjonalforeningen for folkehelsen.
5. Gjøre den lokale innsatsen kjent, blant annet ved å holde Nasjonalforeningen for folkehelsen informert om arbeidet, slik at vi kan bidra til å synliggjøre resultatene.
6. Kampanjen har en egen logo, som kan brukes på kommunens nettsider og i tilknytning til butikker, servicetorg og andre som har gjennomført opplæring og deltar i kampanjen.

Punktene er utviklet på bakgrunn av et tilsvarende arbeid som er gjort av den britiske demensorganisasjonen Alzheimer's Society.

Kommuner som deltar i kampanjen oppfordres til å legge en plan, tilpasset behovet og ressursene i kommunen.

Vil du vite mer, send oss en e-post: demensvennlig@nasjonalforeningen.no





Samarbeidsavtale om eit meir demensvennleg samfunn

Avtalen vert inngått mellom Herøy kommune og Nasjonalforeningen for folkehelsen

Bakgrunn

Over 78 000 menneske i Noreg har demens, og over halvparten av dei bur heime. Mange med demens opplever isolasjon og einsemd, fordi samfunnet rundt ikkje er godt nok tilrettelagt. Med ganske enkle tiltak i nærmiljøet kan ein gjere det mogeleg for menneske med demens å vere meir aktive og sjølvhjelpete. I åra som kjem, vil stadig fleire få demens, og det er behov for å skape eit meir demensvennleg samfunn.

Føremålet med avtalen

Føremålet med avtalen er å leggje til rette for at Herøy kommune skal kunne bli meir demensvennleg, slik at menneske med demens kan møte forståing, respekt og støtte, bli inkluderte og få høve til å delta i naudsynte kvardagsaktivitetar som det å handle, bruke offentleg transport, delta i kulturaktivitetar eller liknande.

Korleis partane bidrar i samarbeidet

Nasjonalforeningen for folkehelsen

Nasjonalforeningen for folkehelsen skal sørge for at relevant undervisningsmateriell blir utarbeidd og produsert, og distribuere det til kommunen.

Nasjonalforeningen for folkehelsen hjelper kommunen med mediestrategi og mediearbeid for å skape eit meir demensvennleg samfunn.

Nasjonalforeningen for folkehelsen hjelper kommunen med profileringsmateriell, kommunikasjonstiltak og mobilisering i arbeidet med å skape eit demensvennleg samfunn.

Nasjonalforeningen for folkehelsen har ansvaret for å lage ein nasjonal kampanjeplan.

Nasjonalforeningen for folkehelsen bidrar med kunnskap og informasjon om demens, korleis ein kommuniserer med personar som har demens, og korleis ulike yrkesgrupper og andre kan bidra.

Herøy kommune

Kommunen forpliktar seg til føremålet med avtalen, som er å bidra til at menneske med demens opplever å vere inkluderte og involverte i lokalmiljøet og at dei har høve til å delta i naudsynte kvardagsaktivitetar

Kommunen etablerer ei arbeidsgruppe som får ansvar for å utarbeide lokale tiltaksplanar med utgangspunkt i lokale behov og undervisningsmateriell som kommunen får frå Nasjonalforeningen for folkehelsen.

Kommunen skal inkludere menneske med demens og deira pårørande i den lokale arbeidsgruppa. Det vil bidra til å gi planen større legitimitet, og sørge for at fokuset vert retta mot område som er viktige for dei det gjeld lokalt. Andre tilrådde deltakarar i arbeidsgruppa er representantar for handelsstanden, transportnæringa, den kommunale helse- og omsorgstenesta m.fl.

Arbeidsgruppa skal kartleggje dei lokale nøkkelorganisasjonane og næringane som er viktige i kvardagen til personar med demens, slik at dei kan inkluderast i opplæringa.

Kommunen og arbeidsgruppa skal gjere den lokale innsatsen kjent, mellom anna ved å halde Nasjonalforeningen for folkehelsen informert om arbeidet, slik at begge partar kan bidra til å synleggjere resultatata.

Kommunen tilpassar nasjonale kampanjar til lokale forhold så langt det passar med lokale satsingsområde og planar.

Kampanjen har ein eigen logo som kan brukast på nettsidene til kommunen og i tilknytning til butikkar, servicetorg og andre som har gjennomført opplæring og deltek i kampanjen.

Vedtaket om å delta i Nasjonalforeningen for folkehelsen sin kampanje om å skape eit meir demensvennleg samfunn forankrast i kommuneleiinga. Vedtak fatta

.....

(instans/nivå/dato/saksnr.)

Denne avtalen er underteikna i to eksemplar. Kvar part beheld eitt eksemplar.

Signatur:

Signatur:

Stad og dato:


Stad og dato:

Ordførar

Generalsekretær

Herøy kommune

Nasjonalforeningen for folkehelsen



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
06/19	Eldrerådet	02.12.2019
12/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.12.2019
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Statleg finansiering av omsorgstenestene

Samandrag:

Helse og omsorgsdepartementet har i brev av 12.11.19 sendt ut invitasjon til alle landet sine kommunar om å ta del i forsøk med statleg finansierte omsorgsteneste. Søknadsfrist for deltaking er 01.02.20. Helse og omsorgskomiteen har bedt om ei utgreiing, om Herøy kommune skal søkje om å vere med i forsøket.

Herøy fyl ikkje alle vilkåra for å søkje om statleg finansierte omsorgstenester. Tilpassing av IKT system vil bli kostnads- og ressurskrevjande, og per i dag er det ikkje lagt til rette i pasientjournalssystemet for å kunne hente ut nødvendige rapportar.

Evalueringsrapportar frå forsøksordninga viser også til auke i tenesteproduksjon, til trass for at det ikkje er auke i tal brukarar. Insentivet gjer det gunstig å vedta mange tenester, og forsøket har slik ført til auka kostnadsnivå. Etter to gode år med statleg finansiering kan det bli utfordrandre å ta ned tenestetilbodet når forsøksperioden er over.

Tilskotsmidlar for ei kort periode bør ha ei klar målsetting. Målsetting med forsøket er å sikre god brukarmedverknad og likare tildelingspraksis. Helse og omsorg har hatt fokus på kvalitetsheving i tildeling sidan omorganseringa, no seinast med eigen kvalitetsstandard for tildeling av tenester for heile sektoren. I arbeidet med gode pasientforløp er det utarbeidd gode sjekklister og kartleggingsverktøy for å sikre brukarmedverknad i alle ledd.

Rådmannen si tilråding:

Herøy kommune vil ikkje søkje om å ta del i forsøket med statleg finansierte omsorgsteneste.

Saksopplysningar:

Helse og omsorgsdepartementet har i brev av 12.11.19 sendt ut invitasjon til alle landet sine kommunar om å ta del i forsøk med statleg finansiert omsorgsteneste. Søknadsfrist for deltaking er 01.02.20. Helse og omsorgskomiteen har bedt om ei utgreiing, om kor vidt det er hensiktsmessig å søkje.

Forsøket har pågått sidan 01.05.16 og skal i løpet av 2020 bli utvida med seks nye kommunar. Geografi, tal innbyggjarar, demografi og økonomiskeforhold vil vere viktige faktorar i val av nye kommunar til ordninga.

Målsettinga for forsøksordninga

Overordna målsetting for ordninga er å prøve ut om statleg finansiering og statlege kriterie for tildeling av omsorgstenester vil gi auka likebehandling og ei meir rett behovsdekning av tenester til innbyggjarane.

Forsøksordninga har to fokusområde:

- Brukar sine behov i sentrum
- Lik tildelingsprosess

Kriterie for deltaking

- Kommunestyret må ha vedtatt deltaking i forsøksordninga
- Det vil ikkje være eit krav om at kommunene har en eigen tildelingseining, men kommunene må gi ei tydleg skildring av korleis tildelinga skal skje.
Kommunetilsette som ivaretek oppgåva med tildeling av omsorgstenester bør ha helse- og sosialfagleg kompetanse på høgskolenivå
- Kommunen må ha tilstrekkelig ressursar for å løyse oppgåva
- Kommunen må tilrettelegge for å kunne kjøpe tenester fra andre leverandørar dersom tenesta ikkje kan leverast av kommunen sjølv
- Kommuner i forsøksordninga må legge til rette for nødvendige tilpasningar i pasientjournalssystemet og økonomisystem.
- Deltakande kommunar må frå tidspunkt for beslutning om deltaking kunne inngå i eit tett samarbeid om forsøksordninga med Helsedirektoratet

Forpliktelsar ved aksept av tilskotsbrevet

- Følgje opplærings- og oppfølgingstiltak, rapportering og evaluering
- Innarbeide rutinar som ivaretek krav til rapportering og evaluering
- Etablere prosjektstruktur med prosjektleiar for forsøksperioden
- Revidere alle vedtak om omsorgstenester truffe før oppstart i ordninga
- Implementere gjeldande statlege tildelingskriterie, dokument og rutinar for arbeidsprosessar knytt til tildeling
- Sørgje for tilgong til personell med nødvendig tverrfagleg kompetanse og erfaring

Tilskotsutrekning

Det vil bli gitt eit inntektspåslag til nye kommunar som tilsvarar 4% av utgifter knytt til omsorgstenester, begrensa oppad til 28 mill frå 01.07.20. Kommuner som deltek vil få ordnært rammetilskot for perioden før oppstart.

Forsøket skal kunne avviklast etter 2022. Etter dette trappast inntekspåslaget gradvis ned.

Evalueringsrapport frå forsøksordninga i 2018

Fordelar:

- Kvalitetsheving i høve tildeling
- Styrka brukarmedverknad
- Politikarar, økonomiavd og rådmenn fått betre oversikt over tenestebilete i kommunen på grunn av rett koding av vedtak, tilskotsrapportering og kartlegging av egne kostnader
- Satsing på heimbaserte tenester
- Likare tildelingspraksis og noko likare i tenesteproduksjon
- Forsøket har gitt auke i økonomisk handlingsrom, og kommunene har difor kunne prioritert tiltak dei elles ikkje ville ha gjort

Ulemper:

- Ressurskrevjande å endre på IKT system
- Ressurskrevjande å endre på tenestedecking i omsorgstrappa
- Auka kostnader til tenester knytt til samtlege brukargrupper
- Auka kostnad knytt til «enhetskostnad» per opphaldsdøgn i institusjon (høgare bemanning, fleire korttids plassar enn langtid, større terskel for å komme inn gir større pleiebehov og auka legetilsyn)
- Etter at forsøksperioden er over skal tenestene tilbakeførast ordinær finansiering

Vurdering:

Herøy fyl fleire av kriteria for deltaking. Helse og omsorg har arbeidsprosessar som i stor grad liknar prosessane som er skildra i forsøksordninga. Sektoren har også utarbeida kvalitetsstandard for tildeling, lik «kriterier for tildeling av omsorgstenester» i den statleg finansierte ordninga. Standarden i statleg ordning er noko rausare enn den kommunale, elles er mykje likt. Det kjem ikkje fram av den statlege rettleiaren korleis dei tenkjer tildeling i høve tryggleiksalarm og velferdsteknologi, men skildrar at dette vert vurdert som del av helsetenester i heimen. Dette kan gi nokre utfordringar i høve inntekter i form av eigenandel.

Herøy har alt rutiner for årleg revurdering av dei fleste vedtak. Forvaltningsrevisjon som nyleg er gjort, viser at Herøy kommune har god praksis på tildeling og oppfølging av tenester. Ved god planlegging skal det vere mogleg å legge til rette for å revurdering av alle vedtak innan gitt tidsrom, og implementere kriterie og rutinar. Dette vil dog kunne føre til nedsett kapasitet til andre oppgåver i perioden.

Helse og omsorg har nødvendig fagleg kompetanse for å ivareta oppgåvene som vert skildra. Utan å kjenne til alle detaljane i høve arbeidprosessar, tildeling og rapportering, er det grunn til å tru at sektoren har tilstrekkeleg med ressursar for å løyse oppgåva.

Utfordring i høve kriterie for deltaking er tilpassing av IKT-system. Herøy har felles journalsystem og økonomisystem med Sjustjerna. Dersom det vert krevd mange endringar i Herøy for å tilpasse seg, får det konsekvensar for dei andre seks kommunene i Søre Sunnmøre IKT.

1. Dersom Herøy søker om- og blir tildelt dette prosjektet- vil det bli stilt krav om omfattande endringar i kodeverket i journalsystemet, fordi det skal rapporterast svært nøye i underkategoriar. Dette vert også utfordrande for alle sikkerheitsprofilane som i

dag er felles. Herøy må ha egne sikkerhetsprofilar som passar til det nye kodeverket.

2. Alle aktive vedtak frå 01.07.20 må skrivast på nytt, knytt til nytt kodeverk og klassering, slik at alt er klart til korrekt rapportering på mellom 80-100 ulike tenestekoder, med prissetting frå 1.januar 2021. Det vil bli krav om å bruke nytt søknandsskjema, innarbeide malar for kartleggingsrutinar, samt spesifikke lovheimlar/ kriterier pr dei ulike tenestekodene. Dette vil føre til oppgåver som er langt utover «vanleg support/ bistand» frå SSIKT.
3. Herøy kommune har sidan 2012 hatt felles løysing og felles drift med sjustjernekommunane. Dersom Herøy kommune vert med i forsøket, må Herøy vurdere eigen database med systemansvar for teknisk oppsett og vedlikehald sjølve. Då går ein bort frå eit prinsipp våre kommunar har hatt i lang tid om å spare tekniske ressursar og få mest mulig ut av dei datasystema vi alt har. Det vil også bli ein vesentleg kostnad både i personell og i beløp til leverandør.
4. Journalsystemet som Herøy kommune nyttar kan per i dag ikkje levere dei nødvendige tala for å levere rapportane som ordninga krev. Dersom kommuna skal etablere eigen database for Gerica, vil det bli lisensutgifter til alle modular, som ei ny kommune, nytt oppsett for Gerica mobil pleie og liknande. Kommuna må også ha egne fagpersonar for å handtere det tekniske her, eventuelt kjøpe ressursar frå SSIKT og leverandør.
5. Etter utrullingsplanen for Helseplattforma skal alle kommunar i Møre og Romsdal ta ny løysing i bruk frå oktober 2022. Det er under føresetnad av at alle sju kommunar løyser ut sin opsjon seinast september 2021. Dette ligg utanfor den enkelte kommune sin råderett, men er lagt opp til at rådmenn og dei politiske miljøa på søre Sunnmøre går i takt. Dersom det blir bestemt at våre sju kommunar skal svare ut sin opsjon og følgje framdriftstakta, kan ikkje Herøy vere med i dette forsøket, då det forutset å bruke dagens journalsystem ut 2022. Prosjektleiaren hos Helsedirektoratet svarar at det blir omfattande endringar i kodeverket i Gerica for kommunar som blir med i prosjektet.
6. Prosjektleiaren hos helsedirektoratet viser til at økonomirapporteringa vert meir detaljert, og vil krevje god kontroll og oppfølging.

Evalueringsrapportar frå forsøksordninga viser også til auke i tenesteproduksjon, til trass for at det ikkje er auke i tal brukarar. Insentivet gjer det gunstig å vedta mange tenester, og forsøket har slik ført til auka kostnadsnivå. Etter to gode år med statleg finansiering kan det bli utfordrandre å ta ned tenestetilbodet når forsøksperioden er over.

Tilskotsmidlar for ei kort periode bør ha ei klar målsetting. Målsetting med forsøket er å sikre god brukarmedverknad og likare tildelingspraksis. Helse og omsorg har hatt fokus på kvalitetsheving i tildeling sidan omorganseringa, no seinast med eigen kvalitetsstandard for tildeling av tenester for heile sektoren. I arbeidet med gode pasientforløp er det utarbeidd gode sjekklister og kartleggingsverktøy for å sikre brukarmedverknad i alle ledd.

Konklusjon:

Herøy fyl ikkje alle vilkåra for å søkje om statleg finansierte omsorgstenester.

Tilpasing av IKT system vil bli kostnads- og ressurskrevjande, og per i dag er det ikkje lagt til rette i pasientjournalssystemet for å kunne hente ut nødvendige rapportar.

Evalueringsrapportar frå forsøksordninga viser også til auke i tenesteproduksjon, til trass for at det ikkje er auke i tal brukarar. Incentivet gjer det gunstig å vedta mange tenester, og forsøket har slik ført til auka kostnadsnivå. Etter to gode år med statleg finansiering kan det bli utfordrandre å ta ned tenestetilbodet når forsøksperioden er over.

Tilskotsmidlar for ei kort periode bør ha ei klar målsetting. Målsetting med forsøket er å sikre god brukarmedverknad og likare tildelingspraksis. Helse og omsorg har hatt fokus på kvalitetsheving i tildeling sidan omorganseringa i 2017, no seinast med eigen kvalitetsstandard for tildeling av tenester for heile sektoren. I arbeidet med gode pasientforløp er det utarbeidd gode sjekklister og kartleggingsverktøy for å sikre brukarmedverknad i alle ledd.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:


Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
174/19	Formannskapet	26.11.2019
17/19	Arbeidsmiljøutvalet	25.11.2019
13/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.12.2019
07/19	Eldrerådet	02.12.2019
	Maritim og teknisk utval	
	Utval for helse og omsorg	
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Oppvekstutval	

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 - tredje handsaming

Samandrag:

I formannskapsmøtet 5 november fekk formannskapet ei orientering om budsjettsituasjonen for 2020. »

1. **Rådmannen** **si** **tilråding:**
Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2020 (runda av til næraste kr 5.000,-).

	2019	2020
POLITISK LEIING	4.150	3.840
ADMINISTRATIV LEIING	1.835	1.870
STAB	46.780	49.130
Servicetorg	3.245	3.280
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	4.135	4.310
Økonomiavdeling	5.375	5.670
Personal- og org.avdeling	7.355	8.010
IKT	7.430	9.180
Eigedom - Rammeinnsparing	19.240	20.680 -2.000
OPPVEKST	186.620	189.350
Barnehageavdeling	71.370	72.750
Grunnskuleavdeling	110.100	113.840
Kvalifiseringssenteret	- 2.860	- 640
PPT	4.130	4.320
Kulturskulen	3.870	4.080
- Rammeinnsparing		-5.000

HELSE OG OMSORG	219.695	225.070
Administrasjon helse og omsorg	1.335	1.400
Barn, familie, helse (ink NAV og Barnevern)	56.950	61.140
Pleie- og omsorgsavd	112.600	119.590
Bu- og habiliteringsavd	40.070	44.140
Tenestekoordinerer - Rammeinnsparing	8.740	8.800 -10.000
SAMFUNNSUTVIKLING	34.820	34.570
Kulturavdelinga	8.990	9.540
Utviklingsavdelinga, ink Landbruk	8.360	9.480
Brannvernsavdelinga	8.300	8.770
Anleggs- og driftsavdelinga - Rammeinnsparing	9.170	9.780 -3.000
OVERFØRINGSKAPITTELET	13.220	15.580
SUM	507.120	519.410

(Fordleinga mellom Stab og Samfunnsutvikling kan bli endra, men totalt er summen 5,0 mill kr. Innsparinga på dette området gjeld også politisk og administrativ leing)

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskatteøre for år 2020
 3. Kommunale avgifter, betalingsattsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.
 4. Det vert vedteke slike endringar i betalingsattsane:
 - a. Barnehagesattsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2020.
- Kr 3.135,- for heil plass + matpengar kr 370,- frå 1 januar 2020.
- Alle husstandar med ei samla skattbar inntekt på under kr 574.759,- vil ha rett til reduksjon i foreldrebetalinga frå 1 januar 2020. Gratis kjernetid 20 timar per veke for barn frå familier med lav inntekt. Inntektsgrense kr 548.500,- frå 01.08.2019. Denne aukar til kr 556.100,- frå 01.08.2020.
- b. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesattsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
 - c. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader (uendra frå 2019).
 - d. Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
 - Timepris: kr 390,- (kr 380,- i 2019)
 - 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2019)
 - 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2019)
 - 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2019)
 - Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2019)

- e. Leige tryggleiksalarmar kr 350,- per måned (Uendra frå 2019)
- f. Korttidsopphald institusjon kr 165,- pr døgn (kr 155,- i 2019)

Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

- g. Dagplass ved institusjon kr 85,- pr dag (Kr 80,- i 2019).

Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

- h. Sal av middag ved institusjonane kr 100,- pr middag (kr 90,- i 2019)
- i. Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)
- j. Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 120,- per dag.
- k. Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til

kr 2.300,- (kr 2.150,- per døgn i 2019).

- l. Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.700,- (kr 3.600,-) gjeldande Leige av instrument og utstyr blir kr 460,- per år. Alle endringane gjeld frå 01.08.2020.
- m. Eigenbetaling for SFO-plass pr mnd. Gruppe 3 Full plass kr 2.786,- (kr 2.705,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.292,- (2.225,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.623,- (kr 1.576,-). Ferie sats SFO kr 1.337,- per veke og kr 320,- per dag. Matpengar vert auka med 3%. Alt gjeldande frå 01.08.2020.
- n. Eigenbetaling for norskopplæring for vaksne: Kr 160,- per gong på dagtid (4 timar) og kr 180,- per gong på kveldstid (3 timar). Prisane gjeld frå 01.01.2020.
- o. Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2020 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.
- p. Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling aukar med 3% frå 2019 til 2020
- q. Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nemnt over aukar med 3,0%

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

1. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2019, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2019.
2. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.
3. Måltal: Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter og kommunens driftsfond skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2023.
4. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
5. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggest fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).

6. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04

og 31.08.

7. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 81,76 mill for 2020 + 10,0 mill i vidareutlån i Husbanken. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.
8. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.
9. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2020. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
10. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
11. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2020 og økonomiplanen for perioden 2021-2023 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

Vedlegg: Budsjettdokument retta versjon per 11.11.2019

Vedlegg:

Budsjettdokument retta versjon per 14.11 og retta per 8 november (L)(21115)

Saksopplysningar:

Rådmannen har justert budsjettdokumentet noko og endringane er i det vesentlege knytt til starten av kapittel 10 der underkapittelet «Stramt kommuneopplegg for 2020» er nytt. I tillegg er det gjort nokre endringar i den første tabellen der ein har lagt inn inntekter som følge av nye utleigebustadar Vågsholmen og ei netto inntekt som følge av utleige av tilbygget til rådhuset frå 2021.

Under tabellen på side 44 har vi lagt til ei ny tekst som omhandlar verknadane av at lærarreforma frå 2020 går inn i kommunen sine frie inntekter (rammetilskottet)

Signala frå formannskapet i møtet 5 november var at gruppene skulle gå gjennom rådmannens budsjettforslag til møtet 19 november og der legge fram sine tilrådingar.

Vurdering og konklusjon:

Det er kort tid til formannskapet skal sende si tilråding til kommunestyret. I og med at kommunestyret har møte 12. desember må tilrådinga seinast vere på plass 26. november då budsjett- og økonomiplanforslaget må ligge ute til offentleg ettersyn i minimum 14 dagar.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



HERØY KOMMUNE



Budsjett 2020, økonomiplan 2020-2023

Herøy kommune

Olaus-Jon Kopperstad
10.11.2019

Innhald

1. Rådmannen si oppsummering	3
2. Om Herøy	4
2.1 Slik står det til i kommunen	4
2.2 Kommunal økonomi	5
2.3 Organisering	5
3. Framtidsutsikter	7
3.1 Vurdering av framtidsutsikter	7
4. Styring og kontroll	8
4.1 Styring og kontroll av verksemda	8
4.2 Revisjonsordning	8
4.3 Rekneskapsrevisjon	8
4.4 Forvaltningsrevisjon	8
4.5 Tilsyn	8
4.6 Organisering	8
4.7 Mål- og resultatstyring	8
4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring	9
4.9 Risikostyring og internkontroll	9
4.10 Selskapskontroll	9
4.11 Tryggleik og beredskap	9
4.12 Etisk standard	9
4.13 Utfordringar og planar	9
4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen)	9
4.15 Verdigrunnlag	10
4.16 Heilskapleg system	10
4.17 Plansystemet	11
4.18 Styringssystemet	13
4.19 Organisering, arbeidsprosessar og ressursbruk	14
5. Fokusområde samfunnsutvikling	17
5.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel.	18
5.2 Innbyggjarundersøkinga 2019:	20
5.3 Lokaldemokratiundersøking 2017	21
6. Fokusområde Organisasjon	22
6.1 Organisasjonsutvikling	22
6.2 Personalpolitikk og opplæring	23
7. Fokusområde Tenester	25
7.1 Kommunebarometeret	25
7.2 Brukarundersøkingar	30
7.3 Tilsyn og klagesaker	30

8. Fokusområde Økonomi	31
8.1 Nøkkeltal	31
8.2 Hovudtal drift	33
9 Endringsbehov.....	36
9.1 Framskriving av folketalet	36
9.2 Korleis påverke folketalsutviklinga?.....	38
9.3 Andre forhold	39
9.4 Oppsummering og prioritering.....	40
10. Økonomiplan 2020-2023.....	42

Forsidefoto: Sunnmørsjekta ved Herøy Gard av Øyvind Sunde

1.Rådmannen si oppsummering

Herøy kommune står overfor fylgjande situasjon ved inngangen til budsjettarbeidet for perioden 2020-2023:

- Driftsutgiftene er for høge. I 2018 var driftsutgiftene 19,4 mill kr høgare enn gjennomsnittet i KOSTRA- gruppe 8. Kommunen bør ned på nivået for gjennomsnittet for KOSTRA- gruppa for å ha samsvar mellom utgifter og inntekter.
- Lånegjelda er høg. Netto lånegjeld bør helst vere under 50 % av årlege driftsinntekter. Netto lånegjeld er om lag 115,5% av driftsinntektene i 2018. Netto lånegjeld bør haldast under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med låge renter.
- Kommunen har store utfordringar når det gjeld vedlikehald og standard på dei kommunale bygningane og tekniske anlegg.
- Kommunen har eit stort etterslep på gjennomføring av investeringsprosjekt. For å kome meir ajour med framdrifta av investeringsprosjekta, bør det difor ikkje leggast inn særleg mange nye investeringsprosjekt i 2020.
- Kommunen har ikkje hatt vekst i folketalet siste åra.
- Framskriving av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040. Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil minke dei komande åra. Endringar i den demografiske utviklinga vil påverke utgiftsbehovet i kommunen i åra framover.
- I Kommunedelplan for helse og omsorg 2019-2027 heiter det at tenesteproduksjonen i dag ikkje vil vere berekraftig på sikt. Ressurssenteret for omstilling (RO) si analyse av Herøy kommune syner at dersom vi driv som i dag i 2040, vil vi trenge om lag 89 nye sjukeheims plassar. I tillegg vil auke i heimebasert omsorg vil dette føre til at vi samla treng 100 mill kr meir berre til eldreomsorga.

For å møte utfordringane i åra framover, er det avgjerande å gjere dei rette grepa innafor helse og omsorgstenesta. Rådmannen vil difor på det sterkaste råde til at handlingsplanen i Kommunedelplan helse og omsorg 2019-2017 vert lagt til grunn i budsjett og økonomiplanarbeidet framover.

Kommunedelplan helse og omsorg 2019-2027 fylgjer saka som trykt vedlegg.

Olaus-Jon Kopperstad

2. Om Herøy

2.1 Slik står det til i kommunen

Folketalsutvikling og sysselsetjing

Folketalsveksten har stoppa opp siste 4 åra, samtidig har talet på arbeidsledige vore høgt (rundt 5 %).

Innbyggjarundersøkinga 2019

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy mindre fornøgd med kommunen enn i 2017 og mindre fornøgd enn landsgjennomsnittet.

Lokaldemokratiundersøking 2017

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

Brukarundersøkingar

Kommunen scorar om lag på snittet for ulike brukarundersøkingar.

Medarbeidarundersøking (10-faktor)

Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste faktorane. I forhold til landssnittet kjem kommunen best ut når det gjeld oppgåvemotivasjon og fleksibilitetsvilje.

Kommunekompasset

Evalueringa av Herøy kommune etter Kommunekompasset viser at resultatane no ligg godt over gjennomsnittet for kommunar mellom 5000-10000 innbyggjarar. Kommunen har framleis å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

Kommunebarometeret

Herøy kommune hamnar på ein 70. plass i Kommunebarometeret frå Kommunal Rapport for 2019. Då er det korrigert med omsyn til økonomiske rammevilkår. Dette er opp 52 plassar frå 2018 då kommunen hamna på ein 132. plass. Herøy kommune har i 2019 den beste plasseringa sidan målinga starta i 2010.

Føremålet med barometeret er å gje eit lettfatteleg bilete av korleis kommunen presterer/kor gode tenestene er målt mot resten av Kommune-Noreg.

2.2 Kommunal økonomi

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond:

ÅR	Lånegjeld	Disp fond
2019	875.300.000	50.838.000
2018	866.844.000	39.574.000
2017	840.732.000	40.517.000
2016	840.261.000	19.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

2.3 Organisering

Ny politisk struktur vart vedtatt 07.05.2012.

Kommunestyret har 33 medlemmer og er kommunen sitt øvste politiske organ. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov og delegeringsvedtak.

Formannskapet har 9 medlemmer og er kommunen sitt nest øvste politiske organ. Formannskapet handsamar og avgjer ei rekkje saker som er delegert av kommunestyret. I tillegg handsamar formannskapet forslag til budsjett og økonomiplan, og gir innstilling i ei rekkje andre saker som skal til kommunestyret.

Kommunen har fire **komitear**, alle med 7 medlemmer. Komiteane førebur og innstiller i saker som vert handsama av kommunestyret. Formannskapet, kontrollutvalet og administrasjonsutvalet (likestillingsutvalet) og arbeidsmiljøutvalet er lovpålagde organ. Det same er eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Administrativ leiing

Ny administrativ leiing vart vedtatt av kommunestyret 29.09.2016. Kommunen gjekk over til ein **kommunalsjefmodell** med 4 kommunalsjefar under rådmannen med slike ansvarsområde:

Helse og omsorg

Omfattar dagens avdelingar for pleie og omsorg, bu og habilitering, barn, familie og helse og tenestekoordinering.

Oppvekst

Omfattar dagens avdelingar for grunnskule, PPT, kulturskule, vaksenopplæring, flyktning og barnehage.

Samfunnsutvikling

Omfattar dagens avdelingar for utvikling og kultur med tillegg av folkehelse, brann og beredskap.

Stab

Omfattar avdelingar for :

- Løn/Personal
- Økonomi
- Innkjøp
- Dokumentsenter/politisk sekretariat
- Servicetorg
- Eigedom

3. Framtidsutsikter

3.1 Vurdering av framtidsutsikter

Vi har utfordringar framfor oss, men gode føresetnader for å lukkast. Kompetansen, motivasjonen og omstillingsevna som finst i Herøy, vil vere avgjerande.

Samfunn

Som samfunnsaktør har Herøy kommune ei viktig rolle. I Herøy samarbeider politikk, administrasjon, kultur og næringsliv godt gjennom mange uformelle arenaer for felles nytte.

Kommunen kan vere ein pådrivar for å motverke effektane ein lågare aktivitet i næringslivet skaper. Kommunen sin økonomiske status vil sette grenser for tiltak for å stimulere næringsaktivitet. I så måte hastar det å forbetre økonomien vår.

Framskriving av folketalet

Framskriving av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040. Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil minke dei komande åra.

Medverknad

Det er mange i Herøy som ynskjer å bidra til lokalsamfunnet, og kommunen må vere ein koordinerande, konstruktiv og positiv samarbeidspart. Medverknad frå innbyggjarane er vitalt for å lukkast som kommune i framtida. Her har Herøy gode føresetnader.

Medarbeidarar

Motivasjon og kompetanse er viktig for alle kunnskapsbedrifter. Herøy kommune tar dette på alvor og har gjennomført mange kompetanseprogram innanfor fagområda. I tillegg har vi prioritert å fokusere på leiing som eit eige fag.

Læring og fornying

Læring har dei siste åra i vorte dreia frå læring på individnivå til meir organisatorisk læring. Omorganiseringa kom på plass i løpet av 2017. Vi skal evaluere endringane opp mot tidlegare praksis over dei neste åra. Målet er å få full gevinstrealisering av desse endringane.

Økonomi

Når det gjeld det økonomiske resultatet for 2018, er kommunen i balanse, men vi treng mindreforbruk over tid for å skaffe oss det handlingsromet vi treng for å møte nye utfordringar og ta ein meir aktiv del i samfunnsutviklinga.

4. Styring og kontroll

God kommunal eigenkontroll skal bidra til å gi innbyggjarane tillit til at kommunen utøver mynde og leverer tenester på ein trygg måte. Eigenkontroll er ein viktig del av styringssystemet og skal bidra til å unngå kritikkverdige hendingar. I tillegg til eigenkontroll, fører mange statlege organ tilsyn med kommunen.

Kommunestyret har tilsyns- og kontrollansvar for kommunen si verksemd. Selskapskontroll inngår som ein del av kontrollansvaret. Kontrollutvalet fører kontinuerleg tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og ser til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kommunen sin revisor gjennomfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og revisjon av rådmannen sin internkontroll så langt det følgjer av god kommunal revisjonsskikk.

Rådmannen er ansvarleg for at kommunen har eit føremålstenleg og heilskapleg system for styring og kontroll og at det vert utøvd internkontroll i verksemda.

4.1 Styring og kontroll av verksemda

Styringsdialogen mellom kontrollutvalet og kommunestyret har vore open og gir retning for vidare utvikling av verksemda.

4.2 Revisjonsordning

Herøy kommune er med i interkommunal revisjonsordning saman med seks andre kommunar.

4.3 Rekneskapsrevisjon

Revisjonsmeldinga for rekneskapsåret ligge føre når rekneskap og årsrapport er kontrollerte.

4.4 Forvaltningsrevisjon

Kommunerevisjonen gjennomfører forvaltningsrevisjon retta mot ulike tenesteområde. Framdrifta og kvaliteten på oppfølginga er avhengig av saksmengda og personalressursane.

4.5 Tilsyn

Staten gjennomfører regelmessig tilsyn med kommunen på ulike tenesteområde.

4.6 Organisering

Vi fullførte organisasjonsendringane i 2017. Denne omstruktureringa skal saman med nye linjeleiarar og endringar i administrativ leiing, levere forsvarlege tenester og robust økonomi i tida framover.

4.7 Mål- og resultatstyring

Målkort vert nytta som kommunen sitt administrative system for oppfølging når det gjeld vedtekne mål- og resultatkrav i budsjett og økonomiplan. Det er gjennomført ei vidareutvikling av innhaldet i korta på bakgrunn av erfaringane gjennom åra.

Mål- og resultatstyring inngår i kommunen sine årsplanar. Resultatkrava er fylgd opp gjennom medarbeidersamtalar med den enkelte leiaren. Ein felles leiingspraksis er under utarbeiding og arbeidet vil bli vidareført i 2020.

4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring

Det har vore god oppfølging og kontroll på prosjekt gjennom året.

Formannskapet får månadsrapportar om status på økonomi og sjukefråvær, kommunestyret får tertialrapportar. Resultat i forhold til overordna mål i kommuneplanen, samt resultatkrav knytt til målkorta, er rapportert i årsrapporten.

4.9 Risikostyring og internkontroll

Kommunen har eit overordna kvalitetssystem og eige sak- og arkivsystem som skal sikre oppfølging av lovverk, politiske vedtak og interne rutinar.

Det elektronisk kvalitetssystemet skal ivareta-dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalyser (ROS) samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

4.10 Selskapskontroll

Ny rutine for lovpålagt eigarskapskontroll var vedteke i K-sak 76/16 den 25.05.2016. Omgrepet eigarskapskontroll vert no nytta i staden for selskapskontroll.

4.11 Tryggleik og beredskap

Beredskapsplanen for Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016.

Kommunen har gjennomført heilskapleg ROS-analyse i 2019.

Kommunen har skildra mål og strategiar for arbeid med samfunnstryggleik i samfunnsdel av kommuneplanen. Mål og strategiar for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap bør forankrast tydelegare med bakgrunn i heilskapleg ROS.

4.12 Etisk standard

Revisjon av Etiske prinsipp for tilsette og folkevalde i Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016. Etisk standard vert fylgd opp og sikra gjennom kommunen sitt kvalitetssystem.

4.13 Utfordringar og planar

I planperioden er målet å etablere eit heilskapleg system som sørgjer for at vi har styring og kontroll i ein organisasjon som er effektiv og framtidsretta. Kommunen sitt planverk må vere fokusert, målretta og skal fungere som eit referansedokument for den operative gjennomføringa av planar.

4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen)

Bruken av systemet har vore aukande. Graden av aktivitet varierer mellom tenesteområda. Mangelfull opplæring og oppfølging kan vere hovudårsaka til variasjonane.

4.15 Verdigrunnlag

Verdigrunnlaget er revidert i 2018. Dei kommunale kjerneverdiane er:

- Tillit
- Respekt
- Samhandling

4.16 Heilskapleg system

Plan- og styringssystemet i kommunen omfattar ei rekkje plan- og styringsprosessar som går fram av figuren under. Gjennom god leiing og gode plan- og styringsprosessar skal kommunen ivareta rolla som tenesteytar, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

PUFF (PUKK) – Forbettringssirkel



Kommunen arbeider etter elementa i forbettringssirkelen. Gjennom plan- og styringsprosessane vert det planlagt og utført aktivitetar som skal sikre kvalitet i tenestene og forvaltninga. Resultata frå aktivitetane vert fylgd opp i forhold til dei måla og krava som er sett, og vert nytta til å iverksette tiltak for kontinuerleg å betre tenestene og forvaltninga. Alle plan- og styringsprosessar skal gjennomførast med bakgrunn i kommunen sitt verdigrunnlag, og verdiane skal vere retningsgivande for den enkelte si åtfærd.

Plansystem

Plansystemet er kommunen sitt overordna og politisk vedtekne planverk som skal sikre gjennomføring av politiske mål og prioriteringar.

Styringssystem

Styringssystemet er rådmannen sitt verktøy for å setje i verk og følgje opp politiske vedtak, mål og prioriteringar.

Leiing

Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for all leiaraktivitet knytt til kommunen sitt plan- og styringssystem. Gode plan- og styringsprosessar har som føresetnad eit leiarskap som gir retning, utnyttar handlingsrommet og er resultatorientert.

Samstundes skal leiarane legge til rette for ein arbeidskultur som fremjar læring og forbetring i heile organisasjonen. Forslag til innovative løysingar vil verte følgde opp. Det vert utarbeidd årsplanar. I årsplanane konkretiserer rådmannen krav til resultat og utvikling for den enkelte leiar. I løpet av året vert det gjennomført dialog om status og evaluering av oppnådde resultat i «ein til ein»- møte. I tillegg utøver rådmann styringsdialog gjennom fellesmøte.

Utfordringar og planar

Rådmannen vil vidareutvikle grunntanken om at godt partssamarbeid skal bidra til ei omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommune til beste for innbyggjarane og våre tilsette.

Rådmannen er oppteken av å legge til rette for at leiarane kan bruke mindre tid til administrasjon og meir tid til tenesteutvikling og leiding. Auka fokus på digitalisering, samhandling og samordning skal bidra til dette.

Rådmannen vil arbeide vidare med å utvikle og profesjonalisere kommunen. I alle styringsformer skal kommunen oppfattast som ein profesjonell part og agere deretter.

4.17 Plansystemet

Kommunen sine oppgåver følgjer av kommunelova, plan- og bygningslova, andre lover og føreskrifter, nasjonale føringar og politiske vedtak. Mange av oppgåvene blir operasjonalisert og implementert gjennom planar som inngår i kommunen sitt plansystem. Alle kommunen sine overordna planar vert vedtekne av kommunestyret. Det skal vere konsistens i kommunen sine styringsdokument ved at styringsdokument på eit lågare nivå skal vere ei operasjonalisering av dokument på eit høgare nivå.

Planstrategi

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode (fireårsperioden), og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Gjeldande planstrategi for Herøy kommune 2016 – 2020 vart vedteken i kommunestyret 24.11.2016.

Føremålet med planstrategien er å vurdere kva for planar som skal utarbeidast og reviderast i valperioden. For å vurdere planbehovet skal planstrategien drøfte kommunen sine strategiske val for samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og tenesteområda sine utfordringar. Det skal i tillegg vurderast om det er behov for å revidere heile eller delar av kommuneplanen.

Kommuneplanen

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna strategiske styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser. I forkant av kommuneplanarbeidet vert det utarbeidd eit planprogram. Planprogrammet omtalar kva for tema som vert planlagt revidert i kommuneplanen, utgreiingsbehov og medverknads-prosesser.

Samfunnsdelen konkretiserer mål, strategiar og ønska utvikling for Herøysamfunnet og kommuneorganisasjonen.


Arealdelen viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, der avveging mellom vern og utbygging er viktig. Planen er juridisk bindande.

Kommuneplanen vert utarbeidd for ein periode på 12 år og vert revidert kvart fjerde år. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel (økonomiplan) som seier korleis planen skal fylgjast opp i fireårsperioden. I Herøy kommune bør kommuneplanen sin handlingsdel i større grad innarbeidast i økonomiplanen.

Kommuneplanen har **seks gjennomgåande perspektiv:**

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Likestilling
- Verdiskaping
- Miljø og klima

Årshjul



Figuren illustrerer dei overordna strategiske prosessane knytt til kommuneplanen (4-årshjulet) og handlingsprogrammet (1-årshjulet).

Handlingsprogrammet

Kommunen sitt årsbudsjett og økonomiplan utgjer handlingsprogrammet. Årsbudsjettet og økonomiplanen vert utarbeidd gjennom ein felles prosess og vert integrert i same dokument.

Økonomiplanen har eit 4. årsperspektiv med årsbudsjettet som første år. Planen vert rullert årleg.

Årsbudsjettet er kommunen sitt dokument der det vert gitt løyvingar til ulike føremål. Det vil seie at vedteke budsjett gir kva for rammer kommunestyret har løyvd

til kommunen si verksemd det komande året – rammene er bindande for rammeområda.

Gjennom handlingsprogrammet skal kommunen realisere målsetjingar fastsett i kommuneplanen sin langsiktige del, planlegge nye tiltak og føre kontroll med kommunen sin ressurstilgang og ressursbruk. Dei økonomiske rammene bygger på rammefaktorar i kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Økonomiske konsekvensar knytt til mål og tiltak i kommunen sine temaplanar, jamfør planstrategien, skal også innarbeidast i handlingsprogrammet for oppfølging. I tillegg kjem ei rekkje måleindikatorar basert på kommunen si mål- og resultatstyring.

Handlingsplanar

Mål og tiltak frå handlingsprogrammet, felles gjennomgåande planar og anna relevant planverk som fylgjer av planstrategien, vert vidareført og fylgd opp i ulike handlingsplanar. Handlingsplanen er eit administrativt dokument som skal sikre samanheng mellom organisasjonen sine mål, tiltak og resultat, samt oppfylging av politiske vedtak, lover og forskrifter.

Felles gjennomgåande planar

Kommunen har fleire gjennomgåande planar som gjeld for heile organisasjonen. Desse vert revidert normalt kvart fjerde år.

Utfordringar og planar

Rådmannen vil heve kvaliteten på kommunen sine plandokument. Dette skal resultere i eit meir gjennomgåande planverk som både er smalare, med betre tverrfagleg koordinering, og meir målretta.

4.18 Styringssystemet

Verksemdsstyring femner all leiingsaktivitet, styring og kontroll som skal bidra til å iverksette politiske vedtak, prioriteringar og mål, og å skape best mogleg resultat og kvalitet i tenestene. Verksemdsstyring omfattar fullmaktsnivåa i kommunen og sikrar at styringa skjer likt og samordna mellom, og innan tenesteområda.

Prinsipp for verksemdsstyring

Verksemdsstyring skal:

- baserast på mål- og resultatstyring som overordna styringsprinsipp.
- sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak.
- sikre etterleving av lover og forskrifter.
- integrere risikostyring og internkontroll
- sikre ei tenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og rett ressursbruk.
- sikre læring, forbetring og innovasjon.

Mål- og resultatstyring

Dette medfører at kommunen skal planleggje, setje mål, og at resultatata skal målast og fylgjast opp for å avdekke avvik. Ein skal også kontinuerleg forbetre og vidareutvikle tenestene. Mål- og resultatstyring skal i tillegg sikre læring i organisasjonen.

Mål- og resultatstyring skjer manuelt ved hjelp av målkort.

Det er definert fire fokusområde. Innanfor kvart hovudmål er det utarbeidd ulike måleindikatorar. Fokusområda har gjennomgåande delmål for heile kommunen. I tillegg er det utarbeidd unike delmål for tenesteområda som skal sikre nødvendig styring og oppfylging av tenestene.

Gjennomføring av politiske vedtak

Kommunen skal ha system som sikrar at politiske vedtak blir fylgd opp og sett i verk.

Vedtaksoppfølging skjer elektronisk i kommunen sitt saks- og arkivsystem Acos.

Eigne rapportar viser kva for saker som skal fylgjast opp og kva for saker som er ferdig effektuerte.

Iverksetting av politiske vedtak vert sikra gjennom årsplanar og ulike handlingsplanar. Dette omfattar også gjennomføring av politiske vedtak som vert fatta utanom handlingsprogrammet.

Alle leiarar skal halde seg orienterte om dei vedtaka som direkte gjeld eige ansvarsområde, samt forhold som vedkjem heile kommunen.

Etterleving av lover og forskrifter

Dette medfører rett sakshandsaming og tenesteutøving, samt å ivareta kommunen sine juridiske interesser som forvaltningsmynde, tenesteprodusent og eigar.

Sakshandsaminga skjer elektronisk i kommunen sitt saks- og arkivsystem Acos.

Tenesteutøving skjer etter gjeldande fullmakter og aktuelt lov- og regelverk som har betydning for oppgåva.

Risikostyring og internkontroll

Kravet til internkontroll går fram av kommunelova. I tillegg er det innanfor fleire område av kommunen si verksemd særlege lovpålagde krav til internkontroll. Internkontroll er ein del av kommunen si daglege leiing og styring innan og mellom fullmaktsnivåa.

Risikostyring og internkontroll skjer elektronisk i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo (KvalitetsLosen).

Systemet tek hand om dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalysar samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Verktøyet sikrar at daglege arbeidsoppgåver blir utført, styrt og forbetra i samsvar med krava i lova.

4.19 Organisering, arbeidsprosessar og ressursbruk

Ei føremålstenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane får ta imot tenester av rett kvalitet og til rett tid, samstundes som organisasjonen sine ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtekte økonomiske rammer.

Føremålstenleg organisering skjer ut frå omsynet til samordning, effektiv oppgåveløysing og kvalitet for brukarane.

Effektive arbeidsprosessar skjer gjennom optimalisering av prosessar og betre samhandling i tillegg til ei digitalisering av kommunen sine system. Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for utforminga av dei enkelte arbeidsprosessane.

God ressursbruk skal skje innafor dei mål og budsjetttrammer som kvart år vert vedteke av kommunestyret.

Læring, forbedring og innovasjon


Organisasjonen skal sikre kontinuerleg utvikling av innhaldet i tenestene og medarbeidarane sin kompetanse.

Vi skal jobbe med målsetjinga om å bli ein moderne og lærande organisasjon som fremjar utvikling gjennom involvering, styringsdialog og resultatfokus.

Kommunen sin forvaltningspraksis vert evaluert eksternt gjennom Kommunekompasset. Evalueringa gir eit samandrag av kommunen sin styrke, svake sider og utfordringar og dannar grunnlag for vidare utvikling. I tillegg vert det gjennomført tilsyn og forvaltningsrevisjon innafør ulike områder.

Årshjul

Kvart år vert det gjennomført ei rekkje styringsprosessar. Disse er sett inn i eit overordna årshjul som viser korleis arbeidet med ulike dokument og prosessar vert fasa inn i forhold til kvarandre politisk og administrativt. I tillegg til det overordna årshjulet, har kommunen detaljerte årshjul for enkeltstående prosessar/aktivitetar.



Utfordringar og planar

Det er ei målsetjing at verksemdsstyringa skal forenklast og bli meir effektiv. Samstundes skal organisasjonen si forståing på området styrkast.

Rådmannen vil arbeide for at kommunen skal levere gode tenester ut frå dei rammevilkåra som vert vedtekne. Gjennom mål- og resultatstyring skal det arbeidast systematisk med å sikre rette og effektive tenester til brukarane. I tillegg til generelle og gjennomgåande mål, skal spesifikke mål innafør alle rammeområda sikre rett

utvikling av dei enkelte tenestene. Rådmannen vil ha fokus på å hente ut samordningsgevinstar mellom einingar og sektorområde.

Rådmannen vil ha fokus på vidareutvikling av styringsdata, slik at ein kan fylgje utviklinga gjennom året og ved behov iverksette førebyggjande tiltak.

5. Fokusområde samfunnsutvikling

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013 – 2025 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Fylgjande mål er nedfelte i budsjett og økonomiplan 2020 – 2023:

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking	Innbyggjarundersøking
Status 2019	8 927 innbyggjarar.	Innbyggjarundersøking 2019	Innbyggjarundersøking 2019
Ambisjon 2023	9 100 innbyggjarar	Positiv utvikling	Positiv utvikling
Resultatmål 2020	9 000 innbyggjarar	Positiv utvikling	Positiv utvikling

Kommune-NM

NHO lagar årleg eit kommune-NM der kommunane vert rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Kunnskapsbasen gir indikasjonar på utviklinga for den enkelte kommune, men også den relative utviklinga i samanlikning med dei andre kommunane.

Kommune	TOTAL		Næringsliv		Arbeids- marknad		Demografi		Kompetanse		Kommune- økonomi	
	2016	2019	2016	2019	2016	2019	2016	2019	2016	2019	2016	2019
Herøy	135	127	20	17	315	271	189	241	222	247	129	103

Tabellen viser at Herøy ligg ganske bra an i forhold til andre kommunar når det gjeld attraktivitet og vekstkraft. Kommunen har hatt ein framgang totalt sett frå 2016 til 2019.

<https://www.nho.no/Politikk-og-analyse/Offentlig-sektor-og-naringslivet/kommunenm/>

Samhandling mellom kommune, næringsliv, lag og organisasjonar

Kommunen har gjennomført fleire partnerskapsprosjekt med næringsliv, lag og organisasjonar. Mellom anna med/om: Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, Fosnavåg konserthus, parkeringshus, idrettsanlegg, flytebrygger m.m.

Folketalsutviklinga

Utvikling av folketalet pr. 01.01:

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Folketal	8383	8533	8727	8847	8847	8934	8972	8957	8965	8927

Herøy kommune har ein uttalt ambisjon om å auke folketalet.

Folkehelse

Folkehelseinstituttet har utarbeidd folkehelseprofilar for kommunane.

Profilane er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden, og faktorar som påverkar denne:

- Det er færre barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt enn landsnivået.
- Ungdomskuleelevane som oppgjev å vere nøgde med lokalmiljøet, er likt med landsnivået.
- Antibiotikabruken i Herøy er høgare enn landsnivået.

<http://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1515&sp=2&PDFaar=2017>

5.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel.

Visjonen

Herøy – ei båtlengd føre

Kommunen skal gjere medvitne val om kvar vi skal vere i forkant, og kvar andre kan drage utviklinga vidare.

Kommunen skal vere nyskapande og attraktiv med lokal identitet og regional slagkraft. Vi skal vidareutvikle kommunen innafor havbasert verdiskaping.

Misjonen (oppdraget)

Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Kommunen skal vere ein attraktiv kommune å busetje seg i gjennom:

- eit attraktivt og definert sentrum, attraktive bygder og bustadområde.
- ein interessant og mangfaldig arbeidsmarknad.
- eit framifrå kultur- og idrettsmiljø.

Innbyggjarane skal oppleve gode tenester av høg kvalitet. Kommunen skal vektleggje og gi eit heilskapleg, likeverdig og tverrfagleg tilbod til alle innbyggjarane. Ny teknologi og andre og smartare måtar å arbeide på, skal takast i bruk innafor dei ulike tenesteområda.

Reiselivet i kommunen har stort potensial som kan gi positive ringverknader i ei samordna satsing.

Styringsprinsipp

I samfunnsdelen av kommuneplanen er det formulert fylgjande styringsprinsipp:

- samhandling
- kommunikasjon
- medverknad
- nytenking

Kommunen skal vise evne til **samhandling** mellom ulike nivå, eksternt og internt.

Kommunen skal vere tydeleg i **kommunikasjonen** sin, eksternt og internt.

Kommunen skal gjennom **medverknad** vere open for dialog med ulike aktørar for å kome fram til løysingar som fremjar samfunnsutviklinga på lang sikt.

Kommunen skal ha mot til å **tenkje nytt** slik at vi kan finne løysingar som betre samsvarar med innbyggjarane sine behov. Det kan handle om nye funksjonar, problemløysing, service og utvikling.

Satsingsområde

I samfunnsdelen i **Kommuneplan for Herøy 2013-2025** er det peika ut fem satsingsområde:

- **Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling**

Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde. For at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengige av eit sentrum som utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurde. Sentrumsutvikling og samfunnsutvikling er såleis to sider av same sak.

- **Infrastruktur**

Med infrastruktur meiner vi strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere. Døme: vegsystemet til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele-/fibernet.

- **Kompetanse og næringsutvikling**

Herøy kommune har prosentvis færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning enn fylket og landet. Nye arbeidsplassar vert stadig meir kompetanseintensive.

- **Rekruttering, busetjing og inkludering**

Herøy kommune har hatt positiv folketalsutvikling siste åra og det er mykje på grunn av utanlandsk innvandring. Sentrums- og samfunnsutviklinga er avhengig av folketalsvekst.

- **Barn, unge og identitetsbygging**

Barn og unge som satsingsområde, tek utgangspunkt i at trivsel i oppveksten aukar sjansen for tilbakeflytting seinare.

I kommuneplanen er det utarbeidd målsetjingar og strategiar for kvart satsingsområde. Det er også utarbeidd ein **handlingsdel** til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste strategiske verktøyet for å sikre at kommunen arbeidar mot målsetjingane som er sett i

samfunnsdelen. Handlingsdelen skal konkretisere tiltak knytt til visjonen og målsetjingane i planen.

Planstrategi

Planstrategi for Herøy kommune 2016-2020 vart sist revidert 07.12.2016.

5.2 Innbyggjarundersøkinga 2019:

Kommunen har etter innbyggjarundersøkinga i 2017 jobba med serviceplakaten, leiarplakaten og dei kommunale kjerneverdiane. Hausten 2019 er det starta opp ein leiarutviklingsprosess, der det òg vil vere søkjelys på dei kommunale kjerneverdiane, serviceplakaten og leiarplakaten.

Dersom vi samanliknar resultatet i 2019 opp i mot resultatet frå dei andre kommunane i Norge som har gjennomført undersøkinga i 2019 samt mot Herøy kommune sitt resultat, har vi følgjande tabell:

INNBYGGJARUNDERSØKINGA 2017 OG 2019 - SAMT NORGE I 2019

	2017	2019	Norge	Diff
Tjenestene fra din kommune - bruker	4,6	4,4	4,5	-0,1
Tjenester fra din kommune - inntrykk	4,4	4,3	4,2	0,1
Næring og arbeid	4,6	4,1	4,1	0,0
Transport og tilgjengelighet i kommunen	3,1	2,9	3,4	-0,5
Miljø i kommunen	5,1	4,8	4,8	0,0
Klima og energi	4,2	3,8	3,8	0,0
Natur og landskap og friluftsliv	4,8	4,4	4,4	0,0
Levekår	4,5	4,1	4,2	-0,1
Bomiljø og senterfunksjoner i kommunen der du bor	4,1	3,6	4,1	-0,5
Service tilbudet	4,6	4,0	4,3	-0,3
Boligtilbudet	4,8	3,9	3,8	0,1
Kultur og idrett	4,8	4,4	4,5	-0,1
Utbygging og utvikling	4,0	3,6	3,8	-0,2
Trygghet	5,1	5,0	5,0	0,0
Kommunen som bosted	4,9	4,6	4,7	-0,1
Møte med din kommune	3,7	3,4	3,5	-0,1
Tillit	3,8	3,4	3,8	-0,4
Helhetsvurdering	4,3	3,8	4,0	-0,2
Snitt totalt	4,3	4,0	4,1	4,1
Tal på innbyggjarar over 18 år	6 981	7 014		
Tal svar på innbyggjarundersøkinga	435	199		
Svarprosent	6 %	3 %		
Feilmargin 99 % konfidensnivå i prosent	4,50 %	9,00 %		
Feilmargin 99 % konfidensnivå i poeng +/-	+/- 0,2	+/- 0,4		

I tabellen er resultat i 2019 merka med raudt opp i mot område der kommunen har hatt ei negativ utvikling på meir enn feilmarginen på 0,4 poeng. Dersom vi vurderer det opp i mot landssnittet i 2019, så har vi følgjande område, der kommunen har eit dårlegare resultat:

- transport og tilgjenge
- bomiljø og senterfunksjonar

Alle fem kommunane på Ytre Søre Sunnmøre skal gjennomføre innbyggjarundersøkinga i 2019, og samanliknar oss med dei to kommunane som hittil i år har gjennomført:

INNBYGGJARUNDERSØKINGA PÅ SØRE SUNNMØRE

	Vanylven	Herøy	Hareid	Norge
Tjenestene fra din kommune - bruker	4,5	4,4	4,4	4,5
Tjenester fra din kommune - inntrykk	4,5	4,3	4,1	4,2
Næring og arbeid	3,9	4,1	3,9	4,1
Transport og tilgjengelighet i kommunen	3,0	2,9	2,9	3,4
Miljø i kommunen	5,2	4,8	4,9	4,8
Klima og energi	4,2	3,8	3,6	3,8
Natur og landskap og friluftsliv	4,7	4,4	4,0	4,4
Levekår	4,5	4,1	4,0	4,2
Bomiljø og senterfunksjoner i kommunen der du bor	3,9	3,6	3,2	4,1
Servicetilbudet	3,7	4,0	3,3	4,3
Boligtilbudet	3,9	3,9	3,6	3,8
Kultur og idrett	4,2	4,4	4,0	4,5
Utbygging og utvikling	3,9	3,6	3,1	3,8
Trygghet	5,2	5,0	4,9	5,0
Kommunen som bosted	4,7	4,6	4,4	4,7
Møte med din kommune	3,8	3,4	3,1	3,5
Tillit	3,9	3,4	3,4	3,8
Helhetsvurdering	4,1	3,8	3,1	4,0
Snitt totalt	4,3	4,0	3,7	4,1

Både Vanylven og Hareid kommunar har høgare svarprosent og difor mindre feilmargin, men dersom vi samanliknar oss med kommunane, så kan vi sjå at Herøy kommune truleg har beste resultat innanfor område servicetilbudet i kommunen. Utover dette har Vanylven kommune generelt betre resultat enn Herøy kommune og Hareid kommune har generelt litt dårlegare resultat enn Herøy kommune.

Når det gjeld innbyggjarundersøkinga, så dekkjer denne tre sentrale områda som kommunen har ansvaret for, som er:

- tenesteproduksjon
- samfunnsutvikling
- lokaldemokrati

Herøy kommune har eit godt resultat innanfor tenesteproduksjonen, og som er på linje med landssnittet. Medan det er innanfor områda samfunnsutvikling og lokaldemokrati Herøy kommune får eit dårlegare resultat enn landssnittet og dette er område som kommunen òg hadde eit forbetringspotensiale på etter resultatet frå innbyggjarundersøkinga i 2017. Det er truleg viktig å setje søkjelyset både tiltak innanfor områda samfunnsutvikling og lokaldemokrati, fordi dette er viktig for at kommunen skal leggje til rette for vekst og utvikling i kommunen.

5.3 Lokaldemokratiundersøking 2017

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

<http://www.bedrekommune.no/bedrekommune.no/bk/lokaldemokrati/>

6. Fokusområde Organisasjon

Kommunen gjennomførte Kommunekompasset i 2018 og fekk ein skår på 435 av 800 moglege. Resultata er jamt over gode. Herøy kommune skårar nest høgast av kommunane med mellom 5000 og 10000 innbyggjarar.

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast med økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi. Til dømes: digitalisering og velferdsteknologi.


Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommunekompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommunekompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråværstatistikk.	Statistikk.
Status 2019	435 poeng	Ikkje undersøkt.	8,3 %	65 år = 67% 67 år = 45%
Ambisjon 2023	535 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	65 år = 90% 67 år = 50%
Resultatmål 2020	500 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	65 år = 90% 67 år = 50%

6.1 Organisasjonsutvikling

Evalueringa av Herøy kommune etter Kommunekompasset viser at resultata no ligg godt over gjennomsnittet for kommunar mellom 5000-10000 innbyggjarar. Herøy kommune skårar totalt 435 poeng. Gruppesnittet ligg på 355 poeng og gjennomsnittet for alle norske kommunar ligg på 364 poeng. Det kan vere at kommunen framleis har ein gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

KS-K rår til at kommunen systematiserer styringsinformasjonen som allereie finst, med fokus på resultat og indikatorstyring. I tillegg bør ein hente inn og systematisere brukarperspektivet, innbyggjarperspektivet og medarbeidarperspektivet. Konsulenten rår til at denne styringsinformasjonen vert sett inn i ei årshjultenking for oppfølging, dialog, evaluering og utvikling basert på brukar-, medarbeidar- og innbyggjarundersøkingar kombinert med objektiv informasjon om kvalitet og

økonomi. Dette for at kommunen får utvikle seg i eit heilskapleg styrings- og utviklingsperspektiv. På denne måten kan ein få lagt eit godt grunnlag for både å utvikle dialogen og samspelet med innbyggjarane, men også ein god prosess saman med politikarane med planarbeid og tilbakerapportering på korleis kommunen jobbar, kva ein prioriterer og kva som vert levert av resultat. Dermed ser ein ikkje berre på mengda, men også kvaliteten på dei tenestene som vert leverte.



Alle områda vil vere viktig for utviklingsarbeidet i Herøy kommune, men i perioden denne utviklingsstrategien fokuserer på (2018-2020), så ynskjer vi å ha særleg fokus på områda vedtekne i K-sak 104/18 :

- Område 2 Tilgjengeleg, innbyggjar- og brukarorientering
- Område 4 Leiarskap, ansvar og delegasjon
- Område 5 Resultatfokus og effektivitet
- Område 6 Kommunen som arbeidsgjevar
- Område 7 Utviklingsstrategi og lærande organisasjon

Dette arbeidet vert fylgd opp i 2020

6.2 Personalpolitikk og opplæring

Dei tilsette i Herøy kommune er vår viktigaste ressurs og difor er arbeidet med oppfølging, opplæring og arbeid i grupper sentrale verkemiddel. Arbeidet med 10-

faktor har halde fram i 2019, der avdelingane har arbeida med valde faktorar for å utvikle eigne aktivitetar og mål i høve til måleindikatorane i 10-faktor

Inkluderande arbeidsliv (IA)

Herøy kommune har vore inkluderande arbeidslivsverksemd sidan juli 2003. I juni 2014 vart IA-avtalen resignerte. Herøy kommune kan syne til systematisk og kontinuerleg IA-arbeid, gjennom bl.a. faste møter i IA-utvalet og deltaking på kurs og seminar i regi av NAV Arbeidslivsenteret.

Likestilling

I den vedtekne arbeidsgjevarpolitikken er det utarbeidd mål og verkemiddel for auka likestilling mellom kjønna. Likestilling i høve, etnisk tilhørsle og personar med nedsett funksjonsevne er og innbakt i arbeidsgjevarpolitikken. Administrasjonsutvalet er likestillingsutval

Kjønnsbalanse

Den kjønnsmessige fordelinga på stillingar har endra seg lite over tid, sjølv om der er noko variasjonar frå år til år. Framleis er det slik at det er stor kvinneleg dominans i dei tradisjonelle pleie- og omsorgsyrka og blant reinhaldarane. Det er mannleg dominans innan dei tekniske faga og i brannvernet. Vi registrerer likevel at fleire menn enn tidlegare søkjer stillingar knytt til stab- og støttefunksjonar. Sjå meir i tabell 7 nedanfor.

Likelønn

I lokale lønsoppgjer ynskjer partane å vidareføre det langsiktige arbeidet med likelønn. I tillegg hadde partane fokus på rekruttering, behalde kompetanse og at utdanning skal løne seg.

Arbeidstid

Tilsette som ikkje har ynskja deltid kan variere frå eit år til eit anna, alt etter samansettinga av personalgruppa. Ønska stillingsstorleik er også livsfaseorientert.

Helse, miljø og tryggleik (HMS)

Hovudmålet for HMS- arbeidet er at dei tilsette skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Gjennom ei slik målsetjing vil ein oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette, og i sin tur betre kvalitet på tenestene som kommunen leverer til innbyggjarane.

Tillitsvalde

Føremålet i Hovudavtalen er å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane på alle nivå. Hovudavtalen skal være eit verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet vert basert på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike rollar.

Arbeidsgjevarpolitikk

«Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune» presenterer grunnlaget for ein felles organisasjonskultur. Verdiane til kommunen som organisasjon er nedfelt i denne. I denne er det også nedfelt forventingar til leiarar og medarbeidararar.

Seniorpolitikk

Målsetting for Herøy kommune er at 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Minimum 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

7. Fokusområde Tenester

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løypande utvikling i tenesteytinga
- Leverer tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Det er formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene**.

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2019	Positiv utvikling.	2017: 23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2023	Betre enn landsgjennomsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2020	Betre enn landsgjennomsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt

7.1 Kommunebarometeret

Kommunebarometeret er ei årleg rangering av alle kommunane i Norge, gjort av Kommunal Rapport på basis av offentleg tilgjengelege data frå offisielle kjelder. Litt forenkla kan vi seie at Kommunebarometeret måler Norges beste kommune. Fyrste rangering vart publisert i 2010. I 2019-barometeret er det inkludert 151 ulike nøkkeltal innan 12 ulike kategoriar. Kommunal Rapport tek ansvar for vektning, vurderingar og eventuelle feil i framstillingane, men føreset at kommunane har rapportert korrekt.

Føremålet med Kommunebarometeret er å gi eit lettfatteleg bilete av korleis kommunen presterer målt mot resten av Kommune-Norge, for å bidra til ein meir opplyst lokaldemokratisk diskusjon. Kommunebarometeret er ingen vurdering av om innbyggjarane får gode nok tenester, men kan gi indikasjonar om kommunen har noko å lære av andre - basert på kor nær kommunen sine målbare resultat er kommunane med best resultat. Barometeret er heller ikkje ein konkurranse i å drive billegast.

I årets rangering kjem Herøy kommune på andre plass av kommunane på Søre Sunnmøre.

PLASS	KOMMUNE	GRUNN- SKOLE	PLEIE OG OMSORG	BARNE- VERN	BARNE- HAGE	HELSE	SOSIAL	ØKONOMI	KOST- NADER
28	Vanylven	30	389	325	93	150	29	60	326
70	Herøy	145	253	191	127	231	127	323	85
72	Ulstein	47	63	303	280	152	199	383	171
73	Volda	117	116	276	53	220	221	296	264
77	Ørsta	32	300	242	69	332	230	354	75
181	Sande	204	302	349	176	78	14	408	197
345	Hareid	305	382	348	319	362	94	355	182

Dersom vi samanliknar oss med kommunane i Møre og Romsdal, så kjem Herøy kommune på ein 5. plass av totalt 36 kommunar – her er lista over dei 10 beste kommunane i fylket:

PLASS	KOMMUNE	GRUNN- SKOLE	PLEIE OG OMSORG	BARNE- VERN	BARNE- HAGE	HELSE	SOSIAL	ØKONOMI	KOST- NADER
18	Ørskog	112	3	315	74	45	39	422	78
28	Vanylven	30	389	325	93	150	29	60	326
34	Sandøy	237	187	40	44	23		390	243
48	Stordal	75	412	262	4	7	10	394	19
70	Herøy	145	253	191	127	231	127	323	85
72	Ulstein	47	63	303	280	152	199	383	171
73	Volda	117	116	276	53	220	221	296	264
77	Ørsta	32	300	242	69	332	230	354	75
85	Sula	155	207	361	333	122	5	358	73
93	Midsund	350	81	32	103	218	142	359	150

I Kommunebarometeret er det gitt følgjande oversikt over dei 12 ulike områda:

Utvikling over tid (sammenliknbar serie)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Nøkkeltallene alene				217	242	264	339	208	249	146
Totaltabellen - justert for økonomiske forutsetninger				204	209	228	272	148	121	70
Grunnskole				97	141	151	166	196	133	145
Pleie og omsorg	223	246	284	252	316	333	347	294	303	253
Barnevern					174	123	190	207	123	191
Barnehage						279	293	213	326	127
Helse	1	371	382	402	314	385	363	301	375	231
Sosial	1				157	135	98	81	108	127
Kultur	275	360	345	324	321	273	219	274	244	273
Miljø og ressurser		254	125	223	347	310	168	175	164	142
Saksbehandling	208	265				25			103	131
Vann og avløp					144		143	133	104	208
Økonomi				245	251	243	359	250	342	323
Kostnadsnivå					1	1	154	61	86	85
Nøkkeltall i bruk i barometeret	47	69	110	116	127	123	126	141	152	151
Antall kommuner rangert totalt	429	429	429	429	428	428	428	426	423	422

Kommunebarometeret med oversikt over alle indikatorane er lagt fram for kommunestyret som eiga sak, men nedanfor er det teke eit utdrag av dei 151 indikatorane på dei ulike 12 områda.

OMRÅDE GRUNNSKULE:

Utdanningsnivå: På ungdomsskulen i Herøy kommune stettar dei aller fleste lærerane i matematikk, engelsk og norsk nye kompetansekrav i Opplæringslova.

Skuleresultat: Karakterane på 10. trinn i Herøy kommune har vore omlag på landssnittet dei siste fire åra. 30 prosent av elevane på 5. trinn dei siste fire åra, ligg på lågaste meistringnivå (av tre) på nasjonale prøver. Det er ein litt lågare del enn kva som er normalen i kommune-Norge.

Trivsel: I følgje «Elevundersøkinga» seier 91 prosent av elevane på 7. trinn i Herøy kommune at dei trivast godt. Snittet i Norge ligg på 91 prosent. 82 prosent av elevane på 10. trinn seier at dei trivast godt. I Norge er snittet 86 prosent.

OMRÅDE PLEIE OG OMSORG:

Utdanningsnivå: Nasjonalt har 74,5 prosent av dei tilsette i pleie og omsorg fagutdanning. Dette har auka jamt fram til 2014, men har sidan vore ganske stabil. I Herøy kommune har 72 prosent av dei tilsette fagutdanning. I dei beste kommunane er denne delen minst 83,8 prosent.

Lege på institusjon: I snitt er det 34 minutt med lege per bebuar per veke i kommune-Norge. I Herøy kommune fekk bebuarane i snitt 22 minutt med lege i veka i fjor – det er omlag det same som året før.

Tilbod til funksjonshemma:

Tal på funksjonshemma som opplever at dei fullt ut får dekkja behovet om bistand til å delta i jobb eller studiar, er nasjonalt på 76,5 prosent. I følgje tal frå Helsedirektoratet opplever 76 prosent av dei funksjonshemma i Herøy kommune at dei får den hjelpa dei treng for å kunne delta i arbeid og studiar. Dei beste ligg på 98,1 prosent. Berre 67 prosent synest dei får dekkja behovet for bistand til å delta i fritidsaktivitetar – dei beste ligg på 86,3 prosent.

OMRÅDE BARNEVERN:

Tiltak: I Norge er i snitt 5,6 prosent av barna omfatta av barnevernstiltak. Når vi korrigerer den delen av barn som er i barnevernet for behovet, er denne delen i Herøy kommune på 5,6 prosent.

Fosterheim/institusjon: Av alle barn med barnevernstiltak i Norge, er 32 prosent plassert i institusjon eller fosterheim. I Herøy kommune er 12,6 prosent i fosterheim eller institusjon. Dette er veldig lite målt mot resten av kommune-Norge, og gir ein 9. plass på denne tabellen. I barometeret reknast høg del med tiltak i heimen som positivt.

Sakshandsamingsfrist: I snitt overhald kommunane i Norge no den normale sakshandsamingsfristen i lovverket i 88 prosent av sakene og fristbrota er halvert på nokre få år og har aldri vore lågare. I Herøy kommune vart 91 prosent av sakene handsama innan den vanlege fristen på tre månader. Sett dei fire siste årene under eitt, ligg kommunen langt etter dei beste.

OMRÅDE BARNEHAGE

Bemanning: Bemanninga i dei kommunale barnehagane i Herøy kommune er klart lågare enn i dei beste kommunane. Som regel er bemanninga lågare jo større kommunen blir. I følgje tal frå Statistisk sentralbyrå ble bemanninga 6,35 prosent

dårlegare i fjor.

Utdanningskrav: I 2018 innførte regjeringa nye utdanningskrav til personalet i barnehagar. Delen av kommunale barnehagar som oppfyller pedagognorma utan dispensasjonar, var i fjor på 52,7 prosent. Dette var ein kraftig reduksjon frå fjoråret. 100 prosent av dei kommunale barnehagane i Herøy oppfyller pedagognorma (utan dispensasjon), i følgje tal frå Utdanningsdirektoratet. Kommunen får ein 1. plass på denne tabellen.

Barnehageplass: Nasjonalt har 88,8 prosent av barna plass i barnehagen. 91 prosent av barna i Herøy kommune har barnehageplass.

OMRÅDE HELSE:

Legedekning: I Norge er snittet 11,2 legar per 10.000 innbyggjarar. Normalt har småkommunane langt høgare legedekning enn storbyane. Legedekninga i Herøy kommune er på 13,7 legar per 10.000 innbyggjarar.

Psykiatrisk sjukepleiarar: Målt mot folketalet er det ikkje mange kommunar som har færre psykiatriske sjukepleiarar enn Herøy kommune.

Helseundersøking: Snittet i Norge har falt frå nesten 90 prosent til 84,6 prosent på bare eitt år. 100 prosent av elevane i Herøy kommune hadde helseundersøking innan utgangen av 1. skuletrinn – dette er høgt målt mot resten av landet.

Vaksine: Ein del av 9-åringane i kommunen er ikkje vaksinert mot meslingar. Kan kommunen bidra til at delen vaksinerte aukar?

OMRÅDE SOSIAL:

Sosialstønad: Sosialstønad blir gitt i over 10 månader til 10,4 prosent av dei som tek i mot støtte. Denne delen er låg og kommunen er på 97. plass på denne tabellen.

Kommunal bustad: På landsbasis vart 71,1 prosent av søknadane om kommunal bustad innfridd i fjor. Delen har vore ganske stabil dei siste ti åra. I Herøy kommune vart 67 prosent av søknadane om kommunal bustad innvilga i fjor.

OMRÅDE KULTUR:

Bibliotekbesøk: Snittet i 2017 var på 4,3 besøk per innbyggjar. Biblioteket i Herøy kommune har litt lågare besøk enn normalen, i følgje statistikken.

Idrett og idrettsanlegg: Justert for løns- og prisvekst brukte ein kommune i snitt 791,5 kroner per innbyggjar av eigne pengar på idrett og idrettsanlegg i fjor. Dette er ei auke frå året før. Netto utgiftar til idrett og anlegg på 566 kroner per innbyggjar er ikkje spesielt høge i Herøy kommune.

OMRÅDE MILJØ OG RESSURSAR:

Energikostnader: Snittet er nå på 127 kroner per kvadratmeter. Energikostnadene for bygg i Herøy er på 122 kroner per kvadratmeter, ifølge SSB.

Formålsbygg : Nasjonalt utgjør arealet i snitt 6,8 kvadratmeter per innbyggjar. Arealet er omtrent uendra. Dette er typisk en indikator der store kommunar kjem betre ut enn små. Herøy ser ut til å bygge relativt effektivt - det er ganske få kvadratmeter bygg målt mot innbyggjartalet.

Rekreasjon i tettstad: Kommunane sine utgifter til rekreasjon i tettstad har auka med nesten 20 prosent det siste året, sjølv etter at vi har justert for løns- og prisvekst. Det er andre året på rad at utgiftene aukar tydelig på dette området.

Omdisponert dyrka areal: Delen av dyrka og dyrkbar jord som er omdisponert dei siste åra, kan indikere presset på areal i kommunen. I Herøy kommune er 6,6 promille av jordbruksarealet omdisponert dei siste åra, i følgje statistikken. Det er relativt mykje.

OMRÅDE SAKSHANDSAMING:

Fristbrot byggjesak: Del saker med fristbrot har gått litt ned dei siste par åra, og i fjor var denne delen på 7,9 prosent for kommune-Norge. Dei nyaste tala som er brukt i Kommunebarometeret viser at kommunen braut fristane i 5,3 prosent av sakene.

Tilsyn: Sjølv om det berre er ført tilsyn i 24 prosent av byggjesakene, er det betre enn i veldig mange andre kommunar.

Gebyr: Sakshandsamingsgebyret for einebustader er omtrent middels i Herøy kommune på 10 362 kroner.

I Herøy kommune må man betale 34 713 kroner i gebyr for privat forslag til reguleringsplan. Gebyret er ganske mye lågare enn det vi finn i resten av Kommune-Norge.

OMRÅDE VAR:

Gebyr: Gebyra for VAR-område i Herøy kommune er lik landssnittet. Låge gebyr er positivt i barometeret. Men det skal helst ikkje bety at anlegga er utdaterte og ikkje haldne ved like.

Spillvann: Delen av nettet for spillvatn som er fornya siste tre år er no 0,6 prosent. Utskifting av dette nettet i Herøy kommune har vore ganske lågt prioritert dei tre siste åra, i følgje statistikken. I snitt er nettet for spillvatn i Herøy kommune, som har ein kjent alder, no på 48 år, medan snittet for kommune-Norge er 30 år.

OMRÅDE ØKONOMI:

Økonomisk resultat: Korrigert netto driftsresultat var -0,8 prosent i fjor. Teknisk berekningsutval tilrår ein pluss på 1,75 %. Resultatet i Herøy kommune var ein del dårlegare i fjor enn året før – det kan være eit faresignal som politikarane bør ta på alvor.

Fond: I kommunane i Norge er samla fond no på 12,1 prosent av brutto driftsinntekter. Herøy kommune har litt pengar på 'bok' i form av disposisjonsfond, men det bør nok bli større for å kunne vere ein solid buffer i rekneskapen. Har kommunestyret vedteke eit mål for kor stort disposisjonsfondet bør vere?

Renteeksponert gjeld: I snitt er renteeksponert gjeld på 39,1 prosent av brutto driftsinntekter, noko lågare enn for eitt år sidan. Netto renteeksponert gjeld i kommunen er meir enn dobbelt så høg som landssnittet.

Kostnadsnivå:

Grunnskule: Netto utgifter til grunnskulen (korrigert for utgiftsbehovet) i Herøy ligg litt lavare enn gjennomsnittet. Kostnadene var omtrent uendra i kommunen i fjor, justert for løns- og prisveksten.

Barnehage: Barnehagekostnadane i kommunen er litt under landsgjennomsnittet. Kostnadane i barnehagane økte med 4,8 prosent i fjor, justert for løns- og prisveksten.

Barnevern: Kostnadane innan barnevernet i Herøy kommune ligg under landsgjennomsnittet. Det siste året har utgiftene i barnevernet gått opp med 4,4 prosent, etter at vi har teke omsyn prisveksten.

Administrasjon: Innan administrasjon ligg Herøy kommune tydeleg under landssnittet, målt per innbyggjar. Dette gir kommunen ein 43. plass på denne tabellen.

7.2 Brukarundersøkingar

Det ligg ikkje føre ei samla oversikt over brukarundersøkingar i 2018 eller 2019.

7.3 Tilsyn og klagesaker

I 2017 vart det gjennomført 23 tilsyn med til saman 60 avvik. 19 tilsyn har gått på bygningar, 1 på skatt, 1 på sentraladministrasjon og 1 på ROP (rus/psykiatri).

Det ligg ikkje føre ein samla oversikt over tilsyn og klagesaker i 2018. eller 2019.

8. Fokusområde Økonomi

Kommunen har teke i bruk ein slik økonomisk HANDLINGSREGEL:

- Netto dr. res. 1,75 % av samla driftsinntekter (om lag 11,65 mill.)
- Driftsfond 10 % av samla driftsinntekter (om lag 67 mill.)
- 20 % eigenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:

- Driftsutgiftene er høge i høve til inntektene.
- Lave frie inntekter (vi har ikkje eigedomsskatt)
- Lånegjelda er høg.


Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter .	Driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2023
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2018	-0,05%	50.383.000
Ambisjon 2023	1,75 %	66.500.000 (10,0%)
Resultatmål 2020	0,6 %	54.000.000 (8,1 %)

8.1 Nøkkeltal

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond:

År	Lånegjeld	Disp. fond
2019	875.300.000	50.383.000
2018	866.861.000	39.648.000
2017	840.732.000	40.517.000
2016	840.261.000	19.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

Oversikt innsparingspotensial ift samanlikningskommunar (mill. kr)



Figuren over syner ulikskapar i kostnader mellom Herøy og andre kommunar i million kroner. Vi ser kor mykje Herøy kan spare ved å drive med same kostnadsnivå som dei andre kommunane. Samla behovskorrigerte netto driftsutgifter i Herøy var 19,4 mill. kr høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i 2018 (i 2017 var talet 21,9 mill. kr og i 2016 var differansen 24,0 mill. kr). Figuren viser også kva tenester som er «dyre og billige» i Herøy, samanlikna med Kommunegruppe 8 og dei andre kommunane.

I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på desse tenestene: Pleie- og omsorg (8,9 mill.), Sosiale tenester (4,1 mill.), kommunehelse (0,8 mill.), kultur og idrett (2,3 mill.) og andre tenester 11,3 mill. (brann og ulykkesvern, kommunale bustadar, samferdsle, næringsforvaltning og kyrkje). Utgiftene er lågare innafor grunnskole (1,8 mill.), administrasjon, styring og fellesutgifter (2,2 mill.) og barnevern (4,2 mill.). Når det gjeld barnehagar og plan, kulturminne, natur og nærmiljø er vi om lag på same driftsnivå som kommunegruppa.


Når det gjeld dei kommunane vi har samanlikna oss med, er ulikskapane svært store mellom dei ulike tenestene. Vi driv pleie og omsorg betydeleg dyrare enn Ulstein og kostragruppen, men mykje billigare enn Volda og Ørsta.

Vi driv dyrast innan pleie, og omsorg, sosiale tenester, kultur og idrett og andre områder (brann og ulykkesvern, kommunale bustadar, samferdsle, næringsforvaltning og kyrkje) og det er kanskje her ein må vurdere ei endring av tenestene gitt at funksjonsbruken i rekneskapen er rett i Herøy kommune og i dei andre kommunane.

8.2 Hovudtal drift

Godt driftsresultat, mykje driftsreservar og låg netto lånegjeld er viktige teikn på sunne kommunale finansar. Herøy har ikkje spesielt gode finansar. Finansane er dårlegare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2018. Netto driftsresultat er negativt, reservane (disposisjonsfondet) er små og kommunen har ei relativ stor netto lånegjeld.


Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



For Herøy sin del er tala inkludert RDA midlane for 2015-2016. I 2017 har vi ført RDA i investeringsrekneskapan slik at den ikkje influerer på økonomiske nøkkeltal. Korrigert for RDA midlane hadde vårt netto driftsresultat i 2015 vore 1,1% og i 2016 omlag 3,8%.

Herøy kommune har ikkje eigedomsskatt, slik samanlikningskommunene (unntatt Sula) har. Det er den største grunnen til at vi har eit driftsresultat som er dårlegare enn Kostragruppe 8. Det gjennomsnittlege netto driftsresultatet dei siste 4 åra har vore på om lag 2,0 %. Det er litt over bransjenormen på 1,75 prosent. Men det er berre 2016 som har gitt eit betre netto driftsresultat enn 1,75 prosent.

Økonomi - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter




	2015	2016	2017	2018
Herøy (M. og R.)	1,3 %	2,6 %	6,1 %	6,0 %
Ulstein	3,7 %	5,4 %	5,6 %	6,2 %
Volda	4,9 %	7,9 %	10,3 %	12,8 %
Ørsta	3,8 %	7,2 %	7,9 %	8,3 %
Sula	11,8 %	12,8 %	12,3 %	11,8 %
Songdalen	9,1 %	10,7 %	13,9 %	14,8 %
Kostragruppe 08	5,8 %	7,8 %	9,1 %	10,1 %

Disposisjonsfondet er kommunen sine reserver for å dekke uføresette utgifter og sviktande inntekter. Det bør utgjere 10 % av driftsinntektene.

Herøy har iflg KOSTRA eit disposisjonsfond på 6,0 %. Det er eit lågt resultat på landsbasis og det er svakt i høve til kommunegruppa. Det gledelege er at vi ikkje trengde å bruke av disposisjonsfondet i 2018 slik vi budsjetterte med. No er ikkje KOSTRA tala heilt rette for Herøy sin del. Vi har om lag 50,5 mill. i disp. fond noko som utgjør om lag 7,4% av driftsinntektene. Gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 er 10,1 prosent

Nokon meiner at disposisjonsfondet må sjåast i samanheng med premieavviket. Dette utgjør om lag 27,1 mill. kr slik at reelt sett har vi eit disp. fond på 22,4 mill. kr eller 3,36%.

Økonomi - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



Netto lånegjeld bør holdast under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med låge renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50 % av årlege driftsinntekter.

Herøy har høg lånegjeld. Netto lånegjeld i konsernet er om lag 115,5% av driftsinntektene i 2018. Det er 15,9 prosentpoeng meir enn gjennomsnittet i kommunegruppa og midt på treet blant samanlikningskommunane. Lånegjelda (gjeldsgraden) har auka dei siste fire åra. Frå 2016 til 2017 auka Herøy kommune si gjeld med i underkant av 1,0 mill. kr. Likevel ser vi av tabellen og grafen over at Herøy kommune si lånegjeld har auka med 3,3% i høve brutto driftsinntekter. Grunnen til dette er at RDA inntektene (øyremerka statstilskot) var med i driftsrekneskapen i 2016. desse utgjorde vel 34,0 mill. kr og gjorde at våre brutto driftsinntekter i 2016 var betydeleg høgare enn i 2017. I 2018 auka gjelda med ytterlegare 26 mill. kr og var per 31.12.2018 på om lag 866,9 mill. kr.

9 Endringsbehov

9.1 Framskriving av folketalet

SSB presenterte nye befolkningsframskrivingar i 2016. Framskrivingane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivinga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg elles middels nasjonal vekst.


	Eldre + 80	Born 0-5	Born 6-15
2016	461	605	1153
2020	473	599	1156
2021	470	598	1138
2022	488	604	1125
2023	496	606	1126
2024	512	610	1104
2025	533	608	1100
2030	665	597	1098
2035	791	581	1102
2040	893	576	1087

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskriving av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040. Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil minke dei komande åra.

Endringar i den demografiske utviklinga vil påverke utgiftsbehovet i kommunen i åra framover.

Figuren under viser framskriving av folketalet og utgiftsbehovet for pleie og omsorg, barnehage og grunnskule. Utgiftsbehovet i pleie og omsorg vil auke, medan det vil gå ned i barnehage og grunnskule. **Det totale utgiftsbehovet vil ikkje auke, dvs at kommunen ikkje vil få auka rammetilskot på grunn av endringane. Endringane i utgiftsbehovet må dekkast ved omdisponering av ressursar i kommunen.**



I Kommuneplanen for helse og omsorg 2019-2027, vedteken i K-sak 72/19 20.06.19, vert det peika på at tenestene slik vi utfører dei i dag, ikkje vil vere berekraftig på sikt.

Ressurssenteret for omstilling (RO) si analyse av Herøy kommune syner at om vi driv som i dag i 2040, vil vi trenge om lag 89 nye sjukeheims plassar. I tillegg til auke i heimebasert omsorg, vil det føre til at vi samla sett treng 100 millionar meir berre til eldreomsorga. Skal Herøy kommune, saman med resten av Noreg, møte desse utfordringane, må det takast ei rekkje grep.

Kommunedelplanen for helse og omsorg fylgjer som vedlegg til saka. Planen har seks satsingsområde:

- Brukarmedverknad
- Aktivitet og frivilligheit
- Førebygging
- Meistring
- Kunnskap og kompetanse i tenesta
- Heilskap

Når det gjeld aktivitet og frivilligheit, tek eg med fylgjande frå planen:

«Målet er å ta vare på eldre sitt forhold til familie, venner og sosialt nettverk og skape gode opplevingar og møteplassar på tvers av generasjonar. Fysisk, sosial og kulturell aktivitet skal vere tilpassa den einskilde sine interesser, ønskjer og behov. Vi veit at mange med demenssjukdom opplever isolasjon og einsemd.

....

... kommunen bør legge til rette slik at eldre kan bu sentralt der kultur og aktivitetstilboda er.»

Under meistring står det:

«Tenestene i Herøy kommune skal innrettast på ein slik måte at det bidreg til auka livskvalitet for innbyggjaren. Det er eit mål å støtte innbyggjaren sine evner og moglegheiter for å meistre kvardagen.»

I handlingsplanen for perioden 2020-2023 er det lagt inn 20 omsorgsbustader, knytt til sentrale kommunikasjonsenter med handel, kultur og servicetilbod slik at forholda vert lagt til rette for at innbyggjarane i mindre grad skal oppleve isolasjon og einsemd og i større grad meistre kvardagen sjølv utan omfattande bistand. I tillegg vil heimetenesta kunne utnytte arbeidstida betre ved at ein mindre del av tida går med til køyring.

I tillegg til endringar i helse og omsorgstenesta, vil nedgang i barnetalet også legge press på skulestrukturen i kommune.

9.2 Korleis påverke folketalsutviklinga?

Mange meiner at den viktigaste indikatoren på om ein kommune har lukkast i å gjere kommunen attraktiv, er utviklinga i folketallet og arbeidsplassar. Kor attraktiv ein kommune er, vil vere avgjerande for om det vert fleire eller færre unge innbyggjarar. Det vert uansett fleire gamle (dei gamle flyttar i liten grad).

Lykkes = skape vekst i folketall og arbeidsplasser?


- Lav folketallsvekst = all befolkningsvekst i den eldre delen av befolkningen og krympende antall barn og unge voksne
- Lav arbeidsplassvekst = lavere sysselsetting i befolkningen, større ulikheter, dårligere helse og økte sosiale problemer

Vekst  Kvalitet

Kjelde Knut Vareide, Telemarksforsking

Utfordringa for kommunane er å skape vekst i folketal og arbeidsplassar. Her er ein del strukturelle forhold som kommunen ikkje kan gjere noko med, men som påverkar veksten i vesentleg grad (m.a. lokalisering, næringsstruktur m.m.). Men attraktiviteten kan kommunen sjølv påverke og vil ha betydning for folketalsveksten.


Spørsmålet er korleis ein skal få aktørar og interesser til å skape positive endringar? Forsking som m.a. Telemarksforsking har gjennomført, viser at svaret er at det må vere tillit mellom aktørar som kan skape endringar. Dette kan framstillast på fylgjande måte:



Kjelde Knut Vareide, Telemarksforsking

I tillegg til tillit mellom aktørane, må kommunen ha ambisøse mål som aktørane er samstemte i, klare strategiar og evne til å gjennomføre endringar, kompetanse på kva som verkar og evne til å arbeide målretta over lang tid.

En by som vil være attraktiv må ha:



Kjelde Knut Vareide, Telemarksforsking

9.3 Andre forhold

- **Interkommunalt samarbeid**

Rådmannen legg til grunn at samarbeid med andre kommunar skal gje ei økonomisk innsparing og meir robuste tenester.

- **Anlegg og bygningsmessige tiltak**

Kommunen har store utfordringar når det gjeld vedlikehald og standard på dei kommunale bygningane og tekniske anlegg.

- **Organisasjonsutvikling**

Kommunekompasset, innbyggjarundersøkinga, lokaldemokratiundersøkinga, brukarundersøkingane og medarbeidarundersøkinga (10-faktor) har peika på område der kommunen har eit utviklingspotensial. Dette skal fylgjast opp på ein systematisk måte i heile organisasjonen m.a. gjennom eit omfattande leiaropplæringsprogram.

9.4 Oppsummering og prioritering

Herøy kommune står overfor fylgjande situasjon ved inngangen til budsjettarbeidet for perioden 2020-2023:

- Driftsutgiftene er for høge. I 2018 var driftsutgiftene 19,4 mill kr høgare enn gjennomsnittet i KOSTRA- gruppe 8. Kommunen bør ned på nivået for gjennomsnittet for KOSTRA- gruppa for å ha samsvar mellom utgifter og inntekter.
- Lånegjelda er høg. Netto lånegjeld bør helst vere under 50 % av årlege driftsinntekter. Netto lånegjeld er om lag 115,5% av driftsinntektene i 2018. Netto lånegjeld bør haldast under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med låge renter.
- Kommunen har store utfordringar når det gjeld vedlikehald og standard på dei kommunale bygningane og tekniske anlegg.
- Kommunen har eit stort etterslep på gjennomføring av investeringsprosjekt. For å kome meir ajour med framdrifta av investeringsprosjekta, bør det difor ikkje leggjast inn særleg mange nye investeringsprosjekt i 2020.
- Kommunen har ikkje hatt vekst i folketalet siste åra.
- Framskriving av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040. Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil minke dei komande åra. Endringar i den demografiske utviklinga vil påverke utgiftsbehovet i kommunen i åra framover.
- I Kommunedelplan for helse og omsorg 2019-2027 heiter det at tenesteproduksjonen i dag ikkje vil vere berekraftig på sikt.

Herøy kommune har ein ambisjon om å vere «ei båt lengd føre» og vere «ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i». Kommunestyret har vidare vedteke ein strategi for utvikling av lokalsamfunnet og organisasjonsutvikling gjennom Samfunnsdelen av Kommuneplanen og Kommunekompasset.

Det er krevjande å finne balansen mellom stramme, men fagleg forsvarlege rammer for tenestetilbodet, og stramme investeringsrammer som likevel legg til rette for utvikling, busetjing, næringsetablering og sikre

ein forsvarleg standard på bygningsmassen.

Den viktigaste utfordringa i åra framover vil vere å gjere dei smarte og rette grepa for sikre vekst i folketalet og tilpasse tenestene til dei demografiske endringane vi veit vil kome.

Når det gjeld vekst i folketalet, vil dei viktigaste grepa vere

- a) å byggje tillit mellom aktørar som kan skape endring
- b) å utvikle ambisiøse mål som aktørane er samstemte om og klare strategiar
- c) utvikle evne til å gjennomføre endringar, kompetanse på kva som verkar og evne til å arbeide målretta over lang tid

Dei viktigaste grepa for å tilpasse tenestene til dei demografiske endringane, går fram av Kommunedelplan helse og omsorg 2019-2027.

10. Økonomiplan 2020-2023

Stramt kommuneopplegg for 2020

Kommuneopplegget for 2020 må seiast å vere særst stramt og KS reknar med ein sterk nedgang i kommunane sitt netto driftsresultat neste år.

Kommuneopplegget kan settast opp slik:

Frie inntekter aukar med	1,30 mrd kr
Utgifter	
Demografi videreført tenestnivå frå 2019	1,30 mrd kr
«Satsing» tidleg innsats	0,40 mrd kr
Russatsing	0,15 mrd kr
Pensjonskostnadar utover lønsvekst reduksjon	0,40 mrd kr
Sum utgifter	1,45 mrd kr
Mogeleg handlingsrom	-0,15 mrd kr

I dette må ein også ta med ein betydeleg auka etterspurnad/behov innanfor pleie- og omsorgssektoren.

Herøy kommune 2020-2023

- Økonomiplan drift for 2020-2023 syner korleis Herøy kommune kan redusere sine driftskostnadar/auke sine inntekter med om lag 33,4 mill kr i 2020.
- Dei største endringane skjer gjennom innsparingar (som må vere varige) på om lag 20,0 mill kr.
- Rådmannen har vurdert eigedomsskatt på private hus og hytter. Med 2 promille av takstverdi vil det kunne gi ei inntekt på 15-18 mill kr per år. Men ein slik skatt bør ikkje nyttast til drift og ein foreslår heller ikkje denne ordninga i 2020. Det er klart at kommunane kan vente stadig mindre overføringar frå staten i åra som kjem og kommunestyret må etter kvart ta stilling til om dette er ei ordning som også må innførast i Herøy om kommunen framover skal ha eit godt tenestetilbod.

I hovudtal kan dette (balansen) settast opp slik (rådmannens tilråding):

	2020	2021	2022	2023
Innsparingar				
Husleige nye utleigebustadar	- 200	- 400	- 600	- 800
Nye avgiftsfrie inntekter utbyggingsområder	- 800	- 800	- 800	- 800
Nye innt./red. utgifter tilbygg rådhus (netto)		- 500	- 500	- 500
Rammered. Pol og adm leiing, stab og utvikling	- 5 000	- 5 000	- 5 000	- 5 000
Rammereduksjon Oppvekst	- 5 000	- 5 000	- 5 000	- 5 000
Rammereduksjon Helse og omsorg	- 10 000	- 10 000	- 10 000	- 10 000
Sum innsparingar drift	- 21 000	- 21 700	- 21 900	- 22 100
Kalkulatoriske renter og avskrivningar	- 300	- 600	- 900	- 1 200
Bruk av disp fond	- 14 650	- 11 190	- 8 840	- 5 290
Nye inntekter, driftsreduksjonar, samarbeid etc		- 5 000	- 10 000	- 15 000
Sum auka inntekter/red kostnadar	- 14 950	- 16 790	- 19 740	- 21 490
Total innsparing / auka inntekter	- 35 950	- 38 490	- 41 640	- 43 590
Skal finansiere				
Driftsrammer høgare enn til fordeling	33 340	33 340	33 340	33 340
Nye tiltak	260			
Auka renter og avdrag	2 350	5 150	8 300	10 250
Sum til inndecking	35 950	38 490	41 640	43 590

Rådmannen ser ikkje at det er økonomi til nye tiltak i 2020. Skal nye tiltak innførast må det leggjast fram politisk sak som syner korleis dette kan finansierast innanfor sektoren si eiga ramme. Det er også slik at det kjem nye krav knytt til legevakt frå 2020. Dette medfører ein høg kostnad, men sektor for Helse og omsorg må gjere sitt ytterste for å finansiere dette ved omprioriteringar.

Elles veit ein at dei komande åra ikkje vert meir lystelege når det gjeld kommuneøkonomien. Det gjer at ein stadig må vere på jakt etter dei gode løysingane som kostar minst mogeleg, men som likevel gjev gode tenester.

Innlemmingar og oppgåveoverføringar i statsbudsjettet for 2020

I årets forslag til statsbudsjett har regjeringspartia lag inn mange nye tiltak i rammetilskotet og fleire oppgåveoverføringar. Mange av innlemmingane har tidlegare vore øyremerka tilskott, men no er dei ein del av kommunane sine frie inntekter. I oversikta under har vi rekna om totalsummen og fordelt det ut etter Herøy kommune sin del av folketalet i Norge. Oversikta blir då slik:

		Herøy kommune
Nye innlemma tiltak som no er ein del av rammetilskotet	Sum totalt	Sin del 1,67 promille
Statlege og private skular - auke i elevtal	- 171 135 000	- 286 680
Ny gjennomføringsløyising for prøver og eksamener	- 1 290 000	- 2 160
Tilskott til gang- og sykkelveggar	48 607 000	81 420
Forsøk med ny oppgåve- og ansvarsfordeling i barnevernet	- 22 352 000	- 37 440
Overføring av skatteoppkrevjinga til skatteetaten	- 644 400 000	- 1 079 500
Innlemming av til skot til rekrutering av psykologar	211 600 000	354 470
Innlemming av tilskott til dagaktivitetstilbod til hemebuande med demens	369 144 000	618 390
Innlemming av tilskott til habilitering og rehabilitering	87 000 000	145 740
Forsøk med statleg finansiering av omsorgstenesta	- 33 204 000	- 55 620
Innlemming av tilskott til samordning av likale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak	6 340 000	10 620
Overføring av myndigheit etter naturmangfaldlova (kommunereforma)	2 500 000	4 190
Overføring av myndigheit etter forureiningslova (kommunereforma)	1 700 000	2 850
Innlemming av tilskott til etablering og tilpassing til eigen bustad (kommunereforma)	496 503 000	831 740
Innlemming av tilskott til tidleg innsats i skulen, auka lærartettleik 1-10 trinn	1 316 822 000	2 205 940
Innlemming av tilskott til leirskuleopplæring	56 066 000	93 920
Inntektsgradert foreldrebetaling i SFO 1-2 trinn	58 200 000	97 500
Gratis SFO til barn med særskilde behov 5-7 trinn	21 000 000	35 180
Gratis kjærnetid barnehage for 2 åringer (heilårsverknad)	57 783 000	96 800
Auka foreldrebetaling i barnehage (heilårsverknad)	- 82 892 000	- 138 860
Overføring av oppgåver på landbruksområdet (kommunereforma)	10 400 000	17 420
Totalt	1 788 392 000	2 995 920

No er det slik at når tidlegare øyremerka tilskott vert ført over til ramma så vert summen redusert. Grunnen er at potten er lik, men at det ofte vert fleire kommunar å dele summen på. Det gjer at Herøy kommune til dømes får auka rammetilskotet med om lag kr 1.494.000,- i 2020, medan dei resterande kr 843.000,- (etter prisjustering) må takast frå av kommunen sin realvekst som for vår del vil resultere i kutt då realveksten er særst liten i 2020.

Bevillingar per sektor og område

Oversikta under syner kor mykje den einskilde sektor/område får i bevilling i 2020 basert på rådmannen si tilråding. Med bakgrunn i inntektsramma gitt frå staten og budsjettforslaga frå sektorane har rådmannen kun tilrådd eit nytt driftstiltak i økonomiplanperioden. 4-6 månader med overlapping for ein lønsmedarbeidar i 2020.

Driftsoversikt (tal i 1.000 kr)	Budsjett	Økonomiplan	Økonomiplan	Økonomiplan
	2020	2021	2022	2023
Skatt på inntekt og formue	- 286 000	- 286 000	- 286 000	- 286 000
Rammetilskott	- 225 000	- 225 000	- 225 000	- 225 000
Havbruksfondet	- 200	- 200	- 200	- 200
SUM FRIE INNTEKTER	- 511 200	- 511 200	- 511 200	- 511 200
Renteutgifter	16 000	16 000	16 000	16 000
Avdrag	29 000	29 000	29 000	29 000
Husbanken, vidareutlån	620	620	620	620
Utbytte TUSSA	- 6 300	- 6 300	- 6 300	- 6 300
Statstilskott, rente og avdragskomp	- 2 000	- 2 000	- 2 000	- 2 000
Andre rente og gebyrinntekter	- 1 795	- 1 795	- 1 795	- 1 795
Aktiv forvaltning (netto)	- 4 050	- 4 050	- 4 050	- 4 050
Andre rente og gebyrkostnader	320	320	320	320
Sum netto rente og finans	31 795	31 795	31 795	31 795
Netto pensjonsavvik ink arb.gj.avg.	- 22 215	- 22 215	- 22 215	- 22 215
Netto avskrivningar	- 4 190	- 4 190	- 4 190	- 4 190
Sum andre postar	- 26 405	- 26 405	- 26 405	- 26 405
TIL FORDELING PÅ OMRÅDA	- 505 810	- 505 810	- 505 810	- 505 810
Politisk leiging	3 840	3 840	3 840	3 840
Administrativ leiging	1 870	1 870	1 870	1 870
Andre overføringer (kyrkje etc)	15 580	15 580	15 580	15 580
STAB				
Servicetorget	3 280	3 280	3 280	3 280
Dokumentsenter og politisk sekr.	4 310	4 310	4 310	4 310
Økonomiavdelinga	5 670	5 670	5 670	5 670
Personal- og organisasjonsavdelinga	7 750	7 750	7 750	7 750
IKT / SSIKT	9 180	9 180	9 180	9 180
Eigedomsavdelinga	20 680	20 680	20 680	20 680
OPPVEKST				
Barnehageavdelinga	72 750	72 750	72 750	72 750
Grunnskuleavdelinga	113 840	113 840	113 840	113 840
Kvalifiseringssenteret	- 640	- 640	- 640	- 640
PPT	4 320	4 320	4 320	4 320
Kulturskolen	4 080	4 080	4 080	4 080
HELSE OG OMSORG				
Administrasjon	1 400	1 400	1 400	1 400
Avd for Barn, Familie og Helse (ink NAV og barnevern)	61 140	61 140	61 140	61 140
Pleie- og omsorgsavdelinga	119 590	119 590	119 590	119 590
Bu- og habiliteringsavdelinga	44 140	44 140	44 140	44 140
Tenestekoordinerer	8 800	8 800	8 800	8 800
SAMFUNNSUTVIKLING				
Kulturavdelinga	9 540	9 540	9 540	9 540
Utviklingsavdelinga inkl landbruk	9 480	9 480	9 480	9 480
Brannvern	8 770	8 770	8 770	8 770
Anleggs- og driftsavdelinga	9 780	9 780	9 780	9 780
SUM FORDELTE DRIFTSRAMMER	539 150	539 150	539 150	539 150

BUDSJETTUNDERSKOTT FRAMSKRIVE BUDSJETT	33 340	33 340	33 340	33 340				
Framlegg til balansering av budsjett/økonomiplan								
Husleige nye utleigebustadar	-	200	-	400	-	800		
Nye avgiftsfrie inntekter utbyggingsområder	-	800	-	800	-	800		
Inntekter og mindreutgifter tilbygg rådhus	-	-	650	-	650	-	650	
Rammereduksjon pol og adm leining, stab og utvikling	-	5 000	-	5 000	-	5 000		
Rammereuksjon oppvekst	-	5 000	-	5 000	-	5 000		
Rammereduksjon Helse og omsorg	-	10 000	-	10 000	-	10 000		
Kalkulatoriske renter og avskrivningar	-	300	-	600	-	900	-	1 200
Bruk av disp fond	-	14 850	-	11 960	-	9 710	-	6 100
Nye inntekter, driftsreduksjonar, samarbeid etc	-	-	5 000	-	10 000	-	15 000	
NETTO DISPOSISJONAR	-	35 950	-	39 210	-	42 460	-	44 550
BALANSE	-	2 610	-	5 870	-	9 120	-	11 210
Nytt tiltak: Overlapping lønsansvarleg	-	260	-	-	-	-	-	-
TIL RENTER OG AVDRAG NYE TILTAK	-	2 350	-	5 870	-	9 120	-	11 210

Ein forventar relative stabile inntekter i økonomiplanperioden. I 2020 bereknar vi skatteinntektene og rammetilskottet ved å bruke tala frå Grønt Hefte(statsbudsjettet). Sett i høve til 2019 budsjettet veks då dei frie inntektene med om lag 14,0 mill kr.

Basert på vedtak K-sak 103/19 (Budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023 – Investeringsiltak i kommunale bygg) og K-sak 102/19 (Budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023 – Investeringsiltak Anleggsprosjekt), nokre små investeringar frå Helse og omsorg, Oppvekst, IKT og kyrkjeleg fellesråd samt ynskje om nye bilar og maskiner i fleire avdelingar, blir investeringane i økonomiplanperioden store. Brutto investeringar i 4 års perioden blir på i overkant av 300,0 mill kr eks vidareutlån. Det gjer at vi framover får ein stor auke i finanskostnadane som må finansierast gjennom reduksjonar i driftsrammene og/eller nye inntekter. I tillegg skal minsteavdragsprinsippet endrast gjennom ny kommunelov, noko som gjer at avdragskostnadane aukar med om lag 5,0 mill kr i høve til dagens regelverk. Dette er ei endring som ligg inne i budsjettforslaget.

Underskotet i økonomiplanen (2020-2023) må finansierast ved hjelp av driftsreduksjonar, bruk av fonds, eventuelle samarbeid og evt nye inntekter.

For å få både budsjett og økonomiplan i balanse har rådmannen saldert med bruk av disposisjonsfond. Totalt vert fondet tappa med 43,0 mill kr i økonomiplanperioden. Dersom bruken viser seg å bli så høg, vil kommunen mest ikkje ha disposisjonsfond igjen ved utgangen av økonomiplanperioden.

Rådmannen har gitt sektorane i kommunen i oppdrag om å redusere driftsnivået med 20,0 mill kr i 2020. Om ein ikkje klarer ei slik omstilling vil store delar av opparbeidde fonds vere brukt allereie komande år.

Slik dagens framlegg til budsjett og økonomiplan ligg føre, klarer ein ikkje målsetjinga om eit netto driftsresultat på 1,75%.

Investeringar

Dei største tiltak i økonomiplanperioden kan ein setje opp slik:

Tiltak	Mill kroner
Kommunale bustadar	41,5
Påbygg Herøy rådhus	36,0
Oppgradering/modulbygg av 4 skulebygg	24,0
VAR området	20,0
Opparbeiding av 2 byggefelt	17,0
Ei mengd mindre tiltak	172,7
SUM	301,2

Den samla utviklinga i rente og avdragskostnadane går fram av tabellen nedanfor under føresetnad av at dei skisserte investeringsprosjekta vert vedtatt i økonomiplanperioden.

	2020	2021	2022	2023
Byutvikling	5 000 000		5 000 000	5 000 000
Fiberutbygging Landbrukskontoret	200 000			
Fiberutbygging Runde		1 700 000		
Tiltak trafikktryggingenplanen		1 500 000	1 500 000	1 500 000
Sum UTVIKLINGS- og SAVDELINGA	5 200 000	3 200 000	6 500 000	6 500 000
Ny kommandobil	750 000			
Sum BRANNVERN	750 000	-	-	-
Avlaupsplanen			10 000 000	10 000 000
Avskjerande grøft kvalsund		500 000		
Bergsøy Kunstgrasbane		500 000	2 500 000	
Bustadfelt Stokksund		1 000 000	7 000 000	
FV 18 Leine-Voldsund		9 000 000		
Lastebil		2 500 000		
Mindre HC parkeringsplass Frøystad			1 000 000	
Ny bru Herøy Gard		3 000 000		
Nye kaier Mjølstadneset			1 000 000	20 000 000
Nytt industriområde Eggesbønes ***	1 000 000			
Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250 000
Oppgradering av veg til Marine Sales				750 000
Oppgradering av Vikevegen			5 000 000	
Rundavegen, veg og parkering		600 000	800 000	
Tursti Myklebustvatnet	1 200 000			
Turveg Djupvikvatnet			3 000 000	
Veg Flusund				500 000
Vidare utbygging av Dragsund Byggefelt		9 000 000		
Sum ANLEGG- OG DRIFTS- og SAVSELINGA	2 200 000	26 100 000	30 300 000	32 500 000
Arbeidsbil Egedomsavdelinga	450 000	-	-	-
Asbestsanering	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Asfaltering rundt kommunale bygg	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Bergsliane barnehage - rehabilitering av fasade	1 000 000			
Bergsøy skule Borga - rehabilitering og ombygging		10 500 000		
Brannsikring av kommunale bygg	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Brannstasjon, ekstraløyving	9 500 000			
Desentralisert ventilasjon			1 000 000	1 000 000
Einedalen skule fleirbrukshall, parkering	1 800 000			
ENØK tiltak	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Herøy kulturhus og idrettshall, rehabilitering og ombygging		7 000 000	1 000 000	1 000 000
Herøy rådhus Fasaderehabilitering		5 000 000		
Herøy omsorgssenter, raud og grøn avdeling		4 000 000	4 000 000	
Kommunale bustadar *		11 500 000	11 500 000	7 500 000
Kommunale bustadar, Vågsholmen (kontrakt inngått) **	11 000 000			
Leikanger skule/barnehage		500 000		
Leikeplassar ved kommunale bygg	500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Moltu skule - mindre rehabilitering		500 000		
Myrsnipa barnehage	800 000			
Myrvåg omsorgssenter - mindre rehabilitering og ombygging				5 000 000
Nedre Dragsund 2- tilrettelegging for utleige	1 000 000			
Nerlandsøy skule - modulbygg	3 000 000			
Offentleg toalett Goksøyra - tilleggsøyving	1 200 000			
Sjukeheimsvegen 10 - Miljøsanering og riving.			1 000 000	
Tilbygg Herøy rådhus	36 000 000			
Ytre Herøy Ungdomsskule, mindre rehabilitering og ombygging		5 000 000	5 000 000	
Sum EIGEDOMS- og SAVDELINGA	70 250 000	49 000 000	28 500 000	19 500 000
Planar for urnelund Flusund gravplass	300 000			
Opparbeiding urnelund Flusund gravplass		1 000 000		
Grunnundersøking Frøystadmyrane (Ny gravplass Bergsøy/Leinøy)	500 000			
Tilstandsrapport Uthus Indre Herøy kyrkje	50 000		1 500 000	3 000 000
Rehabilitering Uthus Indre Herøy kyrkje (eigenkapital)			500 000	
Planlegge/oppgradere uteområdet ved Indre Herøy kyrkje		300 000		
Ny tilkomst/oppgradering/toalett/reidskapshus Leikanger gravplass			500 000	1 000 000
Sum KYRKJELEGG FELLESRÅD	850 000	1 300 000	2 500 000	4 000 000
Infrastruktur Teknologitviking	500 000	500 000	100 000	100 000
Lokale IKT investeringar	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Tryggleikspakke, Digitalisering av tryggleiksalarmar	360 000			
Utstyr sjukeheimane	200 000	200 000	200 000	200 000
Utstyr/inventar Oppvekst	500 000	500 000		
Digitalt utstyr oppvekst	450 000	200 000		
Sum ANDRE INVESTERINGAR	4 010 000	3 400 000	2 300 000	2 300 000
SUM TOTALE INVESTERINGAR (eks mva)	83 260 000	83 000 000	70 100 000	64 800 000

	2020	2021	2022	2023	Sum
Finansiering	83 260 000	83 000 000	70 100 000	64 800 000	301 160 000
Bruk av fonds					
Sal av tomter etc	- 1 500 000	- 2 500 000	- 4 000 000	- 6 500 000	- 14 500 000
Lånefinansierte prosjekt som utgår (EPC)					
Statstilskott, kommunale bustadar		- 2 000 000	- 2 000 000	- 2 000 000	- 6 000 000
Lånebehov (eks vidareutlån i Husbanken)	81 760 000	78 500 000	64 100 000	56 300 000	280 660 000
					-
Rentekostnader 2,10% (halve 2020)	850 000	1 700 000	1 700 000	1 700 000	5 950 000
Rentekostnader 2,10% (halve 2021)		825 000	1 650 000	1 650 000	4 125 000
Rentekostnader 2,20% (halve 2022)			710 000	1 420 000	2 130 000
Rentekostnader 2,20% (halve 2023)				620 000	620 000
Avdragskostnader nytt regelverk	1 500 000	3 250 000	5 500 000	6 750 000	17 000 000
Reduserte renter ord avdragsbetalingar 30 mill		- 630 000	- 1 260 000	- 1 890 000	- 3 780 000
Auka finanskostnader	2 350 000	5 145 000	8 300 000	10 250 000	26 045 000

Gjeldsutviklinga i økonomiplanperioden (alle tal i mill kr)

	2020	2021	2022	2023
Brutto gjeld per 01.01	855 000	925 000	985 300	1 040 900
Ny gjeld i perioden	99 000	90 800	87 800	74 100
Årlege avdrag	29 000	30 500	32 200	34 000
Årleg gjeldsauke	70 000	60 300	55 600	40 100
Netto gjeld per 31.12	925 000	985 300	1 040 900	1 081 000

På grunn av ny kommunelov vil det vere økonomisk fordelaktig å utsetje låneopptaka lengst mogeleg. I praksis betyr det at vedteke låneopptak i 2019 først skjer i januar 2020. Vedteke låneopptak i 2020 blir først tatt opp i januar 2021 osv. Men dette føreset at vi har likviditet til desse utsetjingane. Har vi ikkje det vil låneopptaka skje før og tabellen over blir endra. Sånn sett kan gjelda per 31.12.2023 vere på nær 1 150 mill kr.

I tabellen over er det også tatt inn kommunale vidareutlån (startlån) i Husbanken med 10,0 mill kr per år.

Basert på forslaget vil kommune sin gjeld auke med mellom 226,0 mill kr og 292,0 mill kr i økonomiplanperioden.

Ikkje alt dette er kommunalt renteberande gjeld. Per 01.01.2020 utgjer kommunen sine vidareutlån (husbanken), lån til VAR sektoren og rentekompenserte lån i alt om lag 230,0 mill kr. Per 31.12.2023 vil desse låna utgjere om lag 280,0 mill kr. Dvs at den gjeldsveksten kommunen sjølv må finansiere aukar med mellom 175,0 og 240,0 mill kr. I tillegg er nokre av investeringane sjølvfinansierande på litt sikt som t.d. utleigebustadar og industriområde Eggesbønes.

Kommentarar til nokre av investeringsprosjekta – Sektor Samfunnsutvikling

Byutvikling

Herøy kommune har i sitt arbeid med sentrumsutvikling hatt opne og inkluderande prosessar. I arbeidet er det utarbeidd ein sentrumsvisjon som forankrar dei overordna måla og kjem med forslag på tiltak som sikrar at ein når måla. Ein arbeider etter hovudtema; Fortetting og arealbruk, Offentlege rom og møteplassar og Mobilitet og transport. Ein har hatt særleg fokus mot hovudtema som går på Offentlege rom og møteplassar. Aktuelle prosjekt er ferdigstilling av Byparken med bubilparkering, Rådhusplassen og ulike tiltak kring Vågen (eks. brukryssing).

Løyving i økonomiplan for 2020-2023 går til å realisere tiltak i byutviklingsprosjektet/sentrumsvisjon.

Avskjerande grøft Kvalsund

Det skal gravast ei grøft for å lede overvatn frå byggefeltet og til elva som kryssar Teigevegen, elva har utløp i sjøen ved småbåthamna. Dette er eit prosjekt som ein ser som naudsynt for å betre problem med overvatn i og gjennom byggefeltet.

Fiberutbygging Runde

Herøy kommune vil i 2020 på nytt søkje om tilskot til realisering av fiber til øya Runde. Runde er eit attraktivt reisemål og er verdskjend for sitt fuglefjell. Breibandskapasiteten i dag gir turistnæringa unødvendige utfordringar knytt til digital kommunikasjon med kundar og digital marknadsføring, og kommunen ventar at betre kapasitet vil kunne gi auka aktivitet på øya - både for eksisterande aktørar og for nye aktørar som får moglegheit til å satse.

Betre breibandskapasitet vil òg opne for større grad av turiststyrt marknadsføring over sosiale medier. På Runde finnes det omlag 50 fritidsbustader. Ei utbygging av høghastigheitsbreiband på øya, vil auke fritidsbustandane sine attraktivitet - både med tanke på bruk og omsetning. God breibandskapasitet kan òg bidra til å auke attraktiviteten slik at kommunen får etterspurnad etter nye hytteområde, og dermed skape nye aktivitet og verdiskaping på øya.

Det er lagt til grunn slik finansering av tiltaket:

Finansiering	Stykk / meterpris	Antall	SUM	Prosent
Beslutningsgrense utbygger	kr 28 697,7	43	kr 1 234 000,0	15,9 %
Tilknytningsavgift kunder	kr 3 500,0	43	kr 150 500,0	1,9 %
Dugnadsmulighet			kr 1 500 000,0	19,3 %
Kommunalt bidrag			kr 1 700 000,0	21,9 %
Offentlig tilskudd			kr 3 193 500,0	41,1 %
SUM			kr 7 778 000,0	

Vi må difor netto setje av kr 1.700.000 til breibandsutbygging i Runde-område.

Fiberutbygging Landbrukskontoret

Kommunen disponerer i dag kontorlokalteter, der det interkommunale landbrukskontoret er lokalisert, og skal kommunen kunne tilby andre interkommunale tenester lokaliteter i dette område, så er det nødvendig med kommunal fiber til dette bygget.

Søre Sunnmøre IKT har stipulert innlegging av kommunal fiber til kr 200.000.

Trafikktryggingsplan

Finansiering av tiltak etter gjeldande trafikktryggingsplan.

Tursti Myklebustvatnet

Sti med belysning rundt Myklebustvatnet, endeleg trase må avklarast med fylket. Sparebank 1 har gitt 1 mill. i støtte (krav om oppstart innan 1. Juli 2020)

Tursti Djupvikvatnet

Sti med belysning rund delar av Djupvikvatnet (resterande del er eksisterande veg i dag).

Bergsøy kunstgrasbane

Det er behov for rehabilitering av kunstgrasbana. Idrettslaget har bygt hall på delar av bana, dette tiltaket gjeld oppgradering av dekke på restarealet ute.

Jektenaustet

Dette omfattar grunnarbeid for oppføring av naust til sunnmørsjekta Anna Olava og utviding av parkeringsplassen ved Herøy Gard med etablering av kaifront (ikkje sjølvne naustet). Prosjektet er forankra politisk i K-sak 105/16. Parkeringsplassen er pr. i dag utfylt og grovplanert.

Investeringstiltak – avlaupsplan

Restsum av tidlegare løyvingar vil bli brukt dei neste to åra. Deretter 10,0 mill kr i 2022 og 2023.

Avlaupsplan

Midlane vert løyvd etter gjeldande handlingsplan for avlaup. Denne vart rullert i 2019, eventuelle endringar i prioriterte tiltak og summar vert å oppdatere ved budsjetthandsaming i 2020.

Investeringstiltak – bustadfelt

Prosjekta gjeld utbygging av infrastruktur for å legge til rette for bustadutbygging i kommunale felt. I summane er det ikkje tatt høgde for inntekter ved sal av bustadtomter.

Dragsund bustadfelt

Vidare utbygging av infrastruktur i eksisterande felt, kommunen eig arealet.

Stokksund

Større privat reguleringsplan. Medfører også oppgradering av kommunal veg fram til området og etablering av avlaupsløysing utanfor feltet.

Bø/Arhaug Bustadfelt

Gjeld utbygging av regulert bustadfelt som er under prosjektering.

Investeringstiltak – næringsområde

Mjølstadneset

Uttak av stein på restarealet som omhandlar industriområdet pågår, samt oppfylling / tilsteling av parkbeltet. Tilsteling av sjøfronten med kaier og evt, intern infrastruktur vil først bli utført når ein får kjøparar til arealet.

Eggesbønes

Det er under regulering eit større industriareal på Eggesbønes (ved Mowi). For å selje tomteareal er det naudsynt med utfylling i sjø og bygging av infrastruktur. Full utbygging av industriområdet slik som reguleringa ligg føre, vil etter 2018 prisar kome på mellom 80 og 90 mill (grovt estimert). Ein ser her føre seg ei etappevise utbygging og ein vil vere avhengig av andre nærliggande prosjekt for å få tilstrekkeleg med steinmasser til prosjektet.

Investeringstiltak – samferdselstiltak

Mindre parkeringsplass Frøystad

Innregulert offentleg parkeringsplass i Frøystad bustadfelt.

Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar

Det er ymse snuplassar og andre tiltak for å betre/rette opp infrastruktur i eksisterande felt.

Bru til Herøy Gard

Dagens bru er i dårleg stand. Summen er delt i to for å kunne starte prosjektering før bygging.

Veg og VA Nørvågvegen

Klart til utlysing av tilbodskonkurransen.

Bru til Vågsholmen

Klart til utlysing av tilbodskonkurransen.

Veg og parkering Rundavegen

Opprusting og asfaltering av vegen frå brufestet og til der turstien starta, der vert det sett opp bom og laga parkeringsplass for turgåarar. Vil kunne avlaste parkeringsplassen i Goksøyra.

Veg Flusund

I samband med privat utbygging etter reguleringsplan for Indre Bergsøy må ein pårekna at kommunen må stå for delar av infrastrukturen utanfor feltet. Prosjektet er avhengig av at privat utbyggjar realiserer sine planar.

Kaier Mjølstadneset

I samband med tilrettelegging av eit større tomteområde på austleg del av Mjølstadneset, vil det vere behov for to nye kaier.

Oppgradering av Grønhaugvegen

Fleire bustadprosjekt er under planlegging i området og det kan medføre behov for oppgradering av eksisterande kommunal veg som pr. i dag er smal.

Oppgradering av veg til Marine Sales

Kommunal veg til næringsområdet ved Marien Sales treng oppgradering.

Oppgradering av Vikevegen (til Vikeskaret)

Kommunen har trafikkale utfordringer i tilknytning til Toftestøvegen og Vikevegen som kommunen, uavhengig av ei utbygging etter vedteken utbyggingsavtale med utbyggar av Myklebuståsen, må få rydda opp i. Ein tenker her på vegstykket av Vikevegen frå Toftestøvegen til Vikeskaret. Spørsmål om oppgradering vart handsama i K-sak 109/18.

Kommentarar til nokre av investeringsprosjekta - Sektor Stab (Eigedom)

Asbestsanering

Budsjettpost for sanering av asbest i kommunale bygg og tilhøyrande legging av nytt golvdekke då dei aller fleste kartlagde asbestforekomstane er knytt til golvbelegg og tilhøyrande lim. Arbeidstilsynet har pålagt oss å kartlegge kommunale bygg oppført fram til 1987. Kartlegginga pågår og det vert sanert asbestforekomstar etter alvorsgrad.

Asfaltering

Budsjettpost for asfaltering av uteområde ved kommunale bygg. Vi skal i 2019 asfaltere uteområdet ved Nerlandsøy skule og eventuelt også ved Ytre Herøy ungdomsskule dersom midlane strekker til.

Brannsikring

Budsjettpost for lukking av branntekniske avvik i kommunale bygg. Kommunen sin bygningsmasse er i dårleg forfatning og det er behov for midlar i heile økonomiplanperioden for å lukke avvik som har direkte konsekvens for liv og helse.

Det står mellom anna føre ei omfattande oppgradering av brannalarmanlegg i ulike bygg, då gjeldande anlegg på grunn av alder ikkje lenger er mogleg å skaffe reservedelar til. I 2019 er det såleis oppgradert brannalarmanlegget ved Moltu skule og Nerlandsøy skule. I 2020 skal brannalarmanlegga ved Bergsøy skule Borga, Bergsøy skule Blåhaugen og fleire andre store bygg skiftast ut.

Desentralisert ventilasjon

Budsjettpost for etablering av desentralisert ventilasjon i kommunale bygg. Det er tidlegare installert desentralisert ventilasjon ved fleire klasserom ved Bergsøy skule Borga og arbeidet med dette vil halde fram også i 2020, slik at øvrige klasserom får etablert ventilasjon. Også ved Ytre Herøy ungdomsskule er ventilasjon delvis utbetra, men det gjenstår å etablere ventilasjon for resterande klasserom og arbeidsrom for undervisningspersonalet i byggetrinn 1. Dette må forøvrig sjåast i samanheng med planarbeidet for rehabilitering av byggetrinn 1. Desentralisert ventilasjon kan også tenkast i andre bygg, til dømes kommunestyresalen i Herøy rådhus.

ENØK-tiltak

Budsjettpost for gjennomføring av investeringstiltak med energispareeffekt. Det er gjennom tidlegare kartleggingar av kommunale bygg relativt mykje informasjon om tiltak som har enøk-effekt og som vi ynskjer å gjennomføre for å bidra til redusert straumforbruk. ENØK-tiltak har i den samanheng også effekt inn mot vedlikehald – eksempelvis: nye vindu – og inn klima – eksempelvis: nytt ventilasjonsaggregat.

Leikeplassar

Budsjettpost for oppgradering av leikeplassutstyr ved kommunale skular og barnehagar. Dette ansvarsområdet er ikkje er noko ein blir ferdig med, men som tvert imot må jobbast kontinuerleg med for å sikre forsvarlege leikeapparat og eit funksjonelt og triveleg uteområde for barn og unge.

Tilbygg Herøy rådhus (2020)

Kommunestyret oppfinansierte dette prosjektet i K-sak 95/19, men saka her er basert på at løyvinga må innarbeidast i budsjettet for 2020. Del av prosjektet skal politiet leige for ein periode på 20 år.



Fasaderehabilitering Herøy rådhus (2021)

Prosjektet omhandlar rehabilitering av fasade og vindauge ved Herøy rådhus.



Rehabilitering av fasaden omfattar naudsynt rehabilitering av ytterveggar, vindu og solskjerming. Fasaden står i dag på skade etter 50 års levetid. Vindu er også i hovudsak frå byggeåret og stettar ikkje dagens krav verken til solskjerming eller u-verdi. Rådhuset er eit signalbygg i Fosnavåg og det er no er på tide med ei oppgradering for å ivareta dette.

Som fylgje av fasaderehabiliteringa må også varmeanlegget oppgraderast, då dagens vassborne radiatorar er montert på vindusfasade. Anlegget bør uansett skiftast ut på grunn av teknisk alder og tilstand.

Oppgradering av personheis (2021)

Personheisa ved Herøy rådhus har omfattande manglar som gjer at Norsk Heiskontroll etter sikkerheitskontroll anbefaler stenging av heisa dersom avvika ikkje vert utbetra. I tillegg stettar ikkje dagens heis dei funksjonelle krava ei heis ved rådhuset bør ha, særleg med tanke på at rullestolbrukarar ikkje kjem seg til formannskapssal og kommunestyresal fordi heisrommet er for lite for moderne rullestolar.

Utbetring av eksisterande heis vert akseptert som ein investeringskostnad under føresetnad av at heisa framstår som ny ved ferdigstilling. Det inneber at heile heisa må rehabiliterast sjølv om avvika isolert sett er knytt til tekniske avvik publikum ikkje ser.

Rehabilitering av personheisa løyser ikkje dei funksjonelle problema då heissjakta er for lita til dette. Heisa bør skiftast ut med ei ny heis som faktisk kan nyttast av dei som treng det. Heissjakta må i så fall utvidast for å gi plass til ei heis i samsvar med krava i dag. Dette medfører også flytting av bøttekott og fordelingssskap for el-forsyning. Oppgradering av el-anlegget er uansett tilrådeleg, basert på tekniske alder.

Etablering av ny heissjakt på alternativ stad i bygget vert ikkje tilrådd. For å sikre tilkomst til ny heis via hovudinngang, er einaste alternative plassering i den nordvestlige delen av kontorfløya. Men dette vil medføre at dagens handikaptalett må flyttast. I tillegg må tre kontor stengast av i tillegg til at vestibylen ved formannskapssalen vert redusert i storleik på grunn av ny atkomst for heis. Heissjakt kan for eit slikt alternativ heller ikkje nyttast til anna enn tekniske føringsvegar. Dette alternativet framstår difor som uklokt å gjennomføre.

Fasaderehabilitering og oppgradering av personheisa vil påføre brukarane av rådhuset store ulemper i form av støv og støy. På bakgrunn av desse logistikkutfordringane, vert prosjektet flytta til 2021. Med eit nybygg på plass i 2020 har ein kapasitet for å flytte folk midlertidig rundt på rådhuset medan arbeida pågår. Både fasaderehabilitering og særleg oppgradering av personheis vil medføre store støyproblem i byggefasa.

Ny arbeidsbil reinhald

Reinhald treng ein ny arbeidsbil og ein ynskjer i den samanheng å teste ut elektrisk varebil. Reinhald er avhengig av arbeidsbil bl.a. til og frå toalettet i Goksøyra og i dag disponerer ein dieselbil til dette. Det blir for mykje småkjøring av dette, noko som påfører oss unødige driftsutgifter. ENOVA støtter kjøp av el-varebiler med inntil kr. 50 000, noko vi ynskjer å delfinansiere prosjektet med. Ein elektrisk varebil vert stasjonert ved Herøy kulturhus og kan ladast der. Eksisterande varebil vert flytta til seksjon byggdrift som har ein bil i manko dersom alle tilsette skal disponere kvar sin bil.

Nedre Dragsund 2


Nedre Dragsund 2 er også i hovudsak utleigd. Her er det behov for mindre ombygging, i hovudsak for å tilrettelegge for vidare utleige. Dette for å ivareta ulike interesser då bygget ikkje er forsvarleg inndelt med tanke på dette og med tanke på brannsikkerheit spesielt.

Offentleg toalett, Goksøy

Kommunestyret handsama i K-sak 94/19 prosjekt 61540 – Offentleg toalett Goksøy – og vedtok at rådmannen skulle arbeide vidare med prosjektalternativ 3 – plassbygd toalettshus. Det vart i same sak også gjort vedtak om at prosjektet skulle opp til ny handsaming i kommunestyret etter tilbodskonkurranse for finansiering av prosjektet.

På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak er det difor lagt inn kr. 1,2 mill. til dette prosjektet i utkastet til investeringsplan. Saman med eksisterande løyving for 2019, er det såleis lagt inn totalt 2,2 mill.

Det er engasjert arkitekt til å utarbeide eit skisseforslag til eit «instagramvennleg» toalett i Goksøyra, med fasade mot sjøen og utan tap av parkeringsplassar.



Arkitekten sitt arbeid er basert på ei revidert skisse frå eigedomsavdelinga til planløyising som er meir arealeffektiv enn tidlegare skisser men som likevel har dei funksjonar som kommunestyret ynskjer i prosjektet (HCWC, omkleddningsfunksjon og stelleromsfunksjonar).

Konkurransesgrunnlag for prosjektet vart handsama i plan- og byggenemnda 10.09.2019. Det er teke atterhald om kommunestyret si godkjenning av prosjektet i tilbodsgrunnlaget.

Bergslia barnehage

Tiltaket omhandlar naudsynt rehabilitering av yttertak, fasadekledning og vindu. Det er ønskeleg med ei mindre utviding av avdelinga for 3-6 år i barnehagen ved at fasadefront vert flytta om lag 1 meter ut. Bruksarealet vert med ei slik løysing auka med om lag 5 m², men gir betre plass til utstyr og auka leikeareal på golvet. Barnehagen er godkjent for 27 plassar, og det er ikkje aktuelt å auke opp dette talet.

Entreprenørmarkedet har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre dette oppdraget i 2019. Prosjektet vert difor vidareført inn i 2020 med ei tilleggsløyving til allereie løyvde midlar.

Barnehagen har elles meldt inn andre tiltak som må finansierast over driftsbudsjettet som vedlikehaldstiltak og vert difor ikkje tilrådd gjennomført som investeringstiltak i denne planen. Dette omhandlar mindre bygningsmessig arbeid, til dømes nytt golvbelegg og oppgradering av toalett mm.

Myrsnipa barnehage

Tiltaket omhandlar naudsynt rehabilitering av fasadekledning og vindu og bygging av eit mindre vognskjul. Vognskjulet er naudsynt fordi dagens praksis for lagring av vogner er i strid med grunnleggande brannsikkerheit og røming.

Entreprenørmarkedet har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre dette oppdraget i 2019. Prosjektet vert vidareført i 2020 med ei tilleggsløyving til allereie løyvde midlar.

1. Rehabilitering av eksisterande fasade, herunder yttertak
2. Innvendig rehabilitering

Leikanger skule og grendahus

Ingen nye investeringstiltak er registrert som naudsynte for skulen. For Leikanger barnehage – som held til i kjellaren på grendahuset – er det derimot meldt behov for ei oppgradering av lokalitetane. Ei rammeløyving til dette prosjektet er lagt inn for særleg å utbetre forhold som har med inneklima og andre forhold knytt til helse, miljø og sikkerheit.

Moltu skule

Moltu skule melder behov for rehabilitering av personaldelen av skulen. Dette omfattar pause- og møterom, garderober og toalett, kopirom og rektors kontor. Skulen har også meldt behov for nytt sportsutstyr til gymsalen. Det er avsett ei rammeløyving til dette.

Nerlandsøy skule

Nerlandsøy skule melder om plassmangel på grunn av venta elevtalsvekst. Høgst sannsynleg vil skulen ha 79 elevar eller meir, og det vil bety fulldelt skule og 7 klasser. Neste skuleår har 6 klasser, men etter det kjem altså år med fulldeling; det vil seie 7 klasser. Det må kome veldig få elevar inn frå 2022 viss ein går ned att til 6 klasser som i dag.

Med dei eksisterande romma skulen har til disposisjon, inkludert brakke og «barnehage-bygg», er det vanskeleg å sjå korleis romsituasjonen skal løysast og få

til eit klasserom til den 7.klassa. Der er delingstimar i dag, slik at det vert brukt 7 rom, men er sløyd/formingssal brukt. Den er liten, og fullt opp av utstyr til forming/sløyd. Dette rommet er svært vanskeleg å ha som fast klasserom. Her er heller ikkje muleg å installere smartboard; noko dei andre klasseromma har.

Det trengst fornying av brakka uansett elevtal, pga stor slitasje. Det er og slik at det manglar lagerplass/materialrom slik det er i dag. Ved fulldelt skule, manglar det i tillegg rom til ei klasse. Det kan vere mogleg å ha eit bygg/ei brakke med to etasjar der eksisterande brakke står i dag med betre rominndeling, grupperom, noko lagerrom, og eit bygg som inneheld toalett, - noko som ikkje er der i dag. Eit anna alternativ er eit tilbygg til skulen, t.d. mot nord + ein-etasjes brakke, eller eit tilbygg som rommar alt.

Eit nytt modulbygget bør ha to klasserom som har litt lagerplass i skap og tilhøyrande toalettfasilitetar. Dette er ei fleksibel løysing som stettar skulens behov på raskast mogleg måte.

Ytre Herøy ungdomsskule

Ingen nye investeringstiltak er registrert for bygget, men allereie løyvde midlar er basert på modellen for Bergsøy skule Borga. Planlegging av rehabilitering er starta opp, men ikkje ferdigstilt og vert difor vidareført i 2020. Løyvingane vert vidareførde til ei delvis rehabilitering av bygget basert på fylgjande prinsipp:

1. Mindre rehabilitering av fasade
2. Innvendig oppgradering

Ny/utvida parkeringsplass ved fleirbrukshallen Einedalen skule

Fleirbrukshallen er venta ferdigstilt til påske 2020. I samband med prosjektet vart det utarbeidd ei skisse for uteområdet som synleggjer korleis ein parkeringsplass kan etablerast ved bygget. Ein parkeringsplass ved bygget vil vere svært tenleg for bruken og tilrår difor at dette tiltaket vert gjennomført innanfor eksisterande kontrakt.

Herøy omsorgssenter – raud og grøn avdeling

Planlegging av rehabilitering er starta opp, men ikkje ferdigstilt og vert difor vidareført i 2020.

Løyvde midlar er tenkt nytta til brannsikring av bygget i form av fullsprinkling med tilhøyrande følgearbeid som er naudsynt på grunn av dette. Dette omfattar i all hovudsak alt over eksisterande himling i alle rom. Desse tiltaka er i seg sjølv så omfattande å gjennomføre i eit bygg med drift 24/7/365 at ein bør vurdere også andre tiltak, dels fordi logistikken i prosjektet krev det, dels fordi rehabilitering vert så stor at andre tiltak bør vurderast samstundes. Tekniske tilstand og funksjonelle manglar tilseier dette.

Prosjektet vert skissert av arkitekt, men dette arbeidet vert av kapasitetsproblemer ikkje prioritert før politiprojektet er ferdigstilt.

I sluttfasen av arbeidet med denne investeringsplanen, vart det også kjent at regjeringa set av kr. 400 000 mill. til statleg delfinansiering av oppgradering av institusjonskjøkken. Dette bør Herøy kommune søke om midlar til, då institusjonskjøkkenet ved raud og grøn avdeling vert eit kostnadskevande delproskt

Myrvåg omsorgssenter

Rehabilitering av kjøkkenfløya er naudsynt, men flytta frå 2021 til 2022. På same vis som for raud og grøn avdeling, bør Herøy kommune søke statleg delfinansiering av dette.

Sjukeheimsvegen 10

Sjukeheimsvegen 10 skal ved utbygging av ny hovudbrannstasjon og driftsbasis nyttast som mellombelse lokalitetar for brannsjef og leiar for førebyggjande avdeling. Bygget bør deretter sanerast og rivast då det ikkje er eigna som utleigebygg eller lager/verkstad, slik det tidlegare har vore nyttta. Bygget er feilplassert og sterkt utsett for oversvømmelse i kjellar.

Kommunedelplan for helse og omsorg

I etterkant av kommunestyret sitt vedtak om budsjett- og økonomiplan for 2019-2023, vedtok kommunestyret også ny kommunedelplan for helse- og omsorg. I handlingsplanen for perioden 2020-2023 er det lagt inn 20 omsorgsbustader, knytt til sentrale kommunikasjonsenter med handel, kultur og servicetilbod slik at forholda vert lagt til rette for at innbyggjarane i mindre grad skal oppleve isolasjon og einsemd og i større grad meiste kvardagen sjølv utan omfattande bistand. I tillegg vil heimetenesta kunne utnytte arbeidstida betre ved at ein mindre del av tida går med til køyring.

Kva bustadar skal etablerast?

Spørsmålet er difor kva type bustadar kommunen skal etablere, kvar desse bustadar skal etablerast og kva rolle kommunen skal ha i dette arbeidet. Kommunen har allereie kjøpt seg inn i fleire private prosjekt, no sist på Vågsholmen basert på ein modell der kjøpet i seg sjølv skal bidra til at prosjektet vert realisert.

Vågsholmen

Tiltaket omhandlar kjøp av leilegheiter i det nye bustadprosjektet på Vågsholmen på inntil kr. 11 mill, slik kommunestyret tidlegare har vedteke.

Herøy kulturhus og idrettshall

Fasaden ved Herøy kulturhus står på skade og må rehabiliterast i løpet av få år. Vindua i bygget, som alle er frå byggeåret 1979/80, gir både eit energitap, varmeinnslepp og vedlikehaldsbehov.

Skisseprosjekt for fasaderehabilitering er utarbeidd i samarbeid med Slyngstad Aamlid arkitekter og prosjektet kan starte i 2020.



Særleg om Aktiv Trening AS

Aktiv Trening AS søkt om å få utvide sitt treningsareal i området mellom hovudingangane til Sunnmørsbadet Fosnavåg AS og kulturhuset. Tiltaket berører med andre ord det området som tidlegare har vore avsett til framtidig bibliotek og som i skisseforslag er skissert ut slik:



Søkjaren stiller spørsmål om kven som eventuelt kan stå som utbygger av dette prosjektet. Kommunen bør ikkje vere byggherre for dette tiltaket, men ei eventuell utbygging i regi av Aktiv Trening AS må gjennomførast i tett samarbeid med Sunnmørsbadet Fosnavåg AS og Herøy kommune som eigar av Herøy kulturhus og idrettshall.

Særleg om biblioteket

Det er skissert ut ei løysing for utbetring av eksisterande lokale i form av nytt inngangsparti og vindusfasade. Dette tiltaket kan på ein enkel måte bidra til eit løft for biblioteksarealet når ein likevel skal gjere noko med fasaden.



Særleg om festsalen

Festsalen ved Kulturhuset har behov for ei oppgradering, særleg av scena som er brukt mykje av både kulturskulen og andre brukarar ved bygget. Teknisk tilstand er dårleg. Samstundes er festsalen sliten og har behov for ei oppgradering både med tanke på fargesetting, belysning og akustikk.

Idrettshallen

Idrettshallen ved Herøy kulturhus bør – ved ferdigstilling av Einedalen fleirbrukshall – oppgraderast. Dette inneber særleg oppgradering av speleflate og tilhøyrande publikumsamfi og belysning. Sistnemnde prosjekt kan gjennomførast delvis som ENØK-tiltak. Det er bede om tilbod på dette, men førebels ikkje fått svar frå aktuelle leverandørar.

Andre investeringar

Digital satsing Oppvekst

Innkjøp av klientar i samband med satsing på digitale læringsmiddel i oppvekst med Ipad i barnehagar samt 1-4 trinnet og Chromebooks 5-10 trinn. Ei slik auke av «klientar» i nettet krev samstundes utbygging av det trådlause nettet på skulane og i barnehagane.

Utstyr/Inventar Oppvekst

Gjeld investering i utstyr og inventar i grunnskule, barnehage og kulturskule. I og med at det ikkje vart løyvd midlar for å dekke slike behov i 2018, er behovet større enn normalt i 2019. Revisjonen må konsulterast før kjøp vert gjort for å sikre at innkjøpa er å sjå på som investeringar.

Utstyr til sjukeheimane, kjøkken og teknisk drift

Helse og omsorg treng ein generell pott for å kunne fornye utstyr på sjukeheimane ved behov. Revisjonen må konsulterast før kjøp vert gjort for å sikre at innkjøpa er å sjå på som investeringar.

Lokale IKT investeringar

Lokale IKT-investeringar iflg investeringsplan. Bl.a. skal PCar byttast ut etter 5 år. Alle tynnklientar i PO/BuHab skal byttast ut i 2020, samt bytte av 19 toms skjermar. Oppgradering av maskinparken og oppgradering av infrastruktur vert hovudfokusen i 2020. Revisjonen må konsulterast før kjøp vert gjort for å sikre at innkjøpa er å sjå på som investeringar.

Infrastruktur teknologi

Gjeld bl.a. digitalisering av tryggleiksalarmar.

Forklaring av tabellen i tilrådinga

Under ser det ei forklaring på endringane mellom budsjett 2019 og budsjett 2020.

	Budsjett	Reduserte	Nye øyremerka	Lønsvekst %	Oppheva	Andre	Budsjett
	2019	øyremerka tilsk	Tilskott		Rammekutt	Endringar	2020
Politisk Leing	4 124			67		- 346	3 845
Administrativ leing	1 829			35		11	1 875
STAB	39 008	-	-	985	-	1 707	41 700
Servicetorg	3 231			78		24	3 285
Dok senter/innkjøp/stabsleing	4 121			87		102	4 310
Økonomiavdeling	5 359			145		166	5 670
Personal og Org.avd	7 304			161		285	7 750
Eigedom	18 993			514		1 178	20 685
OPPVEKST	184 409	5 550	- 180	3 351	-	1 295	194 365
Barnhageavdelinga	71 344	250		561		660	72 755
Grunnskuleavdelinga	113 065	5 300	- 180	2 790		635	121 610
HELSE OG OMSORG	215 645	1 405	- 4 326	7 303	1 500	13 258	234 785
Adm helse og omsorg	1 330			26		44	1 400
Barn familie og helse og NAV	54 351	1 405	- 4 326	956		8 454	60 840
Pleie- og omsorgsavdeling	111 322			2 978	1 500	3 790	119 590
Bu- og habiliteringsavdeling	39 972			3 197		976	44 145
Tenestekoordinering	8 670			146		- 6	8 810
SAMFUNNSUTVIKLING	33 624	-	- 255	747	1 000	2 459	37 575
Kulturavdelinga	8 358			141	500	541	9 540
Utviklingsavdelinga ink Landbruk	7 817		- 255	213	500	1 205	9 480
Brannvern avdelinga	8 520			174		81	8 775
Anleggs- og driftsavdelinga	8 929			219		632	9 780
IKT/ssikt	7 416					1 769	9 185
OVERFØRINGSKAPITTELET	15 046	800				- 266	15 580
SUM	501 101	7 755	- 4 761	12 488	2 500	19 887	538 910

Øyremerka statstilskott til Grunnskuleavdelinga vert redusert med 5,3 mill kr. Omlag 3,1 mill kr av dette skuldast reduserte inntekter knytt til mottak av flyktningar (sett i høve til budsjett 2019 og rekneskap 2018) og dei resterande 2,2 mill kr skuldast at tidlegare øyremerka statstilskott til bl.a. lærarnorma no er tatt inn i rammetilskottet.

Korrigeringar:

- Politisk leing. Reduksjonen skuldast at ein ikkje har val i 2020.
- Barn, familie og helse: Noko av dette, ca 1,35 mill kr) skuldast at ein no har justert for legevartalane som vart endra for om lag 2-3 år sidan. Kommunen får også ein ny psykolog i 2020.
- IKT: Gjeld auka tilskott SSIKT vesentleg som følge av endra kostnadsnøkkel og fordi SSIKT no skal gjere låneopptaka sjølve og fordi avskrivingskostnadane er høge pga kort avskrivingsstid.
- Overføringskapittelet: Gjeld bl.a. auke av tilskotet til Vest Kontroll (kontrollutvalet), auke av tilskottet til Herøy Kyrkjelege Fellesråd, VTA tiltaka, interkommunale samarbeid med meir. Herøy Kyrkjelege Fellesråd fekk ikkje kutt i sitt budsjettforslag i 2019 og rådmannen vil difor vurdere ein reduksjon i 2020 som ikkje er med i tala over.
- Reinhold. Her er det snakk om ein vekst på om lag 0,8 mill kr som i det vesentlege skuldast auka areal.

Lønsvekst

Her ser de summene som gjem av innlagt lønsvekst 2,30% lønsvekst frå 01.01.2020 (tilsvarar om lag 3,45% frå 01.05.2020).

Prisvekst

Herøy kommune har ikkje lagt til ein prosentvis vekst i driftskostnadane for 2020

Rammekutt:

Rammekuttet som vart lagt inn for 2019 er ikkje med i grunnlaget for budsjett 2020.

Andre endringar:

Lønsveksten etter dei lokale forhandlingane hausten 2019 er lagt inn på dei einskilde personane som fekk slik auke. Totalt utgjør dette om lag 1,6 mill kr i 2020.

NB

Frå rekneskap 2018 til budsjett 2020 har samla lønskostnadar auka frå 408,5 mill kr til 473,6 mill kr. Dette utgjør totalt 65,1 mill kr eller om lag 16% vekst på 2 år. Her har kome til nokre nye stillingar, bla som følgje av pedagognorm, lærartettleik, psykolog, rehabiliteringsteam, men dette saman med generell lønsvekst kan ikkje forklare heile veksten.

**ANDRE FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I DRIFTS- OG
INVESTERINGSBUDSJETTET SOM IKKJE ER MED I DETTE BUDSJETTET OG
ØKONOMIPLANEN FINN DE I BUDSJETTKOMMENTARANE TIL STAB,
OPPVEKST, HELSE OG OMSORG, SAMFUNNSUTVIKLING OG KYRKJELEG
FELLESRÅD.**

Overførte løyvingar

Tabellen under syner unytta løyvingar på vedtekne investeringar per 20.10.2019. Dette er løyvingar gjort til og med budsjett 2019.

Prosjektnr	Prosjektnavn	Rekneskap	Oppr.bud	Bud.endring	Rev.bud	Rest
70001	FELLES IKT INVESTERINGAR 2016-2019	2 234 753	2 656 250	233 652	2 889 902	655 150
70002	INVESTERINGSMIDLAR SSIKT 2016-2019	0	0	1 228 304	1 228 304	1 228 304
70003	NY BIL IKT 2016	0	0	200 000	200 000	200 000
70045	Utbygging infrastruktur Velferdsteknologi	0	0	471 418	471 418	471 418
70050	DIGITAL SATSING OPPVEKST	235 250	1 665 000	0	1 665 000	1 429 750
17	Informasjonsteknologi	2 470 003	4 321 250	2 133 374	6 454 624	3 984 622
12800	RDA-MIDLAR BADELAND	-218	0	0	0	218
12801	RDA-MIDLAR	1 909 050	0	0	0	-1 909 050
70000	KYRKJE. FELLESRÅD. GRAVPLASSFØREMÅL, BRANNSIKRING M.M.	0	500 000	1 703 627	2 203 627	2 203 627
18	Overføringer	1 908 832	500 000	1 703 627	2 203 627	294 795
21300	INVENTAR OG UTSTYR GRUNNSKULEN	466 482	625 000	0	625 000	158 518
22	Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	466 482	625 000	0	625 000	158 518
31300	UTSTYR SJUKEHEIMANE/MØBLAR OSPENESVEGEN	0	250 000	0	250 000	250 000
32	Pleie- og omsorgsavdelinga	0	250 000	0	250 000	250 000
31300	UTSTYR SJUKEHEIMANE/MØBLAR OSPENESVEGEN	0	0	250 000	250 000	250 000
31302	Prosjekt eRom	0	500 000	97 750	597 750	597 750
32150	DIGITALISERING AV PASIENTSIGNALANLEGG	0	0	154 719	154 719	154 719
35	Tenestekoordinering	0	500 000	502 469	1 002 469	1 002 469
40010	Jektenaust	0	3 000 000	0	3 000 000	3 000 000
40511	BIBLIOTEKET INVENTAR	0	250 000	0	250 000	250 000
70006	DIVERSE MØBLAR, UTSTYR ETC KULTURHUSET	0	0	388 412	388 412	388 412
40	Kulturavdelinga	0	3 250 000	388 412	3 638 412	3 638 412
50011	SKANNING AV BYGGESAKSARKIV	0	0	942 175	942 175	942 175
50017	Ladestasjon Fosnavåg parkeringshus	0	0	268 575	268 575	268 575
50020	Relokalisering Herøy vidaregåande skule	0	0	312 500	312 500	312 500
50050	SAL AV GRUNN SOM SKAL AVSTJ. TIL TOMTEFOND	-80 210	0	0	0	80 210
50131	MILJØMUDRING FOSNAVÅG HAMN	0	0	7 834 263	7 834 263	7 834 263
50153	STRATEGISKE GRUNNKJØP	-21 003	0	15 852 506	15 852 506	15 873 509
50171	Akebakke i Fosnavågparken	225 000	0	0	0	-225 000
50410	DIGITALISERING AV ARKIV LANDBRUKSKONTORET	0	53 750	0	53 750	53 750
51156	EGGESBØNES INDUSTRIOMRÅDE	150 013	0	62 578	62 578	-87 435
51703	Solparken	12 290	0	0	0	-12 290
70007	ARKEOLOGISKE UTGRAVINGAR 2016-2019	0	0	197 237	197 237	197 237
70008	Byutvikling Fosnavåg - Sentrumstiltak	0	375 000	6 107 791	6 482 791	6 482 791
70028	TRAFIKKTRYGGING 2017-2019	0	0	7 094 121	7 094 121	7 094 121
50	Utviklingsavdelinga	286 090	428 750	38 671 746	39 100 496	38 814 406

18001	Telenor basestasjon på Runde	-3 068	0	152 455	152 455	155 523
18002	Nærøykrysset- trafikktrygging	224 413	0	0	0	-224 413
18003	Intensivbelysning Mix Eggesbønes og Coop Tjervåg - trafikktrygging	-105 738	0	0	0	105 738
18004	Grøft for overvatn Huldalsvegen	118 071	0	216 619	216 619	98 548
18009	Lisjevatnet i Dragsund	0	0	317 700	317 700	317 700
40010	Jektenaust	461 318	0	0	0	-461 318
40011	HEID TURLØYPE REST VEGSTYKKE 2 BYGGESTEG	-11 042	0	0	0	11 042
50153	STRATEGISKE GRUNNKJØP	1 650 000	0	0	0	-1 650 000
50170	Delutbygging industriområde Eggesbønes	7 321 056	0	12 110 783	12 110 783	4 789 728
51152	VEG OVER KLEPPEÅSEN	0	875 000	0	875 000	875 000
51156	EGGESBØNES INDUSTRIOMRÅDE	0	312 500	0	312 500	312 500

51157	OPPGRADERING AV VEG OVER KLEPPEÅSEN	0	0	300 000	300 000	300 000
51158	GRØFT FOR OVERVATN HULDALSVEGEN	0	300 000	0	300 000	300 000
51159	Byggefelt Bø-Arhaug	333 366	8 125 000	0	8 125 000	7 791 634
51160	Byggefelt Bø-Arhaug, avløp, kloakkrammeplanen	918 606	0	0	0	-918 606
51161	Nygjerdevegen	432 771	375 000	0	375 000	-57 771
51162	GANG OG SYKKELSTI GJENNOM FOSNAVÅGPARKEN	504 199	750 000	0	750 000	245 801
51200	KUNSTGRASBANE LEIKONG	-1 000 000	0	0	0	1 000 000
51211	NY UTVIDA BRU OG STEINFYLLING TIL VÅGSHOLMEN	12 675	0	3 124 269	3 124 269	3 111 594
51212	KLATREPARK I FOSNAVÅGPARKEN	20 383	0	0	0	-20 383
51215	BRU TIL HERØY GARD 2019	3 364	300 000	0	300 000	296 636
51216	TRAKTOR HAVILA STADION	0	625 000	0	625 000	625 000
51217	FLISHOGGAR 2019	0	437 500	0	437 500	437 500
51218	TOALETT I PARKEN	1 850 649	1 375 000	0	1 375 000	-475 649
51219	GANGBRU TIL VÅGSHOLMEN	0	1 875 000	0	1 875 000	1 875 000
51220	FV 18 LEINE- VOLDSUND	0	1 250 000	0	1 250 000	1 250 000
51405	OPPARBEIDING ALMENNINGEN (YTRE)	0	2 500 000	0	2 500 000	2 500 000
51701	Prosjekt i bustadfelt	52 194	768 750	202 390	971 140	918 946
51702	Infrastruktur Mjølstadneset industriområde 2017	643 880	781 250	6 606 391	7 387 641	6 743 761
51703	Solparken	34 450	0	0	0	-34 450
51916	INFRASTRUKTUR BYGGEFELT	0	0	243 750	243 750	243 750
51949	Sjøledning avløp Vågsholmen-Almenningen	0	0	381 217	381 217	381 217
51951	Park.plass Fosnavåg sentrum (parken 2019 - Byutviklingsprosjeket)	454 047	2 500 000	0	2 500 000	2 045 953
70012	KLOAKKUTBYGGING 2016-2019	0	9 375 000	16 022 082	25 397 082	25 397 082
70028	TRAFIKKTRYGGING 2017-2019	85 800	0	0	0	-85 800
70029	NØRVÅG. OPPGRADERING OG ETABLERING AV FORTAU M.M. 2017	429 370	0	4 730 837	4 730 837	4 301 467
70030	DRAGSUND BUSTADFELT. UTVIDING	0	1 250 000	0	1 250 000	1 250 000
51	Anleggs- og driftsavdelinga	14 430 764	33 775 000	44 408 493	78 183 493	63 752 729
50104	TILHENDER TIL KJEMIK. UTSTYR BRANNVERNET	0	125 000	0	125 000	125 000
50157	BRANNVESENET, TILHENGAR OG DIV.LAUST UTSTYR	0	0	130 986	130 986	130 986
50158	NØDNETTRADIOAR	0	0	127 778	127 778	127 778
55	Brannvern og feiing	0	125 000	258 764	383 764	383 436
18000	Herøy omsorgssenter – gul avdeling – miljøsanering og riving	470 723	0	0	0	-470 723
51408	Einedalen skule - tilbygg fleirbrukshall	15 271 567	10 000 000	9 835 339	19 835 339	4 563 772
60106	Herøy Kulturhus mindre ombyggingstiltak	81 722	2 500 000	0	2 500 000	2 418 279
61453	KJØP AV LEILIGHETER VÅGSHOLMEN	4 970 000	0	0	0	-4 970 000
61504	Herøy ressurscenter	0	0	555 500	555 500	555 500
61522	EPC Tiltak Rammeløyving	0	0	8 750 000	8 750 000	8 750 000
61523	Herøy Gard	0	0	294 150	294 150	294 150
61524	Asfaltering av uteområde kommunal eigedom (bygg)	0	250 000	217 806	467 806	467 806
61525	Desentralisert ventilasjon	5 850	0	2 275 735	2 275 735	2 269 885
61526	Asbestsanering og nye golv	19 224	0	926 506	926 506	907 282
61527	Bergsøy skule Blåhaugen	2 913 230	1 375 000	3 659 396	5 034 396	2 121 166
61528	Moltu skule	0	0	187 500	187 500	187 500
61529	Myrvåg omsorgssenter	0	0	312 500	312 500	312 500
61531	Sjukeheimsvegen 14 – mindre ombygging og oppgradering 2018	0	1 300 000	483 100	1 783 100	1 783 100
61532	Stornesvegen 30 - 36	0	0	500 000	500 000	500 000
61533	Bergslia Barnehage (2019). Rehabilitering	50 416	973 750	0	973 750	923 334
61534	Herøy omsorgssenter - raud og grøn avdeling (Rehabilitering 2019)	1 300	5 000 000	0	5 000 000	4 998 700
61535	ETABLERING AV UBEMANNA ROP BUSTAD	15 469	1 600 000	0	1 600 000	1 584 531

61536	Myrsnipa barnehage - rehabilitering av fasade (2019)	40 950	750 000	0	750 000	709 050
61537	Stokksund skule - rehabilitering av fasade (2019)	46 800	7 500 000	0	7 500 000	7 453 200
61540	OFFENTLEG TOALETT GOKSØYRA	109 850	1 250 000	0	1 250 000	1 140 150
61541	YTRE HERØY UNGDOMSKULE, REHABILITERING 2019	0	625 000	0	625 000	625 000
61542	YTRE HERØY UNGDOMSKULE, OPPGRADERING AV UTEOMRÅDE	0	1 250 000	0	1 250 000	1 250 000
61552	Herøy rådhus – tilbygg 2020	314 026	0	0	0	-314 026
61604	Ny hovedbrannstasjon og driftsbasis	1 469 278	22 500 000	12 620 540	35 120 540	33 651 262
70016	Bergsøy skule Borga - oppgradering	20 420	6 250 000	1 131 245	7 381 245	7 360 825
70017	BRANNSIKRING - FORMÅLSBYGG	330 539	0	697 173	697 173	366 634
70018	ENØK TILTAK 2016-2019	91 650	0	599 162	599 162	507 512
70021	Herøy Rådhus - ombygging	614 204	3 750 000	1 723 551	5 473 551	4 859 347
70024	OPPARBEIDING AV LEIKEPlassAR	3 675	0	587 813	587 813	584 138
70039	Kvithaugmyra 4, Rehabilitering av yttertak	57 278	0	276 219	276 219	218 941
70040	Myrsnipa Barnehage, mindre rehabilitering av yttertak	0	0	157 128	157 128	157 128
70044	BRANNSIKRING RAUD OG GRØN AVDELING	0	0	90 444	90 444	90 444
60	Eigedomsavdelinga	26 898 170	66 873 750	45 880 807	112 754 557	85 856 387
60921	DIVERSE TOMTESAL	0	-190 000	0	-190 000	-190 000
90900	UTLÅN/INNLÅN HUSBANKEN	329 580	0	0	0	-329 580
90902	EIGENKAPITALTILSKOT KLP	1 730 548	0	0	0	-1 730 548
90998	FRIE FINANSIERINGSMIDLAR	-7 168 441	-110 458 750	-133 947 692	442	001
90	Skatt, ramme, finans, tilskot	-5 108 312	-110 648 750	-133 947 692	442	130

Mange av prosjekta står oppført to gongar i tabellen. Det skuldast at det har skjedd føringar på fleire enn eitt ansvarsområde.